

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Finansutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Scandic hotell Voss, Evangerv. 1a, Voss
<b>Dato:</b>	21.09.2021
<b>Tid:</b>	10:00

**Program**

10:00- Oppstart  
Innleiing av budsjettsaka v/fylkeskommunedirektør  
Status frå hovudutvala v/utvalsleiar

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

**Melding om forfall:**

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i finansutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Jon Askeland

fylkesordførar

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 5/21 GK 6/21	<b>Godkjenningssaker</b> Godkjenning innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i finansutvalet 01.06.21	2019/65	
PS 4/21	<b>Politiske saker</b> Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21	2021/39119	

**Godkjenningssaker  
GK 5/21 Godkjenning innkalling og sakliste**

---

Saksnr: 2019/65-44  
Saksbehandlar: Berit Dianne Kilvær

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Finansutvalet	6/21	21.09.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i finansutvalet 01.06.21

Møteprotokoll frå møte i finansutvalet 1. juni 2021 er lagt ved saka.

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Finansutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	01.06.2021
<b>Tid:</b>	10:00-12:00

**Følgjande faste medlemer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsens	Medlem	UA
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gunhild Alis Berge Stang	Medlem	V

**Følgjande varamedlemer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Alfred Jens Bjørlo	Gunhild Alis Berge Stang	V

**Merknader**

Hovudutvalsleiarane og gruppeleiar for Raudt var til stades i møtet. Mark Taylor (MDG) møtte for Natalia Golis (MDG) under vedtakspunkt 5 i PS 3/21 på grunn av habilitet.

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Bård Sandal	Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Silje Lyngstad	Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær

<b>Saksliste</b>			
<b>Utvalls- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 3/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 4/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i finansutvalet 02.03.2021	2019/65	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 2/21	Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 2/21	2021/18027	

## Godkjenningssaker

### GK 3/21 Godkjenning innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i finansutvalet - 01.06.2021

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### GK 4/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i finansutvalet 02.03.2021

#### Saksprotokoll i finansutvalet - 01.06.2021

Møteprotokoll frå møte 02.03.2021 vart godkjent utan merknader.

## Politiske saker

### PS 3/21 Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 2/21

Forslag til vedtak

1. Finansutvalet tek orienteringane om kommande økonomiplanperiode til vitande;
  - Overordna rammer for drift og investering
  - Involvering hovudutval i ny økonomiplan
  - 2021 - utvikling så langt
  - Overordna økonomiske utfordringar i planperioden
2. Finansutvalet legg for den vidare budsjettprosessen til grunn presenterte investeringsrammer, og tilhøyrande finansiering.
3. Finansutvalet legg for den vidare budsjettprosessen til grunn oversyna som gjeld;
  - Frie inntekter; skatt/rammetilskot
  - Kapitalutgifter/-inntekter
  - Ulike andre inntekter
  - Lønsavsetjing og premieavvik
  - Overføring til investering
  - Utgreiingsområde
4. Finansutvalet legg for den vidare budsjettprosessen til grunn presentert oversyn for;
  - Innretting salderingsutfordring
  - Endra budsjettbehov kommande økonomiplan
  - Fordeling av salderingsutfordring 2022
  - Administrativt innsparingsprogram
5. Finansutvalet legg til grunn at det i budsjettprosessen for 2022 vert prioritert inn følgjande søknadar;

Hovudutval for næring:

Hovudutval for opplæring og kompetanse:

6. Finansutvalet viser til oppstilling med medlemskap for Vestland fylkeskommune, og ber om at følgjande medlemskap vert avslutta:
7. Finansutvalet legg i den vidare budsjettprosessen til grunn presentert oversyn med rammereduksjonar pr. sektor som summerer seg til samla 220 mill. kr fordelt på 100 mill. kr i 2022, 70 mill. kr i 2023 og 50 mill. kr i 2024.
8. Finansutvalet legg i den vidare budsjettprosessen til grunn presentert oversyn for økonomiplanen til Vestland for 2022- 2025.

#### Saksprotokoll i finansutvalet - 01.06.2021

**Natalia Golis (MDG)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er kjæraste med Aslak Sverdrup, administrerande direktør ved Stiftinga Akvariet i Bergen som har ekstraordinær søknad knytt til saka.

Golis gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Finansutvalet vedtok samrøystes at Golis var inhabil etter forvaltningslova § 6 anna ledd på den delen av saka som går på behandling av dei ekstraordinære søknadene. Golis trådde frå under behandling av vedtakspunkt 5. Vara **Mark Taylor (MDG)** stilte i Golis sin plass under behandling av dette punkt. Det var 17 representantar til stades.

**Aleksander Øren Heen (SP)** sette på vegner av SP, A, MDG, SV, V, KRF fram slikt forslag:

(a) «Alternativ - Nytt punkt 5

5. Finansutvalet syner til mottekne søknadar, og vil koma attende til desse i neste møte.»

(b) «Alternativ - Nytt punkt 6

6. Finansutvalet viser til oppstilling med medlemskap for Vestland fylkeskommune, og ber om administrasjonen kjem med ei grunngjeven vurdering på kven av desse medlemskapa som bør avsluttast.»

#### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Øren Heen sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak punkt 5.

Øren Heen sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak punkt 6.

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak punkt 7 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak punkt 8 vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Finansutvalet tek orienteringane om kommande økonomiplanperiode til vitande;
  - Overordna rammer for drift og investering
  - Involvering hovudutval i ny økonomiplan
  - 2021 - utvikling så langt
  - Overordna økonomiske utfordringar i planperioden
2. Finansutvalet legg for den vidare budsjettprosessen til grunn presenterte investeringsrammer, og tilhøyrande finansiering.
3. Finansutvalet legg for den vidare budsjettprosessen til grunn oversyna som gjeld;
  - Frie inntekter; skatt/rammetilskot
  - Kapitalutgifter/-inntekter
  - Ulike andre inntekter

- lønsavsetjing og premieavvik
  - Overføring til investering
  - Utreiingsområde
4. Finansutvalet legg for den vidare budsjettprosessen til grunn presentert oversyn for;
    - Innretting salderingsutfordring
    - Endra budsjettbehov kommande økonomiplan
    - Fordeling av salderingsutfordring 2022
    - Administrativt innsparingsprogram
  5. Finansutvalet syner til mottekne søknadar, og vil koma attende til desse i neste møte.
  6. Finansutvalet viser til oppstilling med medlemskap for Vestland fylkeskommune, og ber om administrasjonen kjem med ei grunngjeven vurdering på kven av desse medlemskapa som bør avsluttast.
  7. Finansutvalet legg i den vidare budsjettprosessen til grunn presentert oversyn med rammereduksjonar pr. sektor som summerer seg til samla 220 mill. kr fordelt på 100 mill. kr i 2022, 70 mill. kr i 2023 og 50 mill. kr i 2024.
  8. Finansutvalet legg i den vidare budsjettprosessen til grunn presentert oversyn for økonomiplanen til Vestland for 2022- 2025.



**Politiske saker**  
**PS 4/21 Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21**

---

Saksnr: 2021/39119-1  
Saksbehandlar: Karl Viken

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Finansutvalet	4/21	21.09.2021

**Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21****Forslag til vedtak**

Finansutvalet gjer følgjande prosessvedtak:

1. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
  - Prosess arbeidsdokument 3
  - Saldering driftsbudsjett
  - Budsjettmessige klimakonsekvensar
  - Investeringsbudsjett
  - Oppfølgingspunkt
  - Status kopling mellom planarbeidet og økonomiplanen
  - Planmidlar bybanen byggsteg 5
  - Kontraktskostnadar vegsektoren
2. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
  - Sentrale inntekter
  - Løn- og prisvekst
  - Verknadar av Korona- pandemien for budsjett 2022
  - Endringar i fylkesvegkriteriet
3. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
  - Sektorrammer
  - Løyvingsnivå
  - Tekniske endringar
  - Innarbeidde tiltak
  - Alternative tiltak
  - Referatsaker og protokollar
  - Sektorar utan hovudutval
4. Finansutvalet ber om at presentert investeringsprogram for bygg og eigedom vert innarbeidd i budsjettet.
5. Finansutvalet ber om at presentert investeringsprogram for kollektiv vert innarbeidd i budsjettet.
6. Opplæring og kompetanse: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak..
7. Mobilitet og kollektiv: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.

8. Infrastruktur og veg: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.
9. Kultur, idrett og inkludering: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.
10. Innovasjon og næringsutvikling: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltaka.
11. Strategisk utvikling og digitalisering: Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak.
12. Tannhelse: Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak.
13. Organisasjon og økonomi: Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak..
14. Finansutvalet viser til budsjett for politisk nivå og kontrollutvalet, og tek dette til vitande.

Rune Haugsdal  
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

I det tredje arbeidsdokumentet til finansutvalet i 2021 har fylkeskommunedirektøren fokus på følgende moment:

#### Innleiing

- **Prosess arbeidsdokument 3**
  - Involvering av hovudutvala
  - To felles delar og sektorspesifikke delar
  - Sektorar utan utval
- **Saldering driftsbudsjett 2022 - reduksjon på 100 mill. kr**
- **Budsjettmessige klimakonsekvensar**
- **Investeringsbudsjett**
- **Oppfølgingspunkt**
  - Status kopling planarbeid og økonomiplan
  - Planmidlar bybanen byggesteg 5
  - Kontraktskostnadar innan vegsektoren og eventuelle meirbehov

#### 1 Fellesdel - driftsbudsjett

- **Økonomiske føresetnadar før statsbudsjettet**
  - Sentrale inntekter
  - Løn- og prisvekst
  - Verknad av Korona- pandemien for budsjett 2022
    - Inntektsføresetnadar for sektorane kollektiv og tannhelse
  - Inntektssystemet - endringar i fylkesvegkriteriet
- **Driftsbudsjett 2022**
  - Innleiing
  - Sektorrammer
  - Løyvingsnivå
  - Tekniske endringar
  - Innarbeidde tiltak
  - Alternative tiltak,
  - Referatsaker og protokollar
  - Sektorar utan hovudutval
    - Strategisk utvikling og digitalisering
    - Tannhelse
    - Organisasjon og økonomi

#### 2 Fellesdel - Investeringsbudsjett

- **Rammer for investering 2022- 2025**
- **Oversyn investeringsopplegg 2022- 2025**
  - Investeringsprogram bygg og eigedom
  - Investeringsprogram kollektiv

#### 3 Sektorspesifikke driftsbudsjett

- **Handsaming sektorbudsjett**
- **Sektorane sine budsjettframlegg**
  - Prosessvedtak sektor Opplæring og kompetanse
  - Prosessvedtak sektor Mobilitet og kollektiv
  - Prosessvedtak sektor Infrastruktur og veg
  - Prosessvedtak sektor Kultur, idrett og integrering
  - Prosessvedtak sektor Innovasjon og næringsutvikling
  - Prosessvedtak sektor Strategisk utvikling og digitalisering
  - Prosessvedtak sektor Tannhelse
  - Prosessvedtak sektor Organisasjon og økonomi
  - Prosessvedtak Politisk nivå og Kontrollutvalet

Det er å poengtere at sektorbudsjetta som er vedlagt er avdelingsdirektørane sine egne framlegg. Difor er sektorbudsjetta vedlagt arbeidsdokumentet som referatsaker.

Neste møte i finansutvalet

**Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - Arbeidsdokument 3/21**

I det tredje arbeidsdokumentet til finansutvalet i 2021 har fylkeskommunedirektøren fokus på følgende moment:

## Innleiing

- **Prosess arbeidsdokument 3**
  - Involvering av hovudutvala
  - To felles delar og sektorspesifikke delar
  - Sektorar utan utval
- **Saldering driftsbudsjett 2022 - reduksjon på 100 mill. kr**
- **Budsjettmessige klimakonsekvensar**
- **Investeringsbudsjett**
- **Oppfølgingspunkt**
  - Status kopling planarbeid og økonomiplan
  - Planmidlar bybanen byggsteg 5
  - Kontraktskostnader innan vegsektoren og eventuelle meirbehov

## 1 Fellesdel - driftsbudsjett

- **Økonomiske føresetnader før statsbudsjettet**
  - Sentrale inntekter
  - Løn- og prisvekst
  - Verknad av Korona- pandemien for budsjett 2022
    - Inntektsføresetnader for sektorane kollektiv og tannhelse
  - Inntektssystemet - endringar i fylkesvegkriteriet
- **Driftsbudsjett 2022**
  - Innleiing
  - Sektorrammer
  - Løyvingsnivå
  - Tekniske endringar
  - Innarbeidde tiltak
  - Alternative tiltak,
  - Referatsaker og protokollar
  - Sektorar utan hovudutval
    - Strategisk utvikling og digitalisering
    - Tannhelse
    - Organisasjon og økonomi

## 2 Fellesdel - Investeringsbudsjett

- **Rammer for investering 2022- 2025**
- **Oversyn investeringsopplegg 2022- 2025**
  - Investeringsprogram bygg og eigedom
  - Investeringsprogram kollektiv

## 3 Sektorspesifikke driftsbudsjett

- **Handsaming sektorbudsjett**
- **Sektorane sine budsjettframlegg**
  - Prosessvedtak sektor Opplæring og kompetanse
  - Prosessvedtak sektor Mobilitet og kollektiv

- Prosessvedtak sektor Infrastruktur og veg
- Prosessvedtak sektor Kultur, idrett og integrering
- Prosessvedtak sektor Innovasjon og næringsutvikling
- Prosessvedtak sektor Strategisk utvikling og digitalisering
- Prosessvedtak sektor Tannhelse
- Prosessvedtak sektor Organisasjon og økonomi
- Prosessvedtak Politisk nivå og Kontrollutvalet

Det er å poengtere at sektorbudsjetta som er vedlagt er avdelingsdirektørane sine egne budsjettopplegg. Desse er vedlagt arbeidsdokumentet som referatsaker.

Neste møte i finansutvalet

## Innleiing

### Prosess arbeidsdokument 3

#### Involvering av hovudutval

Eit sentralt moment i denne runden av budsjettprosessen er involveringa av hovudutvala i forkant av finansutvalet. Hovudutvala får avdelingsdirektørane sitt budsjett presentert, og her er fordeling av sektorramme på løyvingnivå og val av salderingstiltak innanfor kvar sektor det mest sentrale.

Hovudutvala kan så gje uttale om sektorbudsjett, delar av investeringsbudsjettet og ein del som gjeld totalitet og som er felles for heile budsjettet. Alle sektorane sine budsjett vert handsama i respektive utval. Uttalane frå dei ulike utvala vert del av grunnlaget for handsaminga i finansutvalet.

Dei ulike sektorbudsjetta som vert presentert er avdelingsdirektørane sine eigne budsjettopplegg. Fylkeskommunedirektøren har utover dette eit overordna ansvar for at totaliteten i heile budsjettet heng saman.

#### To felles delar og sektorspesifikke delar

Alle utvalssakene som handsamast i denne omgang har tre delar. Det er to felles delar som kjem til handsaming i alle møte. Den fyrste innehar element i budsjettet for 2022 som er felles for alle sektorar og som ligg i det totale budsjettopplegget til Vestland for 2022. Den andre delen er investeringsbudsjett; det vert presentert endeleg opplegg til investeringsprogram for bygg og eigedom og investeringsprogram for kollektiv perioden 2022-2025. Det vert lagt opp til at hovudutvala også gjev ein uttale på desse to fyrste delane, og desse vil ligga ved når finansutvalet har si handsaming.

Den siste og tredje delen i alle hovudutvalssakene er sektorspesifikk, og dei ulike sektorbudsjetta kjem til handsaming og uttale i sine respektive hovudutval. Stabsavdelingane og tannhelse høyrer ikkje inn under noko hovudutval, og desse sektorbudsjetta vert presentert og kjem til handsaming i finansutvalet.

Som eksempel vil budsjettsaka som går til hovudutval for samferdsel og mobilitet ha slik struktur:

Del I. Fellesdel: Budsjett 2022

Del II. Fellesdel: Investeringsbudsjett 2022- 2025

Del III. Sektorbudsjett mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg

Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjev sin uttale til dei to fellesdelane og dei to presenterte sektorbudsjetta.

#### Sektorar utan utval

Som nemnt er det sektorar som ikkje høyrer innunder eit spesifikt hovudutval;

- Organisasjon og økonomi
- Strategi og digitalisering
- Tannhelse (ligg innunder Strategi og digitalisering)

Presentert budsjett frå respektive avdelingsdirektørar og fylkestannlegen ligg også som referatsaker til finansutvalssaka, tilsvarande hovudutvalssakene med dei andre sektorbudsjetta.

Finansutvalet gjer så prosessvedtak på alle sektorbudsjetta. Uttalar frå hovudutvala vert ettersendt, og vert del av grunnlaget for finansutvalshandsaminga.

Førebels budsjetttramme for kontrollutvalet vert og presentert for finansutvalet som tek dette til orientering. Sistnemnde vert i etterkant utarbeidd av sekretariat for kontrollutvalet, og er del av budsjettområde politisk styring og kontrollorgan.

Under er ein oppsummerande tabell:

Utval	Dato	Handsaming
Hovudutval for opplæring og kompetanse	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for opplæring og fellesdelar
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for veg og infrastruktur og mobilitet og kollektiv og fellesdelar
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for kultur og fellesdelar



Hovudutval for næring	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for innovasjon og næring og fellesdelar
Finansutval	21.sept.	Prosessvedtak alle sektorbudsjett og fellesdelar
		Budsjett for politisk nivå og kontrollutvalet til vitande

### Saldering driftsbudsjett 2022 - reduksjon på 100 mill. kr

Finansutvalet gjorde i førre møte følgjande prosessvedtak som gjer at salderinga av 2022-budsjettet til sektorane kan oppsummerast slik;

- 100 mill. kr i total budsjettreduksjon
- Meirbehov og nye tiltak skal takast innanfor rammene
- Alternative tiltak til dei som er innarbeida synleggjort

Dette er nærare gjort greie for under del 1 fellesdel driftsbudsjett 2022.

### Budsjettmessige klimakonsekvensar

Klimabudsjettet er eit viktig styringsverktøy for å redusere klimagassutslepp fram mot 2030. I endeleg budsjettframlegg frå finansutvalet som kjem til handsaming i november, vil det vere eit eige klimakapittel. Framstillinga vil vere mest mogeleg oppdatert og relevant for Vestland fylkeskommune sin situasjon for 2022, og åra framover. I samband med den politiske handsaminga av budsjett 2021- 2024 så vart det signalisert eit ynskje om å vri framstillinga av utsleppa til å gjelde det geografiske området Vestland; og med det ikkje berre ha fokus på utsleppa som gjeld eiga drift. Det vil vere ei vidareutvikling av klimabudsjettet i den retning i budsjett for 2020.

I denne omgang vil dei einssilde sektorbudsjetta som avdelingsdirektørane leverer innehalde ei oppdatert klimavurdering. Informasjonen her vil kunne vere viktig i utarbeidinga av Vestland fylkeskommune sitt klimabudsjett. Kvar sektor har sine klima- og miljøkontaktar som stetter opp under dette arbeidet. Nytt i år er at ein vil freiste å konkretisere tiltaka som ligg i dei presenterte sektorbudsjetta i høve til om dei bidreg til reduksjonar av klimagassar.

### Investeringsbudsjett

På dette tidspunktet i fjor fekk hovudutvala og finansutvalet eit fullstendig investeringsbudsjett til presentasjon. I dette arbeidsdokumentet vert to av tre investeringsprogram presentert; bygg og eigedom og kollektiv. Vegsektoren sitt investeringsprogram for dei neste fire åra kjem ikkje til handsaming før neste møte i finansutvalet i oktober. Dette kjem av at investeringsplanen for vegsektoren må vere i samsvar med opplegget i regional transportplan, og dette er ikkje mogleg før tidlegast til neste møte i finansutvalet.

### Oppfølgingspunkt

#### Status kopling mellom planarbeid og økonomiplan

Fylkeskommunedirektøren nemnde i arbeidsdokument 2/21 arbeidet med å kople planane med økonomiplanen, slik at det samla planverket peikar i same retning og har felles målsetjingar. Dette vil styrke både utviklingsplanen og økonomiplanen som styringsreiskap.

Avdelingane arbeider med tiltak knytt til utviklingsplanen. For å kople dette arbeidet saman med økonomiplanarbeidet ser ein på mogelege måtar å få plantiltaka inn som ein del av budsjettarbeidet gjennom året.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå planseksjonen og økonomiseksjon ser på dette. Så langt har ein konkludert med at det vil vere naturleg med eit eige kapittel i budsjettdokumentet der plantiltaka vert omtala med utgangspunkt i handlingsprogramma for gjeldande planar.

I første omgang tek ein sikte på eit fellesavsnitt i budsjettdokumentet for 2022 der aktuelle plantiltak og handlingsprogram vert omtala og så langt mogeleg kopla mot løyvingar i budsjettet og økonomiplanen. På same måte som for klimatiltaka, er målsetjinga også for plantiltaka å utvide omtalen og gjera den meir avdelingsspesifikk etter kvart som avdelingane vert kjende med arbeidsmåten.

Planmidlar bybanen byggesteg 5

I samband med handsaminga av arbeidsdokument 2 i finansutvalet vart det stilt spørsmål ved budsjettering og bruk av planleggingsmidlar til byggesteg 5 av bybanen. Det er sett opp planleggingsmidlar til dette føremålet også i investeringsbudsjett for kommande perioden 2022-2025. Det formelle grunnlaget for desse midlane og finansieringa gjennom bompengar ligg i St.prp. 11S (2017-18) til Bypakke Bergen, og porteføljestyringa av Miljøløftet sin handlingsplan.

Kontraktskostnadar innan vegsektoren og eventuelle meirbehov

I møte i finansutvalet den 1.6.21 vart auka kostnadar i driftskontraktar på veg omtala. I arbeidsdokument 2/21 vart det signalisert ein kostnadsauke i 2022 på opp mot 50 mill. kr. Dette er i innspelet til budsjett 2022 handtert utan rammeauke.

Etter avviklinga av Sams vegadministrasjon er fylkeskommunen inne i ein fase der felles driftskontraktar med Statens vegvesen skal avløyast av eigne driftskontraktar med berre fylkesveg. I 2021 er det inngått 2 nye driftskontraktar. Fram til 2024 skal det lysast ut 8 nye driftskontraktar etterkvart som eksisterande kontraktar går ut. Med kontraktsstart i september blir det full årleg kostnadseffekt av alle dei 10 driftskontraktane først i 2025.

Dei to driftskontraktane som fylkeskommunen har inngått i 2021 er betydeleg dyrare enn dei kontraktane som blir avløyst. Det er gjort endringar både når det gjeld geografi og i innhaldet på kontraktane. Det har mellom anna kome nye klimakrav som gjer det utfordrande å samanlikne kostnaden på gamle kontraktar med nye. Ein ser likevel at driftskostnaden pr kilometer fylkesveg er betydeleg auka; opp mot 60 % mot gamle kontraktar i same område.

Andre fylkeskommunar og Statens vegvesen har også tilsvarande kostnadsauke i nye driftskontraktar. I Samferdsledepartementet si tilråding for statsbudsjett for 2022 blir det opplyst om ein auke på 73 % på Statens vegvesen sine nye kontraktar. Ut over dette er det konkurransar som blir avlyst på grunn av høgt kostnadsnivå. I arbeidet med utlysing av nye kontraktar blir kontraktsstrategi/-innretning kontinuerleg vurdert, og Fylkeskommunedirektøren viser i den samanheng til fylkesutvalssak om val av kontraktsform på driftskontrakt 4610 Nordfjord 2023-2028.

Om ein legg til grunn ein auke på 50 % vil ekstrabehovet til driftskontraktar vera 260 mill. kr. i 2025. Dette er meir enn det handlingsrommet løyvingnivå 60 Veg - drift og vedlikehald har til dekkelegging, vegutstyr og andre prioriterte tiltak som ikkje er kontraktsfesta over fleire år. Det er såleis venta at det framover vil vera behov for ein rammeauke på løyvingnivå 60 Veg - drift og vedlikehald dersom ein legg til grunn dyrare driftskontraktar. I tillegg til driftskontraktar er det usikkerheit rundt det framtidige kostnadsnivået på fleirårige kontraktar knytt til elektro, tunnel og bru/ferjekai.

*Tilråding til prosessvedtak nr 1:*

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Prosess arbeidsdokument 3
- Saldering driftsbudsjett
- Budsjettmessige klimakonsekvensar
- Investeringsbudsjett
- Oppfølgingspunkt
  - Status kopling mellom planarbeidet og økonomiplanen
  - Planmidlar bybanen byggesteg 5
  - Kontraktskostnadar vegsektoren

**1 Fellesdel driftsbudsjett****Økonomiske føresetnadar før statsbudsjettet**Sentrale inntekter

I økonomiplanen, som vart handsama av finansutvalet i juni, vart det gjeve slikt oversyn over sentrale inntekter og utgifter:

	2021	2022	2023	2024	2025
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamn	-10 279 828	-10 350 000	-10 400 000	-10 450 000	-10 500 000
Andre generelle statstilskot	-27 529	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Konsesjonskraftinntekter	-152 000	-170 000	-170 000	-170 000	-170 000
Kapitalinnt/utg, utbytte	852 400	951 900	1 100 500	1 233 400	1 281 500
Lønsavsetjing, premieavvik	14 900	80 000	80 000	80 000	80 000
Bruk/avsetning til disp.fond	62 978	53 521	24 921	-7 979	-6 079
Overføring til investering	552 500	600 000	600 000	600 000	600 000
<b>Sum felles inntekter og utgifter</b>	<b>-8 976 579</b>	<b>-8 874 579</b>	<b>-8 804 579</b>	<b>-8 754 579</b>	<b>-8 754 579</b>

Bruk eller avsetjing til fond er ført opp med den summen som trengst for å saldere budsjettet. Med dei føresetnadene som er vist framfor, kan ein avsetje til disposisjonsfond dei to fyrste åra i perioden, medan ein brukar litt midlar frå fond dei to siste åra. Summane reknar ein med kan bli justerte i den vidare budsjettprosessen; mellom anna med bakgrunn i kva som vert presentert i statsbudsjettet i oktober. Når statsbudsjettet kjem 13. oktober vil ein innarbeida den veksten som ligg der, og eventuelle andre endringar og tillegg som vil påverke Vestland sin økonomi. Førebels er det lagt inn dei føresetnadane og signala som har kome til no.

#### Løn- og prisvekst

Ved utarbeiding av budsjett for 2022 har sektorane og einingane førebels brukt 2021- nivå. Tala i økonomiplantabellen ovanfor er i same løns- og prisnivå som budsjettet for 2021. Endringane frå 2021 til 2022 vil då ikkje ha med seg prisvekst, men alle tala innehar reelle eller tekniske endringar som er forklart i budsjettopplegget. Når statsbudsjettet kjem 13. oktober, vil ein justere opp alle tala i budsjettet med pris- og lønsnivå for 2022. På denne måten vil det endelege framlegget til budsjett som vert handsama i siste runde november/ desember vere i 2022- kr.

#### Verknadar av Korona- pandemien for budsjett 2022

Budsjetteringa for 2022 i den situasjonen ein er no, er særskilt krevjande. Frå sentralt hald er det ikkje kome signal på at ein skal ta høgde for verknadar av Korona når kommunesektoren budsjetterer for neste år. Tvert om skal ein leggje til grunn eit normalår. Av det kan ein slutte at ein ikkje skal budsjettere inn varige verknadar av pandemien. Dette sjølv om analysar tydar på at det kome ein heilt ny situasjon etter pandemien. Denne situasjonen inneber mellom anna færre kollektivreisande. Når statsbudsjettet kjem, vil ein få svaret på kva line ein vel frå sentralt hald, og då vert det klårare kva fylkeskommunen kan leggje til grunn dei kommande åra.

#### *Inntektsføresetnadar for sektorane kollektiv og tannhelse*

Kollektivsektoren har i fleire år budsjettert med ein auke i passasjertala, og med det ein auke i billettinntektene. Dei fleste åra har det vist seg at ambisjonen om vekst i budsjettet har vorte nådd, og fleire år har veksten vore ein del høgare enn dette. I 2021 og 2022 ville ein, om det ikkje var for pandemien, også budsjettert med om lag 3 % inntektsvekst.

Fylkeskommunedirektøren meiner det ikkje vil rett å leggje til grunn ein normal- situasjon som scenario for 2022. Dette så lenge ein faktisk ikkje har ein normalsituasjon, og dei varige verknadane av pandemien er usikre. Mykje tyder på at reisevanane til folk vert endra, og at passasjervolum og inntektsnivå kan verte redusert med opptil 15 % - i alle fall i ein overgangperiode.

Førebels, og før statsbudsjettet for 2022 er gjort kjent, vil kollektivsektoren leggje seg på ei konservativ line for budsjettering der ein ikkje legg inn ein normal vekst.

For tannhelse- sektoren som og har betydelege inntekter, så har pandemien gjeve store økonomiske utslag. I 2020 var inntektstapet på over 40 mill. kr, medan det i 2021 ligg an til ein inntektsvikt på om lag 20 mill. kr. For 2022 vert difor inntektene budsjettert etter moderate anslag.

#### Inntektssystemet - endringar i fylkesvegkriteriet

KMD har i løpet av våren fått utgreidd ein ny og forenkla modell for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg i inntektssystemet. Vedlikehaldsbehovet vert i dag berekna etter Statens vegvesen sin kostnadsmodell MOTIV.

Målet har vore å erstatte MOTIV sidan Statens vegvesen ikkje lenger har tilstrekkeleg informasjon til å gjere MOTIV-berekningar for fylkesvegnettet etter avviklinga av sams vegadministrasjon.

KMD inviterte fylkeskommunane til å kome med innspel til dette arbeidet i form av å delta i ei referansegruppe til prosjektet. Vestland fylkeskommune har vore med i denne referansegruppa. Fylkesordføraren i Vestland fylkeskommune sendte også i juni brev til KMD kor det m.a. stod følgjande:

«Vestland fylkeskommune føreset at rapporten vert sendt på høyring til fylkeskommunane. Ein legg vidare til grunn at det ikkje vert gjort endringar i inntektssystemet før slik høyring er gjennomført og høyringssvara er handsama av departementet.»

KMD tek sikte på å nytte denne nye forenkla modellen alt frå og med 2022. Det er såleis ikkje lagt opp til noko høyring, slik fylkesordføraren la til grunn i brevet til departementet.

Den forenkla modellen syner endring i vedlikehaldsbehov for alle fylkeskommunane samanlikna med det som låg til grunn for 2021-budsjettet. Vestland fylkeskommune har den største endringa med eit redusert vedlikehaldsbehov på om lag 27 mill. kr ut frå den forenkla modellen.

Det er ikkje mogleg å berekne den økonomiske konsekvensen av det reduserte vedlikehaldsbehovet no. KMD har også sagt at det vert lagt opp til ein overgangsordning ved innfasing av den forenkla modellen. Dette vil bli presentert i framlegg til statsbudsjett.

#### *Tilråding til prosessvedtak nr 2:*

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Sentrale inntekter
- Løn- og prisvekst
- Verknadar av Korona- pandemien for budsjett 2022
- Endringar i fylkesvegkriteriet

## **Driftsbudsjett 2022**

### Innleiing

I presenterte budsjett frå dei ulike direktørane har ein tilpassa seg dei vedtekne rammereduksjonane ved hjelp av naudsynte salderingstiltak som er innarbeidd. Utover dette er det synleggjort eit moglegheitsrom som finansutvalet kan bruka for å gjera andre prioriteringar, eller å endre innretninga på dei presenterte budsjetta frå dei ulike avdelingsdirektørane. I kvart av sektorane sine budsjett er det sett opp alternative opplegg til saldering som samla utgjør minst halvparten av dei innarbeidde tiltaka. Dei alternative salderingstiltaka er eit svar på bestillinga frå førre finansutval der det vart bedt om å få synleggjort eit handlingsrom for å gjera endringar i det som vert presentert.

Eit overordna prinsipp i utarbeidinga av sektorane sine budsjett har vore at meirbehov og nye tiltak må finansierast innafør kvar sektor si ramme.

### Sektorrammer

I førre møte i finansutvalet vart det, ved handsaming av arbeidsdokument 2/20, gjort prosessvedtak om å leggje sektorrammene i tabellen under til grunn for budsjett 2022. Sektorane har brukt desse rammene i budsjetteringa av sine løyvningsnivå:

Sektor	2022
Politisk styring, kontrollorgan	61 579
Organisasjon og økonomi	705 165
Strategi og digitalisering	168 945
Tannhelse	271 266
Kultur, idrett & inkludering	318 348
Infrastruktur og veg	1 220 080

Mobilitet og kollektiv	2 492 112
Innovasjon og næringsutvikling	147 612
Opplæring og kompetanse	3 486 472
<b>Sum sektornivå</b>	<b>8 871 579</b>

Med disse rammene er det gjort ein samla budsjettreduksjon på sektorane på 100 mill. kr. Denne reduksjonen kan summerast opp på følgjande måte;

- Reduksjon på 60 mill. kr i kontraktskostnadar innan kollektiv.
- Reduksjon på 40 mill. kr vert fordelt på sektorane utifrå forbruk på utvalde administrative postar som har eit varig mindrebehov.

Reduksjonane pr. sektor er vist i tabellen under;

Sektor / tal i 1000 kr	Kontraktsnedgang	Reiser	Effektivisering	Totalt sektornedtrekk	Totalt Sektornedtrekk 2022 avrunda
Politisk og kontrollorgan		3 645		3 645	4 000
Organisasjon og økonomi		2 897	6 851	9 748	10 000
Strategisk utvikling og digitalisering		783	960	1 743	1 500
Tannhelse		749		749	500
Infrastruktur og veg		5 370	2 839	8 209	8 000
Mobilitet og kollektiv	60 000	1 552	1 653	63 205	63 000
Innovasjon og næring		1 056	741	1 797	2 000
Opplæring og kompetanse		8 179	883	9 062	9 000
Kultur, idrett og inkludering		769	1 073	1 842	2 000
<b>SUM</b>	<b>60 000</b>	<b>25 000</b>	<b>15 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>

#### Løyvingsnivå

I dette møtet i finansutvalet vert sektorrammene delt opp i dei ulike føremåla, også kalla løyvingsnivå, innanfor kvar sektor. Då med dei ulike sektornedtrekka innarbeida. Finansutvalet gjer prosessvedtek på summene som skal brukast på dei ulike føremåla innan kvar sektor. Dette vert gjort på bakgrunn av dei politiske sakene og uttalanane frå hovudutvala. Finansutvalet kan slutte seg til uttalen som hovudutvala har gjort, men utvalet kan og gjennom sitt prosessvedtak endre summene på løyvingsnivå ved å omprioritere.

#### Tekniske endringar

Sjølv om sektorane har utarbeidd eit budsjett innanfor rammene som vart fastsett i førre møte, så kan det vere justeringar av teknisk karakter som endrar rammene til dei ulike sektorane. Desse endringane dreier seg i stor grad om flyttingar av oppgåver, årsverk eller midlar mellom sektorar. Desse endringane er av teknisk karakter, og slike endringar vil kome klart fram i budsjetta som avdelingsdirektørane presenterer.

#### Innarbeidde tiltak

I dei ulike løyvingnivå er det innarbeidd salderingstiltak for kvar sektor. Det vil gå fram kva løyvingnivå som er redusert gjennom det innarbeidde salderingstiltaket. Til dømes vil det for tannhelse sitt sektorbudsjett kunne vere eit aktuelt tiltak å auke inntektssida, og då vil det framkome at dette tiltaket har redusert ramma som vert tildelt løyvingnivået pasientbehandling innan tannhelse.

#### Alternative tiltak

Utover innarbeidde tiltak i dei ulike sektorbudsjetta for å oppnå balanse, så er det synleggjort eit moglegheitsrom som finansutvalet kan bruka for å gjera prioriteringa annleis. Dette vert gjort ved at det i kvar av budsjetta som vert presentert er sett opp alternative opplegg til saldering som samla utgjør minst halvparten av dei innarbeidde salderingstiltaka. Dei alternative salderingstiltaka er eit svar på bestillinga frå førre finansutval der det vart bedt om å få synleggjort eit handlingsrom for å gjera endringar i det som administrasjonen presenterer.

#### Referatsaker og protokollar.

Alle hovudutvalssakene ligg som referatsaker til finansutvalssaka, og protokollane frå hovudutvalsmøta vert ettersendt til finansutvalet.

#### Sektorar utan hovudutval

- Strategisk utvikling og digitalisering
- Organisasjon og økonomi
- Tannhelse

For dei tre sektorane utan hovudutval vil presentert budsjettopplegg med summar på løyvingnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak ligge som meldingssaker til saksframlegget som vert handsama i finansutvalet. Budsjettområde for politisk styring og kontrollorgan med førebels budsjettamme for kontrollutvalet er også vedlagt. Alle dei presenterte sektorbudsjetta vil vere gjennomgåande like med summar på løyvingnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak.

#### *Tilråding til prosessvedtak nr 3:*

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Sektorrammer
- Løyvingnivå
- Tekniske endringar
- Innarbeidde tiltak
- Alternative tiltak
- Referatsaker og protokollar
- Sektorar utan hovudutval

## 2 Fellesdel - investeringsbudsjett

### Rammer for investeringsbudsjettet 2022- 2025

I dette arbeidsdokumentet vert det presentert to av tre investeringsprogram, og desse er sett opp i samsvar med handlingsregelen som tilseier ein maksimal gjeldsgrad for Vestland på 115 %.

Til grunn for presentert investeringsopplegg er prosessvedtak for investeringsrammer som vart gjort i handsaminga av arbeidsdokument 2 i førre finansutvalsmøte. Med dette opplegget vil Vestland for aktuell økonomiplanperiode 2022- 2025 ha ei utvikling i gjeldsgraden som er lik den under. Det med føresetnad om at det budsjettet for investeringsprogram for veg som vert presentert seinare også er innafør rammene.

	2022	2023	2024	2025
Netto gjeldsgrad	103 %	109 %	113 %	115 %

I 2020 gjekk gjeldsgraden ned, men planlagde investeringar og låneopptak for kommande planperiode er så høgt at det ikkje er rom for påplussingar ut over det som vert presentert. Gjeldstaket gjer at inndekking av nye prosjekt eller tiltak må skje gjennom omprioriteringar.

Ein viktig faktor i høve til gjeldsgraden vil vere korleis inntektene til Vestland utvikler seg i økonomiplanperioden, og då særskilt inntektene som fylkeskommunane får frå statleg hald.

### Oversyn investeringsopplegg 2022- 2025

Under er dei to investeringsprogramma for bygg og eigedom og for kollektiv presentert med oppdaterte tal og med prosjektoptalar under tabelloppsetta. Desse er i samsvar med:

- Tidlegare presenterte tal
- Oppdaterte tal for framdrift og kostnadsestimat
- I tråd med gjeldande handlingsreglar; gjeldsgrad
- Innafor det finansieringsopplegget som vart presentert i arbeidsdokument 2 som vart handsama i juni.
- Investeringane i vegsektoren vert presentert i neste møte i finansutvalet i oktober.

#### Investeringsprogram bygg og eigedom

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2022-2025	2022	2023	2024	2025
<b>Fellesfunksjonar</b>	<b>871 100</b>	<b>510 600</b>	<b>195 500</b>	<b>109 800</b>	<b>55 200</b>
Fylkeshuset Bergen	516 500	440 800	75 700	0	0
Fylkeshuset Leikanger - rehab	195 400	30 000	80 000	70 000	15 400
Tiltak gang- og sykkel., fylk.kom bygg	27 200	6 800	6 800	6 800	6 800
IT-investeringar	132 000	33 000	33 000	33 000	33 000
<b>Opplæring</b>	<b>4 152 900</b>	<b>978 900</b>	<b>1 064 000</b>	<b>973 000</b>	<b>1 137 000</b>
Ombygging/rehab/mindre tilbygg	399 600	99 900	99 900	99 900	99 900
Større undervisningsutstyr	149 600	37 400	37 400	37 400	37 400
Askøy vgs	473 700	245 700	184 900	43 100	0
Austrheim vgs	6 200	0	0	0	6 200
Bømlo vgs	17 500	17 500	0	0	0
Dale vgs - rehab/omb verkstadbygg	30 900	0	10 300	14 400	6 200
Eid vgs - nytt undervisningsareal	34 400	10 300	10 300	13 800	0
Firda vgs - rehab fløy D Aulabygg	25 700	0	8 200	10 300	7 200
Førde vgs./campus Førde	650 900	330 000	300 100	20 800	0
Knarvik vgs	6 200	0	0	0	6 200
Kvam nybygg fase 1	108 000	18 000	40 000	50 000	0
Kvam nybygg fase 2	180 000	0	0	80 000	100 000
Laksevåg MBS vgs og Fagskule	390 300	0	15 400	102 700	272 200
Langhaugen vgs	183 800	15 000	50 000	70 000	48 800
Mo og Øyrane vgs - internat mm.	55 900	5 100	16 400	34 400	0
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	70 700	70 700	0	0	0
Måløy vgs - blokk A og D / Akvahall	77 100	43 100	34 000	0	0

Måløy vgs, Nytt opplæringsfartøy	<b>101 400</b>	50 000	51 400	0	0
Skulebruksplan - planmidlar	<b>14 400</b>	3 600	3 600	3 600	3 600
Slåtthaug vgs	<b>195 200</b>	6 200	20 500	82 200	86 300
Sogn jord-og h - rehab. fjøs-og verkstad	<b>14 400</b>	0	0	4 100	10 300
Sogndal vgs - rehab badebasseng	<b>27 700</b>	0	2 100	5 100	20 500
Sotra vgs	<b>443 600</b>	16 400	16 400	102 700	308 100
Stord vgs	<b>416 600</b>	10 000	160 000	180 000	66 600
Årdal vgs - rehab	<b>46 200</b>	0	3 100	16 400	26 700
Årstad vgs	<b>32 900</b>	0	0	2 100	30 800
<b>Tannhelse</b>	<b>112 800</b>	<b>22 700</b>	<b>23 700</b>	<b>46 700</b>	<b>19 700</b>
Tannklinikk Sogndal	<b>28 000</b>	0	1 000	27 000	0
Tannklinikkar	<b>47 200</b>	13 300	13 300	10 300	10 300
Utstyr tannhelsetenesta	<b>37 600</b>	9 400	9 400	9 400	9 400
<b>Kultur</b>	<b>77 900</b>	<b>18 100</b>	<b>53 600</b>	<b>3 100</b>	<b>3 100</b>
Gulatinget	<b>20 500</b>	0	20 500	0	0
Arkivdepot	<b>45 000</b>	15 000	30 000	0	0
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	<b>12 400</b>	3 100	3 100	3 100	3 100
<b>Regional utvikling</b>	<b>153 300</b>	<b>10 300</b>	<b>10 300</b>	<b>51 400</b>	<b>81 300</b>
Oppgradering fiskerihamner	<b>41 200</b>	10 300	10 300	10 300	10 300
Kalvåg fiskerihamn	<b>30 000</b>	0	0	0	30 000
Bømlo fiskerihamn	<b>82 100</b>	0	0	41 100	41 000
<b>Sum investeringsprogram</b>	<b>5 368 000</b>	<b>1 540 600</b>	<b>1 347 100</b>	<b>1 184 000</b>	<b>1 296 300</b>

### Prosjektomtalar for investeringsprogram for bygg og eigedom

#### Fylkeshuset Bergen

Prosjektet har ei totalramme på 1 172,3 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 12/2018 bygging av nytt fylkeshus. Ein gjorde vidare vedtak i sak 40/2018 om finansiering og mellombels lokalisering på Sandsli fram til nybygget står klart i 2023.

I sak 90/2019 vart det gjort vedtak om bygging i eigen regi, og kostnader til AV-utstyr og møblering av fellesareala vart teke inn i prosjektet. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i starten av 2023. Det er sett av 440,8 mill. kr i 2022 og 75,7 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Fylkeshuset Leikanger - rehabilitering

Prosjektet har ei totalramme på 200 mill. kr. Fylkeshuset på Leikanger var i utgangspunktet planlagt som eit rehabiliteringsprosjekt med tiltak som t.d. skifte av tak, ny utvendig solskjerming og naudsynte tekniske oppgraderingar. Samstundes har behovet for kontorplassar endra seg som følgje av regionreforma. Kartlegging av behov er gjennomført og det vert no arbeidd med vurdering av ulike kontorløysingar/-konsept. Det er planlagt at sjølv ombyggingsarbeidet skal pågå i perioden 2022-2024. Det er sett av 30 mill. kr i 2022, 80 mill. kr i 2023, 70 mill. kr. i 2024 og 15,4 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Tiltak for gåande og syklende

Prosjektet gjeld ulike tiltak for å betre tilhøva for gåande og syklende i tilknytning til fylkeskommunale eigedommar. Tiltaka gjeld mellom anna betre sykkelparkering, utbetring av fortau/ tilkomst, betre av- og påstigingsløysingar for skulebussar, betre markering og lystilhøve for gåande og syklende. Det er sett av 6,8 mill. kr kvart år i planperioden til slike tiltak.

#### IT-investeringar

Det er samla sett av 126,8 mill. kr i planperioden til felles IT-investeringar i fylkeskommunen. Bruken av IT-løysingar mellom anna. innan kollektivtransport, på dei vidaregåande skulane, innan



tannhelse og i fylkesadministrasjonen er avgjerande for at fylkeskommunen får utført oppgåvene og levert tenestene sine. Dette er nært knytt opp til satsinga på digitalisering og e-forvaltning, som er viktig for å kunne effektivisere og forenkle drifta. Det som legg føringer for disponeringa av desse IT-midlane er den overordna IT-strategien i fylkeskommunen. Det vert sett av 33 mill. kr årleg i planperioden til dette føremålet.

#### Ombygging/ rehab. /mindre tilbygg

Denne løyvinga gjeld planlagde ombyggingar, rehabiliteringar og mindre tilbygg. Avgjerande faktor for kva arbeid som vert sett i gang, er tilstanden på bygg og tekniske anlegg. I tillegg vert det gjort oppgradering på fylkeskommunale eigedommar, med særskilt fokus på tiltak som gjeld brann og universell utforming. Ombyggingane kan også skuldast endringar i læreplanar, endringar i klassesaka eller elevar med spesielle behov. Det vert utarbeidd årlege planar for disponeringa av midlane. Større tiltak med prosjekt over 25 mill. kr vert lagt fram som eigne saker til fylkesutvalet. Det er sett av 99,9 mill. kr kvart år i planperioden.

#### Større undervisningsutstyr opplæring

Det er sett av 37,4 mill. kr årleg til dette føremålet. Midlane skal nyttast til større undervisningsutstyr, it-investeringar og inventar ved skulane. Midlane skal mellom anna nyttast til naudsynt oppgradering av maskiner og utstyr innan yrkesfaga, og komplettering av undervisningsutstyr i samband med læreplanane. Midlane vert fordelt til skulane gjennom ein vekta tildelingsmodell som tek omsyn til at behova varierer mellom utdanningsprogramma. Skulane kan overføre unytta midlar til neste år og på denne måten spare opp midlar til større investeringar. Avhengig av behov kan delar av potten delast mellom skulane til særskilte tiltak t.d. nye utdanningsprogram eller skular som har trong for større oppgraderingar.

#### Askøy vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 723,8 mill. kr. Rehabilitering og tilbygg på Askøy vgs vart starta opp 2018. Fylkestinget godkjente i sak 47/2018 rom- og funksjonsprogrammet for prosjektet. I sak 118/2020 vart forprosjekt og byggstart for den nye skulen godkjent. I same sak vart og avtalen med Askøy kommune om dei økonomiske vilkåra som fylgje av vedteken områdeplan godkjent. Saka legg til grunn eit tett samarbeid med Askøy kommune om sambruk, makebyte av tomt og leige av areal. Prosjektet er i produksjonsfase og det er sett av 245,7 mill. kr i 2022, 184,9 mill. kr i 2023 og 43,1 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Austrheim vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 285,6 mill. kr, og prosjektet er del av skulebruksplanen som vart vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2025 for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjektet ved Knarvik vidaregåande skule.

#### Bømlo vidaregåande skule

Totalkostnaden for dette prosjektet er kalkulert til 23,6 mill. kr. Føremålet er å gjennomføre den vedtekte samlokaliseringa av Bømlo vgs og Rubbestadnes vgs. Samlokaliseringa skal løysast med nokre mindre ombyggingar på Bømlo vgs og etablering av verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk i eit nytt leigebygg på Rubbestadneset. Prosjektet omfattar kostnader både til ombyggingar på Bømlo vgs og verkstadutstyr/møblering i leigebygg. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i løpet av 2022. Det er sett av 17,5 mill. kr i 2022 til prosjektet.

#### Dale vidaregåande skule - rehabilitering/ombygging verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 37 mill. kr. Verkstadbygget som er frå 1982 er det eldste bygget ved skulen og er ikkje i god stand. Mange bygningslement og tekniske anlegg må skiftast ut. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 10,3 mill. kr i 2023, 14,4 mill. kr i 2024 og 6,2 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Eid vidaregåande skule - nytt undervisningsareal

Totalramma for prosjektet er på 43,2 mill. kr. Eid vgs har i dag knapt med areal. Som følgje av dette er satsingane knytt til velferdsteknologi og energi delvis flytta til ueigna lokale. Det er i tillegg behov for nye og oppgraderte realfagsrom.

Anlegget på Eid er i sambruk med Stad kommune. Dei har og eit auka arealbehov knytt til drifta av kulturdelen/ Operahuset Nordfjord og har vedtak om å framforhandle ny leigeavtale for dette. Eit samla arbeid med behov og mogleighetsstudie er sett i gang og sjølv byggearbeidet vil venteleg starte medio 2022. Det er sett av 10,3 mill. kr i 2022 og 2023 og 13,8 mill. kr i 2024 til prosjektet

#### Firda vidaregåande skule - rehab. fløy D Aulabygg

Totalramma for prosjektet er på 40,1 mill. kr. Det er gjennomført fleire oppgraderingar på Firda vgs, men i den eine delen av bygningsmassen - aulabygget/ fellesareal, står nokre tiltak att. Bygget er frå 1974 og treng oppgradering og rehabilitering. Det må gjennomførast tilstandsvurdering med framlegg til løysingar. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 8,2 mill. kr i 2023, 10,3 mill. kr 2024 og 7,2 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Førde vidaregåande skule/campus Førde

Prosjektet har ei totalramme på 846,3 mill. kr. Etablering av eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde er eit prosjekt som legg opp til samlokalisering av Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs til ein felles ny vidaregåande skule i Førde (fysisk samanslåing gjeld ikkje avd. Mo). Prosjektet omfattar vidare ny tannhelseklinikk i Førde og bygging av ny idrettshall. I april 2021 gjorde fylkestinget vedtak om byggestart jf. FT sak 8/2021. Prosjektet er under bygging med planlagt ferdigstilling i 2024. Det er inngått ein utbyggingsavtale for infrastruktur med Førde kommune.

Det er lagt til grunn ein auke i totalramma på 30 mill. kr. Av dette utgjer ein vesentleg del, om lag 20 mill. kr, ein auke i løns- og prisstigning inneverande år. Resten er knytt til prisauke for arbeid med infrastruktur/utbyggingsavtalen. Det er sett av 330 mill. kr i 2022, 300,1 mill. kr i 2023 og 20,8 mill. kr i 2024 til prosjektet

#### Knarvik vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla løyving på 369,7 mill. kr. Prosjektet er del av skulebruksplanen som er vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2025 til prosjektet for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjektet ved Austrheim vgs.

#### Kvam vidaregåande skule - nybygg fase 1 og 2

I samsvar med skulebruksplanen skal dei tidlegare vidaregåande skulane i Øystese og Norheimsund samlokaliseras i eit nybygg sentralt i Norheimsund. I juni 2019 (FU-sak 149/2019) vart det vedteke å samlokalisera skulane mellombels i bygget i Øystese. Dette med unntak av verkstadlokala for EL og TIP som framleis er igjen i skulebygget i Norheimsund/ Steinsdalen. Det vart og vedteke ein intensjonsavtale med Kvam herad om å nytte tomta for den gamle ungdomsskulen til nytt skulebygg og at skulen skulle realiserast i to fasar. Første fase skulle vere verkstadslokale for EL og TIP og andre fase areal til resten av tilboda som i dag er i Øystese. Fylkeskommunedirektøren tilrår å legge fasane tett i presentert opplegg til investeringsplan slik at oppdraget kan planleggast saman og leggest i ein byggekontrakt og på den måten spare noko kostnader.

Kvam herad og fylkeskommunen har arbeidd med samlokalisering og sambruk mellom den vidaregåande skulen og areal/funksjonar for kommunen sidan 2018. Det er utarbeidd eit rom- og funksjonsprogram for prosjektet både på kommunal og fylkeskommunal side. Romprogrammet er fremma som sak til fylkestinget i september inneverande år. Samla nettoareal i programmet er 5160 m<sup>2</sup>, fordelt med omlag 1100 m<sup>2</sup> på Kvam herad og 4060 m<sup>2</sup> på den vidaregåande skulen, dvs. omlag 5900 m<sup>2</sup> bruttoareal for den vidaregåande skulen. Vidare framdrift er planlagt med utlysing, anbuds konkurranse og kontrahering i 2022 og bygging i perioden 2023 til 2026. Det er sett av 18 mill. kr i 2022, 40 mill. kr i 2023 og 50 mill. kr i 2024 til fase 1 og det er sett av 80 mill. kr i 2024 og 100 mill. kr i 2025 til fase 2 i prosjektet.

#### Laksevåg vidaregåande skule og fagskule

Skulebruksplanen for Hordaland legg opp til ein ny kombinert fagskule og vidaregåande skule på Laksevåg. Rom- og funksjonsprogrammet for skulen vart vedteke i ft-sak 28/2019. Programmet har teke opp i seg tidlegare vedtak i Hordaland fylkeskommune om vesentleg auka kapasitet for dei to skulane. Prosjektet har ei samla løyving på 787,5 mill. kr.

Grunna det samla høge investeringsvolumet, er dette prosjektet, saman med fleire andre prosjekt, utsett noko i tid og arbeidet i prosjektet vil bli vidareført frå 2023 med plan om ferdigstilling i 2026/2027. Det er sett av 15,4 mill. kr i 2023, 102,7 mill. kr i 2024 og 272,2 mill. kr i 2025.

#### Langhaugen vidaregåande skule

Samla kostnadsramme for prosjektet er 189,8 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med skulebruksplanen. Prosjektet inkluderer kostnader til etablering av eit bygg som gjev ein ekstra

parallellklasse i musikk, jf. ft-sak 40/2020. Etablering av den ekstra klassen i musikk er tidlegare drøfta i fylkestinget, jf FT sak 46/18.

Prosjektet er i planleggingsfase og samspelsfasen er planlagt gjennomført i første halvdel av 2022. Byggstart vil vere avhengig av godkjent reguleringsplan. Kravet om regulering var ikkje føresett, noko som gjer at sjølve bygginga vert utsett med om lag 1 år. Det er sett av 15 mill. kr i 2022, 50 mill. kr i 2023, 70 mill. kr i 2024 og 48,8 mill. kr. i 2025 til prosjektet.

#### Mo og Øyrane vidaregåande skule - internat og fellesbygg

Totalramma for prosjektet er på 57,9 mill. kr. I prosjektet er internat og fellesbygga på Mo planlagt rehabilitert. Bygga er frå 1969 og er nedslitne. Vidare må betra universell utforming vurderast i tillegg til generell oppussing. Prosjektet er i utgreiingsfasen, og prosjektet har planlagt oppstart i løpet av 2022. Det er sett av 5,1 mill. kr i 2022, 16,4 mill. kr i 2023 og 34,4 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Mo og Øyrane vidaregåande skule - nytt verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 91,6 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt felles verkstadbygg for gardsdrifta og for anleggslinja ved Mo- og Øyrane vgs. Prosjektet er planlagt og det er henta totalentreprisetilbod på arbeidet som viser ein stor kostnadsauke. Truleg er dette mellom anna knytt den sterke prisveksten på byggevarer inneverande år. I tillegg er det meirkostnader knytt til pålegg om regulering og tekniske undersøkingar knytt til flaum og kvikkleire. Byggearbeidet er kontrahert og ferdigstilling er planlagt i løpet av 2022. Det er sett av 70,7 mill. kr i 2022 til prosjektet.

#### Måløy vidaregåande skule - bygg A og D/ny aquahall

Totalramma for prosjektet er på 89 mill. kr. Prosjektet er i utgreiings- og programfase og gjeld bygg D, den maritime avdelinga, samt naudsynt rehabilitering/ombygging av fellesfunksjonar/ administrativ del i bygg A.

I sist vedteken investeringsplan låg det og eit eige prosjekt knytt til ny aquahall ved skulen. Måløy vgs har eit fylkesdekkande studietilbod innan dei marine og maritime utdanningsområda og skulen har i dag ingen fasilitetar for praktisk opplæring innan akvakultur. I eit førebels og svært grovt overslag er prosjektkostnaden for aquadelen rekna til om lag 20,5 mill. kr. Dette inkluderer ikkje tomt, infrastruktur for vatn og avløp og marinteknisk undervisningsutstyr.

Då prosjekta heng tett saman både når det gjeld behov og lokalisering meiner fylkeskommunedirektøren det er hensiktsmessig å sjå prosjekta i samanheng for å få til ei god areal- og ressursutnytting. Det vert og vurdert behov for å auke sjønære areal for den vidaregåande skulen, og å legge til rette for ei tyngre satsing på den maritime delen av skulen.

Prosjektet sitt mål er å samle behova og sjå på moglege løysingar for effektiv arealutnytting og eventuelle moglege tilbygg eller ombyggingar for ei framtidretta drift av skuleanlegget. Det er sett av 43,1 mill. kr i 2022 og 34 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Måløy vidaregåande skule - nytt opplæringsfartøy

Totalramma på prosjektet er 136,5 mill. kr. Prosjektet gjeld bygging av nytt opplæringsfartøy for å kunne gje praksisopplæring på båt. Første anbudsrunde vart avlyst av økonomiske grunnar. Prosjektet vart endra til ein mindre båt med reduserte krav og mellom anna dispensasjon for å ha lugarar under hovuddekk. Det ligg føre vedtak om bygging i ft-sak 141/2021. Det er halde anbuds konkurranse og avtale om bygging er signert. Opplæringsfartøyet er planlagt ferdigstilt medio 2023. Det er sett av 50 mill. kr i 2022 og 51,4 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Skulebruksplan - planmidlar

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen og endringane som er vedtekne der. Midlane vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta; til dømes til planlegging, koordinering og utgreiingar. Det er sett av ei årleg løyving på 3,6 mill. kr i planperioden.

#### Slåtthaug vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 195,2 mill. kr. Dette er i samsvar med vedteken skulebruksplan. Prosjektet omfattar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse som er planlagt å gjennomføre i

denne planperioden. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2022, 20,5 mill. kr i 2023, 82,2 mill. kr i 2024 og 86,3 mill. kr i 2025

#### Sogn jord- og hagebruksskule - rehabilitering fjøs og verkstad

Totalramma for prosjektet er 43,2 mill. kr. Fjøs og verkstad ved Sogn jord- og hagebruksskule er på mange område utdatert. Det gjev utfordringar knytt til både bygningane og i høve til drifta. Det er planlagt ei nærare tilstandsvurdering og behovsanalyse som kan endre omfanget av prosjektet. Det er sett av 4,1 mill. kr i 2024 og 10,3 mill. kr i 2025.

#### Sogndal vidaregåande skule - rehabilitering basseng

Totalramma for prosjektet er 32,8 mill. kr. Den delen av Sogndal Idrettshall som omfattar bassenget har behov for rehabilitering og oppgradering. Det er føreteke kartleggingar som har avdekkja bygningsmessige og tekniske utfordringar ved deler av bassenget og noko bassengteknisk utstyr. Garderobedel og ventilasjonsanlegg er skifta ut og rehabilitert i 2017. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2023, 5,1 mill. kr i 2024 og 20,5 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Sotra vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 763 mill. kr. I prosjektet er det lagt opp til samlokalisering av den vidaregåande skulen som i dag har to lokasjonar i Øygarden kommune. Fylkestinget vedtok hausten 2018 tomt og plassering for den nye skulen. Den vedtekte tomte er på ferdig utfylte Storevatn sentralt på Straume og rett ved ny planlagd bussterminal. Tilgang til tomte er avhengig av framdrifta til veganlegget Sotrasambandet, så den planlagde ferdigstillinga av prosjektet i 2026 er noko usikker. Det har vore gjennomført samarbeidsmøte med Øygarden kommune som ledd i reguleringsarbeidet for den nye skuletomta. Det er sett av 16,4 mill. kr kvart av åra 2022 og 2023, 102,7 mill. kr i 2024 og 308,1 mill. kr i 2025.

#### Stord vidaregåande skule - Vabakken

Samla ramme for prosjektet er 452 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med vedtaket i skulebruksplanen. Prosjektet gjeld sanering av eksisterande bygningsmasse og nybygg for Stord vgs, avd Vabakken. Prosjektet skal utformast og gjennomførast slik at det legg til rette for eit byggesteg 2 som kan samle heile Stord vgs i eit bygg i framtida. Prosjektet er i planleggingsfasen med konkurrans og samspel. Sjølv bygginga er planlagt i tidsrommet 2023 til 2025. Det er sett av 10 mill. kr i 2022, 160 mill. kr i 2023, 180 mill. kr i 2024 og 66,6 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Årdal vidaregåande skule - rehabilitering

Totalramma for prosjektet er på 83,2 mill. kr. Det er trong for rehabilitering av Årdal vgs då bygningsmassen ved skulen er frå 1981. Sjølv om bygga ved skulen er godt vedlikehaldne er det behov for oppgradering og rehabilitering av bygningar og tekniske anlegg. I tillegg vert energiløysingane ved skulen vurdert. Det er sett av 3,1 mill. kr i 2023, 16,4 mill. kr i 2024 og 26,7 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Årstad vidaregåande skule - C bygget

Prosjektet har ei samla løyving på 76 mill. kr. Prosjektet er ein del av vedteken skulebruksplan. Årstad vgs har hatt omfattande rehabilitering tidlegare, men C-bygget frå 1977 på om lag 7000m<sup>2</sup> har ikkje vore omfatta av desse arbeida. Dette bygget er i dårleg stand, og både tak og fasade har bruk for verdibevarande rehabilitering. Bruken av areala i C-bygget er ikkje avklart og omfanget av prosjektet kan difor verte endra. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2024 og 30,8 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Tannklinikk Sogndal

Totalramma for dette prosjektet er på 28,9 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 23/19 å setje i gang arbeidet med planlegging og bygging av ny tannklinikk i Sogndal. I dag leiger fylkeskommunen areal til tannklinikk i Sogndal, men desse lokala dekkjer ikkje behovet tannklinikken har. Leigeavtalen er forlenga slik at det er tenkt oppstart planlegging i 2023 og realisering i 2024. Det er sett av 1 mill. kr i 2023 og 27 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Tannklinikkar - Innreiing/opprusting m.m.

Totalramma for løyvingar på dette området er 47,2 mill. kr i planperioden. I gjeldande klinikkstrukturplanar for tannhelsetenesta er det lagt til grunn ei samling av einskilde klinikkar i større einingar. Vidare har nokre av dei eksisterande klinikkane behov for anten nye lokale eller

monaleg opprusting. Fokus først i planperioden vil vera tannklinikkane i Odda og Florø. Det er sett av 13,3 mill. kr i 2022 og 2023 og 10,3 mill. kr i 2024 og 2025 til føremålet.

#### Utstyr tannhelsetenesta

Det vert sett av 9,4 mill. kr årleg til utstyr i tannhelsetenesta. Delar av denne løyvinga vil verte nytta til utstyr ved nye eller ombygde klinikkar.

#### Gulatinget - nytt formidlingsbygg

Totalramma for dette prosjektet er på 75 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt visningscenter for Gulatinget på Flolid i Gulen. Prosjektet har i perioden 2011-2013 vore gjennom ein arkitektkonkurranse og eit skisseprosjekt. Arbeidet la grunnlag for finansiering og søknad om statleg delfinansiering i prosjektet. Det er føresett at Gulen kommune og staten skal finansiere kvar sin tredjedel. I tillegg er det rekna at fylkeskommunen får mva. refusjon knytt til sin del av investeringa. Det er sett av 20,5 mill. kr i 2023.

#### Nytt arkivdepot Leikanger

Vestland fylkeskommune har i dag for liten arkivkapasitet til eige bruk. Det er sett i gang arbeid med å utgreie ulike alternativ for å auka kapasiteten inkludert å tilby kapasitet til kommunearkivordninga. Det er utarbeidd romprogram og det er etablert ein mogleg rettigheit til tomt for eit slikt nybygg. Parallelt med budsjettprosessen så vil det bli fremma ei eiga politisk sak for nytt arkivbygg på Leikanger. Prosjektet har ei totalramme på 46 mill. kr. Det er sett av 15 mill. kr i 2022 og 30 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Restaurering av verneverdige bygg

Fylkeskommunen eig fleire verneverdige bygg som det er naudsynt å utføre større vedlikehald eller restaurering av i løpet av planperioden. Det er sett av 3,1 mill. kr kvart av åra i planperioden.

#### Opprusting av fiskerihamner

I sak 45/19 i Fellesnemda vart det vedteke å signere avtalen om overføring av 99 fiskerihamner frå staten til Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020. I den same saka, vart det framlagt ei førebels oversikt over vedlikehaldsetterslepet - estimert til omlag 50 mill. kr. Eit revidert overslag kalkulerer vedlikehaldsutsleppet til 52 mill. kr. I planperioden er det sett av ei årleg rammeløyving på 10,3 mill. kr til føremålet.

#### Kalvåg Fiskerihamn

Bremanger kommune starta prosjektet med å byggje ut fiskerihamna i Kalvåg i 2010. Det føreligg godkjent reguleringsplan og Bremanger kommune har kome langt i opparbeiding av tilkomst og næringsareal. Det var utarbeidd ein avtale mellom Bremanger kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det var satt av midlar i NTP for perioden 2024-2029. I FT-sak 160/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen hadde som intensjon å gjennomføre prosjektet i tidsrommet 2025 til 2027. Ramma for prosjektet er på 72 mill. kr (2020 kroner). Det er sett av 30 mill. kr i 2025.

#### Bømlo fiskerihamn

Det har over dei siste 10 åra vore utgreidd og prosjekttert utviding av fiskerihamna i Langevåg på Bømlo. Arbeidet har vore gjennomført i samarbeid mellom lokale investorar organisert i Bømlo fiskerihamn AS, Bømlo kommune og Kystverket. Det var signert ein avtale mellom Bømlo kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det var sett av midlar i NTP for perioden 2024-2029. I FT-sak 42/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen garanterte for forskottering avgrensa til 165 mill. kr eks mva (2020 kr) med tilbakebetaling i perioden 2024-2028. Det er sett av 41,1 mill. kr i 2024 og i 2025.

#### *Tilråding til prosessvedtak nr 4:*

Finansutvalet ber om at presentert investeringsprogram for bygg og eigedom vert innarbeidd i budsjettet.

Investeringsprogram kollektiv 2022- 2025

<b>Investeringar (tal i 1000kr)</b>	<b>Sum 2022- 2025</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
<b>Mobilitet og kollektiv</b>	<b>3 221 400</b>	<b>1 215 400</b>	<b>561 600</b>	<b>901 600</b>	<b>542 800</b>
Båtanbod gml. Sogn og fjordane	226 000	0	0	190 000	36 000
Ulike investeringstiltak kollektivområdet	200 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	107 000	107 000	0	0	0
Bybanen – Byggjesteg 4	1 331 200	921 600	204 800	204 800	0
Bybanen – Byggjesteg 5	1 330 000	130 000	300 000	450 000	450 000
Ulike byggiltak innan kollektiv	27 200	6 800	6 800	6 800	6 800
<b>Sum investeringsprogram</b>	<b>3 221 400</b>	<b>1 215 400</b>	<b>561 600</b>	<b>901 600</b>	<b>542 800</b>

Prosjektomtalar investeringsprogram for kollektivSnøggbåtkontraktar

I investeringsbudsjettet er det teke omsyn til dei nye snøggbåtkontraktane i tidlegare Sogn og Fjordane i 2024 og 2025. Det er lagt til grunn tilskot frå Enova med 40% slik at netto investeringssum for dei to åra er 226 mill. kr.

Vestland fylkeskommune har vore leiande i det grøne skiftet innanfor kollektivtransporten både på ferjesida og ved elektrifisering av bussparken. Mot slutten av økonomiplanperioden står nye snøggbåtkontraktar for tur.

Skyss har fleire pågåande anskaffingsprosessar av operatørar for drift av følgjande båtruter:

- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2022-2024. Kortsiktig kontrakt med vidareføring av dagens framdriftsteknologi.
- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2024-2036 Delvis nullutsleppsteknologi med fornybar energi og utsleppsfri motor. Hybridløyvingar vurdert som relevante.
- Rutepakke 2 Lokale båtruter i Sogn og Fjordane for perioden 2024-2036. Er vedteke forventning om hybridløyvingar.
- Kystvegekspressen for perioden 2024-2025 (i tillegg til fleire opsjonsår) Det er vedteke at drifta skal baserast på fornybar diesel.

Førebels tal på forventa auka driftskostnad med dei nye kontraktane i kommande økonomiplanperiode er rekna til å verte over 100 mill. kr.

Ulike investeringstiltak kollektivområdet

Det er lagt planar for investering innan områda digitale plattformer, integrasjon av Skyss/Kringom og nye mobilitetstenester. Total årleg investeringssum er på 50 mill. kr i planperioden.

Bybanen i Bergen - Vognmateriell

Den opphavelige avtalen har fått to endringsordrar på til saman om lag 3,5 mill. kr. Den totale budsjettsummen for investeringa vil variere frå år til år ettersom avtalen er inngått i Euro. Opphavelig totalsum var på 276 mill. kr, og denne er no justert til 309 mill. kr gitt dei føresetnadane som er lagt til grunn. Prosjektet har ei sluttløyving for 2022 på 107 mill. kr.

Bybanen - Byggjesteg 4

For byggjesteg 4, Bergen Sentrum - Fyllingsdalen, er det samla sett av 1,33 mrd. kr i planperioden. Styringsramma for denne strekninga er 7 101 mill. i 2017-kr. I denne ramma inngår bybanetraseen, sykkelstamveg frå Mindemyren til sentrum, ny kanal på Mindemyren og sykkelstamveg gjennom Løvestakken. Gjennom Miljøløftet dekkjer staten 50 % av kostnaden ved utbygginga av bybanetraseen og 100% av sykkelstamvegen. Det resterande er føreset finansiert med bompengar og andre lokale bidrag. Det er sett av 921,6 mill. kr i 2022, 204,8 mill. kr i 2023 og 204,8 mill. kr i 2024.

I 2022 vil stadig fleire delar av prosjektet bli ferdigstilt fram mot start av testing og prøvedrift i andre halvdel av året og planlagt opning av traseen ved årsskiftet 2022/23.

Bybanen - Byggjesteg 5

For Byggjesteg 5 frå Bergen sentrum til Åsane vil reguleringsprosessen pågå gjennom året i regi av Bergen kommune med mål om godkjent reguleringsplan i første halvår 2023. For at det skal la seg gjere å oppfylle gjeldande plan om opning av traseen til Åsane i 2031, er det naudsynt med midlar til planlegging, prosjektering og grunnvervsarbeid før reguleringsplan og finansiering er endeleg vedteke. Det er difor foreløpig estimert eit behov for 130 mill. kr i 2022, 300 mill. kr i 2023 og 450 mill. kr 2024 og 2025 til dette byggesteget.

Ulike byggetiltak innan kollektiv

Investeringsiltaka omfattar opparbeiding og utbetring av terminal-, sjåfør- og kollektivfasilitetar lokalisert rundt om i heile fylket. Det er lagt opp til at fylkeskommunen har ansvar for etablering av dei ulike fasilitetane og vedlikehaldet av bygga. Operatørane som nyttar fasilitetane skal ha driftsansvaret. Det er sett av 6,8 mill. kr årleg til dette i planperioden.

*Tilråding til prosessvedtak nr 5:*

Finansutvalet ber om at presentert investeringsprogram for kollektiv vert innarbeidd i budsjettet.

### 3 Sektorspesifikke driftsbudsjett

#### Handsaming sektorbudsjett

Det vert vist til vedlagte saker til dei ulike hovudutvala der sektorbudsjetta er handsama, og til uttalane frå desse møta. Budsjetta til dei tre sektorane utan hovudutval er også vedlagt. Det same er budsjett for politisk nivå og kontrollutval. I prosessvedtaka under tek finansutvalet stilling til sektorane sitt budsjettopplegg, og salderingstiltaka som er innarbeidd.

Det er å poengtere at sektorbudsjetta som er vedlagt er avdelingsdirektørane sine eigne budsjettopplegg. Desse er vedlagt arbeidsdokumentet som referatsaker.

#### Sektorane sine budsjettframlegg

##### Sektorbudsjett Opplæring og kompetanse

*Tilråding til prosessvedtak nr 6:*

Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.

##### Sektorbudsjett Mobilitet og kollektiv

*Tilråding til prosessvedtak nr 7:*

Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.

##### Sektorbudsjett sektor Infrastruktur og veg

*Tilråding til prosessvedtak nr 8:*

Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.

##### Sektorbudsjett sektor Kultur, idrett og inkludering

*Tilråding til prosessvedtak nr 9:*

Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.

Sektorbudsjett sektor Innovasjon og næringsutvikling

*Tilråding til prosessvedtak nr 10:*

Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltaka.

Sektorbudsjett sektor Strategisk utvikling og digitalisering

*Tilråding til prosessvedtak nr 11:*

Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak.

Sektorbudsjett sektor Tannhelse

*Tilråding til prosessvedtak nr 12:*

Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak.

Sektorbudsjett sektor Organisasjon og økonomi

*Tilråding til prosessvedtak nr 13:*

Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak.

Budsjett politisk nivå og kontrollutvalet

*Tilråding til prosessvedtak nr 14:*

Finansutvalet viser til budsjett for politisk nivå og kontrollutvalet, og tek dette til vitande.

**Neste møte i finansutvalet**

Fylkeskommunedirektøren vil arbeide vidare etter dei prosessvedtaka som vert gjort for rammer pr. løyvingsnivå. Vidare vil ein oppdatera salderingstiltaka etter kva prosessvedtak finansutvalet gjer på dei innarbeida og eventuelt alternative tiltaka. I den resterande delen av prosessen vil budsjettet verte meir detaljert; både tekstleg og talmessig. Det står og att å presentere eit klimakapittel, og ha med ein del i budsjettet som koplar planarbeidet i fylkeskommunen med kommande økonomiplanperiode.

Neste møte i finansutvalet er 28. oktober. Til dette møte vil budsjettopplegget kunne endrast noko etter kva som vert lagt fram i statsbudsjettet 13. oktober. Eit viktig punkt vil vere kva signal som vert gitt i høve til pandemien, og eventuell vidare kompensasjon av dei økonomiske verknadane. På investeringssida vert investeringsprogram for fylkesveg presentert, og her vil regional transportplan verte vektlagt. Dersom det står att saldering for delar av budsjettet, vil også dette verte handsama på neste møte.



**Dato:** 08.09.2020


---

---

**Til:** Finansutvalet

---

Notat - hovudutvalssak Opplæring og kompetanse



Vestland  
fylkeskommune

**Organisasjon og økonomi**  
Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2021/39118-1  
**Saksbehandlar:** Karl Viken

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		08.09.2021

HU OPPKO Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21

**Forslag til uttale**

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2022.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2022-2025.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til presentert budsjett for sektoren fordelt på løyvingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

**Samandrag**

I denne saka får hovudutval for opplæring og kompetanse budsjettet til handsaming. I tillegg til handsaming av sitt sektorbudsjett fordelt på løyvingsnivå og innarbeidde salderingstiltak for 2022, handsamar også hovudutvalet felles sentrale budsjettmoment og investeringsbudsjettet for perioden 2022- 2025.

Bjørn Lyngedal  
avdelingsdirektør

Birthe Haugen  
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I denne saka handsamar hovudutval for opplæring og kompetanse budsjettet. I tillegg til handsaming av sitt sektorbudsjett fordelt på løyvingnivå og innarbeidde salderingstiltak for 2022, handsamar også hovudutvalet felles sentrale budsjettmoment og investeringsbudsjettet for perioden 2022- 2025.

Saka har slik inndeling:

Innleiing

1 Fellesdel - driftsbudsjett 2022

2 Fellesdel - Investeringsbudsjett 2022- 2025

3 Sektorbudsjett

- Opplæring og kompetanse

## Innleiing

### Prosess arbeidsdokument 3

#### Involvering av hovudutval

Eit sentralt moment i denne runden av budsjettprosessen er involveringa av hovudutvala i forkant av finansutvalet. Hovudutvala får avdelingsdirektørane sitt budsjett presentert, og her er fordeling av sektorramme på løyvingnivå og val av salderingstiltak innanfor kvar sektor det mest sentrale.

Hovudutvala kan så gje uttale om sektorbudsjett, delar av investeringsbudsjettet og ein del som gjeld totalitet og som er felles for heile budsjettet. Alle sektorane sine budsjett vert handsama i respektive utval. Uttalane frå dei ulike utvala vert del av grunnlaget for handsaminga i finansutvalet.

Dei ulike sektorbudsjetta som vert presentert er avdelingsdirektørane sine budsjettopplegg. Fylkeskommunedirektøren har utover dette eit overordna ansvar for at totaliteten i heile budsjettet heng saman.

#### To felles delar og sektorspesifikke delar

Alle utvalssakene som handsamast i denne omgang har tre delar. Det er to felles delar som kjem til handsaming i alle møte. Den fyrste innehar element i budsjettet for 2022 som er felles for alle sektorar og som ligg i det totale budsjettopplegget til Vestland for 2022. Den andre delen er investeringsbudsjett; det vert presentert endeleg opplegg til investeringsprogram for bygg og eigedom og investeringsprogram for kollektiv perioden 2022-2025. Det vert lagt opp til at hovudutvala også gjev ein uttale på desse to fyrste delane, og desse vil ligga ved når finansutvalet har si handsaming.

Den siste og tredje delen i alle hovudutvalssakene er sektorspesifikk, og dei ulike sektorbudsjetta kjem til handsaming og uttale i sine respektive hovudutval. Stabsavdelingane og tannhelse høyrer ikkje inn under noko hovudutval, og desse sektorbudsjetta vert presentert og kjem til handsaming i finansutvalet.

Som eksempel vil budsjettsaka som går til hovudutval for samferdsel og mobilitet ha slik struktur:

Del I. Fellesdel: Budsjett 2022

Del II. Fellesdel: Investeringsbudsjett 2022- 2025

Del III. Sektorbudsjett mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg

Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjev sin uttale til dei to fellesdelane og dei to presenterte sektorbudsjetta.

#### Sektorar utan utval

Som nemnt er det sektorar som ikkje høyrer innunder eit spesifikt hovudutval;

- Organisasjon og økonomi
- Strategi og digitalisering
- Tannhelse (ligg innunder Strategi og digitalisering)

Presentert budsjett frå respektive avdelingsdirektørar og fylkestannlegen ligg også som referatsaker til finansutvalssaka, tilsvarande hovudutvalssakene med dei andre sektorbudsjetta.

Finansutvalet gjer så prosessvedtak på alle sektorbudsjetta. Uttalar frå hovudutvala vert ettersendt, og vert del av grunnlaget for finansutvalshandsaminga.

Førebels budsjetttramme for kontrollutvalet vert og presentert for finansutvalet som tek dette til orientering. Sistnemnde vert i etterkant utarbeidd av sekretariat for kontrollutvalet, og er del av budsjettområde politisk styring og kontrollorgan.

Under er ein oppsummerande tabell:

Utval	Dato	Handsaming
Hovudutval for opplæring og kompetanse	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for opplæring og fellesdelar
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for veg og infrastruktur og mobilitet og kollektiv og fellesdelar
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for kultur og fellesdelar
Hovudutval for næring	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for innovasjon og næring og fellesdelar
Finansutval	21.sept.	Prosessvedtak alle sektorbudsjett og fellesdelar
		Budsjett for kontrollutvalet til orientering

### **Saldering driftsbudsjett 2022 - reduksjon på 100 mill. kr**

Finansutvalet gjorde i førre møte følgjande prosessvedtak som gjer at salderinga av 2022-budsjettet til sektorane kan oppsummerast slik;

- 100 mill. kr i total budsjettreduksjon
- Meirbehov og nye tiltak skal takast innanfor rammene
- Alternative tiltak til dei som er innarbeida synleggjort

Dette er nærare gjort greie for under del 1 fellesdel driftsbudsjett 2022.

### **Budsjettmessige klimakonsekvensar**

Klimabudsjettet er eit viktig styringsverktøy for å redusere klimagassutslepp fram mot 2030. I endeleg budsjettframlegg frå finansutvalet som kjem til handsaming i november, vil det vere eit eige klimakapittel. Framstillinga vil vere mest mogeleg oppdatert og relevant for Vestland fylkeskommune sin situasjon for 2022, og åra framover. I samband med den politiske handsaminga av budsjett 2021- 2024 så vart det signalisert eit ynskje om å vri framstillinga av utsleppa til å gjelde det geografiske området Vestland; og med det ikkje berre ha fokus på utsleppa som gjeld eiga drift. Det vil vere ei vidareutvikling av klimabudsjettet i den retning i budsjett for 2020.

I denne omgang vil dei einskilde sektorbudsjetta som avdelingsdirektørane leverer innehalde ei oppdatert klimavurdering. Informasjonen her vil kunne vere viktig i utarbeidinga av Vestland fylkeskommune sitt klimabudsjett. Kvar sektor har sine klima- og miljøkontaktar som stetter opp under dette arbeidet. Nytt i år er at ein vil freiste å konkretisere tiltaka som ligg i dei presenterte sektorbudsjetta i høve til om dei bidreg til reduksjonar av klimagassar.

### **Investeringsbudsjett**

På dette tidspunktet i fjor fekk hovudutvala og finansutvalet eit fullstendig investeringsbudsjett til presentasjon. I dette arbeidsdokumentet vert to av tre investeringsprogram presentert; bygg og eigedom og kollektiv. Vegsektoren sitt investeringsprogram for dei neste fire åra kjem ikkje til handsaming før neste møte i finansutvalet i oktober. Dette kjem av at investeringsplanen for vegsektoren må vere i samsvar med opplegget i regional transportplan, og dette er ikkje mogleg før tidlegast til neste møte i finansutvalet.

### **Oppfølgingspunkt**

### Status kopling mellom planarbeid og økonomiplan

Fylkeskommunedirektøren nemnde i arbeidsdokument 2/21 arbeidet med å kople planane med økonomiplanen, slik at det samla planverket peikar i same retning og har felles målsetjingar. Dette vil styrke både utviklingsplanen og økonomiplanen som styringsreiskap.

Avdelingane arbeider med tiltak knytt til utviklingsplanen. For å kople dette arbeidet saman med økonomiplanarbeidet ser ein på mogelege måtar å få plantiltaka inn som ein del av budsjettarbeidet gjennom året.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå planseksjonen og økonomiseksjon ser på dette. Så langt har ein konkludert med at det vil vere naturleg med eit eige kapittel i budsjettdokumentet der plantiltaka vert omtala med utgangspunkt i handlingsprogramma for gjeldande planar.

I første omgang tek ein sikte på eit fellesavsnitt i budsjettdokumentet for 2022 der aktuelle plantiltak og handlingsprogram vert omtala og så langt mogeleg kopla mot løyvingar i budsjettet og økonomiplanen. På same måte som for klimatiltaka, er målsetjinga også for plantiltaka å utvide omtalen og gjera den meir avdelingsspesifikk etter kvart som avdelingane vert kjende med arbeidsmåten.

### Planmidlar bybanen byggesteg 5

I samband med handsaminga av arbeidsdokument 2 i finansutvalet vart det stilt spørsmål ved budsjettering og bruk av planleggingsmidlar til byggesteg 5 av bybanen. Det er sett opp planleggingsmidlar til dette føremålet også i investeringsbudsjett for kommande perioden 2022-2025. Det formelle grunnlaget for desse midlane og finansieringa gjennom bompengar ligg i St.prp. 11S (2017-18) til Bypakke Bergen, og porteføljestyringa av Miljøløftet sin handlingsplan.

### Kontraktskostnadar innan vegsektoren og eventuelle meirbehov

I møte i finansutvalet den 1.6.21 vart auka kostnadar i driftskontraktar på veg omtala. I arbeidsdokument 2/21 vart det signalisert ein kostnadsauke i 2022 på opp mot 50 mill. kr. Dette er i innspelet til budsjett 2022 handtert utan rammeauke.

Etter avviklinga av Sams vegadministrasjon er fylkeskommunen inne i ein fase der felles driftskontraktar med Statens vegvesen skal avløyast av eigne driftskontraktar med berre fylkesveg. I 2021 er det inngått 2 nye driftskontraktar. Fram til 2024 skal det lysast ut 8 nye driftskontraktar etterkvart som eksisterande kontraktar går ut. Med kontraktsstart i september blir det full årleg kostnadseffekt av alle dei 10 driftskontraktane først i 2025.

Dei to driftskontraktane som fylkeskommunen har inngått i 2021 er betydeleg dyrare enn dei kontraktane som blir avløyst. Det er gjort endringar både når det gjeld geografi og i innhaldet på kontraktane. Det har mellom anna kome nye klimakrav som gjer det utfordrande å samanlikne kostnaden på gamle kontraktar med nye. Ein ser likevel at driftskostnaden pr kilometer fylkesveg er betydeleg auka; opp mot 60 % mot gamle kontraktar i same område.

Andre fylkeskommunar og Statens vegvesen har også tilsvarande kostnadsauke i nye driftskontraktar. I Samferdsledepartementet si tilråding for statsbudsjett for 2022 blir det opplyst om ein auke på 73 % på Statens vegvesen sine nye kontraktar. Ut over dette er det konkurransar som blir avlyst på grunn av høgt kostnadsnivå. I arbeidet med utlysing av nye kontraktar blir kontraktsstrategi/-innretning kontinuerleg vurdert, og Fylkeskommunedirektøren viser i den samanheng til fylkesutvalssak om val av kontraktsform på driftskontrakt 4610 Nordfjord 2023-2028.

Om ein legg til grunn ein auke på 50 % vil ekstrabehovet til driftskontraktar vera 260 mill. kr. i 2025. Dette er meir enn det handlingsrommet løyvningsnivå 60 Veg - drift og vedlikehald har til dekkelegging, vegutstyr og andre prioriterte tiltak som ikkje er kontraktsfesta over fleire år. Det er såleis venta at det framover vil vera behov for ein rammeauke på løyvningsnivå 60 Veg - drift og vedlikehald dersom ein legg til grunn dyrare driftskontraktar. I tillegg til driftskontraktar er det usikkerheit rundt det framtidige kostnadsnivået på fleirårige kontraktar knytt til elektro, tunnel og bru/ferjekai.

## **1 Fellesdel driftsbudsjett**

### **Økonomiske føresetnadar før statsbudsjettet**

#### Sentrale inntekter

I økonomiplanen, som vart handsama av finansutvalet i juni, vart det gjeve slikt oversyn over sentrale inntekter og utgifter:

	2021	2022	2023	2024	2025
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamn	-10 279 828	-10 350 000	-10 400 000	-10 450 000	-10 500 000
Andre generelle statstilskot	-27 529	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Konsesjonskraftinntekter	-152 000	-170 000	-170 000	-170 000	-170 000
Kapitalinnt/utg, utbytte	852 400	951 900	1 100 500	1 233 400	1 281 500
Lønsavsetjing, premieavvik	14 900	80 000	80 000	80 000	80 000
Bruk/avsetning til disp.fond	62 978	53 521	24 921	-7 979	-6 079
Overføring til investering	552 500	600 000	600 000	600 000	600 000
<b>Sum felles inntekter og utgifter</b>	<b>-8 976 579</b>	<b>-8 874 579</b>	<b>-8 804 579</b>	<b>-8 754 579</b>	<b>-8 754 579</b>

Bruk eller avsetjing til fond er ført opp med den summen som trengst for å saldere budsjettet. Med dei føresetnadene som er vist framfor, kan ein avsetje til disposisjonsfond dei to fyrste åra i perioden, medan ein brukar litt midlar frå fond dei to siste åra. Summane reknar ein med kan bli justerte i den vidare budsjettprosessen; mellom anna med bakgrunn i kva som vert presentert i statsbudsjettet i oktober. Når statsbudsjettet kjem 13. oktober vil ein innarbeida den veksten som ligg der, og eventuelle andre endringar og tillegg som vil påverke Vestland sin økonomi. Førebels er det lagt inn dei føresetnadane og signala som har kome til no.

#### Løn- og prisvekst

Ved utarbeiding av budsjett for 2022 har sektorane og einingane førebels brukt 2021- nivå. Tala i økonomiplantabellen ovanfor er i same løns- og prisnivå som budsjettet for 2021. Endringane frå 2021 til 2022 vil då ikkje ha med seg prisvekst, men alle tala innehar reelle eller tekniske endringar som er forklart i budsjettopplegget. Når statsbudsjettet kjem 13. oktober, vil ein justere opp alle tala i budsjettet med pris- og lønsnivå for 2022. På denne måten vil det endelege framlegget til budsjett som vert handsama i siste runde november/ desember vere i 2022- kr.

#### Verknadar av Korona- pandemien for budsjett 2022

Budsjetteringa for 2022 i den situasjonen ein er no, er særskilt krevjande. Frå sentralt hald er det ikkje kome signal på at ein skal ta høgde for verknadar av Korona når kommunesektoren budsjetterer for neste år. Tvert om skal ein leggje til grunn eit normalår. Av det kan ein slutte at ein ikkje skal budsjettere inn varige verknadar av pandemien. Dette sjølv om analysar tydar på at det kome ein heilt ny situasjon etter pandemien. Denne situasjonen inneber mellom anna færre kollektivreisande. Når statsbudsjettet kjem, vil ein få svaret på kva line ein vel frå sentralt hald, og då vert det klårare kva fylkeskommunen kan leggje til grunn dei kommande åra.

#### *Inntektsføresetnadar for sektorane kollektiv og tannhelse*

Kollektivsektoren har i fleire år budsjettert med ein auke i passasjertala, og med det ein auke i billettinntektene. Dei fleste åra har det vist seg at ambisjonen om vekst i budsjettet har vorte nådd, og fleire år har veksten vore ein del høgare enn dette. I 2021 og 2022 ville ein, om det ikkje var for pandemien, også budsjettert med om lag 3 % inntektsvekst.

Fylkeskommunedirektøren meiner det ikkje vil rett å leggje til grunn ein normal- situasjon som scenario for 2022. Dette så lenge ein faktisk ikkje har ein normalsituasjon, og dei varige verknadane av pandemien er usikre. Mykje tyder på at reisevanane til folk vert endra, og at passasjervolum og inntektsnivå kan verte redusert med opptil 15 % - i alle fall i ein overgangperiode.

Førebels, og før statsbudsjettet for 2022 er gjort kjent, vil kollektivsektoren leggje seg på ei konservativ line for budsjettering der ein ikkje legg inn ein normal vekst.

For tannhelse- sektoren som og har betydelege inntekter, så har pandemien gjeve store økonomiske utslag. I 2020 var inntektstapet på over 40 mill. kr, medan det i 2021 ligg an til ein inntektssvikt på om lag 20 mill. kr. For 2022 vert difor inntektene budsjettert etter moderate anslag.

#### Inntektssystemet - endringar i fylkesvegkriteriet

KMD har i løpet av våren fått utgreidd ein ny og forenkla modell for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg i inntektssystemet. Vedlikehaldsbehovet vert i dag berekna etter Statens vegvesen sin kostnadsmodell MOTIV.

Målet har vore å erstatte MOTIV sidan Statens vegvesen ikkje lenger har tilstrekkeleg informasjon til å gjere MOTIV-berekningar for fylkesvegnettet etter avviklinga av sams vegadministrasjon.

KMD inviterte fylkeskommunane til å kome med innspel til dette arbeidet i form av å delta i ei referansegruppe til prosjektet. Vestland fylkeskommune har vore med i denne referansegruppa. Fylkesordføraren i Vestland fylkeskommune sendte også i juni brev til KMD kor det m.a. stod følgjande:

«Vestland fylkeskommune føreset at rapporten vert sendt på høyring til fylkeskommunane. Ein legg vidare til grunn at det ikkje vert gjort endringar i inntektssystemet før slik høyring er gjennomført og høyringssvara er handsama av departementet.»

KMD tek sikte på å nytte denne nye forenkla modellen alt frå og med 2022. Det er såleis ikkje lagt opp til noko høyring, slik fylkesordføraren la til grunn i brevet til departementet.

Den forenkla modellen syner endring i vedlikehaldsbehov for alle fylkeskommunane samanlikna med det som låg til grunn for 2021-budsjettet. Vestland fylkeskommune har den største endringa med eit redusert vedlikehaldsbehov på om lag 27 mill. kr ut frå den forenkla modellen.

Det er ikkje mogleg å berekne den økonomiske konsekvensen av det reduserte vedlikehaldsbehovet no. KMD har også sagt at det vert lagt opp til ein overgangsordning ved innfasing av den forenkla modellen. Dette vil bli presentert i framlegg til statsbudsjett.

## Driftsbudsjett 2022

### Innleiing

I presenterte budsjett frå dei ulike direktørane har ein tilpassa seg dei vedtekne rammereduksjonane ved hjelp av naudsynte salderingstiltak som er innarbeidd. Utover dette er det synleggjort eit moglegheitsrom som finansutvalet kan bruka for å gjera andre prioriteringar, eller å endre innretninga på dei presenterte budsjetta frå dei ulike avdelingsdirektørane. I kvart av sektorane sine budsjett er det sett opp alternative opplegg til saldering som samla utgjør minst halvparten av dei innarbeidde tiltaka. Dei alternative salderingstiltaka er eit svar på bestillinga frå førre finansutval der det vart bedt om å få synleggjort eit handlingsrom for å gjera endringar i det som vert presentert.

Eit overordna prinsipp i utarbeidinga av sektorane sine budsjett har vore at meirbehov og nye tiltak må finansierast innafor kvar sektor si ramme.

### Sektorrammer

I førre møte i finansutvalet vart det, ved handsaming av arbeidsdokument 2/20, gjort prosessvedtak om å leggje sektorrammene i tabellen under til grunn for budsjett 2022. Sektorane har brukt desse rammene i budsjetteringa av sine løyvningsnivå:

Sektor	2022
Politisk styring, kontrollorgan	61 579
Organisasjon og økonomi	705 165
Strategi og digitalisering	168 945
Tannhelse	271 266
Kultur, idrett & inkludering	318 348
Infrastruktur og veg	1 220 080
Mobilitet og kollektiv	2 492 112
Innovasjon og næringsutvikling	147 612
Opplæring og kompetanse	3 486 472
<b>Sum sektornivå</b>	<b>8 871 579</b>

Med desse rammene er det gjort ein samla budsjettreduksjon på sektorane på 100 mill. kr. Denne reduksjonen kan summerast opp på følgjande måte;

- Reduksjon på 60 mill. kr i kontraktskostnader innan kollektiv.
- Reduksjon på 40 mill. kr vert fordelt på sektorane utifrå forbruk på utvalde administrative postar som har eit varig mindrebehov.

Reduksjonane pr. sektor er vist i tabellen under;

Sektor / tal i 1000 kr	Kontraktsnedgang	Reiser	Effektivisering	Totalt sektornedtrekk	Totalt Sektornedtrekk 2022 avrunda
Politisk og kontrollorgan		3 645		3 645	4 000
Organisasjon og økonomi		2 897	6 851	9 748	10 000
Strategisk utvikling og digitalisering		783	960	1 743	1 500
Tannhelse		749		749	500
Infrastruktur og veg		5 370	2 839	8 209	8 000
Mobilitet og kollektiv	60 000	1 552	1 653	63 205	63 000
Innovasjon og næring		1 056	741	1 797	2 000
Opplæring og kompetanse		8 179	883	9 062	9 000
Kultur, idrett og inkludering		769	1 073	1 842	2 000
<b>SUM</b>	<b>60 000</b>	<b>25 000</b>	<b>15 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>

#### Løyvingsnivå

I dette møtet i finansutvalet vert sektorrammene delt opp i dei ulike føremåla, også kalla løyvingsnivå, innanfor kvar sektor. Då med dei ulike sektornedtrekka innarbeida. Finansutvalet gjer prosessvedtek på summene som skal brukast på dei ulike føremåla innan kvar sektor. Dette vert gjort på bakgrunn av dei politiske sakene og uttalanane frå hovudutvala. Finansutvalet kan slutte seg til uttalen som hovudutvala har gjort, men utvalet kan og gjennom sitt prosessvedtak endre summene på løyvingsnivå ved å omprioritere.

#### Tekniske endringar

Sjølv om sektorane har utarbeidd eit budsjett innanfor rammene som vart fastsett i førre møte, så kan det vere justeringar av teknisk karakter som endrar rammene til dei ulike sektorane. Desse endringane dreier seg i stor grad om flyttingar av oppgåver, årsverk eller midlar mellom sektorar. Desse endringane er av teknisk karakter, og slike endringar vil kome klart fram i budsjetta som avdelingsdirektørane presenterer.

#### Innarbeidde tiltak

I dei ulike løyvingsnivå er det innarbeidd salderingstiltak for kvar sektor. Det vil gå fram kva løyvingsnivå som er redusert gjennom det innarbeidde salderingstiltaket. Til dømes vil det for tannhelse sitt sektorbudsjett kunne vere eit aktuelt tiltak å auke inntektssida, og då vil det framkome at dette tiltaket har redusert ramma som vert tildelt løyvingsnivået pasientbehandling innan tannhelse.

#### Alternative tiltak

Utover innarbeidde tiltak i dei ulike sektorbudsjetta for å oppnå balanse, så er det synleggjort eit moglegheitsrom som finansutvalet kan bruka for å gjera prioriteringa annleis. Dette vert gjort ved



at det i kvar av budsjetta som vert presentert er sett opp alternative opplegg til saldering som samla utgjør minst halvparten av dei innarbeidde salderingstiltaka. Dei alternative salderingstiltaka er eit svar på bestillinga frå førre finansutval der det vart bedt om å få synleggjort eit handlingsrom for å gjera endringar i det som administrasjonen presenterer.

#### Referatsaker og protokollar.

Alle hovudutvalssakene ligg som referatsaker til finansutvalssaka, og protokollane frå hovudutvalsmøta vert ettersendt til finansutvalet.

#### Sektorar utan hovudutval

- Strategisk utvikling og digitalisering
- Organisasjon og økonomi
- Tannhelse

For dei tre sektorane utan hovudutval vil presentert budsjettopplegg med summar på løyvingnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak ligge som meldingssaker til saksframlegget som vert handsama i finansutvalet. Budsjettområde for politisk styring og kontrollorgan med førebels budsjetttramme for kontrollutvalet er også vedlagt. Alle dei presenterte sektorbudsjetta vil vere gjennomgåande like med summar på løyvingnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak.

## 2 Fellesdel - investeringsbudsjett

### Rammer for investeringsbudsjettet 2022- 2025

I dette arbeidsdokumentet vert det presentert to av tre investeringsprogram, og desse er sett opp i samsvar med handlingsregelen som tilseier ein maksimal gjeldsgrad for Vestland på 115 %.

Til grunn for presentert investeringsopplegg er prosessvedtak for investeringsrammer som vart gjort i handsaminga av arbeidsdokument 2 i førre finansutvalsmøte. Med dette opplegget vil Vestland for aktuell økonomiplanperiode 2022- 2025 ha ei utvikling i gjeldsgraden som er lik den under. Det med føresetnad om at det budsjettet for investeringsprogram for veg som vert presentert seinare også er innafor rammene.

	2022	2023	2024	2025
Netto gjeldsgrad	103 %	109 %	113 %	115 %

I 2020 gjekk gjeldsgraden ned, men planlagde investeringar og låneopptak for kommande planperiode er så høgt at det ikkje er rom for påplussingar ut over det som vert presentert. Gjeldstaket gjer at inndekking av nye prosjekt eller tiltak må skje gjennom omprioriteringar.

Ein viktig faktor i høve til gjeldsgraden vil vere korleis inntektene til Vestland utvikler seg i økonomiplanperioden, og då særskilt inntektene som fylkeskommunane får frå statleg hald.

### Oversyn investeringsopplegg 2022- 2025

Under er dei to investeringsprogramma for bygg og eigedom og for kollektiv presentert med oppdaterte tal og med prosjektomtalar under tabelloppsetta. Desse er i samsvar med:

- Tidlegare presenterte tal
- Oppdaterte tal for framdrift og kostnadsestimat
- I tråd med gjeldande handlingsreglar; gjeldsgrad
- Innafor det finansieringsopplegget som vart presentert i arbeidsdokument 2 som vart handsama i juni.
- Investeringane i vegsektoren vert presentert i neste møte i finansutvalet i oktober.

#### Investeringsprogram bygg og eigedom

<b>Investeringar (tal i 1000kr)</b>	<b>Sum 2022-2025</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
<b>Fellesfunksjonar</b>	<b>871 100</b>	<b>510 600</b>	<b>195 500</b>	<b>109 800</b>	<b>55 200</b>
Fylkeshuset Bergen	516 500	440 800	75 700	0	0
Fylkeshuset Leikanger - rehab	195 400	30 000	80 000	70 000	15 400
Tiltak gang- og sykkelt., fylk.kom bygg	27 200	6 800	6 800	6 800	6 800
IT-investeringar	132 000	33 000	33 000	33 000	33 000
<b>Opplæring</b>	<b>4 152 900</b>	<b>978 900</b>	<b>1 064 000</b>	<b>973 000</b>	<b>1 137 000</b>
Ombygging/rehab/mindre tilbygg	399 600	99 900	99 900	99 900	99 900
Større undervisningsutstyr	149 600	37 400	37 400	37 400	37 400
Askøy vgs	473 700	245 700	184 900	43 100	0
Austrheim vgs	6 200	0	0	0	6 200
Bømlo vgs	17 500	17 500	0	0	0
Dale vgs - rehab/omb verkstadbygg	30 900	0	10 300	14 400	6 200
Eid vgs - nytt undervisningsareal	34 400	10 300	10 300	13 800	0
Firda vgs - rehab fløy D Aulabygg	25 700	0	8 200	10 300	7 200
Førde vgs./campus Førde	650 900	330 000	300 100	20 800	0
Knarvik vgs	6 200	0	0	0	6 200
Kvam nybygg fase 1	108 000	18 000	40 000	50 000	0
Kvam nybygg fase 2	180 000	0	0	80 000	100 000
Laksevåg MBS vgs og Fagskule	390 300	0	15 400	102 700	272 200
Langhaugen vgs	183 800	15 000	50 000	70 000	48 800
Mo og Øyrane vgs - internat mm.	55 900	5 100	16 400	34 400	0
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	70 700	70 700	0	0	0
Måløy vgs - blokk A og D / Akvahall	77 100	43 100	34 000	0	0
Måløy vgs, Nytt opplæringsfartøy	101 400	50 000	51 400	0	0
Skulebruksplan - planmidlar	14 400	3 600	3 600	3 600	3 600
Slåtthaug vgs	195 200	6 200	20 500	82 200	86 300
Sogn jord-og h - rehab. fjøs-og verkstad	14 400	0	0	4 100	10 300
Sogndal vgs - rehab badebasseng	27 700	0	2 100	5 100	20 500
Sotra vgs	443 600	16 400	16 400	102 700	308 100
Stord vgs	416 600	10 000	160 000	180 000	66 600
Årdal vgs - rehab	46 200	0	3 100	16 400	26 700
Årstad vgs	32 900	0	0	2 100	30 800
<b>Tannhelse</b>	<b>112 800</b>	<b>22 700</b>	<b>23 700</b>	<b>46 700</b>	<b>19 700</b>
Tannklinikk Sogndal	28 000	0	1 000	27 000	0
Tannklinikkar	47 200	13 300	13 300	10 300	10 300
Utstyr tannhelsetenesta	37 600	9 400	9 400	9 400	9 400
<b>Kultur</b>	<b>77 900</b>	<b>18 100</b>	<b>53 600</b>	<b>3 100</b>	<b>3 100</b>
Gulatinget	20 500	0	20 500	0	0
Arkivdepot	45 000	15 000	30 000	0	0

Restaurering av verneverdige f.k. bygg	<b>12 400</b>	3 100	3 100	3 100	3 100
<b>Regional utvikling</b>	<b>153 300</b>	<b>10 300</b>	<b>10 300</b>	<b>51 400</b>	<b>81 300</b>
Oppgradering fiskerihamner	<b>41 200</b>	10 300	10 300	10 300	10 300
Kalvåg fiskerihamn	<b>30 000</b>	0	0	0	30 000
Bømlo fiskerihamn	<b>82 100</b>	0	0	41 100	41 000
<b>SUM</b>	<b>5 368 000</b>	<b>1 540 600</b>	<b>1 347 100</b>	<b>1 184 000</b>	<b>1 296 300</b>

### Prosjektomtalar for investeringsprogram for bygg og eigedom

#### Fylkeshuset Bergen

Prosjektet har ei totalramme på 1 172,3 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 12/2018 bygging av nytt fylkeshus. Ein gjorde vidare vedtak i sak 40/2018 om finansiering og mellombels lokalisering på Sandsli fram til nybygget står klart i 2023.

I sak 90/2019 vart det gjort vedtak om bygging i eigen regi, og kostnader til AV-utstyr og møblering av fellesareala vart teke inn i prosjektet. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i starten av 2023. Det er sett av 440,8 mill. kr i 2022 og 75,7 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Fylkeshuset Leikanger - rehabilitering

Prosjektet har ei totalramme på 200 mill. kr. Fylkeshuset på Leikanger var i utgangspunktet planlagt som eit rehabiliteringsprosjekt med tiltak som t.d. skifte av tak, ny utvendig solskjerming og naudsynte tekniske oppgraderingar. Samstundes har behovet for kontorplassar endra seg som følgje av regionreforma. Kartlegging av behov er gjennomført og det vert no arbeidd med vurdering av ulike kontorløysingar/-konsept. Det er planlagt at sjølve ombyggingsarbeidet skal pågå i perioden 2022-2024. Det er sett av 30 mill. kr i 2022, 80 mill. kr i 2023, 70 mill. kr. i 2024 og 15,4 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Tiltak for gåande og syklende

Prosjektet gjeld ulike tiltak for å betre tilhøva for gåande og syklende i tilknytning til fylkeskommunale eigedommar. Tiltaka gjeld mellom anna betre sykkelparkering, utbetring av fortau/ tilkomst, betre av- og påstigingsløysingar for skulebussar, betre markering og lystilhøve for gåande og syklende. Det er sett av 6,8 mill. kr kvart år i planperioden til slike tiltak.

#### IT-investeringar

Det er samla sett av 126,8 mill. kr i planperioden til felles IT-investeringar i fylkeskommunen. Bruken av IT-løysingar mellom anna innan kollektivtransport, på dei vidaregåande skulane, innan tannhelse og i fylkesadministrasjonen er avgjerande for at fylkeskommunen får utført oppgåvene og levert tenestene sine. Dette er nært knytt opp til satsinga på digitalisering og e-forvaltning, som er viktig for å kunne effektivisere og forenkle drifta. Det som legg føringer for disponeringa av desse IT-midlane er den overordna IT-strategien i fylkeskommunen. Det vert sett av 33 mill. kr årleg i planperioden til dette føremålet.

#### Ombygging/ rehab. /mindre tilbygg

Denne løyvinga gjeld planlagde ombyggingar, rehabiliteringar og mindre tilbygg. Avgjerande faktor for kva arbeid som vert sett i gang, er tilstanden på bygg og tekniske anlegg. I tillegg vert det gjort oppgradering på fylkeskommunale eigedommar, med særskilt fokus på tiltak som gjeld brann og universell utforming. Ombyggingane kan også skuldast endringar i læreplanar, endringar i classesaka eller elevar med spesielle behov. Det vert utarbeidd årlege planar for disponeringa av midlane. Større tiltak med prosjekt over 25 mill. kr vert lagt fram som eigne saker til fylkesutvalet. Det er sett av 99,9 mill. kr kvart år i planperioden.

#### Større undervisningsutstyr opplæring

Det er sett av 37,4 mill. kr årleg til dette føremålet. Midlane skal nyttast til større undervisningsutstyr, it-investeringar og inventar ved skulane. Midlane skal mellom anna nyttast til naudsynt oppgradering av maskiner og utstyr innan yrkesfaga, og komplettering av undervisningsutstyr i samband med læreplanane. Midlane vert fordelt til skulane gjennom ein vekta tildelingsmodell som tek omsyn til at behova varierer mellom utdanningsprogramma. Skulane kan overføre unytta midlar til neste år og på denne måten spare opp midlar til større

investeringar. Avhengig av behov kan delar av potten delast mellom skulane til særskilte tiltak t.d. nye utdanningsprogram eller skular som har trong for større oppgraderingar.

#### Askøy vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 723,8 mill. kr. Rehabilitering og tilbygg på Askøy vgs vart starta opp 2018. Fylkestinget godkjente i sak 47/2018 rom- og funksjonsprogrammet for prosjektet. I sak 118/2020 vart forprosjekt og byggestart for den nye skulen godkjent. I same sak vart og avtalen med Askøy kommune om dei økonomiske vilkåra som følgje av vedteken områdeplan godkjent. Saka legg til grunn eit tett samarbeid med Askøy kommune om sambruk, makebyte av tomt og leige av areal. Prosjektet er i produksjonsfase og det er sett av 245,7 mill. kr i 2022, 184,9 mill. kr i 2023 og 43,1 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Austrheim vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 285,6 mill. kr, og prosjektet er del av skulebruksplanen som vart vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2025 for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjektet ved Knarvik vidaregåande skule.

#### Bømlo vidaregåande skule

Totalkostnaden for dette prosjektet er kalkulert til 23,6 mill. kr. Føremålet er å gjennomføre den vedtekte samlokaliseringa av Bømlo vgs og Rubbestadnes vgs. Samlokaliseringa skal løysast med nokre mindre ombyggingar på Bømlo vgs og etablering av verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk i eit nytt leigebygg på Rubbestadneset. Prosjektet omfattar kostnader både til ombyggingar på Bømlo vgs og verkstadutstyr/møblering i leigebygg. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i løpet av 2022. Det er sett av 17,5 mill. kr i 2022 til prosjektet.

#### Dale vidaregåande skule - rehabilitering/ombygging verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 37 mill. kr. Verkstadbygget som er frå 1982 er det eldste bygget ved skulen og er ikkje i god stand. Mange bygningselement og tekniske anlegg må skiftast ut. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 10,3 mill. kr i 2023, 14,4 mill. kr i 2024 og 6,2 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Eid vidaregåande skule - nytt undervisningsareal

Totalramma for prosjektet er på 43,2 mill. kr. Eid vgs har i dag knapt med areal. Som følgje av dette er satsingane knytt til velferdsteknologi og energi delvis flytta til ueigna lokale. Det er i tillegg behov for nye og oppgraderte realfagsrom. Anlegget på Eid er i sambruk med Stad kommune. Dei har og eit auka arealbehov knytt til drifta av kulturdelen/ Operahuset Nordfjord og har vedtak om å framforhandle ny leigeavtale for dette. Eit samla arbeid med behov og mogleighetsstudie er sett i gang og sjølv byggearbeidet vil venteleg starte medio 2022. Det er sett av 10,3 mill. kr i 2022 og 2023 og 13,8 mill. kr i 2024 til prosjektet

#### Firda vidaregåande skule - rehab. fløy D Aulabygg

Totalramma for prosjektet er på 40,1 mill. kr. Det er gjennomført fleire oppgraderingar på Firda vgs, men i den eine delen av bygningsmassen - aulabygget/ fellesareal, står nokre tiltak att. Bygget er frå 1974 og treng oppgradering og rehabilitering. Det må gjennomførast tilstandsvurdering med framlegg til løysingar. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 8,2 mill. kr i 2023, 10,3 mill. kr 2024 og 7,2 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Førde vidaregåande skule/campus Førde

Prosjektet har ei totalramme på 846,3 mill. kr. Etablering av eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde er eit prosjekt som legg opp til samlokalisering av Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs til ein felles ny vidaregåande skule i Førde (fysisk samanslåing gjeld ikkje avd. Mo). Prosjektet omfattar vidare ny tannhelseklinikk i Førde og bygging av ny idrettshall. I april 2021 gjorde fylkestinget vedtak om byggestart jf. FT sak 8/2021. Prosjektet er under bygging med planlagt ferdigstilling i 2024. Det er inngått ein utbyggingsavtale for infrastruktur med Førde kommune.

Det er lagt til grunn ein auke i totalramma på 30 mill. kr. Av dette utgjer ein vesentleg del, om lag 20 mill. kr, ein auke i løns- og prisstigning inneverande år. Resten er knytt til prisauke for arbeid med infrastruktur/utbyggingsavtalen. Det er sett av 330 mill. kr i 2022, 300,1 mill. kr i 2023 og 20,8 mill. kr i 2024 til prosjektet

#### Knarvik vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla løyving på 369,7 mill. kr. Prosjektet er del av skulebruksplanen som er vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2025 til prosjektet for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjektet ved Austrheim vgs.

#### Kvam vidaregåande skule - nybygg fase 1 og 2

I samsvar med skulebruksplanen skal dei tidlegare vidaregåande skulane i Øystese og Norheimsund samlokalisert i eit nybygg sentralt i Norheimsund. I juni 2019 (FU-sak 149/2019) vart det vedteke å samlokalisera skulane mellombels i bygget i Øystese. Dette med unntak av verkstadlokala for EL og TIP som framleis er igjen i skulebygget i Norheimsund/ Steinsdalen. Det vart og vedteke ein intensjonsavtale med Kvam herad om å nytte tomte for den gamle ungdomsskulen til nytt skulebygg og at skulen skulle realiserast i to fasar. Første fase skulle vere verkstadslokale for EL og TIP og andre fase areal til resten av tilboda som i dag er i Øystese. Fylkeskommunedirektøren tilrår å legge fasane tett i presentert opplegg til investeringsplan slik at oppdraget kan planleggast saman og leggast i ein byggekontrakt og på den måten spare noko kostnader.

Kvam herad og fylkeskommunen har arbeidd med samlokalisering og sambruk mellom den vidaregåande skulen og areal/funksjonar for kommunen sidan 2018. Det er utarbeidd eit rom- og funksjonsprogram for prosjektet både på kommunal og fylkeskommunal side. Romprogrammet er fremma som sak til fylkestinget i september inneverande år. Samla nettoareal i programmet er 5160 m<sup>2</sup>, fordelt med omlag 1100 m<sup>2</sup> på Kvam herad og 4060 m<sup>2</sup> på den vidaregåande skulen, dvs. omlag 5900 m<sup>2</sup> bruttoareal for den vidaregåande skulen. Vidare framdrift er planlagt med utlysing, anbodskonkurrans og kontrahering i 2022 og bygging i perioden 2023 til 2026. Det er sett av 18 mill. kr i 2022, 40 mill. kr i 2023 og 50 mill. kr i 2024 til fase 1 og det er sett av 80 mill. kr i 2024 og 100 mill. kr i 2025 til fase 2 i prosjektet.

#### Laksevåg vidaregåande skule og fagskule

Skulebruksplanen for Hordaland legg opp til ein ny kombinert fagskule og vidaregåande skule på Laksevåg. Rom- og funksjonsprogrammet for skulen vart vedteke i ft-sak 28/2019. Programmet har teke opp i seg tidlegare vedtak i Hordaland fylkeskommune om vesentleg auka kapasitet for dei to skulane. Prosjektet har ei samla løyving på 787,5 mill. kr.

Grunna det samla høge investeringsvolumet, er dette prosjektet, saman med fleire andre prosjekt, utsett noko i tid og arbeidet i prosjektet vil bli vidareført frå 2023 med plan om ferdigstilling i 2026/2027. Det er sett av 15,4 mill. kr i 2023, 102,7 mill. kr i 2024 og 272,2 mill. kr i 2025.

#### Langhaugen vidaregåande skule

Samla kostnadsramme for prosjektet er 189,8 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med skulebruksplanen. Prosjektet inkluderer kostnader til etablering av eit bygg som gjev ein ekstra parallellklasse i musikk, jf. ft-sak 40/2020. Etablering av den ekstra klassen i musikk er tidlegare drøfta i fylkestinget, jf. FT sak 46/18.

Prosjektet er i planleggingsfase og samspelsfasen er planlagt gjennomført i første halvdel av 2022. Byggestart vil vere avhengig av godkjent reguleringsplan. Kravet om regulering var ikkje føresett, noko som gjer at sjølve bygginga vert utsett med om lag 1 år.

Det er sett av 15 mill. kr i 2022, 50 mill. kr i 2023, 70 mill. kr i 2024 og 48,8 mill. kr. i 2025 til prosjektet.

#### Mo og Øyrane vidaregåande skule - internat og fellesbygg

Totalramma for prosjektet er på 57,9 mill. kr. I prosjektet er internat og fellesbygga på Mo planlagt rehabilitert. Bygga er frå 1969 og er nedslitne. Vidare må betra universell utforming vurderast i tillegg til generell oppussing. Prosjektet er i utgreiingsfasen, og prosjektet har planlagt oppstart i løpet av 2022. Det er sett av 5,1 mill. kr i 2022, 16,4 mill. kr i 2023 og 34,4 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Mo og Øyrane vidaregåande skule - nytt verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 91,6 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt felles verkstadbygg for gardsdrifta og for anleggslinja ved Mo- og Øyrane vgs. Prosjektet er planlagt og det er henta totalentreprisetilbod på arbeidet som viser ein stor kostnadsauke. Truleg er dette mellom anna knytt den sterke prisveksten på byggevarer inneverande år. I tillegg er det meirkostnader knytt til pålegg om regulering og tekniske undersøkingar knytt til flaum og kvikkleire. Byggearbeidet er

kontrahert og ferdigstilling er planlagt i løpet av 2022. Det er sett av 70,7 mill. kr i 2022 til prosjektet.

#### Måløy vidaregåande skule - bygg A og D/ny aquahall

Totalramma for prosjektet er på 89 mill. kr. Prosjektet er i utgreiings- og programfase og gjeld bygg D, den maritime avdelinga, samt naudsynt rehabilitering/ombygging av fellesfunksjonar/ administrativ del i bygg A.

I sist vedteken investeringsplan låg det og eit eige prosjekt knytt til ny aquahall ved skulen. Måløy vgs har eit fylkesdekkande studietilbod innan dei marine og maritime utdanningsområda og skulen har i dag ingen fasilitetar for praktisk opplæring innan akvakultur. I eit førebels og svært grovt overslag er prosjektkostnaden for aquadelen rekna til om lag 20,5 mill. kr. Dette inkluderer ikkje tomt, infrastruktur for vatn og avløp og marinteknisk undervisningsutstyr.

Då prosjekta heng tett saman både når det gjeld behov og lokalisering meiner fylkeskommunedirektøren det er hensiktsmessig å sjå prosjekta i samanheng for å få til ei god areal- og ressursutnytting. Det vert og vurdert behov for å auke sjønære areal for den vidaregåande skulen, og å legge til rette for ei tyngre satsing på den maritime delen av skulen.

Prosjektet sitt mål er å samle behova og sjå på moglege løysingar for effektiv arealutnytting og eventuelle moglege tilbygg eller ombyggingar for ei framtidretta drift av skuleanlegget. Det er sett av 43,1 mill. kr i 2022 og 34 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Måløy vidaregåande skule - nytt opplæringsfartøy

Totalramma på prosjektet er 136,5 mill. kr. Prosjektet gjeld bygging av nytt opplæringsfartøy for å kunne gje praksisopplæring på båt. Første anbudsrunde vart avlyst av økonomiske grunnar. Prosjektet vart endra til ein mindre båt med reduserte krav og mellom anna dispensasjon for å ha lugarar under hovuddekk. Det ligg føre vedtak om bygging i ft-sak 141/2021. Det er halde anbuds konkurranse og avtale om bygging er signert. Opplæringsfartøyet er planlagt ferdigstilt medio 2023. Det er sett av 50 mill. kr i 2022 og 51,4 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Skulebruksplan - planmidlar

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen og endringane som er vedtekne der. Midlane vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta; til dømes til planlegging, koordinering og utgreiingar. Det er sett av ei årleg løyving på 3,6 mill. kr i planperioden.

#### Slåtthaug vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 195,2 mill. kr. Dette er i samsvar med vedteken skulebruksplan. Prosjektet omfattar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse som er planlagt å gjennomføre i denne planperioden. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2022, 20,5 mill. kr i 2023, 82,2 mill. kr i 2024 og 86,3 mill. kr i 2025

#### Sogn jord- og hagebruksskule - rehabilitering fjøs og verkstad

Totalramma for prosjektet er 43,2 mill. kr. Fjøs og verkstad ved Sogn jord- og hagebruksskule er på mange område utdatert. Det gjev utfordringar knytt til både bygningane og i høve til drifta. Det er planlagt ei nærare tilstandsvurdering og behovsanalyse som kan endre omfanget av prosjektet. Det er sett av 4,1 mill. kr i 2024 og 10,3 mill. kr i 2025.

#### Sogndal vidaregåande skule - rehabilitering basseng

Totalramma for prosjektet er 32,8 mill. kr. Den delen av Sogndal Idrettshall som omfattar bassenget har behov for rehabilitering og oppgradering. Det er føreteke kartleggingar som har avdekkja bygningsmessige og tekniske utfordringar ved deler av bassenget og noko bassengteknisk utstyr. Garderobedel og ventilasjonsanlegg er skifta ut og rehabilitert i 2017. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2023, 5,1 mill. kr i 2024 og 20,5 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Sotra vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 763 mill. kr. I prosjektet er det lagt opp til samlokalisering av den vidaregåande skulen som i dag har to lokasjonar i Øygarden kommune. Fylkestinget vedtok hausten 2018 tomt og plassering for den nye skulen. Den vedtekne tomte er på ferdig utfylte Storevatn sentralt på Straume og rett ved ny planlagd bussterminal. Tilgang til tomte er avhengig

av framdrifta til veganlegget Sotrasambandet, så den planlagde ferdigstillinga av prosjektet i 2026 er noko usikker. Det har vore gjennomført samarbeidsmøte med Øygarden kommune som ledd i reguleringsarbeidet for den nye skuletomta. Det er sett av 16,4 mill. kr kvart av åra 2022 og 2023, 102,7 mill. kr i 2024 og 308,1 mill.kr i 2025.

#### Stord vidaregåande skule - Vabakken

Samla ramme for prosjektet er 452 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med vedtaket i skulebruksplanen. Prosjektet gjeld sanering av eksisterande bygningsmasse og nybygg for Stord vgs, avd Vabakken. Prosjektet skal utformast og gjennomførast slik at det legg til rette for eit byggesteg 2 som kan samle heile Stord vgs i eit bygg i framtida. Prosjektet er i planleggingsfasen med konkurrans og samspel. Sjølve bygginga er planlagt i tidsrommet 2023 til 2025. Det er sett av 10 mill. kr i 2022, 160 mill. kr i 2023, 180 mill. kr i 2024 og 66,6 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Årdal vidaregåande skule - rehabilitering

Totalramma for prosjektet er på 83,2 mill. kr. Det er trong for rehabilitering av Årdal vgs då bygningsmassen ved skulen er frå 1981. Sjølv om bygga ved skulen er godt vedlikehaldne er det behov for oppgradering og rehabilitering av bygningar og tekniske anlegg. I tillegg vert energiløysingane ved skulen vurdert. Det er sett av 3,1 mill. kr i 2023, 16,4 mill. kr i 2024 og 26,7 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Årstad vidaregåande skule - C bygget

Prosjektet har ei samla løyving på 76 mill. kr. Prosjektet er ein del av vedteken skulebruksplan. Årstad vgs har hatt omfattande rehabilitering tidlegare, men C-bygget frå 1977 på om lag 7000m<sup>2</sup> har ikkje vore omfatta av desse arbeida. Dette bygget er i dårleg stand, og både tak og fasade har bruk for verdibevarande rehabilitering. Bruken av areala i C-bygget er ikkje avklart og omfanget av prosjektet kan difor verte endra. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2024 og 30,8 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Tannklinikk Sogndal

Totalramma for dette prosjektet er på 28,9 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 23/19 å setje i gang arbeidet med planlegging og bygging av ny tannklinikk i Sogndal. I dag leiger fylkeskommunen areal til tannklinikk i Sogndal, men desse lokala dekkjer ikkje behovet tannklinikken har. Leigeavtalen er forlenga slik at det er tenkt oppstart planlegging i 2023 og realisering i 2024. Det er sett av 1 mill. kr i 2023 og 27 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Tannklinikkar - Innreiing/opprusting m.m.

Totalramma for løyvingar på dette området er 47,2 mill. kr i planperioden. I gjeldande klinikkstrukturplanar for tannhelsetenesta er det lagt til grunn ei samling av einskilde klinikkar i større einingar. Vidare har nokre av dei eksisterande klinikkane behov for anten nye lokale eller monaleg opprusting. Fokus først i planperioden vil vera tannklinikane i Odda og Florø. Det er sett av 13,3 mill. kr i 2022 og 2023 og 10,3 mill. kr i 2024 og 2025 til føremålet.

#### Utstyr tannhelsetenesta

Det vert sett av 9,4 mill. kr årleg til utstyr i tannhelsetenesta. Delar av denne løyvinga vil verte nytta til utstyr ved nye eller ombygde klinikkar.

#### Gulatinget - nytt formidlingsbygg

Totalramma for dette prosjektet er på 75 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt visningscenter for Gulatinget på Flolid i Gulen. Prosjektet har i perioden 2011-2013 vore gjennom ein arkitektkonkurranse og eit skisseprosjekt. Arbeidet la grunnlag for finansiering og søknad om statleg delfinansiering i prosjektet. Det er føresett at Gulen kommune og staten skal finansiere kvar sin tredjedel. I tillegg er det rekna at fylkeskommunen får mva. refusjon knytt til sin del av investeringa. Det er sett av 20,5 mill. kr i 2023.

#### Nytt arkivdepot Leikanger

Vestland fylkeskommune har i dag for liten arkivkapasitet til eige bruk. Det er sett i gang arbeid med å utgreie ulike alternativ for å auka kapasiteten inkludert å tilby kapasitet til kommunearkivordninga. Det er utarbeidd romprogram og det er etablert ein mogleg rettighet til tomt for eit slikt nybygg. Parallelt med budsjettprosessen så vil det bli fremma ei eiga politisk sak for nytt arkivbygg på Leikanger. Prosjektet har ei totalramme på 46 mill. kr. Det er sett av 15 mill. kr i 2022 og 30 mill. kr i 2023 til prosjektet.

Restaurering av verneverdige bygg

Fylkeskommunen eig fleire verneverdige bygg som det er naudsynt å utføre større vedlikehald eller restaurering av i løpet av planperioden. Det er sett av 3,1 mill. kr kvart av åra i planperioden.

Opprusting av fiskerihamner

I sak 45/19 i Fellesnemda vart det vedteke å signere avtalen om overføring av 99 fiskerihamner frå staten til Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020. I den same saka, vart det framlagt ei førebels oversikt over vedlikehaldsetterslepet - estimert til omlag 50 mill. kr. Eit revidert overslag kalkulerer vedlikehaldsutsleppet til 52 mill. kr. I planperioden er det sett av ei årleg rammeløyving på 10,3 mill. kr til føremålet.

Kalvåg Fiskerihamn

Bremanger kommune starta prosjektet med å byggje ut fiskerihamna i Kalvåg i 2010. Det føreligg godkjent reguleringsplan og Bremanger kommune har kome langt i opparbeiding av tilkomst og næringsareal. Det var utarbeidd ein avtale mellom Bremanger kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det var satt av midlar i NTP for perioden 2024-2029. I FT-sak 160/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen hadde som intensjon å gjennomføre prosjektet i tidsrommet 2025 til 2027. Ramma for prosjektet er på 72 mill. kr (2020 kroner). Det er sett av 30 mill. kr i 2025.

Bømlo fiskerihamn

Det har over dei siste 10 åra vore utgreidd og prosjektert utviding av fiskerihamna i Langevåg på Bømlo. Arbeidet har vore gjennomført i samarbeid mellom lokale investorar organisert i Bømlo fiskerihamn AS, Bømlo kommune og Kystverket. Det var signert ein avtale mellom Bømlo kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det var sett av midlar i NTP for perioden 2024-2029. I FT-sak 42/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen garanterte for forskottering avgrensa til 165 mill. kr eks mva (2020 kr) med tilbakebetaling i perioden 2024-2028. Det er sett av 41,1 mill. kr i 2024 og i 2025.

Investeringsprogram kollektiv 2022- 2025

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2022- 2025	2022	2023	2024	2025
<b>Mobilitet og kollektiv</b>	<b>3 221 400</b>	<b>1 215 400</b>	<b>561 600</b>	<b>901 600</b>	<b>542 800</b>
Båtanbod gml. Sogn og fjordane	226 000	0	0	190 000	36 000
Ulike investeringstiltak kollektivområdet	200 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	107 000	107 000	0	0	0
Bybanen – Byggjesteg 4	1 331 200	921 600	204 800	204 800	0
Bybanen – Byggjesteg 5	1 330 000	130 000	300 000	450 000	450 000
Ulike byggtiltak innan kollektiv	27 200	6 800	6 800	6 800	6 800
<b>Sum investering</b>	<b>3 221 400</b>	<b>1 215 400</b>	<b>561 600</b>	<b>901 600</b>	<b>542 800</b>

Prosjektomtalar investeringsprogram for kollektivSnøggbåtkontraktar

I investeringsbudsjettet er det teke omsyn til dei nye snøggbåtkontraktane i tidlegare Sogn og Fjordane i 2024 og 2025. Det er lagt til grunn tilskot frå Enova med 40% slik at netto investeringssum for dei to åra er 226 mill. kr.



Vestland fylkeskommune har vore leiande i det grøne skiftet innanfor kollektivtransporten både på ferjesida og ved elektrifisering av bussparken. Mot slutten av økonomiplanperioden står nye snøggåtkontraktar for tur.

Skyss har fleire pågåande anskaffingsprosessar av operatørar for drift av følgjande båtruter:

- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2022-2024. Kortsiktig kontrakt med vidareføring av dagens framdriftsteknologi.
- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2024-2036 Delvis nullutsleppsteknologi med fornybar energi og utsleppsfri motor. Hybridløysingar vurdert som relevante.
- Rutepakke 2 Lokale båtruter i Sogn og Fjordane for perioden 2024-2036. Er vedteke forventning om hybridløysingar.
- Kystvegekspressen for perioden 2024-2025 (i tillegg til fleire opsjonsår) Det er vedteke at drifta skal baserast på fornybar diesel.

Førebels tal på forventa auka driftskostnad med dei nye kontraktane i kommande økonomiplanperiode er rekna til å verte over 100 mill. kr.

#### Ulike investeringstiltak kollektivområdet

Det er lagt planar for investering innan områda digitale plattformer, integrasjon av Skyss/Kringom og nye mobilitetstenester. Total årleg investeringssum er på 50 mill. kr i planperioden.

#### Bybanen i Bergen - Vognmateriell

Den opphavelige avtalen har fått to endringsordrar på til saman om lag 3,5 mill. kr. Den totale budsjettsummen for investeringa vil variere frå år til år ettersom avtalen er inngått i Euro. Opphavelig totalsum var på 276 mill. kr, og denne er no justert til 309 mill. kr gitt dei føresetnadane som er lagt til grunn. Prosjektet har ei sluttøyving for 2022 på 107 mill. kr.

#### Bybanen - Byggjesteg 4

For byggjesteg 4, Bergen Sentrum - Fyllingsdalen, er det samla sett av 1,33 mrd. kr i planperioden. Styringsramma for denne strekninga er 7 101 mill. i 2017-kr. I denne ramma inngår bybanetraseen, sykkelstamveg frå Mindemyren til sentrum, ny kanal på Mindemyren og sykkel tunnel gjennom Løvstakken. Gjennom Miljøløftet dekkar staten 50 % av kostnaden ved utbygginga av bybanetraseen og 100% av sykkelstamvegen. Det resterande er føreset finansiert med bompengar og andre lokale bidrag. Det er sett av 921,6 mill. kr i 2022, 204,8 mill. kr i 2023 og 204,8 mill. kr i 2024.

I 2022 vil stadig fleire delar av prosjektet bli ferdigstilt fram mot start av testing og prøvedrift i andre halvdel av året og planlagt opning av traseen ved årsskiftet 2022/23.

#### Bybanen - Byggjesteg 5

For Byggjesteg 5 frå Bergen sentrum til Åsane vil reguleringsprosessen pågå gjennom året i regi av Bergen kommune med mål om godkjent reguleringsplan i første halvår 2023. For at det skal la seg gjere å oppfylle gjeldande plan om opning av traseen til Åsane i 2031, er det naudsynt med midlar til planlegging, prosjektering og grunnvervsarbeid før reguleringsplan og finansiering er endeleg vedteke. Det er difor foreløpig estimert eit behov for 130 mill. kr i 2022, 300 mill. kr i 2023 og 450 mill. kr 2024 og 2025 til dette byggesteget.

#### Ulike byggetiltak innan kollektiv

Investeringstiltaka omfattar opparbeiding og utbetring av terminal-, sjåfør- og kollektivfasilitetar lokalisert rundt om i heile fylket. Det er lagt opp til at fylkeskommunen har ansvar for etablering av dei ulike fasilitetane og vedlikehaldet av bygga. Operatørane som nyttar fasilitetane skal ha driftsansvaret. Det er sett av 6,8 mill. kr årleg til dette i planperioden.

### 3 Sektorspesifikt driftsbudsjett

#### 3.1 Sektorbudsjett opplæring - løyvingnivå

Tabell med brutto driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter (i 2021- kr).

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	Brutto driftsutgifter	2 834 284	2 817 552
	Driftsinntekter	-104 400	-104 400
	Netto driftsutgifter	2 729 884	2 713 152
Opplæring i bedrift	Brutto driftsutgifter	602 947	613 947
	Driftsinntekter	-25 200	-25 200
	Netto driftsutgifter	577 747	588 747
Vidaregåande opplæring for vaksne	Brutto driftsutgifter	68 590	65 890
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	68 590	65 890
Fagskule	Brutto driftsutgifter	144 605	143 605
	Driftsinntekter	-123 200	-123 200
	Netto driftsutgifter	21 405	20 405
Andre føremål opplæring	Brutto driftsutgifter	130 210	131 942
	Driftsinntekter	-68 800	-68 800
	Netto driftsutgifter	61 410	63 142
Administrasjon av opplæring og kompetanse	Brutto driftsutgifter	31 036	29 736
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	31 036	29 736
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	3 811 672	3 802 672
	Driftsinntekter	-321 600	-321 600
	Netto driftsutgifter	3 490 072	3 481 072

#### Endring frå 2021 til 2022

Budsjettramma for sektoren er redusert med netto 9 mill. kr samanlikna med 2021, for å møte dei økonomiske utfordringane i fylkeskommunen.

#### Endringar på løyvingnivå:

Endringar for vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring: heilårseffekt av auke med 4,75 klassar (7,1 mill. kr), auka løyving utvikling av nettskule (1,0 mill. kr), utfasing ekstra tilskot NDLA (-2,6 mill. kr), heilårseffekt av vedteken reduksjon av tilskot til toppidrett/spissa idrettstilbod frå hausten 2021 (-0,6 mill. kr), heilårseffekt av reduksjon rådgjevarressurs (ut over avtalefesta nivå) (-0,5 mill. kr), redusert løyving til avdeling for opplæring og kompetanse som følgje av digitalisering, effektivisering og redusert reiseverksemd og vakansar rettleiingstenesta (-3,7 mill. kr), redusert løyving omstillingstiltak for pedagogisk personale (-1,0 mill. kr), fjerne løyving skulefrukost (-10,0 mill. kr), ta bort løyving meningokkqvaksine (-2,1 mill. kr), auka generelt nedtrekk vidaregåande skular (-4,3 mill. kr).

Endringar for opplæring i bedrift: auke i tilskot til lærebedrifter (5,0 mill. kr), auka løyving til fagprøvar som følgje av auke i tal fagprøver og etterslep grunna Korona (6,0 mill. kr).

Endring for vidaregåande opplæring for vaksne: våreffekt av redusert løyving til vidaregåande opplæring for vaksne (-2,7 mill. kr).

Endring for fagskule: redusert fylkeskommunalt tilskot Fagskulen i Vestland (-1,0)

Endring for andre føremål opplæring: auka løyving omorganisering privatisteksamen (2,0 mill. kr), redusert tilskot til Manger folkehøgskule (-0,3 mill. kr).

Endring for administrasjon av opplæring og kompetanse: redusert løyving til avdeling for opplæring og kompetanse som følgje av digitalisering, effektivisering og redusert reiseverksemd (-1,3 mill. kr).

### 3.2 Kort omtale av dei ulike løyvingnivåa

#### **Løyvingnivå Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring**

Løyvinga omfattar midlar til drift av pedagogisk verksemd på dei vidaregåande skulane basert på vedteke opplæringstilbod, spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring, landsliner, gardsdrift, internat, rettleiingsteneste med skulepsykologar, produksjonsskule og fellesutgifter og administrasjon knytta til skulane og avdeling for opplæring og kompetanse.

#### **Løyvingnivå Opplæring i bedrift**

Løyvinga omfattar midlar til tilskot til lærebedrifter, vg3 i skule som alternativ til opplæring i bedrift, instruktøropplæring, restteori for lærlingar og lære kandidatatar, stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa, tilpassa opplæring i bedrift, opplæring av prøvenemnder og fag-, sveineprøvar og kompetanseprøvar.

#### **Løyvingnivå Vidaregåande opplæring for vaksne**

Løyvinga omfattar midlar til vidaregåande opplæring for vaksne.

#### **Løyvingnivå Fagskule**

Løyvinga omfattar midlar til fylkeskommunalt tilskot til eigen fagskule. I tillegg kjem statleg tilskot til eigen og eksterne fagskular.

#### **Løyvingnivå Andre føremål opplæring**

Løyvinga omfattar midlar til opplæring i sosiale og medisinske institusjonar, grunnskuleopplæring for barn og ungdom som bur i institusjon, privatisteksamen, fylkeskommunalt driftstilskot til Manger folkehøgskule, Elevorganisasjonen og «PitStop».

#### **Løyvingnivå Administrasjon av opplæring og kompetanse**

Løyvinga omfattar drift av leiings- og stabsfunksjonar i avdeling for opplæring og kompetanse.

### 3.3 Endringar frå 2021 til 2022 – tekniske justeringar

I høve til tekniske justeringar frå 2021 til 2022 er det ei endring som reduserer den totale budsjettamma til sektoren med 5,4 mill. kr. Spesifikt dreier det seg om ei overføring av oppgåve og midlar til IKT/ SUD. Sektorramma frå arbeidsdokument 2 er difor endra med denne summen frå 3 486 472 (heile tusen) til 3 481 072.

### 3.4 Innarbeidde salderingstiltak: 30,1 MNOK

Finansutvalet handsama 1. juni arbeidsdokument 2/21 og gjorde m.a. prosessvedtak om overordna driftsrammer for økonomiplan 2022- 2025. Det er lagt til grunn for det vidare arbeidet at sektorbudsjetta som vert presentert på løyvingnivå i september skal vere innanfor den økonomiske ramma. Det vil seia at meirbehov, spesifikke prioriteringar eller nye tiltak som medfører økonomisk ubalanse skal løysast gjennom innarbeiding av salderingstiltak.

#### **Salderingsbehov opplærings- og kompetansesektoren:**

Salderingsbehov opplærings- og kompetansesektoren	2022
---	------


Heilårseffekt av netto auke med 4,75 klassar frå skuleåret 2020-2021 til skuleåret 2021-2022 (effekten av dette hausten 2021 vart finansiert innanfor ramma)	7,1
Netto auke i tilskot til lærebedrifter, vidareføring av stipulert nivå 2021	5,0
Auke i tal fagprøvar og etterslep som følgje av manglande avvikling under Koronapandemien	6,0
Omorganisering privatisteksamen	2,0
Utvikling av nettskule - prosjektorganisering 2022	1,0
Reduksjon i den økonomiske ramma for sektoren	9,0
Sum salderingsbehov opplæring og kompetanse	30,1

Nærare omtale av salderingsbehovet:

#### Auka klassetal, auke i tilskot til lærebedrifter og auke i tal fagprøvar

##### *Vekst i elevtal og fleire elevar vel yrkesfag*

Statistikk frå SSB syner årleg vekst i tal 16-18 åringar i økonomiplanperioden. I 2025 er det venta at det vert om lag 576 fleire ungdommar i målgruppa.



Førebelse analysar tyder på at den økonomiske verknaden av veksten vil vere i underkant av 5 mill. kr i 2022 aukande til om lag 30 mill. kr i 2025.

Som følgje av den nasjonale satsinga på rekruttering til yrkesfaga og kompetansebehovet i nærings- og arbeidsliv har det over fleire år vore jobba målretta for å få fleire til å velje yrkesfag. I 2021 auka del søkarar til yrkesfag frå 53 til 54,4 %. Dreininga frå studieførebuande til yrkesfaglege utdanningsprogram utfordrar tilbudsstrukturen og dei økonomiske rammene, då yrkesfaglege tilbod har færre elevar pr klasse enn dei studieførebuande tilboda.

Frå hausten 2021 er det oppretta netto 4,75 klassar ut over den økonomiske ramma for opplæringstilbodet., dette tilsvarar ein heilårseffekt på om lag 7,1 mill. kr.

Veksten i elevtal og dreininga mot yrkesfag har også konsekvensar for tal lærekontraktar og tal fagprøvar. Auken i tilskot til lærebedrifter og fagprøvar er basert på prognosen for 2021 ved andre kvartal. Prognosen er justert for verknaden av mellombels auka satsar på lærlingtilskotet våren 2021, føresetnad om statleg finansiering av tilskot til lærebedrifter for lærlingar med fleire fagbrev og forventning om at deler av etterslepet på fagprøvar som følgje av Koronapandemien vert teke att i løpet av 2021. På bakgrunn av dette er det lagt til grunn ein auke i løyvinga til tilskot til lærebedrifter på 5 mill. kr og ein auke i løyvinga til fagprøvar på 6 mill. kr.

Avdelingsdirektøren har sett i gang eit arbeid for å analysere elevtalsutviklinga og dreininga frå studieførebuande til yrkesfaglege utdanningsprogram og konsekvensar av dette.

Etter avdelingsdirektøren si vurdering er det svært utfordrande å skulle dekke konsekvensane av elevtalsveksten og dreininga mot yrkesfag innanfor den økonomiske ramma.

#### Omorganisering privatisteksamen

Det er i budsjettokumentet lagt til grunn ein mellombels auke på 2 mill. kr i 2022 til privatisteksamen, som følgje av omorganisering av tenesta. Det er lagt til grunn at omstillingskostnaden kan fasast ut i perioden 2022-2024.

#### Utvikling av nettskule - prosjektorganisering 2022

Fylkestinget gjorde i PS-sak 55/21 Framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune m.a. slikt vedtak:

Under føresetnad av at nettopplæringstilbodet vert prioritert i budsjett 2022 og økonomiplanen, vil Vestland fylkeskommune opprette ein prosjektorganisasjon for å utvikle nettskulen i Vestland, med oppstart hausten 2021. Kostnader for 2021 vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.

Det er i budsjettet for 2022 innarbeidd 1 mill. kr til finansiering av prosjektorganisasjon. Dei økonomiske konsekvensane av nettskulen frå 2023 må avklarast som ein del av prosjektarbeidet med å utvikle nettskulen.

#### Reduksjon i den økonomiske ramma for sektoren

I sak 3/21 la finansutvalet til grunn ein reduksjon i den økonomiske ramma for sektoren i 2022 på 9 mill. kr samanlikna med ramma i 2021.

#### **Salderingstiltak:**

Salderingstiltak	2022
<b>Løyvingsnivå Vidaregåande opplæring i skule inkl særskilt tilrettelagt opplæring</b>	
Utfasing av ekstra tilskot NDLA	-2,6
Reduksjon i tilskot til toppidrett/spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar	-0,6
Rådgjevarressurs (ut over avtalefesta nivå)	-0,5
Digitalisering, effektivisering, redusert reiseverksemd opplærings- og kompetanseavdelinga og vakansar rettleiingstenesta	-3,7
Redusert løyving omstillingstiltak pedagogisk personale	-1,0
Skulefrukost	-10,0
Meningokokkvaksine	-2,1
Auka generelt nedtrekk i den økonomiske ramma for dei vidaregåande skulane	-4,3
<b>Løyvingsnivå Vidaregåande opplæring for vaksne</b>	
Redusert løyving vidaregåande opplæring for vaksne	-2,7
<b>Løyvingsnivå Fagskule</b>	
Redusert tilskot Fagskulen i Vestland	-1,0
<b>Løyvingsnivå Andre føremål opplæring</b>	
Redusert tilskot Manger folkehøgskule	-0,3
<b>Løyvingsnivå Administrasjon av opplæring og kompetanse</b>	
Digitalisering, effektivisering, redusert reiseverksemd opplærings- og kompetanseavdelinga og vakansar rettleiingstenesta	-1,3
Sum salderingstiltak	-30,1

Nærare omtale av salderingstiltaka:

#### Utfasing av ekstra tilskot NDLA

Utfasing av ekstra tilskot til digitale læremiddel NDLA i perioden 2020-2022, som følgje av fagfornyninga, legg grunnlag for å omdisponere innanfor den økonomiske ramma.

#### Reduksjon i tilskot til toppidrett/spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar

Tiltaket inneber redusert løyving knytt til heilårsverknad av salderingstiltak iverksett frå hausten 2021, vedteke i budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024.

#### Rådgjevarressurs (ut over avtalefesta nivå)

Tiltaket inneber redusert løyving knytt til heilårsverknad av salderingstiltak iverksett frå hausten 2021, vedteke i budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024.

#### Digitalisering, effektivisering, redusert reiseverksemd for opplærings- og kompetanseavdelinga og vakansar rettleiingstenesta

Pandemien har bidrege til digitalisering, utvikling av nye arbeidsmåtar og redusert reiseverksemd. Det er som følgje av dette lagt til grunn ei varig innsparing. Tiltaket må sjåast i samanheng med vakansar i rettleiingstenesta. Innsparinga er fordelt på løyvingsnivåa vidaregåande opplæring i skule inkl. særskilt tilrettelagt opplæring og administrasjon av opplæring og kompetanse.

#### Redusert løyving omstillingstiltak pedagogisk personale

Redusert bruk av omstillingsmidlar aukar presset på skuledrifta.

#### Skulefrukost

Det er sett av 10 mill. kr årleg til å dekke råvarer som trengst til frukosttilbod. Salderingstiltaket inneber at tilbodet om gratis frukost for elevane fell bort.

#### Meningokokkvaksine

Løyvinga til vaksine for vg1-elevar, 2,1 mill. kr årleg, føreset at kommunane dekker halvparten av kostnaden ved vaksiner. Salderingstiltaket inneber at løyvinga til vaksine for elevar vert teke bort og at kommunane ikkje får fylkeskommunalt tilskot til vaksiner av elevar.

#### Auka generelt nedtrekk i den økonomiske ramma for dei vidaregåande skulane

På bakgrunn av tidlegare budsjettvedtak og salderingsutfordringa i 2022 og vidare utover i økonomiplanperioden, kan ikkje avdelingsdirektøren sjå at det er mogleg å halde den økonomiske ramma utan eit nedtrekk i ramma på dei vidaregåande skulane. Avdelingsdirektøren er uroa for konsekvensane nedtrekk i ramma vil ha for det totale tilbodet skulane skal gje.

#### Redusert løyving vidaregåande opplæring for vaksne

Som ein del av budsjett 2021 vart det vedteke å redusere tilskotet til vidaregåande opplæring for vaksne med 2,3 mill. kr frå 2021. Reduksjonen vart effektivert ved redusert tal klassar frå hausten 2021. Heilårseffekten av tiltaket frå 2022 er 5 mill. kr

#### Redusert tilskot Fagskulen i Vestland

Fagskulen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane fekk i 2021 til saman om lag 21,4 mill. kr i tilskot frå fylkeskommunen og om lag 122 mill. kr i statleg tilskot. Frå 01.01.2022 vert skulane slått saman til Fagskulen i Vestland. Det er lagt til grunn reduksjon i det fylkeskommunale tilskotet med 1 mill. kr i 2021 aukande til 2 mill. kr i 2022. Dette vil medføre auka press på skuledrifta.

#### Redusert tilskot Manger folkehøgskule

I samsvar med vedtak i FT-sak 149/20 Eigarskap til Manger folkehøgskule er det lagt til grunn at tilskotet til Manger folkehøgskule vert fasa ut over ein periode på 4 år, frå 2021.

#### Produksjonsskulen, avdeling Hardanger og SEFF Florø

Det er lagt til grunn i budsjettet at drifta av produksjonsskulen, avdeling Hardanger og SEFF Florø vert tilpassa den økonomiske ramma på 5,1 mill. kr som ligg i budsjettet og at eventuell vidareføring av drifta ut over dette må finansierast av statlege midlar.

Vidare prioritering i budsjett og økonomiplan må sjåast i samanheng med vedtekne mål- og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland med tilhøyrande handlingsprogram.

### 3.5 Alternative salderingstiltak: 15,0 MNOK

I samband med finansutvalet si handsaming av arbeidsdokument 2/21 bad utvalet fylkeskommunedirektøren om å synleggjere kva moglegheiter utvalet har for å gjere omprioriteringar i budsjettopplegget som administrasjonen presenterer. Avdelingsdirektørane har difor, i tillegg til framlegg til naudsynte salderingstiltak for å kome i balanse, sett opp alternative tiltak og peika på andre område innanfor budsjettamma. Summen av alternative salderingstiltak skal utgjere minst halvparten av summen av dei innarbeidde tiltaka under punkt 4.

<b>Alternative salderingstiltak</b>	
<b>Løyvingsnivå Vidaregåande opplæring i skule inkl særskilt tilrettelagt opplæring</b>	

Ytterlegare redusert tilskot Fagskulen i Vestland	-1,0
Auke plasstalet i klassar, auke oppfyllinga i klassar, dreie tilbodsstrukturen mot studieførebuande utdanningsprogram	-9,6
Redusere tal klassar i kostnadskrevjande utdanningsprogram	-1,5
Ytterlegare auke i generelt nedtrekk i den økonomiske ramma for dei vidaregåande skulane	-2,9
Sum alternative salderingstiltak	-15,0

#### Ytterlegare redusert tilskot Fagskulen i Vestland

Ytterlegare reduksjon i det fylkeskommunale tilskotet med 1 mill. kr i 2021 aukande til 2 mill. kr i 2022 vil medføre auka press på skuledrifta.

#### Redusere tal klassar ved å auke plasstalet i klassar, auke oppfyllinga i klassar, dreie tilbodsstrukturen mot studieførebuande utdanningsprogram

Oppfyllingsgraden i klassane er gjennomgåande svært høg. Nokre av tilboda i dei delane av fylket som har minst søkargrunnlag har lågare oppfyllingsgrad. Det er i all hovudsak mindre skular utanfor byar og større sentra. Reduksjon i tal klassar på grunnlag av oppfyllingsgraden kan difor gå ut over tilbod ved desse skulane. Redusert kapasitet og breidde i tilboda ved desse mindre skulane, vil m.a. føre til at ein del elevar truleg må reise lengre, for tilsvarande tilbod ved andre skular. Dette kan også gi auka skyssutgifter for fylkeskommunen. Omsynet til kjønnsbalansen, det å gje tilbod som er attraktive for begge kjønn, er også krevjande allereie i dag.

Ein reduksjon i tilboda betyr også at fylkeskommunen bør føre ei strengare linje for oppretting av halve klassar. Desse tilboda er kostbare, men bidrar i distrikta til at fylkeskommunen tilfører regionalt og lokalt arbeidsliv god og riktig kompetanse. Denne rolla som samfunnsutviklar kan i mindre grad bli oppfylt om tilbod i distriktet blir lagt ned eller redusert.

Yrkesfagtilbod er generelt meir kostnadskrevjande pr elev enn studieførebuande tilbod. Ei mogeleg tilpassing av reduksjon i ramma for opplæringstilbodet vil difor kunne vere å dreie tilbodsstrukturen slik at fylkeskommunen tilbyr fleire plassar på studieførebuande enn yrkesfag, samanlikna med dagens struktur. Ei slik dreining av opplæringstilbod vil få konsekvensar både for omfang av tilbod og tilbodsstruktur på skulane (i større grad samle programområde på færre av skulane) for å få økonomisk effekt. Korleis søkarar og næringsliv vil respondere på dette er usikkert. Dersom kapasiteten på yrkesfag går ned, kan elevar som ikkje ønsker studieførebuande utdanningsprogram bli pressa over dit, gitt at dei søker desse utdanningsprogramma. Ved søkinga til skuleåret 2020/21 hadde 65% av dei som hadde yrkesfag på 1. ønske, berre søkte yrkesfaglege utdanningsprogram. Ei dreining av tilbodsstrukturen mot studieførebuande utdanningsprogram vil gje mangel på relevant arbeidskraft. Ein reduksjon i yrkesfagtilbod vil redusere elevane sine valmoglegheiter, særskilt i distrikta.

Tiltaket vil utfordre nærskuleprinsippet og vil verke sentraliserande.

Auka plasstal og strengare krav til oppfylling i klassar vil kunne vil kunne gje økonomisk innsparing som følgje av reduksjon i klassetalet. Innsparinga knytt til tiltaket er stipulert til 9,6 mill. kr i 2022. Tiltaket må nærare utgreiast som del av saka om opplæringstilbodet.

#### Redusere tal klassar i kostnadskrevjande utdanningsprogram

Dei studieførebuande utdanningsprogramma skal kvalifisere ungdom til vidare studiar. Fylkeskommunen har i dag studieførebuande tilbod innan idrettsfag, kunst, design og arkitektur, medium og kommunikasjon, musikk, dans og drama og studiespesialisering. Musikk, dans og drama er det mest kostnadskrevjande studieførebuande utdanningsprogrammet, dette gjeld særskilt musikktilbodet som krev stor grad av einetimar. Kostnad pr klasse i musikk er om lag det dobbelte av kostnaden ved ei ordinær studiespesialiserande klasse. Å ta bort musikktilbodet ved ein skule og i staden utvide tilbodet på studiespesialiserande utdanningsprogram, kan stipulerast til ei årleg netto innsparing på om lag 5 mill. kr. Vestland fylkeskommune har skuleåret 2021-2022 tilbod i musikk ved fire skular.

Ei eventuell nedlegging av tilbod på musikk, dans og drama vil kunne gi høgare oppfylling på andre studieførebuande utdanningsprogram. Samtidig vil ein ta bort mogelegheita for elevar med motivasjon for, og ferdigheiter innan musikk på eit høgare nivå til å utøve dette i eit dedikert treårig løp. Ettersom karakterpoenga hos elevane som går på MDD er høge, er det ikkje grunnlag for å seie at ein reduksjon i tilbodet på MDD vil føre til lågare gjennomføring.

Ei eventuell nedlegging av musikktilbodet på to skular er stipulert til ei innsparing på 1,5 mill. kr i 2022 og 10 mill. kr i 2025 når alle tre åra av tilbodet er fasa ut. Det er i salderingstiltaket lagt til grunn at tilbodet vert fasa ut, med full økonomisk effekt frå 2025. Vidare utgreiing av eventuell reduksjon i kostnadskrevjande utdanningsprogram må skje i samband med saka om opplæringstilbodet.

#### Ytterlegare auke i generelt nedtrekk i den økonomiske ramma for dei vidaregåande skulane

På bakgrunn av tidlegare budsjettvedtak og salderingsutfordringa i 2022 og vidare utover i økonomiplanperioden, og som alternativ til salderingstiltaka i punkt 4, kan ikkje avdelingsdirektøren sjå at det er mogleg å halde den økonomiske ramma utan eit ytterlegare nedtrekk i ramma på dei vidaregåande skulane. Avdelingsdirektøren er uroa for konsekvensane eventuelle ytterlegare nedtrekk i ramma vil ha for det totale tilbodet skulane skal gje.

### 3.6 Klimaomtale

Opplæringssektoren sitt klimaavtrykk kjem i hovudsak frå bygg og infrastruktur (30%) og forbruksmateriell og utstyr (30%). Sterkare klima- og miljøkrav kan redusera klimafotavtrykket frå desse to punkta. Auka bruk av miljømerka produkt og sirkulær økonomi kan få ned utslepp frå forbruksmateriell.

Transport med egne køyretøy står for 9 % av klimafotavtrykket. Dette gjeld både persontransport og tyngre køyretøy og anleggsmaskiner. Vidaregåande skule sitt dieselforbruk utgjorde 58 % av Vestland sør (tidl. Hordaland) sitt totale dieselbruk i 2019 og var på 552 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Auka bruk av nullutsleppsteknologi kan redusera desse klimagassutsleppa og bidra til nullutsleppsmålet i Vestland. Overgang til nullutsleppsteknologi vil krevje investeringar i nytt materiell.

Det er lagt til grunn i budsjettet at auka bruk av digitale møteplassar og andre former for digitale verktøy fører til redusert reiseverksemd både for skulane, rettleiingstenestene og for tilsette i avdeling for opplæring og kompetanse.

Skuleruta og skuleskyss er samordna med kommunane i fylket, noko som bidreg positivt i arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå kollektivtransport.

Energibruken står for 12 % av klimafotavtrykket.

For nærare vurdering av klimaeffektar knytt til bygg og energibruk viser vi til omtale under Eigedom.



**Dato:** 08.09.2020

---

---

**Til:** Finansutvalet

---

Notat - hovudutvalssak Samferdsel og mobilitet



## Saksframlegg

---

Saksnr: 2021/39112-1  
Saksbehandlar: Karl Viken

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		08.09.2021

## HU SAMO Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21

**Forslag til uttale**

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2022.
2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2022-2025.
3. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til presentert budsjett for sektoren mobilitet og kollektiv fordelt på løyvingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.
4. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til presentert budsjett for sektoren infrastruktur og veg fordelt på løyvingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

**Samandrag**

I denne saka får hovudutval for samferdsel og mobilitet budsjettet til handsaming. I tillegg til handsaming av sektorbudsjetta for mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg fordelt på løyvingsnivå og innarbeidde salderingstiltak for 2022, handsamar også hovudutvalet felles budsjettmoment og investeringsbudsjettet for perioden 2022- 2025.

Håkon Rasmussen  
avdelingsdirektør

Dina Lefdal  
avdelingsdirektør

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I denne saka handsamar hovudutval for samferdsel og mobilitet budsjettet. I tillegg til handsaming av sektorbudsjetta for mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg fordelt på løyvingsnivå og innarbeidde salderingstiltak for 2022, handsamar også hovudutvalet felles sentrale budsjettmoment og investeringsbudsjettet for perioden 2022- 2025.

Saka har slik inndeling:

Innleiing

1 Fellesdel - driftsbudsjett 2022

2 Fellesdel - Investeringsbudsjett 2022- 2025

3 Sektorbudsjett

- Mobilitet og kollektiv
- Infrastruktur og veg

## Innleiing

### Prosess arbeidsdokument 3

#### Involvering av hovudutval

Eit sentralt moment i denne runden av budsjettprosessen er involveringa av hovudutvala i forkant av finansutvalet. Hovudutvala får avdelingsdirektørane sitt budsjett presentert, og her er fordeling av sektorramme på løyvingsnivå og val av salderingstiltak innanfor kvar sektor det mest sentrale.

Hovudutvala kan så gje uttale om sektorbudsjett, delar av investeringsbudsjettet og ein del som gjeld totalitet og som er felles for heile budsjettet. Alle sektorane sine budsjett vert handsama i respektive utval. Uttalane frå dei ulike utvala vert del av grunnlaget for handsaminga i finansutvalet.

Dei ulike sektorbudsjetta som vert presentert er avdelingsdirektørane sine eigne budsjettopplegg. Fylkeskommunedirektøren har utover dette eit overordna ansvar for at totaliteten i heile budsjettet heng saman.

#### To felles delar og sektorspesifikke delar

Alle utvalssakene som handsamast i denne omgang har tre delar. Det er to felles delar som kjem til handsaming i alle møte. Den fyrste innehar element i budsjettet for 2022 som er felles for alle sektorar og som ligg i det totale budsjettopplegget til Vestland for 2022. Den andre delen er investeringsbudsjett; det vert presentert endeleg opplegg til investeringsprogram for bygg og eigedom og investeringsprogram for kollektiv perioden 2022-2025. Det vert lagt opp til at hovudutvala også gjev ein uttale på desse to fyrste delane, og desse vil ligga ved når finansutvalet har si handsaming.

Den siste og tredje delen i alle hovudutvalssakene er sektorspesifikk, og dei ulike sektorbudsjetta kjem til handsaming og uttale i sine respektive hovudutval. Stabsavdelingane og tannhelse høyrer ikkje inn under noko hovudutval, og desse sektorbudsjetta vert presentert og kjem til handsaming i finansutvalet.

Som eksempel vil budsjettsaka som går til hovudutval for samferdsel og mobilitet ha slik struktur:

Del I. Fellesdel: Budsjett 2022

Del II. Fellesdel: Investeringsbudsjett 2022- 2025

Del III. Sektorbudsjett mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg

Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjev sin uttale til dei to fellesdelane og dei to presenterte sektorbudsjetta.

#### Sektorar utan utval

Som nemnt er det sektorar som ikkje høyrer innunder eit spesifikt hovudutval;

- Organisasjon og økonomi
- Strategi og digitalisering
- Tannhelse (ligg innunder Strategi og digitalisering)

Presentert budsjett frå respektive avdelingsdirektørar og fylkestannlegen ligg også som referatsaker til finansutvalssaka, tilsvarande hovudutvalssakene med dei andre sektorbudsjetta.

Finansutvalet gjer så prosessvedtak på alle sektorbudsjetta. Uttalar frå hovudutvala vert ettersendt, og vert del av grunnlaget for finansutvalshandsaminga.

Førebels budsjetttramme for kontrollutvalet vert og presentert for finansutvalet som tek dette til orientering. Sistnemnde vert i etterkant utarbeidd av sekretariat for kontrollutvalet, og er del av budsjettområde politisk styring og kontrollorgan.

Under er ein oppsummerande tabell:

Utval	Dato	Handsaming
Hovudutval for opplæring og kompetanse	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for opplæring og fellesdelar
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for veg og infrastruktur og mobilitet og kollektiv og fellesdelar
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for kultur og fellesdelar
Hovudutval for næring	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for innovasjon og næring og fellesdelar
Finansutval	21.sept.	Prosessvedtak alle sektorbudsjett og fellesdelar
		Budsjett for kontrollutvalet til orientering

### **Saldering driftsbudsjett 2022 - reduksjon på 100 mill. kr**

Finansutvalet gjorde i førre møte følgjande prosessvedtak som gjer at salderinga av 2022-budsjettet til sektorane kan oppsummerast slik;

- 100 mill. kr i total budsjettreduksjon
- Meirbehov og nye tiltak skal takast innanfor rammene
- Alternative tiltak til dei som er innarbeida synleggjort

Dette er nærare gjort greie for under del 1 fellesdel driftsbudsjett 2022.

### **Budsjettmessige klimakonsekvensar**

Klimabudsjettet er eit viktig styringsverktøy for å redusere klimagassutslepp fram mot 2030. I endeleg budsjettframlegg frå finansutvalet som kjem til handsaming i november, vil det vere eit eige klimakapittel. Framstillinga vil vere mest mogeleg oppdatert og relevant for Vestland fylkeskommune sin situasjon for 2022, og åra framover. I samband med den politiske handsaminga av budsjett 2021- 2024 så vart det signalisert eit ynskje om å vri framstillinga av utsleppa til å gjelde det geografiske området Vestland; og med det ikkje berre ha fokus på utsleppa som gjeld eiga drift. Det vil vere ei vidareutvikling av klimabudsjettet i den retning i budsjett for 2020.

I denne omgang vil dei einskilde sektorbudsjetta som avdelingsdirektørane leverer innehalde ei oppdatert klimavurdering. Informasjonen her vil kunne vere viktig i utarbeidinga av Vestland fylkeskommune sitt klimabudsjett. Kvar sektor har sine klima- og miljøkontaktar som stetter opp under dette arbeidet. Nytt i år er at ein vil freiste å konkretisere tiltaka som ligg i dei presenterte sektorbudsjetta i høve til om dei bidreg til reduksjonar av klimagassar.

### **Investeringsbudsjett**

På dette tidspunktet i fjor fekk hovudutvala og finansutvalet eit fullstendig investeringsbudsjett til presentasjon. I dette arbeidsdokumentet vert to av tre investeringsprogram presentert; bygg og eigedom og kollektiv. Vegsektoren sitt investeringsprogram for dei neste fire åra kjem ikkje til handsaming før neste møte i finansutvalet i oktober. Dette kjem av at investeringsplanen for vegsektoren må vere i samsvar med opplegget i regional transportplan, og dette er ikkje mogleg før tidlegast til neste møte i finansutvalet.

### **Oppfølgingspunkt**

### Status kopling mellom planarbeid og økonomiplan

Fylkeskommunedirektøren nemnde i arbeidsdokument 2/21 arbeidet med å kople planane med økonomiplanen, slik at det samla planverket peikar i same retning og har felles målsetjingar. Dette vil styrke både utviklingsplanen og økonomiplanen som styringsreiskap.

Avdelingane arbeider med tiltak knytt til utviklingsplanen. For å kople dette arbeidet saman med økonomiplanarbeidet ser ein på mogelege måtar å få plantiltaka inn som ein del av budsjettarbeidet gjennom året.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå planseksjonen og økonomiseksjon ser på dette. Så langt har ein konkludert med at det vil vere naturleg med eit eige kapittel i budsjettdokumentet der plantiltaka vert omtala med utgangspunkt i handlingsprogramma for gjeldande planar.

I første omgang tek ein sikte på eit fellesavsnitt i budsjettdokumentet for 2022 der aktuelle plantiltak og handlingsprogram vert omtala og så langt mogeleg kopla mot løyvingar i budsjettet og økonomiplanen. På same måte som for klimatiltaka, er målsetjinga også for plantiltaka å utvide omtalen og gjera den meir avdelingsspesifikk etter kvart som avdelingane vert kjende med arbeidsmåten.

### Planmidlar bybanen byggesteg 5

I samband med handsaminga av arbeidsdokument 2 i finansutvalet vart det stilt spørsmål ved budsjettering og bruk av planleggingsmidlar til byggesteg 5 av bybanen. Det er sett opp planleggingsmidlar til dette føremålet også i investeringsbudsjett for kommande perioden 2022-2025. Det formelle grunnlaget for desse midlane og finansieringa gjennom bompengar ligg i St.prp. 11S (2017-18) til Bypakke Bergen, og porteføljestyringa av Miljøløftet sin handlingsplan.

### Kontraktskostnadar innan vegsektoren og eventuelle meirbehov

I møte i finansutvalet den 1.6.21 vart auka kostnadar i driftskontraktar på veg omtala. I arbeidsdokument 2/21 vart det signalisert ein kostnadsauke i 2022 på opp mot 50 mill. kr. Dette er i innspelet til budsjett 2022 handtert utan rammeauke.

Etter avviklinga av Sams vegadministrasjon er fylkeskommunen inne i ein fase der felles driftskontraktar med Statens vegvesen skal avløyast av eigne driftskontraktar med berre fylkesveg. I 2021 er det inngått 2 nye driftskontraktar. Fram til 2024 skal det lysast ut 8 nye driftskontraktar etterkvart som eksisterande kontraktar går ut. Med kontraktsstart i september blir det full årleg kostnadseffekt av alle dei 10 driftskontraktane først i 2025.

Dei to driftskontraktane som fylkeskommunen har inngått i 2021 er betydeleg dyrare enn dei kontraktane som blir avløyst. Det er gjort endringar både når det gjeld geografi og i innhaldet på kontraktane. Det har mellom anna kome nye klimakrav som gjer det utfordrande å samanlikne kostnaden på gamle kontraktar med nye. Ein ser likevel at driftskostnaden pr kilometer fylkesveg er betydeleg auka; opp mot 60 % mot gamle kontraktar i same område.

Andre fylkeskommunar og Statens vegvesen har også tilsvarande kostnadsauke i nye driftskontraktar. I Samferdsledepartementet si tilråding for statsbudsjett for 2022 blir det opplyst om ein auke på 73 % på Statens vegvesen sine nye kontraktar. Ut over dette er det konkurransar som blir avlyst på grunn av høgt kostnadsnivå. I arbeidet med utlysing av nye kontraktar blir kontraktsstrategi/-innretning kontinuerleg vurdert, og Fylkeskommunedirektøren viser i den samanheng til fylkesutvalssak om val av kontraktsform på driftskontrakt 4610 Nordfjord 2023-2028.

Om ein legg til grunn ein auke på 50 % vil ekstrabehovet til driftskontraktar vera 260 mill. kr. i 2025. Dette er meir enn det handlingsrommet løyvningsnivå 60 Veg - drift og vedlikehald har til dekkelegging, vegutstyr og andre prioriterte tiltak som ikkje er kontraktsfesta over fleire år. Det er såleis venta at det framover vil vera behov for ein rammeauke på løyvningsnivå 60 Veg - drift og vedlikehald dersom ein legg til grunn dyrare driftskontraktar. I tillegg til driftskontraktar er det usikkerheit rundt det framtidige kostnadsnivået på fleirårige kontraktar knytt til elektro, tunnel og bru/ferjekai.

## **1 Fellesdel driftsbudsjett**

### **Økonomiske føresetnadar før statsbudsjettet**

#### Sentrale inntekter

I økonomiplanen, som vart handsama av finansutvalet i juni, vart det gjeve slikt oversyn over sentrale inntekter og utgifter:

	2021	2022	2023	2024	2025
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamn	-10 279 828	-10 350 000	-10 400 000	-10 450 000	-10 500 000
Andre generelle statstilskot	-27 529	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Konsesjonskraftinntekter	-152 000	-170 000	-170 000	-170 000	-170 000
Kapitalinnt/utg, utbytte	852 400	951 900	1 100 500	1 233 400	1 281 500
Lønsavsetjing, premieavvik	14 900	80 000	80 000	80 000	80 000
Bruk/avsetning til disp.fond	62 978	53 521	24 921	-7 979	-6 079
Overføring til investering	552 500	600 000	600 000	600 000	600 000
<b>Sum felles inntekter og utgifter</b>	<b>-8 976 579</b>	<b>-8 874 579</b>	<b>-8 804 579</b>	<b>-8 754 579</b>	<b>-8 754 579</b>

Bruk eller avsetjing til fond er ført opp med den summen som trengst for å saldere budsjettet. Med dei føresetnadene som er vist framfor, kan ein avsetje til disposisjonsfond dei to fyrste åra i perioden, medan ein brukar litt midlar frå fond dei to siste åra. Summane reknar ein med kan bli justerte i den vidare budsjettprosessen; mellom anna med bakgrunn i kva som vert presentert i statsbudsjettet i oktober. Når statsbudsjettet kjem 13. oktober vil ein innarbeida den veksten som ligg der, og eventuelle andre endringar og tillegg som vil påverke Vestland sin økonomi. Førebels er det lagt inn dei føresetnadane og signala som har kome til no.

#### Løn- og prisvekst

Ved utarbeiding av budsjett for 2022 har sektorane og einingane førebels brukt 2021- nivå. Tala i økonomiplantabellen ovanfor er i same løns- og prisenivå som budsjettet for 2021. Endringane frå 2021 til 2022 vil då ikkje ha med seg prisvekst, men alle tala innehar reelle eller tekniske endringar som er forklart i budsjettopplegget. Når statsbudsjettet kjem 13. oktober, vil ein justere opp alle tala i budsjettet med pris- og lønsnivå for 2022. På denne måten vil det endelege framlegget til budsjett som vert handsama i siste runde november/ desember vere i 2022- kr.

#### Verknadar av Korona- pandemien for budsjett 2022

Budsjetteringa for 2022 i den situasjonen ein er no, er særskilt krevjande. Frå sentralt hald er det ikkje kome signal på at ein skal ta høgde for verknadar av Korona når kommunesektoren budsjetterer for neste år. Tvert om skal ein leggje til grunn eit normalår. Av det kan ein slutte at ein ikkje skal budsjettere inn varige verknadar av pandemien. Dette sjølv om analysar tydar på at det kome ein heilt ny situasjon etter pandemien. Denne situasjonen inneber mellom anna færre kollektivreisande. Når statsbudsjettet kjem, vil ein få svaret på kva line ein vel frå sentralt hald, og då vert det klårare kva fylkeskommunen kan leggje til grunn dei kommande åra.

#### *Inntektsføresetnadar for sektorane kollektiv og tannhelse*

Kollektivsektoren har i fleire år budsjettert med ein auke i passasjertala, og med det ein auke i billettinntektene. Dei fleste åra har det vist seg at ambisjonen om vekst i budsjettet har vorte nådd, og fleire år har veksten vore ein del høgare enn dette. I 2021 og 2022 ville ein, om det ikkje var for pandemien, også budsjettert med om lag 3 % inntektsvekst.

Fylkeskommunedirektøren meiner det ikkje vil rett å leggje til grunn ein normal- situasjon som scenario for 2022. Dette så lenge ein faktisk ikkje har ein normalsituasjon, og dei varige verknadane av pandemien er usikre. Mykje tyder på at reisevanane til folk vert endra, og at passasjervolum og inntektsnivå kan verte redusert med opptil 15 % - i alle fall i ein overgangperiode.

Førebels, og før statsbudsjettet for 2022 er gjort kjent, vil kollektivsektoren leggje seg på ei konservativ line for budsjettering der ein ikkje legg inn ein normal vekst.

For tannhelse- sektoren som og har betydelege inntekter, så har pandemien gjeve store økonomiske utslag. I 2020 var inntektstapet på over 40 mill. kr, medan det i 2021 ligg an til ein inntektssvikt på om lag 20 mill. kr. For 2022 vert difor inntektene budsjettert etter moderate anslag.

#### Inntektssystemet - endringar i fylkesvegkriteriet

KMD har i løpet av våren fått utgreidd ein ny og forenkla modell for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg i inntektssystemet. Vedlikehaldsbehovet vert i dag berekna etter Statens vegvesen sin kostnadsmodell MOTIV.

Målet har vore å erstatte MOTIV sidan Statens vegvesen ikkje lenger har tilstrekkeleg informasjon til å gjere MOTIV-berekningar for fylkesvegnettet etter avviklinga av sams vegadministrasjon.

KMD inviterte fylkeskommunane til å kome med innspel til dette arbeidet i form av å delta i ei referansegruppe til prosjektet. Vestland fylkeskommune har vore med i denne referansegruppa. Fylkesordføraren i Vestland fylkeskommune sendte også i juni brev til KMD kor det m.a. stod følgjande:

«Vestland fylkeskommune føreset at rapporten vert sendt på høyring til fylkeskommunane. Ein legg vidare til grunn at det ikkje vert gjort endringar i inntektssystemet før slik høyring er gjennomført og høyringssvara er handsama av departementet.»

KMD tek sikte på å nytte denne nye forenkla modellen alt frå og med 2022. Det er såleis ikkje lagt opp til noko høyring, slik fylkesordføraren la til grunn i brevet til departementet.

Den forenkla modellen syner endring i vedlikehaldsbehov for alle fylkeskommunane samanlikna med det som låg til grunn for 2021-budsjettet. Vestland fylkeskommune har den største endringa med eit redusert vedlikehaldsbehov på om lag 27 mill. kr ut frå den forenkla modellen.

Det er ikkje mogleg å berekne den økonomiske konsekvensen av det reduserte vedlikehaldsbehovet no. KMD har også sagt at det vert lagt opp til ein overgangsordning ved innfasing av den forenkla modellen. Dette vil bli presentert i framlegg til statsbudsjett.

## Driftsbudsjett 2022

### Innleiing

I presenterte budsjett frå dei ulike direktørane har ein tilpassa seg dei vedtekne rammereduksjonane ved hjelp av naudsynte salderingstiltak som er innarbeidd. Utover dette er det synleggjort eit moglegheitsrom som finansutvalet kan bruka for å gjera andre prioriteringar, eller å endre innretninga på dei presenterte budsjetta frå dei ulike avdelingsdirektørane. I kvart av sektorane sine budsjett er det sett opp alternative opplegg til saldering som samla utgjør minst halvparten av dei innarbeidde tiltaka. Dei alternative salderingstiltaka er eit svar på bestillinga frå førre finansutval der det vart bedt om å få synleggjort eit handlingsrom for å gjera endringar i det som vert presentert.

Eit overordna prinsipp i utarbeidinga av sektorane sine budsjett har vore at meirbehov og nye tiltak må finansierast innafor kvar sektor si ramme.

### Sektorrammer

I førre møte i finansutvalet vart det, ved handsaming av arbeidsdokument 2/20, gjort prosessvedtak om å leggje sektorrammene i tabellen under til grunn for budsjett 2022. Sektorane har brukt desse rammene i budsjetteringa av sine løyvningsnivå:

Sektor	2022
Politisk styring, kontrollorgan	61 579
Organisasjon og økonomi	705 165
Strategi og digitalisering	168 945
Tannhelse	271 266
Kultur, idrett & inkludering	318 348
Infrastruktur og veg	1 220 080
Mobilitet og kollektiv	2 492 112
Innovasjon og næringsutvikling	147 612
Opplæring og kompetanse	3 486 472
<b>Sum sektornivå</b>	<b>8 871 579</b>

Med desse rammene er det gjort ein samla budsjettreduksjon på sektorane på 100 mill. kr. Denne reduksjonen kan summerast opp på følgjande måte;

- Reduksjon på 60 mill. kr i kontraktskostnader innan kollektiv.
- Reduksjon på 40 mill. kr vert fordelt på sektorane utifrå forbruk på utvalde administrative postar som har eit varig mindrebehov.

Reduksjonane pr. sektor er vist i tabellen under;

Sektor / tal i 1000 kr	Kontraktsnedgang	Reiser	Effektivisering	Totalt sektornedtrekk	Totalt Sektornedtrekk 2022 avrunda
Politisk og kontrollorgan		3 645		3 645	4 000
Organisasjon og økonomi		2 897	6 851	9 748	10 000
Strategisk utvikling og digitalisering		783	960	1 743	1 500
Tannhelse		749		749	500
Infrastruktur og veg		5 370	2 839	8 209	8 000
Mobilitet og kollektiv	60 000	1 552	1 653	63 205	63 000
Innovasjon og næring		1 056	741	1 797	2 000
Opplæring og kompetanse		8 179	883	9 062	9 000
Kultur, idrett og inkludering		769	1 073	1 842	2 000
<b>SUM</b>	<b>60 000</b>	<b>25 000</b>	<b>15 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>

#### Løyvingsnivå

I dette møtet i finansutvalet vert sektorrammene delt opp i dei ulike føremåla, også kalla løyvingsnivå, innanfor kvar sektor. Då med dei ulike sektornedtrekka innarbeida. Finansutvalet gjer prosessvedtek på summene som skal brukast på dei ulike føremåla innan kvar sektor. Dette vert gjort på bakgrunn av dei politiske sakene og uttalanane frå hovudutvala. Finansutvalet kan slutte seg til uttalen som hovudutvala har gjort, men utvalet kan og gjennom sitt prosessvedtak endre summene på løyvingsnivå ved å omprioritere.

#### Tekniske endringar

Sjølv om sektorane har utarbeidd eit budsjett innanfor rammene som vart fastsett i førre møte, så kan det vere justeringar av teknisk karakter som endrar rammene til dei ulike sektorane. Desse endringane dreier seg i stor grad om flyttingar av oppgåver, årsverk eller midlar mellom sektorar. Desse endringane er av teknisk karakter, og slike endringar vil kome klart fram i budsjetta som avdelingsdirektørane presenterer.

#### Innarbeidde tiltak

I dei ulike løyvingsnivå er det innarbeidd salderingstiltak for kvar sektor. Det vil gå fram kva løyvingsnivå som er redusert gjennom det innarbeidd salderingstiltaket. Til dømes vil det for tannhelse sitt sektorbudsjett kunne vere eit aktuelt tiltak å auke inntektssida, og då vil det framkome at dette tiltaket har redusert ramma som vert tildelt løyvingsnivået pasientbehandling innan tannhelse.

#### Alternative tiltak

Utover innarbeidde tiltak i dei ulike sektorbudsjetta for å oppnå balanse, så er det synleggjort eit moglegheitsrom som finansutvalet kan bruka for å gjera prioriteringa annleis. Dette vert gjort ved



at det i kvar av budsjetta som vert presentert er sett opp alternative opplegg til saldering som samla utgjør minst halvparten av dei innarbeidde salderingstiltaka. Dei alternative salderingstiltaka er eit svar på bestillinga frå førre finansutval der det vart bedt om å få synleggjort eit handlingsrom for å gjera endringar i det som administrasjonen presenterer.

#### Referatsaker og protokollar.

Alle hovudutvalssakene ligg som referatsaker til finansutvalssaka, og protokollane frå hovudutvalsmøta vert ettersendt til finansutvalet.

#### Sektorar utan hovudutval

- Strategisk utvikling og digitalisering
- Organisasjon og økonomi
- Tannhelse

For dei tre sektorane utan hovudutval vil presentert budsjettopplegg med summar på løyvingnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak ligge som meldingssaker til saksframlegget som vert handsama i finansutvalet. Budsjettområde for politisk styring og kontrollorgan med førebels budsjetttramme for kontrollutvalet er også vedlagt. Alle dei presenterte sektorbudsjetta vil vere gjennomgåande like med summar på løyvingnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak.

## 2 Fellesdel - investeringsbudsjett

### Rammer for investeringsbudsjettet 2022- 2025

I dette arbeidsdokumentet vert det presentert to av tre investeringsprogram, og desse er sett opp i samsvar med handlingsregelen som tilseier ein maksimal gjeldsgrad for Vestland på 115 %.

Til grunn for presentert investeringsopplegg er prosessvedtak for investeringsrammer som vart gjort i handsaminga av arbeidsdokument 2 i førre finansutvalsmøte. Med dette opplegget vil Vestland for aktuell økonomiplanperiode 2022- 2025 ha ei utvikling i gjeldsgraden som er lik den under. Det med føresetnad om at det budsjettet for investeringsprogram for veg som vert presentert seinare også er innafor rammene.

	2022	2023	2024	2025
Netto gjeldsgrad	103 %	109 %	113 %	115 %

I 2020 gjekk gjeldsgraden ned, men planlagde investeringar og låneopptak for kommande planperiode er så høgt at det ikkje er rom for påplussingar ut over det som vert presentert. Gjeldstaket gjer at inndekking av nye prosjekt eller tiltak må skje gjennom omprioriteringar.

Ein viktig faktor i høve til gjeldsgraden vil vere korleis inntektene til Vestland utvikler seg i økonomiplanperioden, og då særskilt inntektene som fylkeskommunane får frå statleg hald.

### Oversyn investeringsopplegg 2022- 2025

Under er dei to investeringsprogramma for bygg og eigedom og for kollektiv presentert med oppdaterte tal og med prosjektoptalar under tabelloppsetta. Desse er i samsvar med:

- Tidlegare presenterte tal
- Oppdaterte tal for framdrift og kostnadsestimat
- I tråd med gjeldande handlingsreglar; gjeldsgrad
- Innafor det finansieringsopplegget som vart presentert i arbeidsdokument 2 som vart handsama i juni.
- Investeringane i vegsektoren vert presentert i neste møte i finansutvalet i oktober.

#### Investeringsprogram bygg og eigedom

<b>Investeringar (tal i 1000kr)</b>	<b>Sum 2022-2025</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
<b>Fellesfunksjonar</b>	<b>871 100</b>	<b>510 600</b>	<b>195 500</b>	<b>109 800</b>	<b>55 200</b>
Fylkeshuset Bergen	516 500	440 800	75 700	0	0
Fylkeshuset Leikanger - rehab	195 400	30 000	80 000	70 000	15 400
Tiltak gang- og sykkelt., fylk.kom bygg	27 200	6 800	6 800	6 800	6 800
IT-investeringar	132 000	33 000	33 000	33 000	33 000
<b>Opplæring</b>	<b>4 152 900</b>	<b>978 900</b>	<b>1 064 000</b>	<b>973 000</b>	<b>1 137 000</b>
Ombygging/rehab/mindre tilbygg	399 600	99 900	99 900	99 900	99 900
Større undervisningsutstyr	149 600	37 400	37 400	37 400	37 400
Askøy vgs	473 700	245 700	184 900	43 100	0
Austrheim vgs	6 200	0	0	0	6 200
Bømlo vgs	17 500	17 500	0	0	0
Dale vgs - rehab/omb verkstadbygg	30 900	0	10 300	14 400	6 200
Eid vgs - nytt undervisningsareal	34 400	10 300	10 300	13 800	0
Firda vgs - rehab fløy D Aulabygg	25 700	0	8 200	10 300	7 200
Førde vgs./campus Førde	650 900	330 000	300 100	20 800	0
Knarvik vgs	6 200	0	0	0	6 200
Kvam nybygg fase 1	108 000	18 000	40 000	50 000	0
Kvam nybygg fase 2	180 000	0	0	80 000	100 000
Laksevåg MBS vgs og Fagskule	390 300	0	15 400	102 700	272 200
Langhaugen vgs	183 800	15 000	50 000	70 000	48 800
Mo og Øyrane vgs - internat mm.	55 900	5 100	16 400	34 400	0
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	70 700	70 700	0	0	0
Måløy vgs - blokk A og D / Akvahall	77 100	43 100	34 000	0	0
Måløy vgs, Nytt opplæringsfartøy	101 400	50 000	51 400	0	0
Skulebruksplan - planmidlar	14 400	3 600	3 600	3 600	3 600
Slåtthaug vgs	195 200	6 200	20 500	82 200	86 300
Sogn jord-og h - rehab. fjøs-og verkstad	14 400	0	0	4 100	10 300
Sogndal vgs - rehab badebasseng	27 700	0	2 100	5 100	20 500
Sotra vgs	443 600	16 400	16 400	102 700	308 100
Stord vgs	416 600	10 000	160 000	180 000	66 600
Årdal vgs - rehab	46 200	0	3 100	16 400	26 700
Årstad vgs	32 900	0	0	2 100	30 800
<b>Tannhelse</b>	<b>112 800</b>	<b>22 700</b>	<b>23 700</b>	<b>46 700</b>	<b>19 700</b>
Tannklinikk Sogndal	28 000	0	1 000	27 000	0
Tannklinikkar	47 200	13 300	13 300	10 300	10 300
Utstyr tannhelsetenesta	37 600	9 400	9 400	9 400	9 400
<b>Kultur</b>	<b>77 900</b>	<b>18 100</b>	<b>53 600</b>	<b>3 100</b>	<b>3 100</b>
Gulatinget	20 500	0	20 500	0	0
Arkivdepot	45 000	15 000	30 000	0	0

Restaurering av verneverdige f.k. bygg	<b>12 400</b>	3 100	3 100	3 100	3 100
<b>Regional utvikling</b>	<b>153 300</b>	<b>10 300</b>	<b>10 300</b>	<b>51 400</b>	<b>81 300</b>
Oppgradering fiskerihamner	<b>41 200</b>	10 300	10 300	10 300	10 300
Kalvåg fiskerihamn	<b>30 000</b>	0	0	0	30 000
Bømlo fiskerihamn	<b>82 100</b>	0	0	41 100	41 000
<b>SUM</b>	<b>5 368 000</b>	<b>1 540 600</b>	<b>1 347 100</b>	<b>1 184 000</b>	<b>1 296 300</b>

### Prosjektomtalar for investeringsprogram for bygg og eigedom

#### Fylkeshuset Bergen

Prosjektet har ei totalramme på 1 172,3 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 12/2018 bygging av nytt fylkeshus. Ein gjorde vidare vedtak i sak 40/2018 om finansiering og mellombels lokalisering på Sandsli fram til nybygget står klart i 2023.

I sak 90/2019 vart det gjort vedtak om bygging i eigen regi, og kostnader til AV-utstyr og møblering av fellesareala vart teke inn i prosjektet. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i starten av 2023. Det er sett av 440,8 mill. kr i 2022 og 75,7 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Fylkeshuset Leikanger - rehabilitering

Prosjektet har ei totalramme på 200 mill. kr. Fylkeshuset på Leikanger var i utgangspunktet planlagt som eit rehabiliteringsprosjekt med tiltak som t.d. skifte av tak, ny utvendig solskjerming og naudsynte tekniske oppgraderingar. Samstundes har behovet for kontorplassar endra seg som følgje av regionreforma. Kartlegging av behov er gjennomført og det vert no arbeidd med vurdering av ulike kontorløysingar/-konsept. Det er planlagt at sjølv ombyggingsarbeidet skal pågå i perioden 2022-2024. Det er sett av 30 mill. kr i 2022, 80 mill. kr i 2023, 70 mill. kr. i 2024 og 15,4 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Tiltak for gåande og syklende

Prosjektet gjeld ulike tiltak for å betre tilhøva for gåande og syklende i tilknytning til fylkeskommunale eigedommar. Tiltaka gjeld mellom anna betre sykkelparkering, utbetring av fortau/ tilkomst, betre av- og påstigingsløysingar for skulebussar, betre markering og lystilhøve for gåande og syklende. Det er sett av 6,8 mill. kr kvart år i planperioden til slike tiltak.

#### IT-investeringar

Det er samla sett av 126,8 mill. kr i planperioden til felles IT-investeringar i fylkeskommunen. Bruken av IT-løysingar mellom anna innan kollektivtransport, på dei vidaregåande skulane, innan tannhelse og i fylkesadministrasjonen er avgjerande for at fylkeskommunen får utført oppgåvene og levert tenestene sine. Dette er nært knytt opp til satsinga på digitalisering og e-forvaltning, som er viktig for å kunne effektivisere og forenkle drifta. Det som legg føringer for disponeringa av desse IT-midlane er den overordna IT-strategien i fylkeskommunen. Det vert sett av 33 mill. kr årleg i planperioden til dette føremålet.

#### Ombygging/ rehab. /mindre tilbygg

Denne løyvinga gjeld planlagde ombyggingar, rehabiliteringar og mindre tilbygg. Avgjerande faktor for kva arbeid som vert sett i gang, er tilstanden på bygg og tekniske anlegg. I tillegg vert det gjort oppgradering på fylkeskommunale eigedommar, med særskilt fokus på tiltak som gjeld brann og universell utforming. Ombyggingane kan også skuldast endringar i læreplanar, endringar i classesaka eller elevar med spesielle behov. Det vert utarbeidd årlege planar for disponeringa av midlane. Større tiltak med prosjekt over 25 mill. kr vert lagt fram som eigne saker til fylkesutvalet. Det er sett av 99,9 mill. kr kvart år i planperioden.

#### Større undervisningsutstyr opplæring

Det er sett av 37,4 mill. kr årleg til dette føremålet. Midlane skal nyttast til større undervisningsutstyr, it-investeringar og inventar ved skulane. Midlane skal mellom anna nyttast til naudsynt oppgradering av maskiner og utstyr innan yrkesfaga, og komplettering av undervisningsutstyr i samband med læreplanane. Midlane vert fordelt til skulane gjennom ein vekta tildelingsmodell som tek omsyn til at behova varierer mellom utdanningsprogramma. Skulane kan overføre unytta midlar til neste år og på denne måten spare opp midlar til større

investeringar. Avhengig av behov kan delar av potten delast mellom skulane til særskilte tiltak t.d. nye utdanningsprogram eller skular som har trong for større oppgraderingar.

#### Askøy vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 723,8 mill. kr. Rehabilitering og tilbygg på Askøy vgs vart starta opp 2018. Fylkestinget godkjente i sak 47/2018 rom- og funksjonsprogrammet for prosjektet. I sak 118/2020 vart forprosjekt og byggestart for den nye skulen godkjent. I same sak vart og avtalen med Askøy kommune om dei økonomiske vilkåra som følgje av vedteken områdeplan godkjent. Saka legg til grunn eit tett samarbeid med Askøy kommune om sambruk, makebyte av tomt og leige av areal. Prosjektet er i produksjonsfase og det er sett av 245,7 mill. kr i 2022, 184,9 mill. kr i 2023 og 43,1 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Austrheim vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 285,6 mill. kr, og prosjektet er del av skulebruksplanen som vart vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2025 for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjektet ved Knarvik vidaregåande skule.

#### Bømlo vidaregåande skule

Totalkostnaden for dette prosjektet er kalkulert til 23,6 mill. kr. Føremålet er å gjennomføre den vedtekte samlokaliseringa av Bømlo vgs og Rubbestadnes vgs. Samlokaliseringa skal løysast med nokre mindre ombyggingar på Bømlo vgs og etablering av verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk i eit nytt leigebygg på Rubbestadneset. Prosjektet omfattar kostnader både til ombyggingar på Bømlo vgs og verkstadutstyr/møblering i leigebygg. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i løpet av 2022. Det er sett av 17,5 mill. kr i 2022 til prosjektet.

#### Dale vidaregåande skule - rehabilitering/ombygging verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 37 mill. kr. Verkstadbygget som er frå 1982 er det eldste bygget ved skulen og er ikkje i god stand. Mange bygningselement og tekniske anlegg må skiftast ut. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 10,3 mill. kr i 2023, 14,4 mill. kr i 2024 og 6,2 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Eid vidaregåande skule - nytt undervisningsareal

Totalramma for prosjektet er på 43,2 mill. kr. Eid vgs har i dag knapt med areal. Som følgje av dette er satsingane knytt til velferdsteknologi og energi delvis flytta til ueigna lokale. Det er i tillegg behov for nye og oppgraderte realfagsrom. Anlegget på Eid er i sambruk med Stad kommune. Dei har og eit auka arealbehov knytt til drifta av kulturdelen/ Operahuset Nordfjord og har vedtak om å framforhandle ny leigeavtale for dette. Eit samla arbeid med behov og mogleighetsstudie er sett i gang og sjølv byggearbeidet vil venteleg starte medio 2022. Det er sett av 10,3 mill. kr i 2022 og 2023 og 13,8 mill. kr i 2024 til prosjektet

#### Firda vidaregåande skule - rehab. fløy D Aulabygg

Totalramma for prosjektet er på 40,1 mill. kr. Det er gjennomført fleire oppgraderingar på Firda vgs, men i den eine delen av bygningsmassen - aulabygget/ fellesareal, står nokre tiltak att. Bygget er frå 1974 og treng oppgradering og rehabilitering. Det må gjennomførast tilstandsvurdering med framlegg til løysingar. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 8,2 mill. kr i 2023, 10,3 mill. kr 2024 og 7,2 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Førde vidaregåande skule/campus Førde

Prosjektet har ei totalramme på 846,3 mill. kr. Etablering av eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde er eit prosjekt som legg opp til samlokalisering av Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs til ein felles ny vidaregåande skule i Førde (fysisk samanslåing gjeld ikkje avd. Mo). Prosjektet omfattar vidare ny tannhelseklinikk i Førde og bygging av ny idrettshall. I april 2021 gjorde fylkestinget vedtak om byggestart jf. FT sak 8/2021. Prosjektet er under bygging med planlagt ferdigstilling i 2024. Det er inngått ein utbyggingsavtale for infrastruktur med Førde kommune.

Det er lagt til grunn ein auke i totalramma på 30 mill. kr. Av dette utgjer ein vesentleg del, om lag 20 mill. kr, ein auke i løns- og prisstigning inneverande år. Resten er knytt til prisauke for arbeid med infrastruktur/utbyggingsavtalen. Det er sett av 330 mill. kr i 2022, 300,1 mill. kr i 2023 og 20,8 mill. kr i 2024 til prosjektet

#### Knarvik vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla løyving på 369,7 mill. kr. Prosjektet er del av skulebruksplanen som er vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2025 til prosjektet for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjektet ved Austrheim vgs.

#### Kvam vidaregåande skule - nybygg fase 1 og 2

I samsvar med skulebruksplanen skal dei tidlegare vidaregåande skulane i Øystese og Norheimsund samlokalisert i eit nybygg sentralt i Norheimsund. I juni 2019 (FU-sak 149/2019) vart det vedteke å samlokalisera skulane mellombels i bygget i Øystese. Dette med unntak av verkstadlokala for EL og TIP som framleis er igjen i skulebygget i Norheimsund/ Steinsdalen. Det vart og vedteke ein intensjonsavtale med Kvam herad om å nytte tomte for den gamle ungdomsskulen til nytt skulebygg og at skulen skulle realiserast i to fasar. Første fase skulle vere verkstadslokale for EL og TIP og andre fase areal til resten av tilboda som i dag er i Øystese. Fylkeskommunedirektøren tilrår å legge fasane tett i presentert opplegg til investeringsplan slik at oppdraget kan planleggast saman og leggast i ein byggekontrakt og på den måten spare noko kostnader.

Kvam herad og fylkeskommunen har arbeidd med samlokalisering og sambruk mellom den vidaregåande skulen og areal/funksjonar for kommunen sidan 2018. Det er utarbeidd eit rom- og funksjonsprogram for prosjektet både på kommunal og fylkeskommunal side. Romprogrammet er fremma som sak til fylkestinget i september inneverande år. Samla nettoareal i programmet er 5160 m<sup>2</sup>, fordelt med omlag 1100 m<sup>2</sup> på Kvam herad og 4060 m<sup>2</sup> på den vidaregåande skulen, dvs. omlag 5900 m<sup>2</sup> bruttoareal for den vidaregåande skulen. Vidare framdrift er planlagt med utlysing, anbodskonkurrans og kontrahering i 2022 og bygging i perioden 2023 til 2026. Det er sett av 18 mill. kr i 2022, 40 mill. kr i 2023 og 50 mill. kr i 2024 til fase 1 og det er sett av 80 mill. kr i 2024 og 100 mill. kr i 2025 til fase 2 i prosjektet.

#### Laksevåg vidaregåande skule og fagskule

Skulebruksplanen for Hordaland legg opp til ein ny kombinert fagskule og vidaregåande skule på Laksevåg. Rom- og funksjonsprogrammet for skulen vart vedteke i ft-sak 28/2019. Programmet har teke opp i seg tidlegare vedtak i Hordaland fylkeskommune om vesentleg auka kapasitet for dei to skulane. Prosjektet har ei samla løyving på 787,5 mill. kr.

Grunna det samla høge investeringsvolumet, er dette prosjektet, saman med fleire andre prosjekt, utsett noko i tid og arbeidet i prosjektet vil bli vidareført frå 2023 med plan om ferdigstilling i 2026/2027. Det er sett av 15,4 mill. kr i 2023, 102,7 mill. kr i 2024 og 272,2 mill. kr i 2025.

#### Langhaugen vidaregåande skule

Samla kostnadsramme for prosjektet er 189,8 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med skulebruksplanen. Prosjektet inkluderer kostnader til etablering av eit bygg som gjev ein ekstra parallellklasse i musikk, jf. ft-sak 40/2020. Etablering av den ekstra klassen i musikk er tidlegare drøfta i fylkestinget, jf. FT sak 46/18.

Prosjektet er i planleggingsfase og samspelsfasen er planlagt gjennomført i første halvdel av 2022. Byggestart vil vere avhengig av godkjent reguleringsplan. Kravet om regulering var ikkje føresett, noko som gjer at sjølve bygginga vert utsett med om lag 1 år.

Det er sett av 15 mill. kr i 2022, 50 mill. kr i 2023, 70 mill. kr i 2024 og 48,8 mill. kr. i 2025 til prosjektet.

#### Mo og Øyrane vidaregåande skule - internat og fellesbygg

Totalramma for prosjektet er på 57,9 mill. kr. I prosjektet er internat og fellesbygga på Mo planlagt rehabilitert. Bygga er frå 1969 og er nedslitne. Vidare må betra universell utforming vurderast i tillegg til generell oppussing. Prosjektet er i utgreiingsfasen, og prosjektet har planlagt oppstart i løpet av 2022. Det er sett av 5,1 mill. kr i 2022, 16,4 mill. kr i 2023 og 34,4 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Mo og Øyrane vidaregåande skule - nytt verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 91,6 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt felles verkstadbygg for gardsdrifta og for anleggslinja ved Mo- og Øyrane vgs. Prosjektet er planlagt og det er henta totalentreprisetilbod på arbeidet som viser ein stor kostnadsauke. Truleg er dette mellom anna knytt den sterke prisveksten på byggevarer inneverande år. I tillegg er det meirkostnader knytt til pålegg om regulering og tekniske undersøkingar knytt til flaum og kvikkleire. Byggearbeidet er

kontrahert og ferdigstilling er planlagt i løpet av 2022. Det er sett av 70,7 mill. kr i 2022 til prosjektet.

#### Måløy vidaregåande skule - bygg A og D/ny aquahall

Totalramma for prosjektet er på 89 mill. kr. Prosjektet er i utgreiings- og programfase og gjeld bygg D, den maritime avdelinga, samt naudsynt rehabilitering/ombygging av fellesfunksjonar/ administrativ del i bygg A.

I sist vedteken investeringsplan låg det og eit eige prosjekt knytt til ny aquahall ved skulen. Måløy vgs har eit fylkesdekkande studietilbod innan dei marine og maritime utdanningsområda og skulen har i dag ingen fasilitetar for praktisk opplæring innan akvakultur. I eit førebels og svært grovt overslag er prosjektkostnaden for aquadelen rekna til om lag 20,5 mill. kr. Dette inkluderer ikkje tomt, infrastruktur for vatn og avløp og marinteknisk undervisningsutstyr.

Då prosjekta heng tett saman både når det gjeld behov og lokalisering meiner fylkeskommunedirektøren det er hensiktsmessig å sjå prosjekta i samanheng for å få til ei god areal- og ressursutnytting. Det vert og vurdert behov for å auke sjønære areal for den vidaregåande skulen, og å legge til rette for ei tyngre satsing på den maritime delen av skulen.

Prosjektet sitt mål er å samle behova og sjå på moglege løysingar for effektiv arealutnytting og eventuelle moglege tilbygg eller ombyggingar for ei framtidretta drift av skuleanlegget. Det er sett av 43,1 mill. kr i 2022 og 34 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Måløy vidaregåande skule - nytt opplæringsfartøy

Totalramma på prosjektet er 136,5 mill. kr. Prosjektet gjeld bygging av nytt opplæringsfartøy for å kunne gje praksisopplæring på båt. Første anbudsrunde vart avlyst av økonomiske grunnar. Prosjektet vart endra til ein mindre båt med reduserte krav og mellom anna dispensasjon for å ha lugarar under hovuddekk. Det ligg føre vedtak om bygging i ft-sak 141/2021. Det er halde anbuds konkurranse og avtale om bygging er signert. Opplæringsfartøyet er planlagt ferdigstilt medio 2023. Det er sett av 50 mill. kr i 2022 og 51,4 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Skulebruksplan - planmidlar

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen og endringane som er vedtekne der. Midlane vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta; til dømes til planlegging, koordinering og utgreiingar. Det er sett av ei årleg løyving på 3,6 mill. kr i planperioden.

#### Slåtthaug vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 195,2 mill. kr. Dette er i samsvar med vedteken skulebruksplan. Prosjektet omfattar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse som er planlagt å gjennomføre i denne planperioden. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2022, 20,5 mill. kr i 2023, 82,2 mill. kr i 2024 og 86,3 mill. kr i 2025

#### Sogn jord- og hagebruksskule - rehabilitering fjøs og verkstad

Totalramma for prosjektet er 43,2 mill. kr. Fjøs og verkstad ved Sogn jord- og hagebruksskule er på mange område utdatert. Det gjev utfordringar knytt til både bygningane og i høve til drifta. Det er planlagt ei nærare tilstandsvurdering og behovsanalyse som kan endre omfanget av prosjektet. Det er sett av 4,1 mill. kr i 2024 og 10,3 mill. kr i 2025.

#### Sogndal vidaregåande skule - rehabilitering basseng

Totalramma for prosjektet er 32,8 mill. kr. Den delen av Sogndal Idrettshall som omfattar bassenget har behov for rehabilitering og oppgradering. Det er føreteke kartleggingar som har avdekkja bygningsmessige og tekniske utfordringar ved deler av bassenget og noko bassengteknisk utstyr. Garderobedel og ventilasjonsanlegg er skifta ut og rehabilitert i 2017. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2023, 5,1 mill. kr i 2024 og 20,5 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Sotra vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 763 mill. kr. I prosjektet er det lagt opp til samlokalisering av den vidaregåande skulen som i dag har to lokasjonar i Øygarden kommune. Fylkestinget vedtok hausten 2018 tomt og plassering for den nye skulen. Den vedtekne tomte er på ferdig utfylte Storevatn sentralt på Straume og rett ved ny planlagd bussterminal. Tilgang til tomte er avhengig

av framdrifta til veganlegget Sotrasambandet, så den planlagde ferdigstillinga av prosjektet i 2026 er noko usikker. Det har vore gjennomført samarbeidsmøte med Øygarden kommune som ledd i reguleringsarbeidet for den nye skuletomta. Det er sett av 16,4 mill. kr kvart av åra 2022 og 2023, 102,7 mill. kr i 2024 og 308,1 mill.kr i 2025.

#### Stord vidaregåande skule - Vabakken

Samla ramme for prosjektet er 452 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med vedtaket i skulebruksplanen. Prosjektet gjeld sanering av eksisterande bygningsmasse og nybygg for Stord vgs, avd Vabakken. Prosjektet skal utformast og gjennomførast slik at det legg til rette for eit byggesteg 2 som kan samle heile Stord vgs i eit bygg i framtida. Prosjektet er i planleggingsfasen med konkurrans og samspel. Sjølve bygginga er planlagt i tidsrommet 2023 til 2025. Det er sett av 10 mill. kr i 2022, 160 mill. kr i 2023, 180 mill. kr i 2024 og 66,6 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Årdal vidaregåande skule - rehabilitering

Totalramma for prosjektet er på 83,2 mill. kr. Det er trong for rehabilitering av Årdal vgs då bygningsmassen ved skulen er frå 1981. Sjølv om bygga ved skulen er godt vedlikehaldne er det behov for oppgradering og rehabilitering av bygningar og tekniske anlegg. I tillegg vert energiløysingane ved skulen vurdert. Det er sett av 3,1 mill. kr i 2023, 16,4 mill. kr i 2024 og 26,7 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Årstad vidaregåande skule - C bygget

Prosjektet har ei samla løyving på 76 mill. kr. Prosjektet er ein del av vedteken skulebruksplan. Årstad vgs har hatt omfattande rehabilitering tidlegare, men C-bygget frå 1977 på om lag 7000m<sup>2</sup> har ikkje vore omfatta av desse arbeida. Dette bygget er i dårleg stand, og både tak og fasade har bruk for verdibevarande rehabilitering. Bruken av areala i C-bygget er ikkje avklart og omfanget av prosjektet kan difor verte endra. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2024 og 30,8 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Tannklinikk Sogndal

Totalramma for dette prosjektet er på 28,9 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 23/19 å setje i gang arbeidet med planlegging og bygging av ny tannklinikk i Sogndal. I dag leiger fylkeskommunen areal til tannklinikk i Sogndal, men desse lokala dekker ikkje behovet tannklinikken har. Leigeavtalen er forlenga slik at det er tenkt oppstart planlegging i 2023 og realisering i 2024. Det er sett av 1 mill. kr i 2023 og 27 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Tannklinikkar - Innreiing/opprusting m.m.

Totalramma for løyvingar på dette området er 47,2 mill. kr i planperioden. I gjeldande klinikkstrukturplanar for tannhelsetenesta er det lagt til grunn ei samling av einskilde klinikkar i større einingar. Vidare har nokre av dei eksisterande klinikkane behov for anten nye lokale eller monaleg opprusting. Fokus først i planperioden vil vera tannklinikane i Odda og Florø. Det er sett av 13,3 mill. kr i 2022 og 2023 og 10,3 mill. kr i 2024 og 2025 til føremålet.

#### Utstyr tannhelsetenesta

Det vert sett av 9,4 mill. kr årleg til utstyr i tannhelsetenesta. Delar av denne løyvinga vil verte nytta til utstyr ved nye eller ombygde klinikkar.

#### Gulatinget - nytt formidlingsbygg

Totalramma for dette prosjektet er på 75 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt visningscenter for Gulatinget på Flolid i Gulen. Prosjektet har i perioden 2011-2013 vore gjennom ein arkitektkonkurranse og eit skisseprosjekt. Arbeidet la grunnlag for finansiering og søknad om statleg delfinansiering i prosjektet. Det er føresett at Gulen kommune og staten skal finansiere kvar sin tredjedel. I tillegg er det rekna at fylkeskommunen får mva. refusjon knytt til sin del av investeringa. Det er sett av 20,5 mill. kr i 2023.

#### Nytt arkivdepot Leikanger

Vestland fylkeskommune har i dag for liten arkivkapasitet til eige bruk. Det er sett i gang arbeid med å utgreie ulike alternativ for å auka kapasiteten inkludert å tilby kapasitet til kommunearkivordninga. Det er utarbeidd romprogram og det er etablert ein mogleg rettighet til tomt for eit slikt nybygg. Parallelt med budsjettprosessen så vil det bli fremma ei eiga politisk sak for nytt arkivbygg på Leikanger. Prosjektet har ei totalramme på 46 mill. kr. Det er sett av 15 mill. kr i 2022 og 30 mill. kr i 2023 til prosjektet.

Restaurering av verneverdige bygg

Fylkeskommunen eig fleire verneverdige bygg som det er naudsynt å utføre større vedlikehald eller restaurering av i løpet av planperioden. Det er sett av 3,1 mill. kr kvart av åra i planperioden.

Opprusting av fiskerihamner

I sak 45/19 i Fellesnemda vart det vedteke å signere avtalen om overføring av 99 fiskerihamner frå staten til Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020. I den same saka, vart det framlagt ei førebels oversikt over vedlikehaldsetterslepet - estimert til omlag 50 mill. kr. Eit revidert overslag kalkulerer vedlikehaldsutsleppet til 52 mill. kr. I planperioden er det sett av ei årleg rammeløyving på 10,3 mill. kr til føremålet.

Kalvåg Fiskerihamn

Bremanger kommune starta prosjektet med å byggje ut fiskerihamna i Kalvåg i 2010. Det føreligg godkjent reguleringsplan og Bremanger kommune har kome langt i opparbeiding av tilkomst og næringsareal. Det var utarbeidd ein avtale mellom Bremanger kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det var satt av midlar i NTP for perioden 2024-2029. I FT-sak 160/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen hadde som intensjon å gjennomføre prosjektet i tidsrommet 2025 til 2027. Ramma for prosjektet er på 72 mill. kr (2020 kroner). Det er sett av 30 mill. kr i 2025.

Bømlo fiskerihamn

Det har over dei siste 10 åra vore utgreidd og prosjektert utviding av fiskerihamna i Langevåg på Bømlo. Arbeidet har vore gjennomført i samarbeid mellom lokale investorar organisert i Bømlo fiskerihamn AS, Bømlo kommune og Kystverket. Det var signert ein avtale mellom Bømlo kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det var sett av midlar i NTP for perioden 2024-2029. I FT-sak 42/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen garanterte for forskottering avgrensa til 165 mill. kr eks mva (2020 kr) med tilbakebetaling i perioden 2024-2028. Det er sett av 41,1 mill. kr i 2024 og i 2025.

Investeringsprogram kollektiv 2022- 2025

<b>Investeringar (tal i 1000kr)</b>	<b>Sum 2022- 2025</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
<b>Mobilitet og kollektiv</b>	<b>3 221 400</b>	<b>1 215 400</b>	<b>561 600</b>	<b>901 600</b>	<b>542 800</b>
Båtanbod gml. Sogn og fjordane	226 000	0	0	190 000	36 000
Ulike investeringstiltak kollektivområdet	200 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	107 000	107 000	0	0	0
Bybanen – Byggjesteg 4	1 331 200	921 600	204 800	204 800	0
Bybanen – Byggjesteg 5	1 330 000	130 000	300 000	450 000	450 000
Ulike byggtiltak innan kollektiv	27 200	6 800	6 800	6 800	6 800
<b>Sum investering</b>	<b>3 221 400</b>	<b>1 215 400</b>	<b>561 600</b>	<b>901 600</b>	<b>542 800</b>

Prosjektomtalar investeringsprogram for kollektivSnøggbåtkontraktar

I investeringsbudsjettet er det teke omsyn til dei nye snøggbåtkontraktane i tidlegare Sogn og Fjordane i 2024 og 2025. Det er lagt til grunn tilskot frå Enova med 40% slik at netto investeringssum for dei to åra er 226 mill. kr.



Vestland fylkeskommune har vore leiande i det grøne skiftet innanfor kollektivtransporten både på ferjesida og ved elektrifisering av bussparken. Mot slutten av økonomiplanperioden står nye snøggåtkontraktar for tur.

Skyss har fleire pågåande anskaffingsprosessar av operatørar for drift av følgjande båtruter:

- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2022-2024. Kortsiktig kontrakt med vidareføring av dagens framdriftsteknologi.
- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2024-2036. Delvis nullutsleppsteknologi med fornybar energi og utsleppsfri motor. Hybridløysingar vurdert som relevante.
- Rutepakke 2 Lokale båtruter i Sogn og Fjordane for perioden 2024-2036. Er vedteke forventning om hybridløysingar.
- Kystvegekspressen for perioden 2024-2025 (i tillegg til fleire opsjonsår). Det er vedteke at drifta skal baserast på fornybar diesel.

Førebels tal på forventa auka driftskostnad med dei nye kontraktane i kommande økonomiplanperiode er rekna til å verte over 100 mill. kr.

#### Ulike investeringstiltak kollektivområdet

Det er lagt planar for investering innan områda digitale plattformer, integrasjon av Skyss/Kringom og nye mobilitetstenester. Total årleg investeringssum er på 50 mill. kr i planperioden.

#### Bybanen i Bergen - Vognmateriell

Den opphavelige avtalen har fått to endringsordrar på til saman om lag 3,5 mill. kr. Den totale budsjettsummen for investeringa vil variere frå år til år ettersom avtalen er inngått i Euro. Opphavelig totalsum var på 276 mill. kr, og denne er no justert til 309 mill. kr gitt dei føresetnadane som er lagt til grunn. Prosjektet har ei sluttløysing for 2022 på 107 mill. kr.

#### Bybanen - Byggjesteg 4

For byggjesteg 4, Bergen Sentrum - Fyllingsdalen, er det samla sett av 1,33 mrd. kr i planperioden. Styringsramma for denne strekninga er 7 101 mill. i 2017-kr. I denne ramma inngår bybanetraseen, sykkelstamveg frå Mindemyren til sentrum, ny kanal på Mindemyren og sykkel tunnel gjennom Løvstakken. Gjennom Miljøløftet dekkar staten 50 % av kostnaden ved utbygginga av bybanetraseen og 100% av sykkelstamvegen. Det resterande er føreset finansiert med bompengar og andre lokale bidrag. Det er sett av 921,6 mill. kr i 2022, 204,8 mill. kr i 2023 og 204,8 mill. kr i 2024.

I 2022 vil stadig fleire delar av prosjektet bli ferdigstilt fram mot start av testing og prøvedrift i andre halvdel av året og planlagt opning av traseen ved årsskiftet 2022/23.

#### Bybanen - Byggjesteg 5

For Byggjesteg 5 frå Bergen sentrum til Åsane vil reguleringsprosessen pågå gjennom året i regi av Bergen kommune med mål om godkjent reguleringsplan i første halvår 2023. For at det skal la seg gjere å oppfylle gjeldande plan om opning av traseen til Åsane i 2031, er det naudsynt med midlar til planlegging, prosjektering og grunnvervsarbeid før reguleringsplan og finansiering er endeleg vedteke. Det er difor foreløpig estimert eit behov for 130 mill. kr i 2022, 300 mill. kr i 2023 og 450 mill. kr 2024 og 2025 til dette byggesteget.

#### Ulike byggetiltak innan kollektiv

Investeringstiltaka omfattar opparbeiding og utbetring av terminal-, sjåfør- og kollektivfasilitetar lokalisert rundt om i heile fylket. Det er lagt opp til at fylkeskommunen har ansvar for etablering av dei ulike fasilitetane og vedlikehaldet av bygga. Operatørane som nyttar fasilitetane skal ha driftsansvaret. Det er sett av 6,8 mill. kr årleg til dette i planperioden.

### 3 Sektorspesifikke driftsbudsjett

#### Mobilitet og kollektiv

##### 3.1 Sektorbudsjett - løyvingsnivå

Tabell med brutto driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter (i 2021- kr).

Alle

tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021 (Rev.bud)	Budsjett 2022
Løyvingsnivå Buss	Brutto driftsutgifter	2 313 305	2 209 178
	Driftsinntekter	-1 173 700	-1 181 300
	Netto driftsutgifter	1 139 605	1 027 879
Løyvingsnivå Bane	Brutto driftsutgifter	217 610	229 749
	Driftsinntekter	-166 800	-167 976
	Netto driftsutgifter	50 810	61 772
Løyvingsnivå Ferje	Brutto driftsutgifter	1 066 669	1 091 495
	Driftsinntekter	-275 800	-278 487
	Netto driftsutgifter	790 869	813 008
Løyvingsnivå Båt	Brutto driftsutgifter	341 562	363 967
	Driftsinntekter	-91 860	-91 753
	Netto driftsutgifter	249 702	272 213
Løyvingsnivå Fellestenester	Brutto driftsutgifter	323 393	309 569
	Driftsinntekter	-107 161	-100 153
	Netto driftsutgifter	216 232	209 416
Løyvingsnivå Administrasjon	Brutto driftsutgifter	108 004	106 583
	Driftsinntekter	-1 350	0
	Netto driftsutgifter	106 654	106 583
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	<b>4 370 543</b>	4 310 542
	Driftsinntekter	<b>-1 816 671</b>	-1 819 670
	Netto driftsutgifter	<b>2 553 872</b>	2 490 872

#### Endring frå 2021 til 2022

Det er budsjettert med prisvekst på 2,5% for billettinntekter på buss, bane, båt og ferje. Endeleg prisvekst for ferje vil vere lik som for riksveg (Statens Vegvesen). I 2022- budsjettet er det som for 2021 ikkje lagt inn passasjervekst for buss, bane og båt, dette som følgje av pandemien som gjev inntektsbortfall i kollektivsektoren.

Takst på ferje vart sett ned med 25% frå 01. juli 2021. Billettinntekter på ferje er budsjettert ned med heilårsverknad av denne prisendringa. Saldert budsjett forutset at staten bidrar med statlege midlar i heile 2022.

Skyss har arbeidd med utarbeiding av ny takst- og sonestruktur for buss i tidlegare Sogn og Fjordane. Det er ikkje lagt inn reduksjon i billettinntekter, som følgje av innføring av tiltaket i løpet av 2022. Utgifter ved omprofilering til felles merkevare er sett opp som eit salderingstiltak.

På utgiftssida er det auke i kontraktskostnadene (inklusive basisendringar) på buss, båt og ferje, som utgjør dei vesentlege endringane. I tillegg er ein vesentleg auke i vedlikehaldsutgifter på bane samt oppstart og drift av linje 2 til Fyllingsdalen i desember 2022, tatt høgde for i 2022 tala. For linje 2 til Fyllingsdalen, er dette ein budsjettforutsetning. Dato for oppstart og drift er ikkje bestemt ennå.

MOK - avdeling:

Tenestene som ligg under fellestenester er vidareført på same nivå, utanom arbeidskøyring som er teke ut av budsjettet for 2022. Desse utgiftene skal overførast til kommunane. TT-transport er auka med 4 mill. kr på grunn av auka utgifter etter samanslåinga av fylka.

Administrasjon forutan tekniske endringar er budsjettet vidareført på same nivå.

### 3.2 Kort omtale av dei ulike løyvingsnivåa

#### Løyvingsnivå Buss

Løyvingsnivå buss har det største kostnadsbudsjettet med over 50% av totalutgiftene for sektoren mobilitet og kollektivtransport.

Kontraktsutgiftene til buss aukar som fylje av generell prisvekst (indeksreguleringar) knytt til løn, drivstoff, kapitalrente, vedlikehald og administrasjon. Auka i ruteproduksjon i Bergen, vognutgifter nye bussar og veibruksavgift på all biodiesel, driv også utgiftene opp i 2022.

Det er også auke i utgifter til takstkompensasjonar som følgje av ny avtale med Vy tog blant anna for strekningen mellom Bergen sentrum og Arna.

#### Løyvingsnivå Bane

Utgifter til Bybanen går i dag til linje 1 som er traséen mellom Byparken i Bergen sentrum og til Bergen Lufthavn på Flesland.

Det er tatt inn ein budsjettforutsetning om at linje 2 til Fyllingsdalen vil ha oppstart og drift i desember 2022, og det vil medføre auke i utgifter til bane. Dato for oppstart og drift av linje 2 er ikkje bestemt ennå.

Forutan dagens 28 bybanevogner er det tinga 6 nye vogner. Desse skal dekke tilbodet på begge bybanestrekningane.

#### Løyvingsnivå Ferje

Med 24 samband langs fylkesvegane er Vestland eit av dei aller største ferjefylka i landet. I 17 av desse ferjesambanda er det elektriske hybridferjer, som primært vil køyra med elektrisk drivstoff. Det har ei stor positiv påverknad på klima, ved at ein får vesentlege kutt i CO<sub>2</sub>-utsleppa.

Alle ferjekontraktane i Hordaland (17 ferjesamband) er bruttokontraktar der Vestland fylkeskommune sit på ansvaret for inntektene og operatør utfører drift etter gitt kontrakt. Ferjekontraktane i Sogn og Fjordane (7 ferjesamband) er alle nettokontraktar der operatør har inntektsansvar.

Det er ingen vesentlege endringar i tilbodet på ferje, men utgiftene aukar likevel monaleg i og med at ein har ein utbetalingsplan i bruttokontraktane til operatørane som varierer frå år til år. Kontantstraumen (utgiftene) gjekk ned for fylket i 2021, men aukar på nytt i 2022. Ordinære indeksreguleringar kjem i tillegg.

#### Løyvingsnivå Båt

Forutan å vere ein stor aktør på ferjesida har Vestland og ein stor del båtruter, frå lange ekspressruter til meir lokale ruter og skyssbåtar.

Det er ikkje lagt opp til vesentlege endringar i ruteproduksjonen på båtsida.

Lik som for ferje, er det for nokre av båtkontraktane lagt opp til varierende utbetalingsplan til operatørane. Også her er det ein auke i 2022 samanlikna med 2021. Ordinære indeksreguleringar kjem i tillegg.

#### Løyvingsnivå Fellestenester

Endringar i namn på løyvingsnivå: Nytt namn «Fellestenester».

Slik namnet har stått med ei opprømsing av aktivitetar i MOK og eit samleomgrep for Skyss, gir det ikkje eit rett bilete av kva som inngår i løyvingsnivået. I realiteten er det også aktivitetar som høyrer til i andre løyvingsnivå, til dømes serviceskyss som vert utgiftsført på busskontraktane på løyvingsnivå 1. Ved bruk av namnet «Fellestenester» både for Skyss og MOK-avdelinga i sektoren, skildrar ein aktivitetar ut mot tenestemottakar som ikkje er direkte knytt til dei andre løyvingsnivå for transportmidla buss, bane, båt og ferje. Eit døme på dette er TT-køyring som vert utført med drosjetransport.

Felleskostnader i Skyss omfattar kostnader knytt til oppgåver som er nødvendige for å tilby kollektivtransport og mobilitet som ei teneste til kunden. Dette er ulike driftsoppgåver, som kundesentertenester, kommunikasjon og marknadsføring, billettkontrollar, drift- og vedlikehald av IT-system, infrastruktur og tekniske installasjonar, innhenting av kundeinnsikt gjennom ulike undersøkingar, digitale tenester som reiseapp og mobilbillett med vidare.

MOK - avdeling:

Transportordninga for funksjonshemma:

TT-ordninga har omlag 15.400 brukarar . Frå 01.01.2021 vart det ei felles organisering av denne oppgåva i heile fylket.

I tillegg til den fylkeskommunale løyvinga får fylket statlege midlar som skal gå til dei tunge brukarane (blinde/ sterkt svaksynte og rullestolbrukarar). Det er budsjettert med 81,7 mill. kr i statlege midlar i 2022. I tillegg er det budsjettert med 47 mill. kr i fylkeskommunale midlar i 2022.

Det er ikkje budsjettert med utgifter til arbeidskøyring i 2022. Det gir ein budsjettreduksjon på 10 mill. kr. Dette føreset at kommunane frivillig går med på å ta over oppgåva, ref. sak 146/20 i fylkesutvalet. Administrasjonen har sendt ut brev til kommunane og bedt dei om å overta arbeidskøyringa frå 01.01.22.

Prosjekt og konsulentkostnader:

Løyvingsnivået dekkjer og konsulentkostnader til prosjekt. I tillegg ligg her og midlar til ymse kontingentar til interesseorganisasjonar som fylkeskommunen er med i. Midlar vert disponert av avdelingsdirektør. Det er budsjettert med 3,3 mill. kr i 2022 til dette.

**Innfartsparkering:**

Det er budsjettert med leige av innfartsparkeringsplassar på Os, Straume, Skogsskiftet, Flesland kai og Knarvik, samt til vidare tilrettelegging av innfartsparkeringsplassar i samsvar med den vedtekte handlingsplanen for innfartsparkering 2018-2029. Det er budsjettert med 3,2 mill. kr i 2022.

**Vidaregåande skuleskyss:**

Vidaregåande skuleelevar som har rett på fri skyss får tildelt skulereisekort. I tidlegare Hordaland får skuleelevar som har eit godt rutetilbod på ettermiddag/kveldstid ikkje gratis skulereise kort, men vert synt til å kjøpa ungdomsbillett. For å sikra rett avgiftshandsaming vert verdien av skulereisekorta fakturert til avdelinga (MOK) og inntektsført på kollektiveininga.

Det er budsjettert med 43,1 mill. kr i 2022.

**Lokale transportilbod for ungdom (LTU):**

LTU er ei tilskotsordning der kommunane kan søka om midlar til fleksible skyssløysingar til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveldstid. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år. Det er budsjettert med 1,0 mill. kr i 2022.

**Tilskot til lufthamner:**

Det er budsjettert med tilskot til Stord lufthamn på 22,7 mill. kr. i 2022.

**Løyvingsnivå Administrasjon**

Budsjettet til administrasjon i mobilitetseininga omfattar i hovudsak lønskostnader til alle tilsette i sektoren. Mobilitetseininga Skyss har sju avdelingar, og det er eit pågåande arbeid som ser på oppgaveløysingar på nye måtar gjennom både digitalisering og effektivisering. Målet er å frigjere kapasitet på lengre sikt, men dette vil også krevje annan kompetanse enn det ein i dag har i mobilitetseininga.

Hovudarbeidsområda til avdelinga (MOK) er planlegging innafor samferdselsområdet, strategi og eigarstyring, løyveforvaltning og transportordninga for funksjonshemma.

**3.3 Endringar frå 2021 til 2022 – tekniske justeringar****Løyvingsnivå 6: Administrasjon**

<u>Tekniske endringar</u>	<u>tal i 1000 kr</u>
IKT- midlar som er overført frå MOK til IKT/SUD	- 700
60 % stilling som er overført SUD	- 540
<u>Sum</u>	<u>- 1 240</u>

**3.4 Innarbeidde salderingstiltak: 191,5 mill. kr**

Sektor og tiltak	MNOK i 2021 kr	Løyvingsnivå
<b>Mobilitet og Kollektiv</b>		
<b>Salderingstiltak</b>		
Avslutte ordninga med arbeidsreiser for TT-brukarar	-10,0	Fellestenester
Reduksjon i indeksar, bonus og skoleskyss - buss	-40,0	Buss
Reduksjon i indeksar og bonus - ferje	-15,0	Ferje
Reduksjon i serviceavtalar, omprofilering felles merkevare o.a.	-20,0	Fellestenester
Reduksjon i nye stillingar	-3,5	Administrasjon
<b>Sum innsparingstiltak</b>	<b>-88,5</b>	
<b>Anna</b>		
Statleg kompensasjon 2022 som følge av takstreduksjon ferje i 2021	-70,0	Ferje
Effektar knytt til pandemien	-33,0	Buss
<b>Sum anna</b>	<b>-103,0</b>	
<b>Rest udekka</b>	<b>0,0</b>	

### 3.5 Alternative salderingstiltak: 68 MNOK

Løyvingsnivå: Buss

Miljøtiltak: Erstatte biodiesel med autodiesel som også vil eliminere den nye veibruksavgifta på biodiesel.

Innsparingssum: 50 mill. kr årleg.

Produksjon: Kutt i produksjon 18 mill. kr.

### 3.6 Klimaomtale

#### Klimavurdering drift

##### Mobilitet og kollektiv

Transporttenestene innan kollektiv står for størstedelen av klimagassutsleppa frå fylkeskommunen. Samstundes kan fylkeskommunen med satsing på desse tenestene bidra til meir berekraftig mobilitet og nullvekstmålet. Endringar i rutetilbodet kan difor gje større utslepp i kollektivdrifta, men mindre bruk av privatbil. Med teknologitiltak og fornybar energi kan utsleppa frå kollektivdrifta reduserast.

##### Bybane og endringar i rutetilbod

Bybanen står for nesten 25 % av kollektivreisene i Vestland fylke. Banen køyrer elektrisk og bidrar til fortetting og kortare reisevegar. Klimagassutslepp frå sjølve utbygginga av Bybanen ligg ikkje til dette løyvingsområdet. Ved årsskiftet 2022/2023 startar etter planen drift av den nye bybanelinja til Fyllingsdalen. Linja vil både styrke det sentrumsretta tilbodet for planlagde byutviklingsområde i Bergensdalen, og vil utgjere eit nytt tilbod med potensiale for fleire kollektivreisande på tvers av bydelane sør for Bergen sentrum.

Skyss utviklar kontinuerleg tilbodet ut frå mål om nullvekst i persontrafikken i byområda. Det vert og gjort tilpassingar og justeringar i tilbodet i fylket slik at det vert enklare for fleire å nytte kollektivtransport. Av større ruteendringar for 2022 er det i budsjettet planlagt ei produksjonsauke i tråd med nyleg vedtekne trafikkplan for Bergen sør og Bjørnafjorden (FUV, PS-107/2021).

Tiltaket gjeld etablering av regionstamlinje for sørkorridoren mellom Halhjem/Osøyro og Bergen busstasjon i samband med opning av ny E39 Svegtjørn-Rådal i 2022, samt enkelte justeringar i det

lokale busstilbodet. Dette vil gje ei mindre auke i utslepp frå kollektivdrifta. Men den nye regionstamlinja vil gje raskare reiser mot Bergen og gode omstigningsmoglegheiter mot begge dei to bybanelinjene. Pendlingstal og -mønster gir potensiale for at fleire vel å reise kollektivt mellom Os og Bergen med dei planlagde endringane i tilbodet. Effekten av tiltaket på utsleppa frå transportsektoren vil vere avhengig av fleire forhold og verkemiddel frå ulike aktørar.

#### Teknologitiltak på buss, båt og ferje

Det er ikkje planlagt nye teknologitiltak for buss, ferje eller båt i 2022.

Ved hjelp av biodrivstoff og elektrifisering vart utsleppa frå bussdrifta redusert monaleg mellom 2019 og 2021. Om lag ti prosent av bussane er no elektriske. Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland legg opp til innfasing av biodrivstoff innan 2025. Det finst ingen tilsvarande vedtak for Sogn og Fjordane. Dei neste kontraktfornyngane for buss i Nordfjord, Sunnfjord, Sogn, Hardanger og Voss, og Modalen og Vaksdal finn stad i 2024 og 2025.

For ferje vart elektrifiseringa på 17 samband gjennomført i 2020 og 2021. 22 av 28 ferjer er hybridelektriske. Dei neste kontraktfornyngane for ferje i Sogn og Fjordane finn stad mellom 2023 og 2027. For ferjesambanda er utsleppa drastisk redusert mellom 2018 og 2020 gjennom krav i dei nye kontraktane i Hordaland. Fleire av ferjekontraktene i Sogn og Fjordane skal fornyast i åra framover.

Dei neste båtkontraktane i fylket vert fornya mellom 2023 og 2028. Det er vedteke å elektrifisere båtsambandet mellom Bergen og Askøy. Vidare vert det etterspurd hybridelektriske løysingar på lokale båtruter i Sogn og Fjordane frå 2023/24. Også for båtsambanda mellom Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm vert det arbeid med å etterspørje nullutsleppsteknologi, men finansieringssituasjonen er uavklart. Vestland fylkeskommune samarbeider med andre fylkeskommunar i eit pilotprosjekt for utvikling av nullutsleppsfartøy. Det vert arbeid for eit pilotfartøy frå 2024.

#### Konkretisering av tiltak som bidreg til reduksjon av klimagassar

Tabell 1: Aktuelle tiltak som avdelinga har vedtatt eller har under planlegging, som kan bidra til reduserte klimagassutslepp

Namn tiltak/prosjekt	Ansvarleg for gjennomføring (avdelingsnivå)	Konkretisering av tiltak	Årleg kostnad i 2022-2025 (tall i 1000 kr)	Kryss av om tiltaket er:	
				Innanfor vedtatt kostnadsramme	Tilleggsforslag (behov for finansiering)
1. Biodrivstoff buss	Skyss	Innfasing i kontraktsområda Sunnhordland, Hardanger og Voss, Modalen og Vaksdal	15 – 20 MNOK		
2. Elektrifisering og biodrivstoff lokale båtruter Sogn og Fjordane	Skyss	Hybridelektrifisering og biodrivstoff	32-48 MNOK frå november 2023 eller mai 2024		
3. Elektrifisering og biodrivstoff Bergen-Nordfjord-Sogn/Flåm	Skyss	Hybridelektrifisering og biodrivstoff – finansieringssituasjon p.t. uavklart	65-94 MNOK frå desember 2024		
4. Elektrifisering Askøysambandet	Skyss		Tidlegare oppgitt til 17 MNOK, under utgreiing på ny		
5. Pilotfartøy nullutslepp	Fylkeskommunalt samarbeid		2,5 MNOK		

## **Infrastruktur og veg**

### 4.1 Sektorbudsjett - løyvingnivå

Tabell med brutto driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter (i 2021- kr).

*Alle tal i 1000 kr*

Løyvingsnivå		Budsjett 2021 (Rev.bud)	Budsjett 2022
Løyvingsnivå Veg - drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	1 183 100	1 175 100
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	1 183 100	1 175 100
Løyvingsnivå FTU-midlar	Brutto driftsutgifter	16 818	16 818
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	16 818	16 818
Løyvingsnivå Administrasjon av INV	Brutto driftsutgifter	25 438	25 348
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	25 438	25 438
Løyvingsnivå Andre tiltak - INV	Brutto driftsutgifter	1 024	1 024
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	1 024	1 024
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	1 226 380	1 218 380
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	1 226 380	1 218 380

### Endring frå 2021 til 2022

Sektoren har ein reduksjon på 8 mill. kr i 2022 i høve 2021. Dette er knytt til det administrative innsparingsprogrammet og sektoren sin del av dette.

### 4.2 Kort omtale av dei ulike løyvingnivåa

#### Løyvingsnivå Veg - drift og vedlikehald

Drift- og vedlikehaldsarbeidet på fylkesvegane vert utført av entreprenørar etter gjennomførte anbuds konkurransar.

#### **Drift**

Fylkesvegane i Vestland vert drifta gjennom driftskontraktar. I tillegg føreligg det nokon avtalar med kommunar om driftsoppgåver knytt til fylkesvegnettet. 2 nye driftskontraktar starta opp hausten 2021, Bergen-Os-Austevoll og Sunnfjord Sør. Hausten 2022 startar dei 2 kontraktane Hardanger og Sogn. Frå hausten 2022 er tall kontraktar redusert med 2 då Indre og Midtre Sogn er slege saman til Sogn og tilsvarende Indre Sunnfjord og HAFS til Sunnfjord Sør.

Driftskontraktar i 2022:

- DK1105 Indre Ryfylke 2015-2020 (opsjon på del av kontrakt)
- DK1201 ASOLA 2018-2023 (Kommunane Øygarden, Askøy og delar av Bergen)
- DK4604 Bergen-Os-Austevoll 2021-2026



DK1203 Nordhordland 2019-2024  
 DK1204 Hardanger 2016-2021 (opsjon til 31.august 2022)  
 DK4602 Hardanger 2022-2027 (oppstart 1.september 2022)  
 DK1206 Voss 2016-2024  
 DK1208 Sunnhordland 2019-2024  
 DK1401 Indre Sogn 2014-2019 (opsjon til 31.august 2022)  
 DK1402 Midtre Sogn 2016-2021 (opsjon til 31.august 2022)  
 DK4608 Sogn 2022-2027 (oppstart 1.september 2022)  
 DK1404 Ytre Sunnfjord 2018-2023  
 DK4607 Sunnfjord Sør 2021-2026  
 DK1406 HAFS 20017-2022 (vert avslutta 31.august 2022)  
 DK1407 Nordfjord 2019-2023

#### Elektrokontraktar i 2022:

E1260 Hordaland Vest 2016-2022 (vert avslutta 31.august 2022)  
 E1260 Hordaland Vest 2022-2027 (oppstart 1.september 2022)  
 E1261 Hordaland Aust 2016-2021 (opsjon til 31.januar 2022)  
 E1261 Hordaland Aust 2022-2027 (oppstart 1.februar 2022)  
 E1454 Sogn 2017-2022 (vert avslutta 31.mai 2022)  
 E1454 Sogn 2022-2027 (oppstart 1.juni 2022)  
 E1455 Fjordane 2017-2022 (opsjon til 31.mai 2023)

Andre utgifter er mellom anna straum til veglys og linjeleige på nødkommunikasjonsutstyr.

Det er sett av 746 mill. kr til drift i budsjettet for 2022. Beløpet dekker fylkeskommunen sine forpliktingar i høve til inngåtte kontraktar med entreprenørar. I driftskontraktane er det høve til å utføre tilleggsstenester, men dette handlingsrommet vert mindre for kvart år då det er ein stor auke i dei faste utgiftene i kontraktane. Det fører til at det meste av det avsette beløpet på 746 mill. kr går til kontraktsfesta beløp/forpliktingar.

#### Vedlikehald

Det er eit stort vedlikehaldsbehov på vegnettet til Vestland fylkeskommune, og det krevst store løyvingar for å ta att vedlikehaldsetterslepet. Løyvinga i 2022-budsjettet er ikkje stor nok til å ta att noko etterslep. For låg løyving til vedlikehald over tid gjer at installasjonar får kortare levetid. Problemet blir ikkje synleg før etter fleire år når vegar og bruer må stengast eller nødreparerast.

Budsjettet til vedlikehald er delt inn i 4 kategoriar; desse er omtala under. I alle kategoriane er det dei mest naudsynte tiltaka som vert prioritert.

#### Tunnel – ordinært vedlikehald

Det vert sett av 77,5 mill. kr til vedlikehaldstiltak i tunnel. I denne summen ligg også fylkeskommunen sin forplikting i høve kontrakt DK4611 Vedlikehaldskontrakt tunnel 2021-2025 med 74 mill. kr. Tidlegare var det slik kontrakt i Bergen, no blir den utvida med resten av fylket etterkvart som det blir nye driftskontraktar. Tunnelvedlikehaldskontrakten omfattar reinhald, koordinering av stenging av tunnelar ved arbeid, inspeksjon av installasjonar og bergstruktur, spettreinsk og fjellsikring, vedlikehald av vass og frostsikring og kvitmåling av tunnelprofil etter bestilling.

Utover denne summen på driftsbudsjettet er det også sett av midlar på investeringsbudsjettet. Desse er knytt til oppgradering av tunnelar som følgje av krav i tunnelsikkerheitsforskrifta.

#### Bru/ferjekai

Det vert sett av 95,5 mill. kr til vedlikehaldstiltak på bruer og ferjekaier. Det er utfordringar knytt til bruvedlikehald då forfallet knytt til bruer er 3,6 milliardar kroner. Kaiar er i dårleg stand og ikkje tilfredsstillande for dagens ferjemateriell. Kaiane må fungere og blir fortløpande reparert.

#### Fagkontraktar bru/kai i 2022:

Bru Hordaland 2021-2023  
 Bru Sogn og Fjordane 2021-2022  
 Fagkontrakt kai 2021-2026

Av løyvinga på 95,5 mill. kr er det sett av 89,5 mill. kr til forpliktingar i kontraktane samt bindingar i høve pågåande vedlikehaldsprosjekt.

#### Dekkelegging/oppmerking

Det vert sett av 95,1 mill. kr til dekkelegging og oppmerking. Med dette nivået vil det ta omlag 70 år før me kjem rundt med dekkelegging, noko som er langt over levetida til dekke som er 8-20 år. Konsekvensen kan vere at dekke bryt saman, auke i utgifter til drift og vedlikehald og utfordringar med brøyting og skade/fare for trafikkantar.

Vegutstyr, miljø og andre tiltak

Det vert sett av 20,8 mill. kr til ulike tiltak innan rekkverk, grøfter, murar, skilt og servicebygg.

Administrasjon - fagseksjonane

Det er sett av 140,2 mill. kr til fagseksjonane i avdeling for infrastruktur og veg. Dette skal m.a. dekke løns- og personalkostnader, bilutgifter, IKT-/lisenskostnader, konsulentutgifter og reiseutgifter. Løyvinga vert sett i samanheng med løyvinga på løyvingsnivå 62 Administrasjon av Infrastruktur og veg på 25,4 mill. kr.

## Løyvingsnivå FTU-midlar

Løyvingsnivået har eit budsjett på 16,8 mill. kr. Midlane vert m.a. nytta innafor 3 ulike tilskotsordningar som vert følgd opp av Trafikktryggingsutvalet (FTU). Dette er :

- Fysiske trafikktryggingstiltak
- Utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar
- Trafikktryggingssaktivitetar

Løyvinga skal også dekkje driftskostnader til Trygg Trafikk, jf. samarbeidsavtalen, samt trafikktryggingsspris for Vestland fylkeskommune. SAMO gjer nærmare vedtak om fordeling av midlane.

## Løyvingsnivå Administrasjon av Infrastruktur og veg

Løyvinga på 25,4 mill. kr dekkjer løns- og personalkostnader knytt til leing og stabsfunksjonar. Løyvinga vert sett i samanheng med løyving til Administrasjon - fagseksjonane på 140,2 mill. kr som er budsjettert under løyvingsnivå 60.

## Løyvingsnivå Andre tiltak - Infrastruktur og veg

Løyvinga på 1,0 mill. kr dekker bl.a årleg tilskott til drift av Tindevegen mellom Årdal og Luster.

## 4.3 Endringar frå 2021 til 2022 – tekniske justeringar

Løyvingsnivå 60: IKT- midlar som er overført frå INV til IKT/SUD: -1,7 mill. kr

## 4.4 Innarbeidde salderingstiltak: 95 MNOK

Løyvingsnivå Veg - drift og vedlikehald, Salderingstiltak - tekst og tal.

Fylkeskommunedirektøren meldte i arbeidsdokument 2/21 til finansutvalet at nye kontraktar er blitt dyrare, ein årleg auke på meir enn 50 mill. kr. Dette gjeld både drifts- og vedlikehaldskontraktar som går over fleire år. Fylkeskommunedirektøren vurderer den årlege auken i inngåtte kontraktar til å vere om lag 87 mill. kr. For å dekke inn denne auken i inngåtte kontraktar er tiltak på desse områda blitt nedprioritert:

Dekkelegging/oppmerking: - 63 mill. kr  
Vegutstyr, miljø og andre tiltak: - 21 mill. kr  
Bru/kai: - 3 mill. kr

Grunngjevinga for dette er at det på desse områda ikkje er bindingar i form av kontraktar, samt at dette vert vurdert som minst kritisk på kort sikt.

Løyvinga til administrasjon er også redusert med 8 mill. kr. Innsparingstiltaka er mindre reiseverksemd og ulike effektiviseringstiltak.

## 4.5 Alternative salderingstiltak: 46,9 MNOK

Løyvingsnivå Veg - drift og vedlikehald, Salderingstiltak - 46,9 MNOK

I tabellen nedanfor er det lista opp ulike tiltak som er innarbeidd i det salderede budsjettframlegget. Dette er tiltak som ikkje er påbegynt og som kan nyttast som alternative salderingstiltak. I tillegg til tabellen kan også løyvinga til dekke/oppmerking på 95,1 mill. kr nyttast. Den løyvinga er ikkje så langt blitt fordelt på konkrete strekningar.

<b>Prioriterte tiltak - drift</b>	<b>14 550 000</b>
<i>Fv. 362 Revheimsvegen; utgliding</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 548; kantforsterking</i>	<i>550 000</i>
<i>BOA; generelt i kontrakten, etterslep</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 5720; Mur held på å rase ut</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 5723 Hogrenning (Lodalen); mur på veg ut</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 5613; utliding, plastring og muring</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 5683 og fv. 55 Vadheim; Sognemurer</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 5678; fare for haking av plog</i>	<i>2 000 000</i>
<b>Prioriterte tiltak - elektro</b>	<b>2 000 000</b>
<i>Fv. 60 Stryn-Visnes; utskifting kabelstrek</i>	<i>2 000 000</i>
<b>Prioriterte tiltak - tunnel</b>	<b>3 500 000</b>
<i>Fv. 92 Søreidtunnelen; sikringstiltak</i>	<i>3 500 000</i>
<b>Prioriterte tiltak - bru/kai</b>	<b>6 000 000</b>
<i>Korresjonsbehandling fleire kaiar</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 5582; overvåking seglingslys bruer</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 615 Løkkebø I,II,III, IV, V og VI</i>	<i>2 000 000</i>
<b>Prioriterte tiltak - vegutstyr, miljø og andre tiltak</b>	<b>20 800 000</b>
<i>Fv. 5120 Sjusetevegen; rep av murar</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 550; Forsterkningstiltak før dekkelegging</i>	<i>5 900 000</i>
<i>Fv. 5613 Hausagjelet; setningsskade</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 5600 Arnafjorden/Valsvikhammaren; stikkrenner</i>	<i>900 000</i>
<i>Fv. 5678; Rep av mur pga utgliding</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Byte ut lysarmatur, generelt</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 5328 Fabrikkgaten, Kanalveien; styreskap</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 618; utskifting av lågt/øydelt rekkverk</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Fv. 5744; låge støypekantar og stabbesteinar</i>	<i>2 000 000</i>
	<b>46 850 000</b>

Ved ein eventuell rammeauke på 25 mill. kr er følgjande tiltak prioritert:

<i>Fv. 5392 Bordlavegen – Rokne, ut betring vassproblem</i>	<i>2 000 000</i>	Sjåast saman med punktet under.
<i>Fv. 5392 Lysanlegg ved Rokne, utbetre feil og manglar</i>	<i>2 000 000</i>	Sjåast saman med punktet over.
<i>Sideterreng/rekkverksvedlikehald</i>	<i>5 000 000</i>	
<i>Forarbeid dekke</i>	<i>5 000 000</i>	Sjåast mot punktet under.

Dekke	11 000 000
<b>SUM</b>	<b>25 000 000</b>

Her er det lange uprioriterte lister på tiltak, slik at det ikkje er problem med å få ei ytterlegare rammeauke.

#### 4.6 Klimaomtale

Fylkeskommunen skal tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg vegsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og som fremjar regional utvikling. Dette skal mellom anna gjerast ved å redusere klimagassutslepp på vegen til eit lågutsleppssamfunn, og tilpasse infrastrukturen til eit endra klima med mellom anna meir nedbør.

Det vert arbeidd med eit auka fokus på å stille gode klima og miljøkrav i kontraktar og anbod. Det er i kontraktar med entreprenørane at ein har høve til å sette krav til klima og miljø. Kvalifikasjonskrav som vert stilt er sertifisering etter ISO 14001 (2015), EMAS (EU EcoManagement and Audit Scheme for environmental management) eller Miljøfyrtårn. Vidare vert det stilt krav til at alle dieseldrivande køyretøy og maskiner som vert nytta i kontrakten, skal ha EURO 6 eller STEG 4 godkjenning og rapportere månadleg på energiforbruket.

I 2021 vart det starta eit forprosjekt for å kartlegge korleis klimafotavtrykket til fylkesvegane kan reduserast og kartlegge moglege løysingar for å nå målet om lågutslepps-fylkesvegbygging. Dette forprosjektet skal vurdere potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslepp i ulike fasar og typar vegprosjekt. Fylkeskommunen har fått innvilga 0,225 mill. kr i Klimasatstilskot frå Miljødirektoratet til denne utgreiinga. Ein rapport for forprosjektet er venta å vere klar innan 3.kvartal 2022.

Fylkeskommunen har også fått tildelt 1 mill. kr i Klimasatstilskot til ei 2-årig prosjektstilling som skal arbeide systematisk med klimakrav i anskaffingane. Utgangspunktet for dette arbeidet vil vere resultatane frå forprosjektet for lågutsleppsfylkesvegar.

Drift og vedlikehald av fylkesvegane i Vestland vil med framtidige klimaendringar sannsynlegvis ha auka press i åra framover. Med aukande mengd nedbør og meir ekstremvêr vert vegane enno meir utsett for slitasje. Forsvarleg og berekraftig forvaltning av fylkesvegnettet krev at vi i større grad utbetrar og tek vare på det eksisterande vegnettet. Fylkeskommunen samarbeider med andre vegeigarar, planmyndigheiter og forskingsinstitusjonar for å utveksle kunnskap og erfaringar om klimatilpassing av vegnettet.

**Dato:** 08.09.2020

---

---

**Til:** Finansutvalet

---

Notat - hovudutvalssak Kultur, idrett og integrering

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021

**HU KULII Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21**

## Forslag til uttale

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2022.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2022-2025.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert budsjett for sektoren kultur, idrett og inkludering fordelt på løyvingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

## Samandrag

I denne saka får hovudutval for kultur, idrett og integrering budsjettet til handsaming. I tillegg til handsaming av sitt sektorbudsjett fordelt på løyvingsnivå og innarbeidde salderingstiltak for 2022, handsamar også hovudutvalet felles budsjettmoment og investeringsbudsjettet for perioden 2022- 2024.

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

Odd Kenneth Mellingen  
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

**Saksutgreiing**

## Bakgrunn for saka

I denne saka handsamar hovudutval for kultur, idrett og integrering budsjettet. I tillegg til handsaming av sektorbudsjetta for kultur, idrett og inkludering fordelt på løyvingsnivå og innarbeidde salderingstiltak for 2022, handsamar også hovudutvalet felles sentrale budsjettmoment og investeringsbudsjettet for perioden 2022- 2025.

Saka har slik inndeling:

- Innleiing  
1 Fellesdel - driftsbudsjett 2022  
2 Fellesdel - Investeringsbudsjett 2022- 2025  
3 Sektorbudsjett  
- Kultur, idrett og inkludering

## Innleiing

### Prosess arbeidsdokument 3

#### Involvering av hovudutval

Eit sentralt moment i denne runden av budsjettprosessen er involveringa av hovudutvala i forkant av finansutvalet. Hovudutvala får avdelingsdirektørane sitt budsjett presentert, og her er fordeling av sektorramme på løyingsnivå og val av salderingstiltak innanfor kvar sektor det mest sentrale.

Hovudutvala kan så gje uttale om sektorbudsjett, delar av investeringsbudsjettet og ein del som gjeld totalitet og som er felles for heile budsjettet. Alle sektorane sine budsjett vert handsama i respektive utval. Uttalane frå dei ulike utvala vert del av grunnlaget for handsaminga i finansutvalet.

Dei ulike sektorbudsjetta som vert presentert er avdelingsdirektørane sine eigne budsjettopplegg. Fylkeskommunedirektøren har utover dette eit overordna ansvar for at totaliteten i heile budsjettet heng saman.

#### To felles delar og sektorspesifikke delar

Alle utvalssakene som handsamast i denne omgang har tre delar. Det er to felles delar som kjem til handsaming i alle møte. Den fyrste innehar element i budsjettet for 2022 som er felles for alle sektorar og som ligg i det totale budsjettopplegget til Vestland for 2022. Den andre delen er investeringsbudsjett; det vert presentert endeleg opplegg til investeringsprogram for bygg og eigedom og investeringsprogram for kollektiv perioden 2022-2025. Det vert lagt opp til at hovudutvala også gjev ein uttale på desse to fyrste delane, og desse vil ligga ved når finansutvalet har si handsaming.

Den siste og tredje delen i alle hovudutvalssakene er sektorspesifikk, og dei ulike sektorbudsjetta kjem til handsaming og uttale i sine respektive hovudutval. Stabsavdelingane og tannhelse høyrer ikkje inn under noko hovudutval, og desse sektorbudsjetta vert presentert og kjem til handsaming i finansutvalet.

Som eksempel vil budsjettsaka som går til hovudutval for samferdsel og mobilitet ha slik struktur:

- Del I. Fellesdel: Budsjett 2022
- Del II. Fellesdel: Investeringsbudsjett 2022- 2025
- Del III. Sektorbudsjett mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg

Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjev sin uttale til dei to fellesdelane og dei to presenterte sektorbudsjetta.

#### Sektorar utan utval

Som nemnt er det sektorar som ikkje høyrer innunder eit spesifikt hovudutval;

- Organisasjon og økonomi
- Strategi og digitalisering
- Tannhelse (ligg innunder Strategi og digitalisering)

Presentert budsjett frå respektive avdelingsdirektørar og fylkestannlegen ligg også som referatsaker til finansutvalssaka, tilsvarande hovudutvalssakene med dei andre sektorbudsjetta.

Finansutvalet gjer så prosessvedtak på alle sektorbudsjetta. Uttalar frå hovudutvala vert ettersendt, og vert del av grunnlaget for finansutvalshandsaminga.

Førebels budsjetttramme for kontrollutvalet vert og presentert for finansutvalet som tek dette til orientering. Sistnemnde vert i etterkant utarbeidd av sekretariat for kontrollutvalet, og er del av budsjettområde politisk styring og kontrollorgan.

Under er ein oppsummerande tabell:

Utval	Dato	Handsaming
Hovudutval for opplæring og kompetanse	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for opplæring og fellesdelar
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for veg og infrastruktur og mobilitet og kollektiv og fellesdelar
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for kultur og fellesdelar
Hovudutval for næring	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for innovasjon og næring og fellesdelar
Finansutval	21.sept.	Prosessvedtak alle sektorbudsjett og fellesdelar
		Budsjett for kontrollutvalet til orientering

### Saldering driftsbudsjett 2022 - reduksjon på 100 mill. kr

Finansutvalet gjorde i førre møte følgjande prosessvedtak som gjer at salderinga av 2022-budsjettet til sektorane kan oppsummerast slik;

- 100 mill. kr i total budsjettreduksjon
- Meirbehov og nye tiltak skal takast innanfor rammene
- Alternative tiltak til dei som er innarbeida synleggjort

Dette er nærare gjort greie for under del 1 fellesdel driftsbudsjett 2022.

### Budsjettmessige klimakonsekvensar

Klimabudsjettet er eit viktig styringsverktøy for å redusere klimagassutslepp fram mot 2030. I endeleg budsjettframlegg frå finansutvalet som kjem til handsaming i november, vil det vere eit eige klimakapittel. Framstillinga vil vere mest mogeleg oppdatert og relevant for Vestland fylkeskommune sin situasjon for 2022, og åra framover. I samband med den politiske handsaminga av budsjett 2021- 2024 så vart det signalisert eit ynskje om å vri framstillinga av utsleppa til å gjelde det geografiske området Vestland; og med det ikkje berre ha fokus på utsleppa som gjeld eiga drift. Det vil vere ei vidareutvikling av klimabudsjettet i den retning i budsjett for 2020.

I denne omgang vil dei einssilde sektorbudsjetta som avdelingsdirektørane leverer innehalde ei oppdatert klimavurdering. Informasjonen her vil kunne vere viktig i utarbeidinga av Vestland fylkeskommune sitt klimabudsjett. Kvar sektor har sine klima- og miljøkontaktar som stetter opp under dette arbeidet. Nytt i år er at ein vil freiste å konkretisere tiltaka som ligg i dei presenterte sektorbudsjetta i høve til om dei bidreg til reduksjonar av klimagassar.

### Investeringsbudsjett

På dette tidspunktet i fjor fekk hovudutvala og finansutvalet eit fullstendig investeringsbudsjett til presentasjon. I dette arbeidsdokumentet vert to av tre investeringsprogram presentert; bygg og eigedom og kollektiv. Vegsektoren sitt investeringsprogram for dei neste fire åra kjem ikkje til handsaming før neste møte i finansutvalet i oktober. Dette kjem av at investeringsplanen for vegsektoren må vere i samsvar med opplegget i regional transportplan, og dette er ikkje mogleg før tidlegast til neste møte i finansutvalet.

### Oppfølgingspunkt

#### Status kopling mellom planarbeid og økonomiplan

Fylkeskommunedirektøren nemnde i arbeidsdokument 2/21 arbeidet med å kople planane med økonomiplanen, slik at det samla planverket peikar i same retning og har felles målsetjingar. Dette vil styrke både utviklingsplanen og økonomiplanen som styringsreiskap.



Avdelingane arbeider med tiltak knytt til utviklingsplanen. For å kople dette arbeidet saman med økonomiplanarbeidet ser ein på moglege måtar å få plantiltaka inn som ein del av budsjettarbeidet gjennom året.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå planseksjonen og økonomiseksjon ser på dette. Så langt har ein konkludert med at det vil vere naturleg med eit eige kapittel i budsjettdokumentet der plantiltaka vert omtala med utgangspunkt i handlingsprogramma for gjeldande planar.

I første omgang tek ein sikte på eit fellesavsnitt i budsjettdokumentet for 2022 der aktuelle plantiltak og handlingsprogram vert omtala og så langt moglege kopla mot løyvingar i budsjettet og økonomiplanen. På same måte som for klimatiltaka, er målsetjinga også for plantiltaka å utvide omtalen og gjera den meir avdelingsspesifikk etter kvart som avdelingane vert kjende med arbeidsmåten.

#### Planmidlar bybanen byggesteg 5

I samband med handsaminga av arbeidsdokument 2 i finansutvalet vart det stilt spørsmål ved budsjettering og bruk av planleggingsmidlar til byggesteg 5 av bybanen. Det er sett opp planleggingsmidlar til dette føremålet også i investeringsbudsjett for kommande perioden 2022-2025. Det formelle grunnlaget for desse midlane og finansieringa gjennom bompengar ligg i St.prp. 11S (2017-18) til Bypakke Bergen, og porteføljestyringa av Miljøløftet sin handlingsplan.

#### Kontraktskostnadar innan vegsektoren og eventuelle meirbehov

I møte i finansutvalet den 1.6.21 vart auka kostnadar i driftskontraktar på veg omtala. I arbeidsdokument 2/21 vart det signalisert ein kostnadsauke i 2022 på opp mot 50 mill. kr. Dette er i innspelet til budsjett 2022 handtert utan rammeauke.

Etter avviklinga av Sams vegadministrasjon er fylkeskommunen inne i ein fase der felles driftskontraktar med Statens vegvesen skal avløyast av eigne driftskontraktar med berre fylkesveg. I 2021 er det inngått 2 nye driftskontraktar. Fram til 2024 skal det lysast ut 8 nye driftskontraktar etterkvart som eksisterande kontraktar går ut. Med kontraktsstart i september blir det full årleg kostnadseffekt av alle dei 10 driftskontraktane først i 2025.

Dei to driftskontraktane som fylkeskommunen har inngått i 2021 er betydeleg dyrare enn dei kontraktane som blir avløyst. Det er gjort endringar både når det gjeld geografi og i innhaldet på kontraktane. Det har mellom anna kome nye klimakrav som gjer det utfordrande å samanlikne kostnaden på gamle kontraktar med nye. Ein ser likevel at driftskostnaden pr kilometer fylkesveg er betydeleg auka; opp mot 60 % mot gamle kontraktar i same område.

Andre fylkeskommunar og Statens vegvesen har også tilsvarande kostnadsauke i nye driftskontraktar. I Samferdsledepartementet si tilråding for statsbudsjett for 2022 blir det opplyst om ein auke på 73 % på Statens vegvesen sine nye kontraktar. Ut over dette er det konkurransar som blir avlyst på grunn av høgt kostnadsnivå. I arbeidet med utlysing av nye kontraktar blir kontraktsstrategi/-innretning kontinuerleg vurdert, og Fylkeskommunedirektøren viser i den samanheng til fylkesutvalssak om val av kontraktsform på driftskontrakt 4610 Nordfjord 2023-2028.

Om ein legg til grunn ein auke på 50 % vil ekstrabehovet til driftskontraktar vera 260 mill. kr. i 2025. Dette er meir enn det handlingsrommet løyvingnivå 60 Veg - drift og vedlikehald har til dekkelegging, vegutstyr og andre prioriterte tiltak som ikkje er kontraktsfesta over fleire år. Det er såleis venta at det framover vil vera behov for ein rammeauke på løyvingnivå 60 Veg - drift og vedlikehald dersom ein legg til grunn dyrare driftskontraktar. I tillegg til driftskontraktar er det usikkerheit rundt det framtidige kostnadsnivået på fleirårige kontraktar knytt til elektro, tunnel og bru/ferjekai.

## **1 Fellesdel driftsbudsjett**

### **Økonomiske føresetnadar før statsbudsjettet**

#### Sentrale inntekter

I økonomiplanen, som vart handsama av finansutvalet i juni, vart det gjeve slikt oversyn over sentrale inntekter og utgifter:

	2021	2022	2023	2024	2025
--	------	------	------	------	------

Skatt, rammetilskot og inntektsutjamm	-10 279 828	-10 350 000	-10 400 000	-10 450 000	-10 500 000
Andre generelle statstilskot	-27 529	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Konsesjonskraftinntekter	-152 000	-170 000	-170 000	-170 000	-170 000
Kapitalinnt/utg, utbytte	852 400	951 900	1 100 500	1 233 400	1 281 500
Lønsavsetjing, premieavvik	14 900	80 000	80 000	80 000	80 000
Bruk/avsetning til disp.fond	62 978	53 521	24 921	-7 979	-6 079
Overføring til investering	552 500	600 000	600 000	600 000	600 000
<b>Sum felles inntekter og utgifter</b>	<b>-8 976 579</b>	<b>-8 874 579</b>	<b>-8 804 579</b>	<b>-8 754 579</b>	<b>-8 754 579</b>

Bruk eller avsetjing til fond er ført opp med den summen som trengst for å saldere budsjettet. Med dei føresetnadene som er vist framfor, kan ein avsetje til disposisjonsfond dei to fyrste åra i perioden, medan ein brukar litt midlar frå fond dei to siste åra. Summane reknar ein med kan bli justerte i den vidare budsjettprosessen; mellom anna med bakgrunn i kva som vert presentert i statsbudsjettet i oktober. Når statsbudsjettet kjem 13. oktober vil ein innarbeida den veksten som ligg der, og eventuelle andre endringar og tillegg som vil påverke Vestland sin økonomi. Førbeles er det lagt inn dei føresetnadane og signala som har kome til no.

#### Løn- og prisvekst

Ved utarbeiding av budsjett for 2022 har sektorane og einingane førbeles brukt 2021- nivå. Tala i økonomiplantabellen ovanfor er i same løns- og prisnivå som budsjettet for 2021. Endringane frå 2021 til 2022 vil då ikkje ha med seg prisvekst, men alle tala innehar reelle eller tekniske endringar som er forklart i budsjettopplegget. Når statsbudsjettet kjem 13. oktober, vil ein justere opp alle tala i budsjettet med pris- og lønsnivå for 2022. På denne måten vil det endelege framlegget til budsjett som vert handsama i siste runde november/ desember vere i 2022- kr.

#### Verknadar av Korona- pandemien for budsjett 2022

Budsjetteringa for 2022 i den situasjonen ein er no, er særskilt krevjande. Frå sentralt hald er det ikkje kome signal på at ein skal ta høgde for verknadar av Korona når kommunesektoren budsjetterer for neste år. Tvert om skal ein leggje til grunn eit normalår. Av det kan ein slutte at ein ikkje skal budsjettere inn varige verknadar av pandemien. Dette sjølv om analysar tydar på at det kome ein heilt ny situasjon etter pandemien. Denne situasjonen inneber mellom anna færre kollektivreisande. Når statsbudsjettet kjem, vil ein få svaret på kva line ein vel frå sentralt hald, og då vert det klårare kva fylkeskommunen kan leggje til grunn dei kommande åra.

#### *Inntektsføresetnadar for sektorane kollektiv og tannhelse*

Kollektivsektoren har i fleire år budsjettert med ein auke i passasjertala, og med det ein auke i billettinntektene. Dei fleste åra har det vist seg at ambisjonen om vekst i budsjettet har vorte nådd, og fleire år har veksten vore ein del høgare enn dette. I 2021 og 2022 ville ein, om det ikkje var for pandemien, også budsjettert med om lag 3 % inntektsvekst.

Fylkeskommunedirektøren meiner det ikkje vil rett å leggje til grunn ein normal- situasjon som scenario for 2022. Dette så lenge ein faktisk ikkje har ein normalsituasjon, og dei varige verknadane av pandemien er usikre. Mykje tyder på at reisevanane til folk vert endra, og at passasjervolum og inntektsnivå kan verte redusert med opptil 15 % - i alle fall i ein overgangperiode.

Førbeles, og før statsbudsjettet for 2022 er gjort kjent, vil kollektivsektoren leggje seg på ei konservativ line for budsjettering der ein ikkje legg inn ein normal vekst.

For tannhelse- sektoren som og har betydelege inntekter, så har pandemien gjeve store økonomiske utslag. I 2020 var inntektstapet på over 40 mill. kr, medan det i 2021 ligg an til ein inntektssvikt på om lag 20 mill. kr. For 2022 vert difor inntektene budsjettert etter moderate anslag.

#### Inntektssystemet - endringar i fylkesvegkriteriet

KMD har i løpet av våren fått utgreidd ein ny og forenkla modell for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg i inntektssystemet. Vedlikehaldsbehovet vert i dag berekna etter Statens vegvesen sin kostnadsmodell MOTIV.

Målet har vore å erstatte MOTIV sidan Statens vegvesen ikkje lenger har tilstrekkeleg informasjon til å gjere MOTIV-berekningar for fylkesvegnettet etter avviklinga av sams vegadministrasjon.

KMD inviterte fylkeskommunane til å kome med innspel til dette arbeidet i form av å delta i ei referansegruppe til prosjektet. Vestland fylkeskommune har vore med i denne referansegruppa. Fylkesordføraren i Vestland fylkeskommune sendte også i juni brev til KMD kor det m.a. stod følgjande:

«Vestland fylkeskommune føreset at rapporten vert sendt på høyring til fylkeskommunane. Ein legg vidare til grunn at det ikkje vert gjort endringar i inntektssystemet før slik høyring er gjennomført og høyringssvara er handsama av departementet.»

KMD tek sikte på å nytte denne nye forenkla modellen alt frå og med 2022. Det er såleis ikkje lagt opp til noko høyring, slik fylkesordføraren la til grunn i brevet til departementet.

Den forenkla modellen syner endring i vedlikehaldsbehov for alle fylkeskommunane samanlikna med det som låg til grunn for 2021-budsjettet. Vestland fylkeskommune har den største endringa med eit redusert vedlikehaldsbehov på om lag 27 mill. kr ut frå den forenkla modellen.

Det er ikkje mogleg å berekne den økonomiske konsekvensen av det reduserte vedlikehaldsbehovet no. KMD har også sagt at det vert lagt opp til ein overgangsordning ved innfasing av den forenkla modellen. Dette vil bli presentert i framlegg til statsbudsjett.

## Driftsbudsjett 2022

### Innleiing

I presenterte budsjett frå dei ulike direktørane har ein tilpassa seg dei vedtekne rammereduksjonane ved hjelp av naudsynte salderingstiltak som er innarbeidd. Utover dette er det synleggjort eit moglegheitsrom som finansutvalet kan bruka for å gjera andre prioriteringar, eller å endre innretninga på dei presenterte budsjetta frå dei ulike avdelingsdirektørane. I kvart av sektorane sine budsjett er det sett opp alternative opplegg til saldering som samla utgjør minst halyparten av dei innarbeidde tiltaka. Dei alternative salderingstiltaka er eit svar på bestillinga frå førre finansutval der det vart bedt om å få synleggjort eit handlingsrom for å gjera endringar i det som vert presentert.

Eit overordna prinsipp i utarbeidinga av sektorane sine budsjett har vore at meirbehov og nye tiltak må finansierast innafor kvar sektor si ramme.

### Sektorrammer

I førre møte i finansutvalet vart det, ved handsaming av arbeidsdokument 2/20, gjort prosessvedtak om å leggje sektorrammene i tabellen under til grunn for budsjett 2022. Sektorane har brukt desse rammene i budsjetteringa av sine løyvingnivå:

Sektor	2022
Politisk styring, kontrollorgan	61 579
Organisasjon og økonomi	705 165
Strategi og digitalisering	168 945
Tannhelse	271 266
Kultur, idrett & inkludering	318 348
Infrastruktur og veg	1 220 080
Mobilitet og kollektiv	2 492 112
Innovasjon og næringsutvikling	147 612
Opplæring og kompetanse	3 486 472
<b>Sum sektornivå</b>	<b>8 871 579</b>

Med desse rammene er det gjort ein samla budsjettreduksjon på sektorane på 100 mill. kr. Denne reduksjonen kan summerast opp på følgjande måte;

- Reduksjon på 60 mill. kr i kontraktskostnadar innan kollektiv.

- Reduksjon på 40 mill. kr vert fordelt på sektorane utifrå forbruk på utvalde administrative postar som har eit varig mindrebehov.

Reduksjonane pr. sektor er vist i tabellen under;

Sektor / tal i 1000 kr	Kontraktsnedgang	Reiser	Effektivisering	Totalt sektornedtrekk	Totalt Sektornedtrekk 2022 avrunda
Politisk og kontrollorgan		3 645		3 645	4 000
Organisasjon og økonomi		2 897	6 851	9 748	10 000
Strategisk utvikling og digitalisering		783	960	1 743	1 500
Tannhelse		749		749	500
Infrastruktur og veg		5 370	2 839	8 209	8 000
Mobilitet og kollektiv	60 000	1 552	1 653	63 205	63 000
Innovasjon og næring		1 056	741	1 797	2 000
Opplæring og kompetanse		8 179	883	9 062	9 000
Kultur, idrett og inkludering		769	1 073	1 842	2 000
<b>SUM</b>	<b>60 000</b>	<b>25 000</b>	<b>15 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>

#### Løyvingsnivå

I dette møtet i finansutvalet vert sektorrammene delt opp i dei ulike føremåla, også kalla løyvingsnivå, innanfor kvar sektor. Då med dei ulike sektornedtrekka innarbeida. Finansutvalet gjer prosessvedtek på summene som skal brukast på dei ulike føremåla innan kvar sektor. Dette vert gjort på bakgrunn av dei politiske sakene og uttalane frå hovudutvala. Finansutvalet kan slutte seg til uttalen som hovudutvala har gjort, men utvalet kan og gjennom sitt prosessvedtak endre summene på løyvingsnivå ved å omprioritere.

#### Tekniske endringar

Sjølv om sektorane har utarbeidd eit budsjett innanfor rammene som vart fastsett i førre møte, så kan det vere justeringar av teknisk karakter som endrar rammene til dei ulike sektorane. Desse endringane dreier seg i stor grad om flyttingar av oppgåver, årsverk eller midlar mellom sektorar. Desse endringane er av teknisk karakter, og slike endringar vil kome klart fram i budsjetta som avdelingsdirektørane presenterer.

#### Innarbeidde tiltak

I dei ulike løyvingsnivå er det innarbeidd salderingstiltak for kvar sektor. Det vil gå fram kva løyvingsnivå som er redusert gjennom det innarbeidde salderingstiltaket. Til dømes vil det for tannhelse sitt sektorbudsjett kunne vere eit aktuelt tiltak å auke inntektssida, og då vil det framkome at dette tiltaket har redusert ramma som vert tildelt løyvingsnivået pasientbehandling innan tannhelse.

#### Alternative tiltak

Utover innarbeidde tiltak i dei ulike sektorbudsjetta for å oppnå balanse, så er det synleggjort eit moglegheitsrom som finansutvalet kan bruka for å gjera prioriteringa annleis. Dette vert gjort ved at det i kvar av budsjetta som vert presentert er sett opp alternative opplegg til saldering som samla utgjør minst halvparten av dei innarbeidde salderingstiltaka. Dei alternative salderingstiltaka

er eit svar på bestillinga frå førre finansutval der det vart bedt om å få synleggjort eit handlingsrom for å gjera endringar i det som administrasjonen presenterer.

#### Referatsaker og protokollar.

Alle hovudutvalssakene ligg som referatsaker til finansutvalssaka, og protokollane frå hovudutvalsmøta vert ettersendt til finansutvalet.

#### Sektorar utan hovudutval

- Strategisk utvikling og digitalisering
- Organisasjon og økonomi
- Tannhelse

For dei tre sektorane utan hovudutval vil presentert budsjettopplegg med summar på løyvingnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak ligge som meldingssaker til saksframlegget som vert handsama i finansutvalet. Budsjettområde for politisk styring og kontrollorgan med førebels budsjetttramme for kontrollutvalet er også vedlagt. Alle dei presenterte sektorbudsjetta vil vere gjennomgåande like med summar på løyvingnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak.

## 2 Fellesdel - investeringsbudsjett

### Rammer for investeringsbudsjettet 2022- 2025

I dette arbeidsdokumentet vert det presentert to av tre investeringsprogram, og desse er sett opp i samsvar med handlingsregelen som tilseier ein maksimal gjeldsgrad for Vestland på 115 %.

Til grunn for presentert investeringsopplegg er prosessvedtak for investeringsrammer som vart gjort i handsaminga av arbeidsdokument 2 i førre finansutvalsmøte. Med dette opplegget vil Vestland for aktuell økonomiplanperiode 2022- 2025 ha ei utvikling i gjeldsgraden som er lik den under. Det med føresetnad om at det budsjettet for investeringsprogram for veg som vert presentert seinare også er innafor rammene.

	2022	2023	2024	2025
Netto gjeldsgrad	103 %	109 %	113 %	115 %

I 2020 gjekk gjeldsgraden ned, men planlagde investeringar og låneopptak for kommande planperiode er så høgt at det ikkje er rom for påplussingar ut over det som vert presentert. Gjeldstaket gjer at inndekking av nye prosjekt eller tiltak må skje gjennom omprioriteringar.

Ein viktig faktor i høve til gjeldsgraden vil vere korleis inntektene til Vestland utvikler seg i økonomiplanperioden, og då særskilt inntektene som fylkeskommunane får frå statleg hald.

### Oversyn investeringsopplegg 2022- 2025

Under er dei to investeringsprogramma for bygg og eigedom og for kollektiv presentert med oppdaterte tal og med prosjektoptalar under tabelloppsetta. Desse er i samsvar med:

- Tidlegare presenterte tal
- Oppdaterte tal for framdrift og kostnadsestimat
- I tråd med gjeldande handlingsreglar; gjeldsgrad
- Innafor det finansieringsopplegget som vart presentert i arbeidsdokument 2 som vart handsama i juni.
- Investeringane i vegsektoren vert presentert i neste møte i finansutvalet i oktober.

#### Investeringsprogram bygg og eigedom

	Sum 2022-2025	2022	2023	2024	2025
<b>Investeringar (tal i 1000kr)</b>					

<b>Fellesfunksjonar</b>	<b>871 100</b>	<b>510 600</b>	<b>195 500</b>	<b>109 800</b>	<b>55 200</b>
Fylkeshuset Bergen	516 500	440 800	75 700	0	0
Fylkeshuset Leikanger - rehab	195 400	30 000	80 000	70 000	15 400
Tiltak gang- og sykkelt., fylk.kom bygg	27 200	6 800	6 800	6 800	6 800
IT-investeringar	132 000	33 000	33 000	33 000	33 000
<b>Opplæring</b>	<b>4 152 900</b>	<b>978 900</b>	<b>1 064 000</b>	<b>973 000</b>	<b>1 137 000</b>
Ombygging/rehab/mindre tilbygg	399 600	99 900	99 900	99 900	99 900
Større undervisningsutstyr	149 600	37 400	37 400	37 400	37 400
Askøy vgs	473 700	245 700	184 900	43 100	0
Austrheim vgs	6 200	0	0	0	6 200
Bømlo vgs	17 500	17 500	0	0	0
Dale vgs - rehab/omb verkstadbygg	30 900	0	10 300	14 400	6 200
Eid vgs - nytt undervisningsareal	34 400	10 300	10 300	13 800	0
Firda vgs - rehab fløy D Aulabygg	25 700	0	8 200	10 300	7 200
Førde vgs./campus Førde	650 900	330 000	300 100	20 800	0
Knarvik vgs	6 200	0	0	0	6 200
Kvam nybygg fase 1	108 000	18 000	40 000	50 000	0
Kvam nybygg fase 2	180 000	0	0	80 000	100 000
Laksevåg MBS vgs og Fagskule	390 300	0	15 400	102 700	272 200
Langhaugen vgs	183 800	15 000	50 000	70 000	48 800
Mo og Øyrane vgs - internat mm.	55 900	5 100	16 400	34 400	0
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	70 700	70 700	0	0	0
Måløy vgs - blokk A og D / Akvahall	77 100	43 100	34 000	0	0
Måløy vgs, Nytt opplæringsfartøy	101 400	50 000	51 400	0	0
Skulebruksplan - planmidlar	14 400	3 600	3 600	3 600	3 600
Slåtthaug vgs	195 200	6 200	20 500	82 200	86 300
Sogn jord-og h - rehab. fjøs-og verkstad	14 400	0	0	4 100	10 300
Sogndal vgs - rehab badebasseng	27 700	0	2 100	5 100	20 500
Sotra vgs	443 600	16 400	16 400	102 700	308 100
Stord vgs	416 600	10 000	160 000	180 000	66 600
Årdal vgs - rehab	46 200	0	3 100	16 400	26 700
Årstad vgs	32 900	0	0	2 100	30 800
<b>Tannhelse</b>	<b>112 800</b>	<b>22 700</b>	<b>23 700</b>	<b>46 700</b>	<b>19 700</b>
Tannklinikk Sogndal	28 000	0	1 000	27 000	0
Tannklinikkar	47 200	13 300	13 300	10 300	10 300
Utstyr tannhelsetenesta	37 600	9 400	9 400	9 400	9 400
<b>Kultur</b>	<b>77 900</b>	<b>18 100</b>	<b>53 600</b>	<b>3 100</b>	<b>3 100</b>
Gulatinget	20 500	0	20 500	0	0
Arkivdepot	45 000	15 000	30 000	0	0
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	12 400	3 100	3 100	3 100	3 100
<b>Regional utvikling</b>	<b>153 300</b>	<b>10 300</b>	<b>10 300</b>	<b>51 400</b>	<b>81 300</b>
Oppgradering fiskerihamner	41 200	10 300	10 300	10 300	10 300

Kalvåg fiskerihamn	<b>30 000</b>	0	0	0	30 000
Bømlo fiskerihamn	<b>82 100</b>	0	0	41 100	41 000
<b>SUM</b>	<b>5 368 000</b>	<b>1 540 600</b>	<b>1 347 100</b>	<b>1 184 000</b>	<b>1 296 300</b>

### Prosjektomtalar for investeringsprogram for bygg og eigedom

#### Fylkeshuset Bergen

Prosjektet har ei totalramme på 1 172,3 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 12/2018 bygging av nytt fylkeshus. Ein gjorde vidare vedtak i sak 40/2018 om finansiering og mellombels lokalisering på Sandsli fram til nybygget står klart i 2023.

I sak 90/2019 vart det gjort vedtak om bygging i eigen regi, og kostnader til AV-utstyr og møblering av fellesareala vart teke inn i prosjektet. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i starten av 2023. Det er sett av 440,8 mill. kr i 2022 og 75,7 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Fylkeshuset Leikanger - rehabilitering

Prosjektet har ei totalramme på 200 mill. kr. Fylkeshuset på Leikanger var i utgangspunktet planlagt som eit rehabiliteringsprosjekt med tiltak som t.d. skifte av tak, ny utvendig solskjerming og naudsynte tekniske oppgraderingar. Samstundes har behovet for kontorplassar endra seg som fylgje av regionreforma. Kartlegging av behov er gjennomført og det vert no arbeidd med vurdering av ulike kontorløyisingar/-konsept. Det er planlagt at sjølve ombyggingsarbeidet skal pågå i perioden 2022-2024. Det er sett av 30 mill. kr i 2022, 80 mill. kr i 2023, 70 mill. kr i 2024 og 15,4 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Tiltak for gåande og syklende

Prosjektet gjeld ulike tiltak for å betre tilhøva for gåande og syklende i tilknytning til fylkeskommunale eigedommar. Tiltaka gjeld mellom anna betre sykkelparkering, utbetring av fortau/ tilkomst, betre av- og påstigingsløyisingar for skulebussar, betre markering og lystilhøve for gåande og syklende. Det er sett av 6,8 mill. kr kvart år i planperioden til slike tiltak.

#### IT-investeringar

Det er samla sett av 126,8 mill. kr i planperioden til felles IT-investeringar i fylkeskommunen. Bruken av IT-løyisingar mellom anna innan kollektivtransport, på dei vidaregåande skulane, innan tannhelse og i fylkesadministrasjonen er avgjerande for at fylkeskommunen får utført oppgåvene og levert tenestene sine. Dette er nært knytt opp til satsinga på digitalisering og e-forvaltning, som er viktig for å kunne effektivisere og forenkle drifta. Det som legg føringar for disponeringa av desse IT-midlane er den overordna IT-strategien i fylkeskommunen. Det vert sett av 33 mill. kr årleg i planperioden til dette føremålet.

#### Ombygging/ rehab. /mindre tilbygg

Denne løyvinga gjeld planlagde ombyggingar, rehabiliteringar og mindre tilbygg. Avgjerande faktor for kva arbeid som vert sett i gang, er tilstanden på bygg og tekniske anlegg. I tillegg vert det gjort oppgradering på fylkeskommunale eigedommar, med særskilt fokus på tiltak som gjeld brann og universell utforming. Ombyggingane kan også skuldast endringar i læreplanar, endringar i klassesaka eller elevar med spesielle behov. Det vert utarbeidd årlege planar for disponeringa av midlane. Større tiltak med prosjekt over 25 mill. kr vert lagt fram som eigne saker til fylkesutvalet. Det er sett av 99,9 mill. kr kvart år i planperioden.

#### Større undervisningsutstyr opplæring

Det er sett av 37,4 mill. kr årleg til dette føremålet. Midlane skal nyttast til større undervisningsutstyr, it-investeringar og inventar ved skulane. Midlane skal mellom anna nyttast til naudsynt oppgradering av maskiner og utstyr innan yrkesfaga, og komplettering av undervisningsutstyr i samband med læreplanane. Midlane vert fordelt til skulane gjennom ein vekta tildelingsmodell som tek omsyn til at behova varierer mellom utdanningsprogramma. Skulane kan overføre unytta midlar til neste år og på denne måten spare opp midlar til større investeringar. Avhengig av behov kan delar av potten delast mellom skulane til særskilte tiltak t.d. nye utdanningsprogram eller skular som har trong for større oppgraderingar.

#### Askøy vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 723,8 mill. kr. Rehabilitering og tilbygg på Askøy vgs vart starta opp 2018. Fylkestinget godkjente i sak 47/2018 rom- og funksjonsprogrammet for

prosjektet. I sak 118/2020 vart forprosjekt og byggestart for den nye skulen godkjent. I same sak vart og avtalen med Askøy kommune om dei økonomiske vilkåra som fylgje av vedteken områdeplan godkjent. Saka legg til grunn eit tett samarbeid med Askøy kommune om sambruk, makebyte av tomt og leige av areal. Prosjektet er i produksjonsfase og det er sett av 245,7 mill. kr i 2022, 184,9 mill. kr i 2023 og 43,1 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Austrheim vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 285,6 mill. kr, og prosjektet er del av skulebruksplanen som vart vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2025 for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjektet ved Knarvik vidaregåande skule.

#### Bømlo vidaregåande skule

Totalkostnaden for dette prosjektet er kalkulert til 23,6 mill. kr. Føremålet er å gjennomføre den vedtekte samlokaliseringa av Bømlo vgs og Rubbestadnes vgs. Samlokaliseringa skal løysast med nokre mindre ombyggingar på Bømlo vgs og etablering av verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk i eit nytt leigebygg på Rubbestadneset. Prosjektet omfattar kostnader både til ombyggingar på Bømlo vgs og verkstadutstyr/møblering i leigebygg. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i løpet av 2022. Det er sett av 17,5 mill. kr i 2022 til prosjektet.

#### Dale vidaregåande skule - rehabilitering/ombygging verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 37 mill. kr. Verkstadbygget som er frå 1982 er det eldste bygget ved skulen og er ikkje i god stand. Mange bygningselement og tekniske anlegg må skiftast ut. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 10,3 mill. kr i 2023, 14,4 mill. kr i 2024 og 6,2 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Eid vidaregåande skule - nytt undervisningsareal

Totalramma for prosjektet er på 43,2 mill. kr. Eid vgs har i dag knapt med areal. Som følge av dette er satsingane knytt til velferdsteknologi og energi delvis flytta til ueigna lokale. Det er i tillegg behov for nye og oppgraderte realfagsrom. Anlegget på Eid er i sambruk med Stad kommune. Dei har og eit auka arealbehov knytt til drifta av kulturdelen/ Operahuset Nordfjord og har vedtak om å framforhandle ny leigeavtale for dette. Eit samla arbeid med behov og mogleighetsstudie er sett i gang og sjølve byggearbeidet vil venteleg starte medio 2022. Det er sett av 10,3 mill. kr i 2022 og 2023 og 13,8 mill. kr i 2024 til prosjektet

#### Firda vidaregåande skule - rehab. fløy D Aulabygg

Totalramma for prosjektet er på 40,1 mill. kr. Det er gjennomført fleire oppgraderingar på Firda vgs, men i den eine delen av bygningsmassen - aulabygget/ fellesareal, står nokre tiltak att. Bygget er frå 1974 og treng oppgradering og rehabilitering. Det må gjennomførast tilstandsvurdering med framlegg til løysingar. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 8,2 mill. kr i 2023, 10,3 mill. kr 2024 og 7,2 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Førde vidaregåande skule/campus Førde

Prosjektet har ei totalramme på 846,3 mill. kr. Etablering av eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde er eit prosjekt som legg opp til samlokalisering av Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs til ein felles ny vidaregåande skule i Førde (fysisk samanslåing gjeld ikkje avd. Mo). Prosjektet omfattar vidare ny tannhelseklinikk i Førde og bygging av ny idrettshall. I april 2021 gjorde fylkestinget vedtak om byggestart jf. FT sak 8/2021. Prosjektet er under bygging med planlagt ferdigstilling i 2024. Det er inngått ein utbyggingsavtale for infrastruktur med Førde kommune.

Det er lagt til grunn ein auke i totalramma på 30 mill. kr. Av dette utgjer ein vesentleg del, om lag 20 mill. kr, ein auke i løns- og prisstigning inneverande år. Resten er knytt til prisauke for arbeid med infrastruktur/utbyggingsavtalen. Det er sett av 330 mill. kr i 2022, 300,1 mill. kr i 2023 og 20,8 mill. kr i 2024 til prosjektet

#### Knarvik vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla løyving på 369,7 mill. kr. Prosjektet er del av skulebruksplanen som er vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2025 til prosjektet for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjektet ved Austrheim vgs.



#### Kvam vidaregåande skule - nybygg fase 1 og 2

I samsvar med skulebruksplanen skal dei tidlegare vidaregåande skulane i Øystese og Norheimsund samlokaliseras i eit nybygg sentralt i Norheimsund. I juni 2019 (FU-sak 149/2019) vart det vedteke å samlokalisera skulane mellomsteds i bygget i Øystese. Dette med unntak av verkstadlokala for EL og TIP som framleis er igjen i skulebygget i Norheimsund/ Steinsdalen. Det vart og vedteke ein intensjonsavtale med Kvam herad om å nytte tomte for den gamle ungdomsskulen til nytt skulebygg og at skulen skulle realiserast i to fasar. Første fase skulle vere verkstadslokale for EL og TIP og andre fase areal til resten av tilboda som i dag er i Øystese. Fylkeskommunedirektøren tilrår å leggja fasane tett i presentert opplegg til investeringsplan slik at oppdraget kan planleggast saman og leggast i ein byggekontrakt og på den måten spare noko kostnader.

Kvam herad og fylkeskommunen har arbeidd med samlokalisering og sambruk mellom den vidaregåande skulen og areal/funksjonar for kommunen sidan 2018. Det er utarbeidd eit rom- og funksjonsprogram for prosjektet både på kommunal og fylkeskommunal side. Romprogrammet er fremma som sak til fylkestinget i september inneverande år. Samla nettoareal i programmet er 5160 m<sup>2</sup>, fordelt med omlag 1100 m<sup>2</sup> på Kvam herad og 4060 m<sup>2</sup> på den vidaregåande skulen, dvs. omlag 5900 m<sup>2</sup> bruttoareal for den vidaregåande skulen. Vidare framdrift er planlagt med utlysning, anbuds konkurranse og kontrahering i 2022 og bygging i perioden 2023 til 2026. Det er sett av 18 mill. kr i 2022, 40 mill. kr i 2023 og 50 mill. kr i 2024 til fase 1 og det er sett av 80 mill. kr i 2024 og 100 mill. kr i 2025 til fase 2 i prosjektet.

#### Laksevåg vidaregåande skule og fagskule

Skulebruksplanen for Hordaland legg opp til ein ny kombinert fagskule og vidaregåande skule på Laksevåg. Rom- og funksjonsprogrammet for skulen vart vedteke i ft-sak 28/2019. Programmet har teke opp i seg tidlegare vedtak i Hordaland fylkeskommune om vesentleg auka kapasitet for dei to skulane. Prosjektet har ei samla løyving på 787,5 mill. kr.

Grunna det samla høge investeringsvolumet, er dette prosjektet, saman med fleire andre prosjekt, utsett noko i tid og arbeidet i prosjektet vil bli vidareført frå 2023 med plan om ferdigstilling i 2026/2027. Det er sett av 15,4 mill. kr i 2023, 102,7 mill. kr i 2024 og 272,2 mill. kr i 2025.

#### Langhaugen vidaregåande skule

Samla kostnadsramme for prosjektet er 189,8 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med skulebruksplanen. Prosjektet inkluderer kostnader til etablering av eit bygg som gjev ein ekstra parallellklasse i musikk, jf. ft-sak 40/2020. Etablering av den ekstra klassen i musikk er tidlegare drøfta i fylkestinget, jf. FT sak 46/18.

Prosjektet er i planleggingsfase og samspelsfasen er planlagt gjennomført i første halvdel av 2022. Byggstart vil vere avhengig av godkjent reguleringsplan. Kravet om regulering var ikkje føresett, noko som gjer at sjølv bygginga vert utsett med om lag 1 år. Det er sett av 15 mill. kr i 2022, 50 mill. kr i 2023, 70 mill. kr i 2024 og 48,8 mill. kr. i 2025 til prosjektet.

#### Mo og Øyrane vidaregåande skule - internat og fellesbygg

Totalramma for prosjektet er på 57,9 mill. kr. I prosjektet er internat og fellesbygga på Mo planlagt rehabilitert. Bygga er frå 1969 og er nedslitne. Vidare må betra universell utforming vurderast i tillegg til generell oppussing. Prosjektet er i utgreiingsfasen, og prosjektet har planlagt oppstart i løpet av 2022. Det er sett av 5,1 mill. kr i 2022, 16,4 mill. kr i 2023 og 34,4 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Mo og Øyrane vidaregåande skule - nytt verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 91,6 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt felles verkstadbygg for gardsdrifta og for anleggslinja ved Mo- og Øyrane vgs. Prosjektet er planlagt og det er henta totalentreprisetilbod på arbeidet som viser ein stor kostnadsauke. Truleg er dette mellom anna knytt den sterke prisveksten på byggevarer inneverande år. I tillegg er det meirkostnader knytt til pålegg om regulering og tekniske undersøkingar knytt til flaum og kvikkleire. Byggearbeidet er kontrahert og ferdigstilling er planlagt i løpet av 2022. Det er sett av 70,7 mill. kr i 2022 til prosjektet.

#### Måløy vidaregåande skule - bygg A og D/ny aquahall

Totalramma for prosjektet er på 89 mill. kr. Prosjektet er i utgreiings- og programfase og gjeld bygg D, den maritime avdelinga, samt naudsynt rehabilitering/ombygging av fellesfunksjonar/administrativ del i bygg A.

I sist vedteken investeringsplan låg det og eit eige prosjekt knytt til ny aquahall ved skulen. Måløy vgs har eit fylkesdekkande studietilbod innan dei marine og maritime utdanningsområda og skulen har i dag ingen fasilitetar for praktisk opplæring innan akvakultur. I eit førebels og svært grovt overslag er prosjektkostnaden for aquadelen rekna til om lag 20,5 mill. kr. Dette inkluderer ikkje tomt, infrastruktur for vatn og avløp og marinteknisk undervisningsutstyr.

Då prosjekta heng tett saman både når det gjeld behov og lokalisering meiner fylkeskommunedirektøren det er hensiktsmessig å sjå prosjekta i samanheng for å få til ei god areal- og ressursutnytting. Det vert og vurdert behov for å auke sjønære areal for den vidaregåande skulen, og å legge til rette for ei tyngre satsing på den maritime delen av skulen.

Prosjektet sitt mål er å samle behova og sjå på moglege løysingar for effektiv arealutnytting og eventuelle moglege tilbygg eller ombyggingar for ei framtidretta drift av skuleanlegget. Det er sett av 43,1 mill. kr i 2022 og 34 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Måløy vidaregåande skule - nytt opplæringsfartøy

Totalramma på prosjektet er 136,5 mill. kr. Prosjektet gjeld bygging av nytt opplæringsfartøy for å kunne gje praksisopplæring på båt. Første anbudsrunde vart avlyst av økonomiske grunnar. Prosjektet vart endra til ein mindre båt med reduserte krav og mellom anna dispensasjon for å ha lugarar under hovuddekk. Det ligg føre vedtak om bygging i ft-sak 141/2021. Det er halde anbuds konkurransen og avtale om bygging er signert. Opplæringsfartøyet er planlagt ferdigstilt medio 2023. Det er sett av 50 mill. kr i 2022 og 51,4 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Skulebruksplan - planmidlar

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen og endringane som er vedtekne der. Midlane vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta; til dømes til planlegging, koordinering og utgreiingar. Det er sett av ei årleg løyving på 3,6 mill. kr i planperioden.

#### Slåtthaug vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 195,2 mill. kr. Dette er i samsvar med vedteken skulebruksplan. Prosjektet omfattar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse som er planlagt å gjennomføre i denne planperioden. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2022, 20,5 mill. kr i 2023, 82,2 mill. kr i 2024 og 86,3 mill. kr i 2025

#### Sogn jord- og hagebruksskule - rehabilitering fjøs og verkstad

Totalramma for prosjektet er 43,2 mill. kr. Fjøs og verkstad ved Sogn jord- og hagebruksskule er på mange område utdatert. Det gjev utfordringar knytt til både bygningane og i høve til drifta. Det er planlagt ei nærare tilstandsvurdering og behovsanalyse som kan endre omfanget av prosjektet. Det er sett av 4,1 mill. kr i 2024 og 10,3 mill. kr i 2025.

#### Sogndal vidaregåande skule - rehabilitering basseng

Totalramma for prosjektet er 32,8 mill. kr. Den delen av Sogndal Idrettshall som omfattar bassenget har behov for rehabilitering og oppgradering. Det er føreteke kartleggingar som har avdekkja bygningsmessige og tekniske utfordringar ved deler av bassenget og noko bassengteknisk utstyr. Garderobedel og ventilasjonsanlegg er skifta ut og rehabilitert i 2017. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2023, 5,1 mill. kr i 2024 og 20,5 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Sotra vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 763 mill. kr. I prosjektet er det lagt opp til samlokalisering av den vidaregåande skulen som i dag har to lokasjonar i Øygarden kommune. Fylkestinget vedtok hausten 2018 tomt og plassering for den nye skulen. Den vedtekne tomta er på ferdig utfylte Storevatn sentralt på Straume og rett ved ny planlagt bussterminal. Tilgang til tomta er avhengig av framdrifta til veganlegget Sotrasambandet, så den planlagde ferdigstillinga av prosjektet i 2026 er noko usikker. Det har vore gjennomført samarbeidsmøte med Øygarden kommune som ledd i reguleringsarbeidet for den nye skuletomta. Det er sett av 16,4 mill. kr kvart av åra 2022 og 2023, 102,7 mill. kr i 2024 og 308,1 mill. kr i 2025.

#### Stord vidaregåande skule - Vabakken

Samla ramme for prosjektet er 452 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med vedtaket i skulebruksplanen. Prosjektet gjeld sanering av eksisterande bygningsmasse og nybygg for Stord vgs, avd Vabakken. Prosjektet skal utformast og gjennomførast slik at det legg til rette for eit byggesteg 2 som kan samle heile Stord vgs i eit bygg i framtida. Prosjektet er i planleggingsfasen med konkurranse og samspel. Sjølve bygginga er planlagt i tidsrommet 2023 til 2025. Det er sett av 10 mill. kr i 2022, 160 mill. kr i 2023, 180 mill. kr i 2024 og 66,6 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Årdal vidaregåande skule - rehabilitering

Totalramma for prosjektet er på 83,2 mill. kr. Det er trong for rehabilitering av Årdal vgs då bygningsmassen ved skulen er frå 1981. Sjølv om bygga ved skulen er godt vedlikehaldne er det behov for oppgradering og rehabilitering av bygningar og tekniske anlegg. I tillegg vert energiløysingane ved skulen vurdert. Det er sett av 3,1 mill. kr i 2023, 16,4 mill. kr i 2024 og 26,7 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Årstad vidaregåande skule - C bygget

Prosjektet har ei samla løyving på 76 mill. kr. Prosjektet er ein del av vedteken skulebruksplan. Årstad vgs har hatt omfattande rehabilitering tidlegare, men C-bygget frå 1977 på om lag 7000m<sup>2</sup> har ikkje vore omfatta av desse arbeida. Dette bygget er i dårleg stand, og både tak og fasade har bruk for verdibevarande rehabilitering. Bruken av areala i C-bygget er ikkje avklart og omfanget av prosjektet kan difor verte endra. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2024 og 30,8 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Tannklinikk Sogndal

Totalramma for dette prosjektet er på 28,9 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 23/19 å setje i gang arbeidet med planlegging og bygging av ny tannklinikk i Sogndal. I dag leiger fylkeskommunen areal til tannklinikk i Sogndal, men desse lokala dekker ikkje behovet tannklinikken har. Leigeavtalen er forlenga slik at det er tenkt oppstart planlegging i 2023 og realisering i 2024. Det er sett av 1 mill. kr i 2023 og 27 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Tannklinikkar - Innreiing/opprusting m.m.

Totalramma for løyvingar på dette området er 47,2 mill. kr i planperioden. I gjeldande klinikkstrukturplanar for tannhelsetenesta er det lagt til grunn ei samling av einskilde klinikkar i større einingar. Vidare har nokre av dei eksisterande klinikkane behov for anten nye lokale eller monaleg opprusting. Fokus først i planperioden vil vera tannklinikane i Odda og Florø. Det er sett av 13,3 mill. kr i 2022 og 2023 og 10,3 mill. kr i 2024 og 2025 til føremålet.

#### Utstyr tannhelsetenesta

Det vert sett av 9,4 mill. kr årleg til utstyr i tannhelsetenesta. Delar av denne løyvinga vil verte nytta til utstyr ved nye eller ombygde klinikkar.

#### Gulatinget - nytt formidlingsbygg

Totalramma for dette prosjektet er på 75 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt visningscenter for Gulatinget på Flolid i Gulen. Prosjektet har i perioden 2011-2013 vore gjennom ein arkitektkonkurranse og eit skisseprosjekt. Arbeidet la grunnlag for finansiering og søknad om statleg delfinansiering i prosjektet. Det er føresett at Gulen kommune og staten skal finansiere kvar sin tredjedel. I tillegg er det rekna at fylkeskommunen får mva. refusjon knytt til sin del av investeringa. Det er sett av 20,5 mill. kr i 2023.

#### Nytt arkivdepot Leikanger

Vestland fylkeskommune har i dag for liten arkivkapasitet til eige bruk. Det er sett i gang arbeid med å utgreie ulike alternativ for å auka kapasiteten inkludert å tilby kapasitet til kommunearkivordninga. Det er utarbeidd romprogram og det er etablert ein mogleg rettighet til tomt for eit slikt nybygg. Parallelt med budsjettprosessen så vil det bli fremma ei eiga politisk sak for nytt arkivbygg på Leikanger. Prosjektet har ei totalramme på 46 mill. kr. Det er sett av 15 mill. kr i 2022 og 30 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Restaurering av verneverdige bygg

Fylkeskommunen eig fleire verneverdige bygg som det er naudsynt å utføre større vedlikehald eller restaurering av i løpet av planperioden. Det er sett av 3,1 mill. kr kvart av åra i planperioden.

Opprusting av fiskerihamner

I sak 45/19 i Fellesnemda vart det vedteke å signere avtalen om overføring av 99 fiskerihamner frå staten til Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020. I den same saka, vart det framlagt ei førebels oversikt over vedlikehaldsetterslepet - estimert til omlag 50 mill. kr. Eit revidert overslag kalkulerer vedlikehaldsutsleppet til 52 mill. kr. I planperioden er det sett av ei årleg rammeløyving på 10,3 mill. kr til føremålet.

Kalvåg Fiskerihamn

Bremanger kommune starta prosjektet med å byggje ut fiskerihamna i Kalvåg i 2010. Det føreligg godkjent reguleringsplan og Bremanger kommune har kome langt i opparbeiding av tilkomst og næringsareal. Det var utarbeidd ein avtale mellom Bremanger kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det var satt av midlar i NTP for perioden 2024-2029. I FT-sak 160/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen hadde som intensjon å gjennomføre prosjektet i tidsrommet 2025 til 2027. Ramma for prosjektet er på 72 mill. kr (2020 kroner). Det er sett av 30 mill. kr i 2025.

Bømlo fiskerihamn

Det har over dei siste 10 åra vore utgreidd og prosjekttert utviding av fiskerihamna i Langevåg på Bømlo. Arbeidet har vore gjennomført i samarbeid mellom lokale investorar organisert i Bømlo fiskerihamn AS, Bømlo kommune og Kystverket. Det var signert ein avtale mellom Bømlo kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det var sett av midlar i NTP for perioden 2024-2029. I FT-sak 42/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen garanterte for forskottering avgrensa til 165 mill. kr eks mva (2020 kr) med tilbakebetaling i perioden 2024-2028. Det er sett av 41,1 mill. kr i 2024 og i 2025.

Investeringsprogram kollektiv 2022- 2025

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2022- 2025	2022	2023	2024	2025
<b>Mobilitet og kollektiv</b>	<b>3 221 400</b>	<b>1 215 400</b>	<b>561 600</b>	<b>901 600</b>	<b>542 800</b>
Båtanbod gml. Sogn og fjordane	226 000	0	0	190 000	36 000
Ulike investeringstiltak kollektivområdet	200 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	107 000	107 000	0	0	0
Bybanen – Byggjesteg 4	1 331 200	921 600	204 800	204 800	0
Bybanen – Byggjesteg 5	1 330 000	130 000	300 000	450 000	450 000
Ulike byggiltak innan kollektiv	27 200	6 800	6 800	6 800	6 800
<b>Sum investering</b>	<b>3 221 400</b>	<b>1 215 400</b>	<b>561 600</b>	<b>901 600</b>	<b>542 800</b>

Prosjektomtalar investeringsprogram for kollektivSnøggbåtkontraktar

I investeringsbudsjettet er det teke omsyn til dei nye snøggbåtkontraktane i tidlegare Sogn og Fjordane i 2024 og 2025. Det er lagt til grunn tilskot frå Enova med 40% slik at netto investeringssum for dei to åra er 226 mill. kr.

Vestland fylkeskommune har vore leiande i det grøne skiftet innanfor kollektivtransporten både på ferjesida og ved elektrifisering av bussparken. Mot slutten av økonomiplanperioden står nye snøggbåtkontraktar for tur.

Skyss har fleire pågåande anskaffingsprosessar av operatørar for drift av følgjande båtruter:

- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2022-2024. Kortsiktig kontrakt med vidareføring av dagens framdriftsteknologi.
- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2024-2036

Delvis nullutsleppsteknologi med fornybar energi og utsleppsfri motor.  
Hybridløysingar vurdert som relevante.

- Rutepakke 2 Lokale båtruter i Sogn og Fjordane for perioden 2024-2036. Er vedteke forventning om hybridløysingar.
- Kystvegekspressen for perioden 2024-2025 (i tillegg til fleire opsjonsår) Det er vedteke at drifta skal baserast på fornybar diesel.

Førebels tal på forventa auka driftskostnad med dei nye kontraktane i kommande økonomiplanperiode er rekna til å verte over 100 mill. kr.

#### Ulike investeringstiltak kollektivområdet

Det er lagt planar for investering innan områda digitale plattformer, integrasjon av Skyss/Kringom og nye mobilitetstenester. Total årleg investeringssum er på 50 mill. kr i planperioden.

#### Bybanen i Bergen - Vognmateriell

Den opphavelige avtalen har fått to endringsordrar på til saman om lag 3,5 mill. kr. Den totale budsjettsummen for investeringa vil variere frå år til år ettersom avtalen er inngått i Euro. Opphavelig totalsum var på 276 mill. kr, og denne er no justert til 309 mill. kr gitt dei føresetnadane som er lagt til grunn. Prosjektet har ei sluttløysing for 2022 på 107 mill. kr.

#### Bybanen - Byggjesteg 4

For byggjesteg 4, Bergen Sentrum - Fyllingsdalen, er det samla sett av 1,33 mrd. kr i planperioden. Styringsramma for denne strekninga er 7 101 mill. i 2017-kr. I denne ramma inngår bybanetraseen, sykkelstamveg frå Mindemyren til sentrum, ny kanal på Mindemyren og sykkel tunnel gjennom Løvstakken. Gjennom Miljøløftet dekker staten 50 % av kostnaden ved utbygginga av bybanetraseen og 100% av sykkelstamvegen. Det resterande er føresett finansiert med bompengar og andre lokale bidrag. Det er sett av 921,6 mill. kr i 2022, 204,8 mill. kr i 2023 og 204,8 mill. kr i 2024.

I 2022 vil stadig fleire delar av prosjektet bli ferdigstilt fram mot start av testing og prøvedrift i andre halvdel av året og planlagt opning av traseen ved årsskiftet 2022/23.

#### Bybanen - Byggjesteg 5

For Byggjesteg 5 frå Bergen sentrum til Åsane vil reguleringsprosessen pågå gjennom året i regi av Bergen kommune med mål om godkjent reguleringsplan i første halvår 2023. For at det skal la seg gjere å oppfylle gjeldande plan om opning av traseen til Åsane i 2031, er det naudsynt med midlar til planlegging, prosjektering og grunnvervsarbeid før reguleringsplan og finansiering er endeleg vedteke. Det er difor foreløpig estimert eit behov for 130 mill. kr i 2022, 300 mill. kr i 2023 og 450 mill. kr 2024 og 2025 til dette byggesteget.

#### Ulike byggetiltak innan kollektiv

Investeringstiltaka omfattar opparbeiding og utbetring av terminal-, sjåfør- og kollektivfasilitetar lokalisert rundt om i heile fylket. Det er lagt opp til at fylkeskommunen har ansvar for etablering av dei ulike fasilitetane og vedlikehaldet av bygga. Operatørane som nyttar fasilitetane skal ha driftsansvaret. Det er sett av 6,8 mill. kr årleg til dette i planperioden.

## 3 Sektorspesifikt driftsbudsjett

### Kultur, idrett og inkludering

#### 3.1 Sektorbudsjett – løyvingsnivå

Tabell med brutto driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter (i 2021- kr).

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021(revidert)	Budsjett 2022
Arkiv	Brutto driftsutgifter	11 782	9 456
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	11 782	9 456

Bibliotek	Brutto driftsutgifter	13 957	13 884
	Driftsinntekter	-2 262	-2 262
	Netto driftsutgifter	11 695	11 622
Kulturformidling	Brutto driftsutgifter	53 701	53 573
	Driftsinntekter	-33 239	-33 239
	Netto driftsutgifter	20 462	20 334
Kulturarv	Brutto driftsutgifter	153 319	152 671
	Driftsinntekter	-48 951	-48 951
	Netto driftsutgifter	104 368	103 720
Idrett og friluftsliv	Brutto driftsutgifter	236 463	234 239
	Driftsinntekter	-200 293	-200 293
	Netto driftsutgifter	36 170	33 946
Inkludering, strategi og analyse	Brutto driftsutgifter	21 484	21 350
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	21 484	21 350
Kunst og kulturutvikling	Brutto driftsutgifter	114 172	112 866
	Driftsinntekter	-5 953	-5 953
	Netto driftsutgifter	108 219	106 913
Administrasjon av kultur og idrett	Brutto driftsutgifter	7 670	7 725
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	7 670	7 725
<b>Sum sektor</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>612 548</b>	<b>605 766</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-290 698</b>	<b>-290 698</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>321 850</b>	<b>315 068</b>

### Endring frå 2021 til 2022

Kort oppsummerande tekst på eventuelle endringar i tala frå 2021 til 2022 i tabellen over.

Tabellen viser revidert budsjett 2021. Revisjonen vart gjort etter vedtaket i fylkestinget desember 2020, og utgjer 0,5 mill. kr som er overført frå avdelinga til IT-seksjonen som frå 2021 tar alle kostnadene med innkjøp av personleg IT-utstyr i avdelingane.

Tala for 2022-budsjettet viser ein samla reduksjon med 6,78 mill. kr i høve 2021-budsjettet. Av dette er 2 mill. kr rein rammereduksjon, 2 mill. kr gjeld eit eingongstilskot til EM U23 og 2,78 mill. kr er overføring av husleigemidlar til Eigedomsseksjonen for å unngå unødige intern fakturering mellom avdelingane.

## 3.2 Kort omtale av dei ulike løyvingnivåa

### Løyvingnivå arkiv

#### Oppgåver og tenesteproduksjon

Ansvar for at arkiva i Vestland vert tekne vare på og formidla som ein del av den samla samfunnsdokumentasjonen i regionen. Dette omfattar private- og offentlege arkiv, foto, tradisjonsmusikk, stadnamn og audiovisuelt kjeldemateriale. I tillegg kjem munnlege og skriftlege tekstar.

Oppgåvene i 2022 vil i stor grad bestå i kartlegging, nett- verksbygging, innføring av nye databaseløysingar for lagring og formidling og sikre gode oppbevaringstilhøve for sam- funnsdokumentasjonen til regionen Vestland. Ein vil styrke og bygge ut samarbeidet med frivillig sektor, kommunar, bevaringsinstitusjonar og

andre lokale aktører. Det vil i 2022 vere ei viktig oppgåve å marknadsføre våre tenester til beste for innbyggerane i Vestland fylkeskommune.

#### *Innsparing*

Del av stilling knytt til stadnamn vert trekt attende.

#### *Meirbehov:*

IT og musikkarkiv. Oppfølging av vedtak i KULII, jf PS 130/2020 inneber etablering av samarbeid mellom det profesjonelle og frivillige musikkfeltet, og arkiv og museum med folkemusikk og immateriell kulturarv som arbeidsområde. Satsinga vil vere ein viktig ressurs for folkemusikkmiljøet i Vestland og skal løysast på tvers av seksjonar i KII. Stillingsressursen skal leggast på den eksisterande 50%-stillinga til musikkarkivaren og har ikkje andre budsjettkonsekvensar.

Del av dedikert stilling knytt til stadnamn som vert trekt attende, finansierer ressursane på IT for å ivareta viktige delar av funksjonane som låg til stillinga over.

### **Løyvingsnivå bibliotekutvikling**

#### *Oppgåver og tenesteproduksjon*

Etter Folkebiblioteklova §6 skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, medrekna å gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Seksjonen initierer, leier og støttar utviklingsarbeid i biblioteka i tråd med Nasjonal bibliotekstrategi 2020 – 2023 og gjeldande regionale kulturplanar i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Andre bibliotektenester til kommunane er utvikling av biblioteknettstader, utlån av klassesett og ulike tiltak for å stimulere lesing blant barn og unge.

#### *Innsparing :*

Administrasjonskostnadene er noko redusert. Dette skuldast stillingsreduksjonar.

#### *Meirbehov:*

I 2021 blei det etablert tre tilskotsordningar til interkommunale og kommunale tiltak innan bibliotekfeltet, j.f. vedtak i fylkestinget (PS 50/2020). På bakgrunnen av søknadsmassen for 2021 er to av tilskotsordningane, utvikling av biblioteklokale og mobile bibliotektilbod, slått saman til ordninga arenautvikling. Det er eit stort meirbehov i ordninga for utvikling av biblioteklokale. Ved å slå saman ordningane vil ein få større handlingsrom i bruken av midlane ut frå behova i sektoren. Kr 200.000 av midlane til mobile bibliotektilbod er tenkt nytta til å styrka tilskotsordninga for prosjekt og kompetanseheving i biblioteka, der det er eit stort meirbehov.

Fylkeskommunen utjamnar skilnader mellom dei kommunale folkebiblioteka m.a. ved å organisere og delfinansiere ei transportordning mellom biblioteka i fylket og eit konsortium for innkjøp og utlån av e-bøker og andre elektroniske ressursar. Det er vedtatt eit mål om at fylkeskommunen skal bidra med 1/3 av det totale budsjettet til innkjøpskonsortiet for digitale ressursar (PS 45/2020). I budsjettet for 2022 bør den fylkeskommunale delen styrkast noko slik at ein strekk seg mot målet.

### **Løyvingsnivå kulturformidling**

#### *Oppgåver og tenesteproduksjon*

Utvikling og formidling av kunst- og kulturtilbod til ulike målgrupper i samsvar med nasjonale føringar og regionale planar. Seksjonen har verkemiddel knytte m.a. til Den kulturelle skulesekken, Ung kultur møtestet (UKM), Den kulturelle spaserstokken, musikarordningane og fagområdet kultur og helse.

Gjennom Den kulturelle skulesekken skal fylkeskommunen gi elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring eit profesjonelt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod. DKS – ordninga er finansiert av spelemidlar, og Vestland fylkeskommune får overført delar av overskotet til Norsk tipping til ordninga. I Vestland vil elevar i om lag 300 grunnskular og rundt 60 vidaregåande skular få tilbod gjennom Den kulturelle skulesekken.

Midlar til Den kulturelle spaserstokken ligg inne i rammetilskotet og skal nyttast til kulturtilbod for eldre. Kommunane får tildelt støtte etter søknad til fylkeskommunen.

Ung kultur møttest (UKM) representerer ein arena der ungdom skal få uttrykkje seg på eigne premissar, lære av kvarandre og få inspirasjon til vidareutvikling. Fylkeskommunen har ansvar for arbeidet på regionalt nivå.

Fylkesmusikarane i Vestland fylkeskommune har oppgåver knytte til undervisning og arkiv i tillegg til utøvande verksemd. Fylkeskommunen har samarbeidsavtale med vertskommunar om distriktsmusikarordninga. Gjennom ordninga bidreg fylkeskommunen til musikkfaglege miljø kring om i fylket. Kommunane har arbeidsgjevaransvar for distriktsmusikarane. Dei fylkeskommunale midlane vert dels nytta til samlingar, reiser og kostnader med prøvespel, og dels overførte til kommunane som lønsrefusjon etter retningslinjer i samarbeidsavtalen. Som motyting har fylkeskommunen rett til å nytte ein fastsett ressurs av muskarstillingane til prosjekt og oppsetjingar ein ynskjer å støtte. Distriktsmusikarordninga representerer ein verdifull ressurs og spisskompetanse for musikklivet i fylket, og bidreg til blant anna Den kulturelle skulesekken, det frivillige musikklivet, kulturskulen, spelemannslag, kor, korps, opera og orkester.

#### *Innsparing:*

Kulturformidling sin del av vedteken innsparing, fordelt pro-rata, vert dekt med avslutning av K-sys som har vore DKS sitt planleggingsverktøy til no.

#### *Meirbehov:*

Jf. vedtak i PS 130/20 skal interessa for å utvide distriktsmusikarordninga til heile fylket kartleggjast. Fylkesmusikarordninga er vedteken innlemma i distriktsmusikarordninga, men med ei overgangsordning for eksisterande fylkesmusikarstillingar. Mål om å opprette tre nye stillingar frå hausten 2022. Det er vidare aktuelt å vurdere kompensasjon for inntektsbortfall etter ny organisering av DKS-arbeidet i samband med fylkessamanslåinga.

### **Løyvingsnivå kulturarv**

#### *Oppgåver og tenesteproduksjon*

Vestland fylkeskommune er forvaltingsstyresmakt med mynde heimla i kulturminnelova, og skal ta i vare ei rekkje statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet.

Fylkeskommunen har hovudansvar for å forme museumspolitikken i fylket og utvikle dei konsoliderte musea i Vestland som sterke kunnskapsenters og organisasjonar, og profilerte samfunnsaktørar. Oppgåver elles er m.a. kulturminne i arealplansaker i fylket, forvaltning av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar, rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og andre.

Arkeologiske registreringar vert gjennomført av fylkeskommunane med heimel i kulturminnelova for å avklare om eit tiltak eller ein reguleringsplan vil ha innverknad på automatisk freda kulturminne. Offentlege og større private tiltakshavarar vert, med heimel i kulturminnelova, pålagt å dekke kostnadene med desse registreringane.

Dei ti konsoliderte musea i Vestland forvaltar store verdiar på vegner av fellesskapet og har utfordringar knytt til investering og drift. Både stat, vertskommunar og kommunar mottok tenester frå musea i Vestland og medverkar til å styrke institusjonane..



*Innsparing:*

Del av innsparingsprogram vert føreslege dekt gjennom administrativ innsparing og framlegg om reduksjon av driftstilskot og prosjekttilskot til musea.

Det er knytt uvisse til dei varige effektane av det digitale samhandlingsløftet vi har gjennomgått i koronatida og avdelingsdirektøren vil vurdere moglege innsparingar i samband med budsjettet

*Meirbehov:*

Aktuelle administrative meirbehov er styrking av museumsforvaltinga (stillingsressurs). Dei viktigaste meirbehova er knytt til styrking av tilskotsordningane for kulturminne, fartøyvern og museumsloft, slik at desse får betre dekningsgrad. Vidare peikar auka satsing på verdiskaping på kulturminneområdet seg ut, ma regionaparprosjektet. Det same gjer Vestland fylkeskommune, Hardanger og Voss museum og NTNU si ordning knytt til regionale læringsarenaer for tradisjonshandverk.

**Løyvingsnivå idrett og friluftsliv***Oppgåver og tenesteproduksjon*

Oppgåvene innanfor fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er heimla i Regional plan for kultur 2019–2027 for Sogn og Fjordane, Regional kulturplan 2015 – 2025 for Hordaland og Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020–2024.

Gjennom forpliktande samarbeid mellom offentlege, frivillige og private aktørar skal fylkeskommunen arbeide for at innbyggjarane skal kunne ha ein fysisk aktiv kvar dag. Som samfunnsutviklar vil fylkeskommunen m.a. ta ei tydeleg rolle i kompetanse-/utviklingsarbeid og i kommunal planlegging for å få betre kunnskapsgrunnlag, tverrfagleg involvering, god behovsvurdering og medverknad.

Friluftsløva definerer fylkeskommunane sine oppgåver i høve til å fremje allmenne friluftslivinteresser. I samband med regionreforma fekk Vestland fylkeskommune overført nye statlege oppgåver knytt til statleg sikra friluftsområde og skjærgardstenesta.

Fylkeskommunane fordeler spelemidlane for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Kulturdepartementet krev at fylka og kommunane har ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitikk. Fellesnemnda vedtok 18. juni 2019 Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020–2024. I 2021 vart det fordelt vel 209 mill.kr. i spelemidlar til ordinære og nærmiljøanlegg til saman i dei to fylka, og det vert budsjettetert med tilsvarande sum i 2022.

*Tenesteproduksjon:*

- Forvaltning av 11 statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar
- Driftstilskot til regionale samarbeidspartnarar
- Bidra til nasjonalt utviklingsarbeid innan fleire fagområde
- Kompetanseutvikling (m.a. konferansar, kurs, rettleiing og synfaringar i kommunane)
- Tilrettelegge aktivitetar for personar med særskilde behov i partnerskap med frivillige organisasjonar, kommunar og Helse Bergen.
- Bidra til å utvikle toppidretten gjennom m.a. støtte til større meisterskap, investeringstilskot til idrettsanlegg og utviklingsstipend.

*Innsparing*

Nedtrekk løyving til Dagsturhytteprosjektet og Europameisterskap friidrett ungdom u. 23 år.

*Meirbehov:*

Vurdere satsing på oppfølging av e-sport strategi , styrking av Vestkystparken, utviklingsstipend idrett, og store mesterskap 2022.

## Løyvingsnivå inkludering, strategi og analyse

### *Oppgåver og tenesteproduksjon*

Seksjon for Inkludering, strategi og analyse har eit særleg ansvar for oppfølging av fylkeskommunens overordna mål, ansvar og oppgåver innan inkludering og integrering. Medan inkludering handlar breitt om å bygge ned tersklar for deltaking, er integrering avgrensa til innvandring.

Fylkeskommunen har fått nye oppgåver frå staten, knytt til mellom anna busetnad, rettleiing av kommunar i deira kvalifiseringsarbeid, forvaltning av tilskotsordningar og arbeid med kulturforståing. Oppgåvene femner om fleire fagfelt, særleg opplæring, næring og kultur, og krev tverrsektoriell innsats i fylkeskommunen og godt samarbeid med regionale aktørar og kommunane.

Seksjonen koordinerer fleire avdelingsoppgåver m.a. innan uttale til kommunale planstrategiar og samfunnsdelen i kommunale planer, og deltek på vegner av avdelinga i interne planprosessar. Den store oppgåva i 2022 vil vere knytt til arbeidet med å utarbeide ny regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Som del av dette også kunnskapsinnsamling, statistikk og analyse på kultur- og idrettsområdet, og det å legge til rette for, og formidle relevant styringsinformasjon. Gjennom arbeid med planprogram og utarbeiding av plan er det lagt til rette for å mobilisere kommunar og kulturaktørar i heile fylket til dei ulike fasane i planarbeidet.

Seksjonen koordinerer oppfølging av vedtaket i fylkestinget om Vestland som antirasistisk sone.

### Inkludering og integrering

Fylkeskommunen har ansvar for å utvikle den regionale integreringspolitikken. I dette ligg både egne tenester og samhandling med regionale aktørar, kommunar og sivilsamfunnet. Sentralt i arbeidet står:

- oppfølging av kommunane med rettleiing i deira kvalifiseringsarbeid
- arbeid mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting
- regional oppfølging av frivillig arbeid og samfunnsdeltaking /integrering via frivillig sektor.
- innspel til oppmoding om busetjing i kommunane

### Tilskot

Tilskotsordninga etablerer opplæring for innvandrarak skal styrke og utvikle det ordinære tilbodet om kva som skal til for at innvandrarak kan etablere si eiga verksemd, slik at det betre kan leggest til rette for gründerverksemd blant innvandrarak, som igjen bidrar til sysselsetjing og vekst. Kommunar og fylkeskommunar kan søkje her. Det same kan verksemdar og organisasjonar i privat og offentleg sektor, og frivillige organisasjonar. Målgruppa for prosjekta er innvandrarak som ønsker å etablere seg som sjølvstendig næringsdrivande. Kvinner med innvandrarakbakgrunn er ei prioritert målgrup- pe. 0,618 mill. kr er sett av til denne ordninga.

Tilskotsordninga til mentor- og traineeordning skal bidra til å betre inkludering av fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarak i arbeidslivet, slik at dei kan bruke kvalifikasjonane sine. Verksemdar i privat eller offentleg sektor kan nytte tilskotsordninga til å etablere og gjennomføre eit mentor- og traineeprogram som styrkjer mangfaldet i bedrifta, slik at dei får ny kompetanse og nye erfaringar. 1 mill. kroner er sett av til denne ordninga.

Tilskot til Jobbsjansen – del B skal sikre meir grunnskole- opplæring for ungdom i aldersgruppa 16–24 år, slik at dei betre kan fullføre vidaregåande opplæring. Tiltaket høyrer til fylkeskommunen sine nye integreringsoppgåver, og ordninga har gått frå å vere frivillig til å bli ein obligatorisk del av fylkeskommunen sine tiltak. Midlane vert forvalta av avdeling for opplæring og kompetanse som utarbeider plan

for tiltaket og gjennomfører denne i samarbeid med aktuelle kommunar. 9,3 mill. kr er sett av til dette arbeidet.

Målet med tilskotsordninga til inkludering og mangfald er å stimulere til brei samfunnsdeltaking og å bygge ned hinder som stengjer for dette. Ordninga skal bidra til å motverke utanforskap, og stimulere til variasjon og mangfald i tilbod og aktivitetar. Gjennom ordninga skal vi også fremme kunn- skap om og respekt for

ulike kulturar, demokrati og menneskerettar. Tilskotsordninga skal bidra til å bygge opp under fylkeskommunen sine mål og arbeid på området inkludering og mangfald. Frivillige organisasjonar med demokratisk oppbygging og institusjonar som arbeider innan inkludering og mangfald på regionalt nivå, og som har heile eller store deler av Vestland fylke som sitt arbeidsområde, kan søkje om tilskot til sitt arbeid.

*Innsparing:*

Reduserte lønskostnader.

*Meirbehov:*

Vurdere styrking av tilskot til inkludering og mangfaldsføremål. Ut i frå talet på innkomne søknader legg ein til grunn slikt behov.

## **Løyvingsnivå kunst- og kulturutvikling**

### *Oppgåver og tenesteproduksjon*

Ivareta oppgåver innan kunst- og kulturutvikling heimla i delegasjon av statlege forvaltingsoppgåver, og understøtte Vestland fylkeskommune sin regionale politikk for utvikling av eit sterkt, mangfaldig og ambisiøst kunst- og kulturliv i heile fylket, både innan frivillig sektor og profesjonell kunst. Seksjonen forvaltar økonomiske tilskot, m.a. faste driftstilskot til organisasjonar og institusjonar, investeringstilskot og prosjektbasert støtte til arrangement, produksjon og infrastruktur. Mottakarane skal vere regionale verksemder som medverkar til kulturelt og kunstnarleg mangfald og kulturell utvikling i fylket.

Seksjonen arbeidar med utviklingsorientert tilrettelegging av fylkeskommunale verkemiddel på kunst- og kulturområdet, og grunnlaget for utviklinga av kunst- og kulturpolitikken i fylket. I tillegg til bruk av økonomiske verkemiddel som driftsstønad, prosjekttilskot og utviklingsmidlar, arbeidar seksjonen med strategi, kompetanse, koordinering og mobilisering på kunst- og kulturområdet, retta mot institusjonar, det frie feltet og frivillig sektor.

*Innsparing:*

Reduksjon av driftstilskot og prosjekttilskot til ymse kunst- og kulturverksemder.

*Meirbehov:*

Vurdere styrka tilskotsordningar (drift- og prosjektstøtte) og prioritere tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar.

## **Løyvingsnivå adm./ stab**

### *Oppgåver og tenesteproduksjon*

I hovudsak er staben sitt arbeid knytt til fellesoppgåver og oppgåver som elles ikkje fell inn under dei enkelte fagseksjonane sitt område.

Støttefunksjonane har som hovudmåla å avlaste og forenkle drifta i linja. Dette gjed oppgåver som felles økonomistyring av rekneskap og budsjett, post/arkivtenester, støtte linjeleiarane i rekrutteringsprosessar, sjå til at aktuelle rutinar og regelverk vert ivareteke, syte for tilskotsoppfølging og støtte arbeidet med bruk av elektroniske verktøy, og at dette vert følgd opp i samsvar med gjeldande retningslinjer.

*Innsparing:*

Reduserte lønskostnader grunna redusert stilling.

### **3.3 Endringar frå 2021 til 2022 – tekniske justeringar**

Kort omtale om det skulle vere nye moment, eller endringar som endrar tal eller det innhaldsmessig i løyvingsnivåa.

Endringar – tekniske justeringar løyvingsnivå:

Endringar – tekniske justeringar løyvingsnivå:	Endring kr	Tiltak	Konsekvens
Adm. av kultur og idrett	107 000	Styrking felles drift	Ingen
Arkiv	-2 253 000	Overføring husleige til Egedomsseksjonen	Ingen
Arkiv	227 000	Overført frå Kunst- og kulturutvikling vaksenopplæringsforemål	Ingen
Arkiv	-227 000	Overføring husleige til Egedomsseksjonen	Ingen
Bibliotekutvikling	300 000	Overført frå Kunst- og kulturutvikling vaksenopplæringsforemål	Ingen
Bibliotekutvikling	-300 000	Overføring husleige til Egedomsseksjonen	Ingen
Idrett og friluftsliv	-2 000 000	U-23 EM i friidrett i Bergen i 2021 - eingongstilskot	Ingen
Kunst- og kulturutvikling	-634 000	Vaksenopplæringsforemål ført dobbelt i 2021	Ingen
<b>Samla netto endring – tekniske justeringar</b>	<b>-4 780 000</b>		Ingen

### 3.4 Innarbeidde salderingstiltak: 2 MNOK

Oversyn innarbeidde salderingstiltak fordelt på løyvingsnivå.

Løyvingsnivå (tal i 1000)	Budsjett 2021	Innarbeidde tiltak	Reduksjon pro rata (0,0062%)	Budsjett 2022
Arkiv	11 782	Stillingsreduksjon	-73	11 709
Bibliotek	11 695	Stillingsreduksjon	-73	11 622
Kulturformidling	20 461	Avslutning K-sys, planleggingsverktøy DKS	-127	20 334
Kulturarv	104 368	Reduksjon i reiseverksemd (48)/ meir bruk av digital møte/ samhandling. Reduksjon dr.tilskot musea (600)	-648	103 720
Idrett og friluftsliv	36 170	Dagsturhytter	-224	35 946
Inkludering, strategi og analyse	21 485	Alt a) reduksjon til tilskot Alt b) reduksjon lønskostnader	-133	21 352
Kunst og kulturutvikling	108 219	Reduksjon av driftstilskot og prosjekttilskot til kunst- og kulturverksemd	-671	107 548
Adm. av kultur og idrett	7 669	Stillingsreduksjon	-51	7 618
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>321 848</b>	<b>Rammereduksjon</b>	<b>-2 000</b>	<b>319 848</b>

Avdelingsdirektør har ikkje funne å redusere budsjettpostar ut over pålagt rammereduksjon.

Avdelingsdirektør ønskjer å nytte 0-veksten som vert lagt til nettobudsjettet til å få på plass meirbehova, inkludert løn og drift, på kvart løyvingsnivå. Det vil gje i storleik på om lag 6 mill. kr med grunnlag i berekna 0-vekst med løns- og prisauke på 2,5 %, som er noko lågare i høve til SSB sine tal.

### 3.5 Alternative salderingstiltak: 1 MNOK

Avdelingsdirektør vil visa til at det er krevjande å finna alternative innsparingar innanfor kvart løyvingsnivå, då avdelingsbudsjettet er bygd opp av 3 hovuddelar. Disse er *løn*, *intern drift* (reiser, opphald, kurs, kompetanseutvikling) og *tilskot*. Avdelingsdirektør prøver i lengst mogleg grad å skjerme tilskotsmidlane,

og med fredingsavtalen på 5 år i høve oppseiing, er det vanskeleg å peike på og finne alternative salderingstiltak innanfor løn og drift.

Tiltak:

Reduksjon i tilskot med 1 mill. kr samla for avdelinga.

Oversyn innarbeidde salderingstiltak fordelt på løyvingsnivå.

Løyvingsnivå (tal i 1000)	Budsjett 2021	Innarbeidde tiltak	Reduksjon pro rata	Budsjett 2022
Kulturarv	104 368	Reduksjon tilskotsordningar	-386	103 982
Idrett og friluftsliv	36 170	Reduksjon tilskotsordningar	-134	36 036
Inkludering, strategi og analyse	21 485	Reduksjon tilskotsordningar	-80	21 405
Kunst og kulturutvikling	108 219	Reduksjon tilskotsordningar	-400	107 819
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>321 848</b>	<b>Rammereduksjon</b>	<b>-1 000</b>	<b>320 848</b>

### 3.6 Klimaomtale

FN sine berekraftsmål ligg til grunn for alt arbeidet Vestland fylkeskommune gjer og målet er at Vestland skal bli eit nullutsleppssamfunn innan 2030. Fylket skal ta ei pådrivar-rolle for det grøne skiftet.

På avdelinga vil klimagassutsleppa gjelde dei aktivitetane som krev vesentleg transport og i nokon grad tilskot der ein kan setje miljøkrav. Det kan vere mindre klimagassutslepp knytt til drift og til at ein del tilsette nyttar eigen bil til og frå arbeid. Seksjon for kunstformidling har ei utstrekt turneverksemd gjennom Den kulturelle skolesekken, og på seksjon for Kulturarv treng feltarkeologane transport til og frå felt. Indirekte kan seksjon for Idrett og friluftsliv påverke klimagassutslepp knytt til tilskot til idrettsanlegg.

Fokus på berekraftig anleggsutvikling både i høve til nybygg, rehabilitering og drift av anlegg skal styrkast. I tillegg skal det m.a. utviklast ei sertifiseringsordning for grøne idrettsarrangement, med basis i erfaringane frå grøn festival. 11. juni 2021 signerte Vestland fylkeskommune ein 4-årig samarbeidsavtale med Vestland idrettskrets om berekraftig anleggs- og arrangementsutvikling. Kunnskapsutvikling og -deling er sentrale element.

VLFK deltek og i eit nasjonalt utviklingsarbeid knytt til berekraftig utvikling av kunstgrasbaner, saman med fylkeskommunane Trøndelag og Viken, Norges Fotballforbund og NTNU. Det er behov for meir kunnskap om effekten av ulike tiltak her på Vestlandet. Regjeringa vedtok 8. april 2021 «forskrift om endring i forskrift om begrensning av forurensning (utforming og drift av idrettsbaner der det brukes plastholdig løst fyllmateriale)», gjeldande frå 1. juli 2021. Regjeringa innfører overgangsordningar for at det skal vere enklare for kommunar og idrettslaga å gjennomføre tiltaka. EU ser og på ulike tiltak for å redusere bruk av gummigranulat.

Vestland fylkeskommune har og meldt seg inn i International Association for Sport and Leisure Facilities Nordic (IAKS Nordic). IAKS Nordic er ei internasjonal ideell foreining for organisasjonar som arbeider med utvikling, etablering og drift av idrett- og fritidsanlegg. Foreininga har stort fokus på berekraftig utvikling. Gjennom erfaringsutveksling, nettverksbygging og kompetanseheving vil dette vere nyttig for vidare utviklingsarbeid i fylkeskommunen og for kommunar og organisasjonar fylkeskommunen samarbeider med.

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om viktige friluftslivsområder langs kysten i Rogaland og Vestland. Utfordringar knytt til maritim forsøpling har stort fokus i samarbeidet m.a. gjennom deltaking i strandryddeaksjonar i regi av Hald Norge Rent og engasjement i Rydd Norge Vestland.

*Tabell 1: Aktuelle tiltak som avdelinga har vedtatt eller har under planlegging, som kan bidra til reduserte klimagassutslepp*

Namn tiltak/prosjekt		Ansvarleg for gjennomføring (avd.-nivå)	Konkretisering av tiltak	Årleg kostnad i 2022-2025 (tall i 1000 kr)	Kryss av om tiltaket er:	
					Innanfor vedtatt kostnadsramme	Tilleggsforslag (behov for finansiering)
1	Kutte bruk av fossile transportmiddel	Kultur, idrett og inkludering	Stille krav ved bruk av leigebilar	Ingen ekstra kostnad, mogleg innsparing	Ja	Nei

**Dato:** 08.09.2020

---

---

**Til:** Finansutvalet

---

Notat - hovudutvalssak Næring

---

Saksnr: 2021/39114-1  
Saksbehandlar: Karl Viken

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		08.09.2021

**HU NÆRING Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21**

## Forslag til uttale

1. Hovudutval for næring sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2022.
2. Hovudutval for næring sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2022- 2025.
3. Hovudutval for næring sluttar seg til presentert budsjett for sektoren innovasjon og næring fordelt på løyvingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

## Samandrag

I denne saka får hovudutval for næring budsjettet til handsaming. I tillegg til handsaming av sitt eige sektorbudsjett fordelt på løyvingsnivå og innarbeidde salderingstiltak for 2022, handsamar også hovudutvalet felles budsjettmoment og investeringsbudsjettet for perioden 2022- 2024.

Bård Sandal  
avdelingsdirektør

Ingrid Røystrand Birkelund  
seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I denne saka handsamar hovudutval for næring budsjettet. I tillegg til handsaming av sektorbudsjett for innovasjon og næring fordelt på løyingsnivå og innarbeidde salderingstiltak for 2022, handsamar også hovudutvalet felles sentrale budsjettmoment og investeringsbudsjettet for perioden 2022- 2025.

Saka har slik inndeling:

Innleiing

1 Fellesdel - driftsbudsjett 2022

2 Fellesdel - Investeringsbudsjett 2022- 2025

3 Sektorbudsjett

- Innovasjon og næring

## Innleiing

### Prosess arbeidsdokument 3

#### Involvering av hovudutval

Eit sentralt moment i denne runden av budsjettprosessen er involveringa av hovudutvala i forkant av finansutvalet. Hovudutvala får avdelingsdirektørane sitt budsjett presentert, og her er fordeling av sektorramme på løyingsnivå og val av salderingstiltak innanfor kvar sektor det mest sentrale.

Hovudutvala kan så gje uttale om sektorbudsjett, delar av investeringsbudsjettet og ein del som gjeld totalitet og som er felles for heile budsjettet. Alle sektorane sine budsjett vert handsama i respektive utval. Uttalane frå dei ulike utvala vert del av grunnlaget for handsaminga i finansutvalet.

Dei ulike sektorbudsjetta som vert presentert er avdelingsdirektørane sine budsjettopplegg.

Fylkeskommunedirektøren har utover dette eit overordna ansvar for at totaliteten i heile budsjettet heng saman.

#### To felles delar og sektorspesifikke delar

Alle utvalssakene som handsamast i denne omgang har tre delar. Det er to felles delar som kjem til handsaming i alle møte. Den fyrste innehar element i budsjettet for 2022 som er felles for alle sektorar og som ligg i det totale budsjettopplegget til Vestland for 2022. Den andre delen er investeringsbudsjett; det vert presentert endeleg opplegg til investeringsprogram for bygg og eigedom og investeringsprogram for kollektiv perioden 2022-2025. Det vert lagt opp til at hovudutvala også gjev ein uttale på desse to fyrste delane, og desse vil ligga ved når finansutvalet har si handsaming.

Den siste og tredje delen i alle hovudutvalssakene er sektorspesifikk, og dei ulike sektorbudsjetta kjem til handsaming og uttale i sine respektive hovudutval. Stabsavdelingane og tannhelse høyrer ikkje inn under noko hovudutval, og desse sektorbudsjetta vert presentert og kjem til handsaming i finansutvalet.

Som eksempel vil budsjettsaka som går til hovudutval for samferdsel og mobilitet ha slik struktur:

Del I. Fellesdel: Budsjett 2022

Del II. Fellesdel: Investeringsbudsjett 2022- 2025

Del III. Sektorbudsjett mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg

Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjev sin uttale til dei to fellesdelane og dei to presenterte sektorbudsjetta.

#### Sektorar utan utval

Som nemnt er det sektorar som ikkje høyrer innunder eit spesifikt hovudutval;

- Organisasjon og økonomi
- Strategi og digitalisering
- Tannhelse (ligg innunder Strategi og digitalisering)

Presentert budsjett frå respektive avdelingsdirektørar og fylkestannlegen ligg også som referatsaker til finansutvalssaka, tilsvarande hovudutvalssakene med dei andre sektorbudsjetta.

Finansutvalet gjer så prosessvedtak på alle sektorbudsjetta. Uttalar frå hovudutvala vert ettersendt, og vert del av grunnlaget for finansutvalshandsaminga.

Førebels budsjetttramme for kontrollutvalet vert og presentert for finansutvalet som tek dette til orientering.

Sistnemnde vert i etterkant utarbeidd av sekretariat for kontrollutvalet, og er del av budsjettområde politisk styring og kontrollorgan.

Under er ein oppsummerande tabell:

Utval	Dato	Handsaming
Hovudutval for opplæring og kompetanse	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for opplæring og fellesdelar
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for veg og infrastruktur og mobilitet og kollektiv og fellesdelar
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for kultur og fellesdelar
Hovudutval for næring	8.sept.	Utale til sektorbudsjett for innovasjon og næring og fellesdelar
Finansutval	21.sept.	Prosessvedtak alle sektorbudsjett og fellesdelar
		Budsjett for kontrollutvalet til orientering

### Saldering driftsbudsjett 2022 - reduksjon på 100 mill. kr

Finansutvalet gjorde i førre møte følgjande prosessvedtak som gjer at salderinga av 2022- budsjettet til sektorane kan oppsummerast slik;

- 100 mill. kr i total budsjettreduksjon
- Meirbehov og nye tiltak skal takast innanfor rammene
- Alternative tiltak til dei som er innarbeida synleggjort

Dette er nærare gjort greie for under del 1 fellesdel driftsbudsjett 2022.

### Budsjettmessige klimakonsekvensar

Klimabudsjettet er eit viktig styringsverktøy for å redusere klimagassutslepp fram mot 2030. I endeleg budsjettframlegg frå finansutvalet som kjem til handsaming i november, vil det vere eit eige klimakapittel. Framstillinga vil vere mest mogeleg oppdatert og relevant for Vestland fylkeskommune sin situasjon for 2022, og åra framover. I samband med den politiske handsaminga av budsjett 2021- 2024 så vart det signalisert eit ynskje om å vri framstillinga av utsleppa til å gjelde det geografiske området Vestland; og med det ikkje berre ha fokus på utsleppa som gjeld eiga drift. Det vil vere ei vidareutvikling av klimabudsjettet i den retning i budsjett for 2020.

I denne omgang vil dei einskilde sektorbudsjetta som avdelingsdirektørane leverer innehalde ei oppdatert klimavurdering. Informasjonen her vil kunne vere viktig i utarbeidinga av Vestland fylkeskommune sitt klimabudsjett. Kvar sektor har sine klima- og miljøkontaktar som stetter opp under dette arbeidet. Nytt i år er at ein vil freiste å konkretisere tiltaka som ligg i dei presenterte sektorbudsjetta i høve til om dei bidreg til reduksjonar av klimagassar.

### Investeringsbudsjett

På dette tidspunktet i fjor fekk hovudutvala og finansutvalet eit fullstendig investeringsbudsjett til presentasjon. I dette arbeidsdokumentet vert to av tre investeringsprogram presentert; bygg og eigedom og kollektiv. Vegsektoren sitt investeringsprogram for dei neste fire åra kjem ikkje til handsaming før neste møte i finansutvalet i oktober. Dette kjem av at investeringsplanen for vegsektoren må vere i samsvar med opplegget i regional transportplan, og dette er ikkje mogleg før tidlegast til neste møte i finansutvalet.

### Oppfølgingspunkt

#### Status kopling mellom planarbeid og økonomiplan

Fylkeskommunedirektøren nemnde i arbeidsdokument 2/21 arbeidet med å kople planane med økonomiplanen, slik at det samla planverket peikar i same retning og har felles målsetjingar. Dette vil styrke både utviklingsplanen og økonomiplanen som styringsreiskap.

Avdelingane arbeider med tiltak knytt til utviklingsplanen. For å kople dette arbeidet saman med økonomiplanarbeidet ser ein på mogelege måtar å få plantiltaka inn som ein del av budsjettarbeidet gjennom året.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå planseksjonen og økonomiseksjon ser på dette. Så langt har ein konkludert med at det vil vere naturleg med eit eige kapittel i budsjettdokumentet der plantiltaka vert omtala med utgangspunkt i handlingsprogramma for gjeldande planar.

I første omgang tek ein sikte på eit fellesavsnitt i budsjettdokumentet for 2022 der aktuelle plantiltak og handlingsprogram vert omtala og så langt mogeleg kopla mot løyvingar i budsjettet og økonomiplanen. På same måte som for klimatiltaka, er målsetjinga også for plantiltaka å utvide omtalen og gjera den meir avdelingsspesifikk etter kvart som avdelingane vert kjende med arbeidsmåten.

## Planmidlar bybanen byggesteg 5

I samband med handsaminga av arbeidsdokument 2 i finansutvalet vart det stilt spørsmål ved budsjettering og bruk av planleggingsmidlar til byggesteg 5 av bybanen. Det er sett opp planleggingsmidlar til dette føremålet også i investeringsbudsjett for kommande perioden 2022- 2025. Det formelle grunnlaget for desse midlane og finansieringa gjennom bompengar ligg i St.prp. 11S (2017-18) til Bypakke Bergen, og porteføljestyringa av Miljøløftet sin handlingsplan.

## Kontraktskostnadar innan vegsektoren og eventuelle meirbehov

I møte i finansutvalet den 1.6.21 vart auka kostnadar i driftskontraktar på veg omtala. I arbeidsdokument 2/21 vart det signalisert ein kostnadsauke i 2022 på opp mot 50 mill. kr. Dette er i innspelet til budsjett 2022 handtert utan rammeauke.

Etter avviklinga av Sams vegadministrasjon er fylkeskommunen inne i ein fase der felles driftskontraktar med Statens vegvesen skal avløysast av eigne driftskontraktar med berre fylkesveg. I 2021 er det inngått 2 nye driftskontraktar. Fram til 2024 skal det lysast ut 8 nye driftskontraktar etterkvart som eksisterande kontraktar går ut. Med kontraktsstart i september blir det full årleg kostnadseffekt av alle dei 10 driftskontraktane først i 2025.

Dei to driftskontraktane som fylkeskommunen har inngått i 2021 er betydeleg dyrare enn dei kontraktane som blir avløyst. Det er gjort endringar både når det gjeld geografi og i innhaldet på kontraktane. Det har mellom anna kome nye klimakrav som gjer det utfordrande å samanlikne kostnaden på gamle kontraktar med nye. Ein ser likevel at driftskostnaden pr kilometer fylkesveg er betydeleg auka; opp mot 60 % mot gamle kontraktar i same område.

Andre fylkeskommunar og Statens vegvesen har også tilsvarande kostnadsauke i nye driftskontraktar. I Samferdsledepartementet si tilråding for statsbudsjett for 2022 blir det opplyst om ein auke på 73 % på Statens vegvesen sine nye kontraktar. Ut over dette er det konkurransar som blir avlyst på grunn av høgt kostnadsnivå. I arbeidet med utlysing av nye kontraktar blir kontraktsstrategi/-innretning kontinuerleg vurdert, og Fylkeskommunedirektøren viser i den samanheng til fylkesutvalssak om val av kontraktsform på driftskontrakt 4610 Nordfjord 2023-2028.

Om ein legg til grunn ein auke på 50 % vil ekstrabehovet til driftskontraktar vera 260 mill. kr. i 2025. Dette er meir enn det handlingsrommet løyvingsnivå 60 Veg - drift og vedlikehald har til dekkelegging, vegutstyr og andre prioriterte tiltak som ikkje er kontraktsfesta over fleire år. Det er såleis venta at det framover vil vera behov for ein rammeauke på løyvingsnivå 60 Veg - drift og vedlikehald dersom ein legg til grunn dyrare driftskontraktar. I tillegg til driftskontraktar er det usikkerheit rundt det framtidige kostnadsnivået på fleirårige kontraktar knytt til elektro, tunnel og bru/ferjekai.

## **1 Fellesdel driftsbudsjett**

### **Økonomiske føresetnadar før statsbudsjettet**

#### Sentrale inntekter

I økonomiplanen, som vart handsama av finansutvalet i juni, vart det gjeve slikt oversyn over sentrale inntekter og utgifter:

	2021	2022	2023	2024	2025
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamn	-10 279 828	-10 350 000	-10 400 000	-10 450 000	-10 500 000
Andre generelle statstilskot	-27 529	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Konsesjonskraftinntekter	-152 000	-170 000	-170 000	-170 000	-170 000
Kapitalinnt/utg, utbytte	852 400	951 900	1 100 500	1 233 400	1 281 500
Lønsavsetjing, premieavvik	14 900	80 000	80 000	80 000	80 000
Bruk/avsetning til disp.fond	62 978	53 521	24 921	-7 979	-6 079
Overføring til investering	552 500	600 000	600 000	600 000	600 000
<b>Sum felles inntekter og utgifter</b>	<b>-8 976 579</b>	<b>-8 874 579</b>	<b>-8 804 579</b>	<b>-8 754 579</b>	<b>-8 754 579</b>

Bruk eller avsetjing til fond er ført opp med den summen som trengst for å saldere budsjettet. Med dei føresetnadene som er vist framfor, kan ein avsetje til disposisjonsfond dei to fyrste åra i perioden, medan ein brukar litt midlar frå fond dei to siste åra. Summane reknar ein med kan bli justerte i den vidare budsjettprosessen; mellom anna med bakgrunn i kva som vert presentert i statsbudsjettet i oktober. Når statsbudsjettet kjem 13. oktober vil ein innarbeida den veksten som ligg der, og eventuelle andre endringar og tillegg som vil påverke Vestland sin økonomi. Førebels er det lagt inn dei føresetnadane og signala som har kome til no.

#### Løn- og prisvekst

Ved utarbeiding av budsjett for 2022 har sektorane og einingane førebels brukt 2021- nivå. Tala i økonomiplantabellen ovanfor er i same løns- og prisnivå som budsjettet for 2021. Endringane frå 2021 til 2022 vil då ikkje ha med seg prisvekst, men alle tala innehar reelle eller tekniske endringar som er forklart i budsjettoplegget. Når statsbudsjettet kjem 13. oktober, vil ein justere opp alle tala i budsjettet med pris- og lønsnivå for 2022. På denne måten vil det endelege framlegget til budsjett som vert handsama i siste runde november/ desember vere i 2022- kr.

#### Verknadar av Korona- pandemien for budsjett 2022

Budsjetteringa for 2022 i den situasjonen ein er no, er særskilt krevjande. Frå sentralt hald er det ikkje kome signal på at ein skal ta høgde for verknadar av Korona når kommunesektoren budsjetterer for neste år. Tvert om skal ein leggje til grunn eit normalår. Av det kan ein slutte at ein ikkje skal budsjettere inn varige verknadar av pandemien. Dette sjølv om analysar tydar på at det kome ein heilt ny situasjon etter pandemien. Denne situasjonen inneber mellom anna færre kollektivreisande. Når statsbudsjettet kjem, vil ein få svaret på kva line ein vel frå sentralt hald, og då vert det klårare kva fylkeskommunen kan leggje til grunn dei kommande åra.

#### *Inntektsføresetnadar for sektorane kollektiv og tannhelse*

Kollektivsektoren har i fleire år budsjettert med ein auke i passasjertala, og med det ein auke i billettinntektene. Dei fleste åra har det vist seg at ambisjonen om vekst i budsjettet har vorte nådd, og fleire år har veksten vore ein del høgare enn dette. I 2021 og 2022 ville ein, om det ikkje var for pandemien, også budsjettert med om lag 3 % inntektsvekst.

Fylkeskommunedirektøren meiner det ikkje vil rett å leggje til grunn ein normal- situasjon som scenario for 2022. Dette så lenge ein faktisk ikkje har ein normalsituasjon, og dei varige verknadane av pandemien er usikre. Mykje tyder på at reisevanane til folk vert endra, og at passasjervolum og inntektsnivå kan verte redusert med opptil 15 % - i alle fall i ein overgangsperiode.

Førebels, og før statsbudsjettet for 2022 er gjort kjent, vil kollektivsektoren leggje seg på ei konservativ line for budsjettering der ein ikkje legg inn ein normal vekst.

For tannhelse- sektoren som og har betydelege inntekter, så har pandemien gjeve store økonomiske utslag. I 2020 var inntektstapet på over 40 mill. kr, medan det i 2021 ligg an til ein inntektssvikt på om lag 20 mill. kr. For 2022 vert difor inntektene budsjettert etter moderate anslag.

#### Inntektssystemet - endringar i fylkesvegkriteriet

KMD har i løpet av våren fått utgreidd ein ny og forenkla modell for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg i inntektssystemet. Vedlikehaldsbehovet vert i dag berekna etter Statens vegvesen sin kostnadsmodell MOTIV.

Målet har vore å erstatte MOTIV sidan Statens vegvesen ikkje lenger har tilstrekkeleg informasjon til å gjere MOTIV-berekningar for fylkesvegnettet etter avviklinga av sams vegadministrasjon.

KMD inviterte fylkeskommunane til å kome med innspel til dette arbeidet i form av å delta i ei referansegruppe til prosjektet. Vestland fylkeskommune har vore med i denne referansegruppa.

Fylkesordføraren i Vestland fylkeskommune sendte også i juni brev til KMD kor det m.a. stod følgjande:

«Vestland fylkeskommune føreset at rapporten vert sendt på høyring til fylkeskommunane. Ein legg vidare til grunn at det ikkje vert gjort endringar i inntektssystemet før slik høyring er gjennomført og høyringssvara er handsama av departementet.»

KMD tek sikte på å nytte denne nye forenkla modellen alt frå og med 2022. Det er såleis ikkje lagt opp til noko høyring, slik fylkesordføraren la til grunn i brevet til departementet.

Den forenkla modellen syner endring i vedlikehaldsbehov for alle fylkeskommunane samanlikna med det som låg til grunn for 2021-budsjettet. Vestland fylkeskommune har den største endringa med eit redusert vedlikehaldsbehov på om lag 27 mill. kr ut frå den forenkla modellen.

Det er ikkje mogleg å berekne den økonomiske konsekvensen av det reduserte vedlikehaldsbehovet no. KMD har også sagt at det vert lagt opp til ein overgangsordning ved innføring av den forenkla modellen. Dette vil bli presentert i framlegg til statsbudsjett.

## **Driftsbudsjett 2022**

### Innleiing

I presenterte budsjett frå dei ulike direktørane har ein tilpassa seg dei vedtekte rammereduksjonane ved hjelp av naudsynte salderingstiltak som er innarbeidd. Utover dette er det synleggjort eit moglegheitsrom som finansutvalet kan bruka for å gjere andre prioriteringar, eller å endre innretninga på dei presenterte budsjetta frå dei ulike avdelingsdirektørane. I kvart av sektorane sine budsjett er det sett opp alternative opplegg til saldering som samla

utgjør minst halvparten av dei innarbeidde tiltaka. Dei alternative salderingstiltaka er eit svar på bestillinga frå førre finansutval der det vart bedt om å få synleggjort eit handlingsrom for å gjera endringar i det som vert presentert.

Eit overordna prinsipp i utarbeidinga av sektorane sine budsjett har vore at meirbehov og nye tiltak må finansierast innafor kvar sektor si ramme.

#### Sektorrammer

I førre møte i finansutvalet vart det, ved handsaming av arbeidsdokument 2/20, gjort prosessvedtak om å leggje sektorrammene i tabellen under til grunn for budsjett 2022. Sektorane har brukt desse rammene i budsjetteringa av sine løyvingsnivå:

Sektor	2022
Politisk styring, kontrollorgan	61 579
Organisasjon og økonomi	705 165
Strategi og digitalisering	168 945
Tannhelse	271 266
Kultur, idrett & inkludering	318 348
Infrastruktur og veg	1 220 080
Mobilitet og kollektiv	2 492 112
Innovasjon og næringsutvikling	147 612
Opplæring og kompetanse	3 486 472
<b>Sum sektornivå</b>	<b>8 871 579</b>

Med desse rammene er det gjort ein samla budsjettreduksjon på sektorane på 100 mill. kr. Denne reduksjonen kan summerast opp på følgjande måte;

- Reduksjon på 60 mill. kr i kontraktskostnadar innan kollektiv.
- Reduksjon på 40 mill. kr vert fordelt på sektorane utifrå forbruk på utvalde administrative postar som har eit varig mindrebehov.

Reduksjonane pr. sektor er vist i tabellen under;

Sektor / tal i 1000 kr	Kontraktsnedgang	Reiser	Effektivisering	Totalt sektoredtrekk	Totalt Sektoredtrekk 2022 avrunda
Politisk og kontrollorgan		3 645		3 645	4 000
Organisasjon og økonomi		2 897	6 851	9 748	10 000
Strategisk utvikling og digitalisering		783	960	1 743	1 500
Tannhelse		749		749	500
Infrastruktur og veg		5 370	2 839	8 209	8 000
Mobilitet og kollektiv	60 000	1 552	1 653	63 205	63 000
Innovasjon og næring		1 056	741	1 797	2 000
Opplæring og kompetanse		8 179	883	9 062	9 000
Kultur, idrett og inkludering		769	1 073	1 842	2 000
<b>SUM</b>	<b>60 000</b>	<b>25 000</b>	<b>15 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>

### Løyvingsnivå

I dette møtet i finansutvalet vert sektorrammene delt opp i dei ulike føremåla, også kalla løyvingsnivå, innanfor kvar sektor. Då med dei ulike sektornedtrekka innarbeida. Finansutvalet gjer prosessvedtek på summene som skal brukast på dei ulike føremåla innan kvar sektor. Dette vert gjort på bakgrunn av dei politiske sakene og uttalane frå hovudutvala. Finansutvalet kan slutte seg til uttalen som hovudutvala har gjort, men utvalet kan og gjennom sitt prosessvedtak endre summene på løyvingsnivå ved å omprioritere.

### Tekniske endringar

Sjølv om sektorane har utarbeidd eit budsjett innanfor rammene som vart fastsett i førre møte, så kan det vere justeringar av teknisk karakter som endrar rammene til dei ulike sektorane. Desse endringane dreier seg i stor grad om flyttingar av oppgåver, årsverk eller midlar mellom sektorar. Desse endringane er av teknisk karakter, og slike endringar vil kome klart fram i budsjetta som avdelingsdirektørane presenterer.

### Innarbeidde tiltak

I dei ulike løyvingsnivå er det innarbeidd salderingstiltak for kvar sektor. Det vil gå fram kva løyvingsnivå som er redusert gjennom det innarbeidde salderingstiltaket. Til dømes vil det for tannhelse sitt sektorbudsjett kunne vere eit aktuelt tiltak å auke inntektssida, og då vil det framkome at dette tiltaket har redusert ramma som vert tildelt løyvingsnivået pasientbehandling innan tannhelse.

### Alternative tiltak

Utover innarbeidde tiltak i dei ulike sektorbudsjetta for å oppnå balanse, så er det synleggjort eit moglegheitsrom som finansutvalet kan bruka for å gjera prioriteringa annleis. Dette vert gjort ved at det i kvar av budsjetta som vert presentert er sett opp alternative opplegg til saldering som samla utgjør minst halvparten av dei innarbeidde salderingstiltaka. Dei alternative salderingstiltaka er eit svar på bestillinga frå førre finansutval der det vart bedt om å få synleggjort eit handlingsrom for å gjera endringar i det som administrasjonen presenterer.

### Referatsaker og protokollar.

Alle hovudutvalssakene ligg som referatsaker til finansutvalssaka, og protokollane frå hovudutvalsmøta vert ettersendt til finansutvalet.

### Sektorar utan hovudutval

- Strategisk utvikling og digitalisering
- Organisasjon og økonomi
- Tannhelse

For dei tre sektorane utan hovudutval vil presentert budsjettopplegg med summar på løyvingsnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak ligge som meldingssaker til saksframlegget som vert handsama i finansutvalet. Budsjettområde for politisk styring og kontrollorgan med førebels budsjetttramme for kontrollutvalet er også vedlagt. Alle dei presenterte sektorbudsjetta vil vere gjennomgåande like med summar på løyvingsnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak.

## **2 Fellesdel - investeringsbudsjett**

### **Rammer for investeringsbudsjettet 2022- 2025**

I dette arbeidsdokumentet vert det presentert to av tre investeringsprogram, og desse er sett opp i samsvar med handlingsregelen som tilseier ein maksimal gjeldsgrad for Vestland på 115 %.

Til grunn for presentert investeringsopplegg er prosessvedtak for investeringsrammer som vart gjort i handsaminga av arbeidsdokument 2 i førre finansutvalsmøte. Med dette opplegget vil Vestland for aktuell økonomiplanperiode 2022- 2025 ha ei utvikling i gjeldsgraden som er lik den under. Det med føresetnad om at det budsjettet for investeringsprogram for veg som vert presentert seinare også er innafor rammene.

	2022	2023	2024	2025
Netto gjeldsgrad	103 %	109 %	113 %	115 %

I 2020 gjekk gjeldsgraden ned, men planlagde investeringar og låneopptak for kommande planperiode er så høgt at det ikkje er rom for påplussingar ut over det som vert presentert. Gjeldstaket gjer at inndekking av nye prosjekt eller tiltak må skje gjennom omprioriteringar.

Ein viktig faktor i høve til gjeldsgraden vil vere korleis inntektene til Vestland utvikler seg i økonomiplanperioden, og då særskilt inntektene som fylkeskommunane får frå statleg hald.

## Oversyn investeringsopplegg 2022- 2025

Under er dei to investeringsprogramma for bygg og eigedom og for kollektiv presentert med oppdaterte tal og med prosjektmaltar under tabelloppsetta. Desse er i samsvar med:

- Tidlegare presenterte tal
- Oppdaterte tal for framdrift og kostnadsestimat
- I tråd med gjeldande handlingsreglar; gjeldsgrad
- Innafor det finansieringsopplegget som vart presentert i arbeidsdokument 2 som vart handsama i juni.
- Investeringane i vegsektoren vert presentert i neste møte i finansutvalet i oktober.

### Investeringsprogram bygg og eigedom

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2022-2025	2022	2023	2024	2025
<b>Fellesfunksjonar</b>	<b>871 100</b>	<b>510 600</b>	<b>195 500</b>	<b>109 800</b>	<b>55 200</b>
Fylkeshuset Bergen	516 500	440 800	75 700	0	0
Fylkeshuset Leikanger - rehab	195 400	30 000	80 000	70 000	15 400
Tiltak gang- og sykkel., fylk.kom bygg	27 200	6 800	6 800	6 800	6 800
IT-investeringar	132 000	33 000	33 000	33 000	33 000
<b>Opplæring</b>	<b>4 152 900</b>	<b>978 900</b>	<b>1 064 000</b>	<b>973 000</b>	<b>1 137 000</b>
Ombygging/rehab/mindre tilbygg	399 600	99 900	99 900	99 900	99 900
Større undervisningsutstyr	149 600	37 400	37 400	37 400	37 400
Askøy vgs	473 700	245 700	184 900	43 100	0
Austrheim vgs	6 200	0	0	0	6 200
Bømlø vgs	17 500	17 500	0	0	0
Dale vgs - rehab/omb verkstadbygg	30 900	0	10 300	14 400	6 200
Eid vgs - nytt undervisningsareal	34 400	10 300	10 300	13 800	0
Firda vgs - rehab fløy D Aulabygg	25 700	0	8 200	10 300	7 200
Førde vgs./campus Førde	650 900	330 000	300 100	20 800	0
Knarvik vgs	6 200	0	0	0	6 200
Kvam nybygg fase 1	108 000	18 000	40 000	50 000	0
Kvam nybygg fase 2	180 000	0	0	80 000	100 000
Laksevåg MBS vgs og Fagskule	390 300	0	15 400	102 700	272 200
Langhaugen vgs	183 800	15 000	50 000	70 000	48 800
Mo og Øyrane vgs - internat mm.	55 900	5 100	16 400	34 400	0
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	70 700	70 700	0	0	0
Måløy vgs - blokk A og D / Akvahall	77 100	43 100	34 000	0	0
Måløy vgs, Nytt opplæringsfartøy	101 400	50 000	51 400	0	0
Skulebruksplan - planmidlar	14 400	3 600	3 600	3 600	3 600
Slåtthaug vgs	195 200	6 200	20 500	82 200	86 300
Sogn jord-og h - rehab. fjøs-og verkstad	14 400	0	0	4 100	10 300
Sogndal vgs - rehab badebasseng	27 700	0	2 100	5 100	20 500
Sotra vgs	443 600	16 400	16 400	102 700	308 100

Stord vgs	<b>416 600</b>	10 000	160 000	180 000	66 600
Årdal vgs - rehab	<b>46 200</b>	0	3 100	16 400	26 700
Årstad vgs	<b>32 900</b>	0	0	2 100	30 800
<b>Tannhelse</b>	<b>112 800</b>	<b>22 700</b>	<b>23 700</b>	<b>46 700</b>	<b>19 700</b>
Tannklinikk Sogndal	<b>28 000</b>	0	1 000	27 000	0
Tannklinikkar	<b>47 200</b>	13 300	13 300	10 300	10 300
Utstyr tannhelsetenesta	<b>37 600</b>	9 400	9 400	9 400	9 400
<b>Kultur</b>	<b>77 900</b>	<b>18 100</b>	<b>53 600</b>	<b>3 100</b>	<b>3 100</b>
Gulatinget	<b>20 500</b>	0	20 500	0	0
Arkivdepot	<b>45 000</b>	15 000	30 000	0	0
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	<b>12 400</b>	3 100	3 100	3 100	3 100
<b>Regional utvikling</b>	<b>153 300</b>	<b>10 300</b>	<b>10 300</b>	<b>51 400</b>	<b>81 300</b>
Oppgradering fiskerihamner	<b>41 200</b>	10 300	10 300	10 300	10 300
Kalvåg fiskerihamn	<b>30 000</b>	0	0	0	30 000
Bømlo fiskerihamn	<b>82 100</b>	0	0	41 100	41 000
<b>SUM</b>	<b>5 368 000</b>	<b>1 540 600</b>	<b>1 347 100</b>	<b>1 184 000</b>	<b>1 296 300</b>

### Prosjektomtalar for investeringsprogram for bygg og eigedom

#### Fylkeshuset Bergen

Prosjektet har ei totalramme på 1 172,3 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 12/2018 bygging av nytt fylkeshus. Ein gjorde vidare vedtak i sak 40/2018 om finansiering og mellombels lokalisering på Sandsli fram til nybygget står klart i 2023.

I sak 90/2019 vart det gjort vedtak om bygging i eigen regi, og kostnader til AV-utstyr og møblering av fellesareala vart teke inn i prosjektet. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i starten av 2023. Det er sett av 440,8 mill. kr i 2022 og 75,7 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Fylkeshuset Leikanger - rehabilitering

Prosjektet har ei totalramme på 200 mill. kr. Fylkeshuset på Leikanger var i utgangspunktet planlagt som eit rehabiliteringsprosjekt med tiltak som t.d. skifte av tak, ny utvendig solskjerming og naudsynte tekniske oppgraderingar. Samstundes har behovet for kontor plassar endra seg som følgje av regionreforma. Kartlegging av behov er gjennomført og det vert no arbeidd med vurdering av ulike kontorløysingar/-konsept. Det er planlagt at sjølve ombyggingsarbeidet skal pågå i perioden 2022-2024. Det er sett av 30 mill. kr i 2022, 80 mill. kr i 2023, 70 mill. kr. i 2024 og 15,4 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Tiltak for gåande og syklende

Prosjektet gjeld ulike tiltak for å betre tilhøva for gåande og syklende i tilknytning til fylkeskommunale eigedommar. Tiltaka gjeld mellom anna betre sykkelparkering, utbetring av fortau/ tilkomst, betre av- og påstigingsløysingar for skulebussar, betre markering og lystilhøve for gåande og syklende. Det er sett av 6,8 mill. kr kvart år i planperioden til slike tiltak.

#### IT-investeringar

Det er samla sett av 126,8 mill. kr i planperioden til felles IT-investeringar i fylkeskommunen. Bruken av IT-løysingar mellom anna innan kollektivtransport, på dei vidaregåande skulane, innan tannhelse og i fylkesadministrasjonen er avgjerande for at fylkeskommunen får utført oppgåvene og levert tenestene sine. Dette er nært knytt opp til satsinga på digitalisering og e-forvaltning, som er viktig for å kunne effektivisere og forenkle drifta. Det som legg føringar for disponeringa av desse IT-midlane er den overordna IT-strategien i fylkeskommunen. Det vert sett av 33 mill. kr årleg i planperioden til dette føremålet.

#### Ombygging/ rehab. /mindre tilbygg

Denne løyvinga gjeld planlagde ombyggingar, rehabiliteringar og mindre tilbygg. Avgjerande faktor for kva arbeid som vert sett i gang, er tilstanden på bygg og tekniske anlegg. I tillegg vert det gjort oppgradering på fylkeskommunale eigedommar, med særskilt fokus på tiltak som gjeld brann og universell utforming. Ombyggingane kan også skuldast endringar i læreplanar, endringar i klassesaka eller elevar med spesielle behov. Det vert utarbeidd årlege planar for disponeringa av midlane. Større tiltak med prosjekt over 25 mill. kr vert lagt fram som eigne saker til fylkesutvalet. Det er sett av 99,9 mill. kr kvart år i planperioden.

#### Større undervisningsutstyr opplæring



Det er sett av 37,4 mill. kr årleg til dette føremålet. Midlane skal nyttast til større undervisningsutstyr, it-investeringar og inventar ved skulane. Midlane skal mellom anna nyttast til naudsynt oppgradering av maskiner og utstyr innan yrkesfaga, og komplettering av undervisningsutstyr i samband med læreplanane. Midlane vert fordelt til skulane gjennom ein vekta tildelingsmodell som tek omsyn til at behova varierer mellom utdanningsprogramma. Skulane kan overføre unytta midlar til neste år og på denne måten spare opp midlar til større investeringar. Avhengig av behov kan delar av potten delast mellom skulane til særskilte tiltak t.d. nye utdanningsprogram eller skular som har trong for større oppgraderingar.

#### Askøy vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 723,8 mill. kr. Rehabilitering og tilbygg på Askøy vgs vart starta opp 2018. Fylkestinget godkjente i sak 47/2018 rom- og funksjonsprogrammet for prosjektet. I sak 118/2020 vart forprosjekt og byggestart for den nye skulen godkjent. I same sak vart og avtalen med Askøy kommune om dei økonomiske vilkåra som fylgje av vedteken områdeplan godkjent. Saka legg til grunn eit tett samarbeid med Askøy kommune om sambruk, makebyte av tomt og leige av areal. Prosjektet er i produksjonsfase og det er sett av 245,7 mill. kr i 2022, 184,9 mill. kr i 2023 og 43,1 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Austrheim vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 285,6 mill. kr, og prosjektet er del av skulebruksplanen som vart vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2025 for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samheng med prosjektet ved Knarvik vidaregåande skule.

#### Bømlo vidaregåande skule

Totalkostnaden for dette prosjektet er kalkulert til 23,6 mill. kr. Føremålet er å gjennomføre den vedtekne samlokaliseringa av Bømlo vgs og Rubbestadnes vgs. Samlokaliseringa skal løysast med nokre mindre ombyggingar på Bømlo vgs og etablering av verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk i eit nytt leigebygg på Rubbestadneset. Prosjektet omfattar kostnader både til ombyggingar på Bømlo vgs og verkstadutstyr/møblering i leigebygg. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i løpet av 2022. Det er sett av 17,5 mill. kr i 2022 til prosjektet.

#### Dale vidaregåande skule - rehabilitering/ombygging verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 37 mill. kr. Verkstadbygget som er frå 1982 er det eldste bygget ved skulen og er ikkje i god stand. Mange bygningselement og tekniske anlegg må skiftast ut. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 10,3 mill. kr i 2023, 14,4 mill. kr i 2024 og 6,2 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Eid vidaregåande skule - nytt undervisningsareal

Totalramma for prosjektet er på 43,2 mill. kr. Eid vgs har i dag knapt med areal. Som følgje av dette er satsingane knytt til velferdsteknologi og energi delvis flytta til ueigna lokale. Det er i tillegg behov for nye og oppgraderte realfagsrom.

Anlegget på Eid er i sambruk med Stad kommune. Dei har og eit auka arealbehov knytt til drifta av kulturdelen/ Operahuset Nordfjord og har vedtak om å framforhandle ny leigeavtale for dette.

Eit samla arbeid med behov og moglegheitsstudie er sett i gang og sjølvbyggearbeidet vil venteleg starte medio 2022. Det er sett av 10,3 mill. kr i 2022 og 2023 og 13,8 mill. kr i 2024 til prosjektet

#### Firda vidaregåande skule - rehab. fløy D Aulabygg

Totalramma for prosjektet er på 40,1 mill. kr. Det er gjennomført fleire oppgraderingar på Firda vgs, men i den eine delen av bygningsmassen - aulabygget/ fellesareal, står nokre tiltak att. Bygget er frå 1974 og treng oppgradering og rehabilitering. Det må gjennomførast tilstandsvurdering med framlegg til løysingar. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 8,2 mill. kr i 2023, 10,3 mill. kr 2024 og 7,2 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Førde vidaregåande skule/campus Førde

Prosjektet har ei totalramme på 846,3 mill. kr. Etablering av eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde er eit prosjekt som legg opp til samlokalisering av Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs til ein felles ny vidaregåande skule i Førde (fysisk samanslåing gjeld ikkje avd. Mo). Prosjektet omfattar vidare ny tannhelseklinikk i Førde og bygging av ny idrettshall. I april 2021 gjorde fylkestinget vedtak om byggestart jf. FT sak 8/2021. Prosjektet er under bygging med planlagt ferdigstilling i 2024. Det er inngått ein utbyggingsavtale for infrastruktur med Førde kommune.

Det er lagt til grunn ein auke i totalramma på 30 mill. kr. Av dette utgjer ein vesentleg del, om lag 20 mill. kr, ein auke i løns- og prisstigning inneverande år. Resten er knytt til prisauke for arbeid med infrastruktur/utbyggingsavtalen. Det er sett av 330 mill. kr i 2022, 300,1 mill. kr i 2023 og 20,8 mill. kr i 2024 til prosjektet

#### Knarvik vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla løyving på 369,7 mill. kr. Prosjektet er del av skulebruksplanen som er vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2025 til prosjektet for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjektet ved Austrheim vgs.

#### Kvam vidaregåande skule - nybygg fase 1 og 2

I samsvar med skulebruksplanen skal dei tidlegare vidaregåande skulane i Øystese og Norheimsund samlokalisert i eit nybygg sentralt i Norheimsund. I juni 2019 (FU-sak 149/2019) vart det vedteke å samlokalisera skulane mellombels i bygget i Øystese. Dette med unntak av verkstadlokala for EL og TIP som framleis er igjen i skulebygget i Norheimsund/ Steinsdalen. Det vart og vedteke ein intensjonsavtale med Kvam herad om å nytte tomte for den gamle ungdomsskulen til nytt skulebygg og at skulen skulle realiserast i to fasar. Første fase skulle vere verkstadslokale for EL og TIP og andre fase areal til resten av tilboda som i dag er i Øystese.

Fylkeskommunedirektøren tilrår å legge fasane tett i presentert opplegg til investeringsplan slik at oppdraget kan planleggast saman og leggst i ein byggekontrakt og på den måten spare noko kostnader.

Kvam herad og fylkeskommunen har arbeidd med samlokalisering og sambruk mellom den vidaregåande skulen og areal/funksjonar for kommunen sidan 2018. Det er utarbeidd eit rom- og funksjonsprogram for prosjektet både på kommunal og fylkeskommunal side. Romprogrammet er fremma som sak til fylkestinget i september inneverande år. Samla nettoareal i programmet er 5160 m<sup>2</sup>, fordelt med omlag 1100 m<sup>2</sup> på Kvam herad og 4060 m<sup>2</sup> på den vidaregåande skulen, dvs. omlag 5900 m<sup>2</sup> bruttoareal for den vidaregåande skulen. Vidare framdrift er planlagt med utlysing, anbodskonkurranse og kontrahering i 2022 og bygging i perioden 2023 til 2026. Det er sett av 18 mill. kr i 2022, 40 mill. kr i 2023 og 50 mill. kr i 2024 til fase 1 og det er sett av 80 mill. kr i 2024 og 100 mill. kr i 2025 til fase 2 i prosjektet.

#### Laksevåg vidaregåande skule og fagskule

Skulebruksplanen for Hordaland legg opp til ein ny kombinert fagskule og vidaregåande skule på Laksevåg. Rom- og funksjonsprogrammet for skulen vart vedteke i ft-sak 28/2019. Programmet har teke opp i seg tidlegare vedtak i Hordaland fylkeskommune om vesentleg auka kapasitet for dei to skulane. Prosjektet har ei samla løyving på 787,5 mill. kr.

Grunna det samla høge investeringsvolumet, er dette prosjektet, saman med fleire andre prosjekt, utsett noko i tid og arbeidet i prosjektet vil bli vidareført frå 2023 med plan om ferdigstilling i 2026/ 2027. Det er sett av 15,4 mill. kr i 2023, 102,7 mill. kr i 2024 og 272,2 mill. kr i 2025.

#### Langhaugen vidaregåande skule

Samla kostnadsramme for prosjektet er 189,8 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med skulebruksplanen. Prosjektet inkluderer kostnader til etablering av eit bygg som gjev ein ekstra parallellklasse i musikk, jf. ft-sak 40/2020. Etablering av den ekstra klassen i musikk er tidlegare drøfta i fylkestinget, jf. FT sak 46/18.

Prosjektet er i planleggingsfase og samspelsfasen er planlagt gjennomført i første halvdel av 2022. Byggestart vil vere avhengig av godkjent reguleringsplan. Kravet om regulering var ikkje føresett, noko som gjer at sjølvve bygginga vert utsett med om lag 1 år.

Det er sett av 15 mill. kr i 2022, 50 mill. kr i 2023, 70 mill. kr i 2024 og 48,8 mill. kr. i 2025 til prosjektet.

#### Mo og Øyrane vidaregåande skule - internat og fellesbygg

Totalramma for prosjektet er på 57,9 mill. kr. I prosjektet er internat og fellesbygga på Mo planlagt rehabilitert. Bygga er frå 1969 og er nedslitne. Vidare må betra universell utforming vurderast i tillegg til generell oppussing. Prosjektet er i utgreiingsfasen, og prosjektet har planlagt oppstart i løpet av 2022. Det er sett av 5,1 mill. kr i 2022, 16,4 mill. kr i 2023 og 34,4 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Mo og Øyrane vidaregåande skule - nytt verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 91,6 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt felles verkstadbygg for gardsdrifta og for anleggslinja ved Mo- og Øyrane vgs. Prosjektet er planlagt og det er henta totalentreprisetilbod på arbeidet som viser ein stor kostnadsauke. Truleg er dette mellom anna knytt den sterke prisveksten på byggevarer inneverande år. I tillegg er det meirkostnader knytt til pålegg om regulering og tekniske undersøkingar knytt til flaum og kvikkleire. Byggearbeidet er kontrahert og ferdigstilling er planlagt i løpet av 2022. Det er sett av 70,7 mill. kr i 2022 til prosjektet.

#### Måløy vidaregåande skule - bygg A og D/ny aquahall

Totalramma for prosjektet er på 89 mill. kr. Prosjektet er i utgreiings- og programfase og gjeld bygg D, den maritime avdelinga, samt naudsynt rehabilitering/ombygging av fellesfunksjonar/ administrativ del i bygg A.

I sist vedteken investeringsplan låg det og eit eige prosjekt knytt til ny aquahall ved skulen. Måløy vgs har eit fylkesdekkande studietilbod innan dei marine og maritime utdanningsområda og skulen har i dag ingen fasilitetar

for praktisk opplæring innan akvakultur. I eit førebels og svært grovt overslag er prosjektkostnaden for aquadelen rekna til om lag 20,5 mill. kr. Dette inkluderer ikkje tomt, infrastruktur for vatn og avløp og marinteknisk undervisningsutstyr.

Då prosjekta heng tett saman både når det gjeld behov og lokalisering meiner fylkeskommunedirektøren det er hensiktsmessig å sjå prosjekta i samanheng for å få til ei god areal- og ressursutnytting. Det vert og vurdert behov for å auke sjønære areal for den vidaregåande skulen, og å legge til rette for ei tyngre satsing på den maritime delen av skulen.

Prosjektet sitt mål er å samle behova og sjå på moglege løysingar for effektiv arealutnytting og eventuelle moglege tilbygg eller ombyggingar for ei framtidsretta drift av skuleanlegget. Det er sett av 43,1 mill. kr i 2022 og 34 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Måløy vidaregåande skule - nytt opplæringsfartøy

Totalramma på prosjektet er 136,5 mill. kr. Prosjektet gjeld bygging av nytt opplæringsfartøy for å kunne gje praksisopplæring på båt. Første anbudsrunde vart avlyst av økonomiske grunnar. Prosjektet vart endra til ein mindre båt med reduserte krav og mellom anna dispensasjon for å ha lugarar under hovuddekk. Det ligg føre vedtak om bygging i ft-sak 141/2021. Det er halde anbudskonkurranse og avtale om bygging er signert. Opplæringsfartøyet er planlagt ferdigstilt medio 2023. Det er sett av 50 mill. kr i 2022 og 51,4 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Skulebruksplan - planmidlar

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen og endringane som er vedteke der. Midlane vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta; til dømes til planlegging, koordinering og utgreiingar. Det er sett av ei årleg løyving på 3,6 mill. kr i planperioden.

#### Slåtthaug vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 195,2 mill. kr. Dette er i samsvar med vedteken skulebruksplan. Prosjektet omfattar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse som er planlagt å gjennomføre i denne planperioden. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2022, 20,5 mill. kr i 2023, 82,2 mill. kr i 2024 og 86,3 mill. kr i 2025

#### Sogn jord- og hagebruksskule - rehabilitering fjøs og verkstad

Totalramma for prosjektet er 43,2 mill. kr. Fjøs og verkstad ved Sogn jord- og hagebruksskule er på mange område utdatert. Det gjev utfordringar knytt til både bygningane og i høve til drifta. Det er planlagt ei nærare tilstandsvurdering og behovsanalyse som kan endre omfanget av prosjektet. Det er sett av 4,1 mill. kr i 2024 og 10,3 mill. kr i 2025.

#### Sogndal vidaregåande skule - rehabilitering basseng

Totalramma for prosjektet er 32,8 mill. kr. Den delen av Sogndal Idrettshall som omfattar bassenget har behov for rehabilitering og oppgradering. Det er føreteke kartleggingar som har avdekkja bygningsmessige og tekniske utfordringar ved deler av bassenget og noko bassengteknisk utstyr. Garderobedel og ventilasjonsanlegg er skifta ut og rehabilitert i 2017. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2023, 5,1 mill. kr i 2024 og 20,5 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Sotra vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 763 mill. kr. I prosjektet er det lagt opp til samlokalisering av den vidaregåande skulen som i dag har to lokasjonar i Øygarden kommune. Fylkestinget vedtok hausten 2018 tomt og plassering for den nye skulen. Den vedteke tomte er på ferdig utfylte Storevatn sentralt på Straume og rett ved ny planlagt bussterminal. Tilgang til tomte er avhengig av framdrifta til veganlegget Sotrasambandet, så den planlagde ferdigstillinga av prosjektet i 2026 er noko usikker. Det har vore gjennomført samarbeidsmøte med Øygarden kommune som ledd i reguleringsarbeidet for den nye skuletomta. Det er sett av 16,4 mill. kr kvart av åra 2022 og 2023, 102,7 mill. kr i 2024 og 308,1 mill. kr i 2025.

#### Stord vidaregåande skule - Vabakken

Samla ramme for prosjektet er 452 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med vedtaket i skulebruksplanen. Prosjektet gjeld sanering av eksisterande bygningsmasse og nybygg for Stord vgs, avd Vabakken. Prosjektet skal utformast og gjennomførast slik at det legg til rette for eit byggesteg 2 som kan samle heile Stord vgs i eit bygg i framtida. Prosjektet er i planleggingsfasen med konkurranse og samspel. Sjølv bygginga er planlagt i tidsrommet 2023 til 2025. Det er sett av 10 mill. kr i 2022, 160 mill. kr i 2023, 180 mill. kr i 2024 og 66,6 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Årdal vidaregåande skule - rehabilitering

Totalramma for prosjektet er på 83,2 mill. kr. Det er trong for rehabilitering av Årdal vgs då bygningsmassen ved skulen er frå 1981. Sjølv om bygga ved skulen er godt vedlikehaldne er det behov for oppgradering og

rehabilitering av bygningar og tekniske anlegg. I tillegg vert energiløysingane ved skulen vurdert. Det er sett av 3,1 mill. kr i 2023, 16,4 mill. kr i 2024 og 26,7 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Årstad vidaregåande skule - C bygget

Prosjektet har ei samla løyving på 76 mill. kr. Prosjektet er ein del av vedteken skulebruksplan. Årstad vgs har hatt omfattande rehabilitering tidlegare, men C-bygget frå 1977 på om lag 7000m<sup>2</sup> har ikkje vore omfatta av desse arbeida. Dette bygget er i dårleg stand, og både tak og fasade har bruk for verdibevarande rehabilitering. Bruken av areala i C-bygget er ikkje avklart og omfanget av prosjektet kan difor verte endra. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2024 og 30,8 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### Tannklinikk Sogndal

Totalramma for dette prosjektet er på 28,9 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 23/19 å setje i gang arbeidet med planlegging og bygging av ny tannklinikk i Sogndal. I dag leiger fylkeskommunen areal til tannklinikk i Sogndal, men desse lokala dekkjer ikkje behovet tannklinikken har. Leigeavtalen er forlenga slik at det er tenkt oppstart planlegging i 2023 og realisering i 2024. Det er sett av 1 mill. kr i 2023 og 27 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Tannklinikkar - Innreiing/opprusting m.m.

Totalramma for løyvingar på dette området er 47,2 mill. kr i planperioden. I gjeldande klinikkstrukturplanar for tannhelsetenesta er det lagt til grunn ei samling av einskilde klinikkar i større einingar. Vidare har nokre av dei eksisterande klinikkane behov for anten nye lokale eller monaleg opprusting. Fokus først i planperioden vil vera tannklinikane i Odda og Florø. Det er sett av 13,3 mill. kr i 2022 og 2023 og 10,3 mill. kr i 2024 og 2025 til føremålet.

#### Utstyr tannhelsetenesta

Det vert sett av 9,4 mill. kr årleg til utstyr i tannhelsetenesta. Delar av denne løyvinga vil verte nytta til utstyr ved nye eller ombygde klinikkar.

#### Gulatinget - nytt formidlingsbygg

Totalramma for dette prosjektet er på 75 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt visningsssenter for Gulatinget på Flolid i Gulen. Prosjektet har i perioden 2011-2013 vore gjennom ein arkitektkonkurranse og eit skisseprosjekt. Arbeidet la grunnlag for finansiering og søknad om statleg delfinansiering i prosjektet. Det er føresett at Gulen kommune og staten skal finansiere kvar sin tredjedel. I tillegg er det rekna at fylkeskommunen får mva. refusjon knytt til sin del av investeringa. Det er sett av 20,5 mill. kr i 2023.

#### Nytt arkivdepot Leikanger

Vestland fylkeskommune har i dag for liten arkivkapasitet til eige bruk. Det er sett i gang arbeid med å utgreie ulike alternativ for å auka kapasiteten inkludert å tilby kapasitet til kommunearkivordninga. Det er utarbeidd romprogram og det er etablert ein mogleg rettigheit til tomt for eit slikt nybygg. Parallelt med budsjettprosessen så vil det bli fremma ei eiga politisk sak for nytt arkivbygg på Leikanger. Prosjektet har ei totalramme på 46 mill. kr. Det er sett av 15 mill. kr i 2022 og 30 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Restaurering av verneverdige bygg

Fylkeskommunen eig fleire verneverdige bygg som det er naudsynt å utføre større vedlikehald eller restaurering av i løpet av planperioden. Det er sett av 3,1 mill. kr kvart av åra i planperioden.

#### Opprusting av fiskerihamner

I sak 45/19 i Fellesnemda vart det vedteke å signere avtalen om overføring av 99 fiskerihamner frå staten til Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020. I den same saka, vart det framlagt ei førebels oversikt over vedlikehaldsetterslepet - estimert til omlag 50 mill. kr. Eit revidert overslag kalkulerer vedlikehaldsutsleppet til 52 mill. kr. I planperioden er det sett av ei årleg rammeløyving på 10,3 mill. kr til føremålet.

#### Kalvåg Fiskerihamn

Bremanger kommune starta prosjektet med å byggje ut fiskerihamna i Kalvåg i 2010. Det føreligg godkjent reguleringsplan og Bremanger kommune har kome langt i opparbeiding av tilkomst og næringsareal. Det var utarbeidd ein avtale mellom Bremanger kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det var satt av midlar i NTP for perioden 2024-2029. I FT-sak 160/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen hadde som intensjon å gjennomføre prosjektet i tidsrommet 2025 til 2027. Ramma for prosjektet er på 72 mill. kr (2020 kroner). Det er sett av 30 mill. kr i 2025.

#### Bømlo fiskerihamn

Det har over dei siste 10 åra vore utgreidd og prosjektert utviding av fiskerihamna i Langevåg på Bømlo. Arbeidet har vore gjennomført i samarbeid mellom lokale investorar organisert i Bømlo fiskerihavn AS, Bømlo kommune og Kystverket. Det var signert ein avtale mellom Bømlo kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det var sett av midlar i NTP for perioden 2024-2029. I FT-sak 42/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen garanterte for forskottering avgrensa til 165 mill. kr eks mva (2020 kr) med tilbakebetaling i perioden 2024-2028. Det er sett av 41,1 mill. kr i 2024 og i 2025.

#### Investeringsprogram kollektiv 2022- 2025

<b>Investeringar (tal i 1000kr)</b>	<b>Sum 2022- 2025</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
<b>Mobilitet og kollektiv</b>	<b>3 221 400</b>	<b>1 215 400</b>	<b>561 600</b>	<b>901 600</b>	<b>542 800</b>
Båtanbod gml. Sogn og fjordane	226 000	0	0	190 000	36 000
Ulike investeringstiltak kollektivområdet	200 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	107 000	107 000	0	0	0
Bybanen – Byggjesteg 4	1 331 200	921 600	204 800	204 800	0
Bybanen – Byggjesteg 5	1 330 000	130 000	300 000	450 000	450 000
Ulike byggtiltak innan kollektiv	27 200	6 800	6 800	6 800	6 800
<b>Sum investering</b>	<b>3 221 400</b>	<b>1 215 400</b>	<b>561 600</b>	<b>901 600</b>	<b>542 800</b>

#### Prosjektomtalar investeringsprogram for kollektiv

##### Snøggbåtkontraktar

I investeringsbudsjettet er det teke omsyn til dei nye snøggbåtkontraktane i tidlegare Sogn og Fjordane i 2024 og 2025. Det er lagt til grunn tilskot frå Enova med 40% slik at netto investeringssum for dei to åra er 226 mill. kr.

Vestland fylkeskommune har vore leiande i det grønne skiftet innanfor kollektivtransporten både på ferjesida og ved elektrifisering av bussparken. Mot slutten av økonomiplanperioden står nye snøggbåtkontraktar for tur.

Skyss har fleire pågåande anskaffingsprosessar av operatørar for drift av følgjande båtruter:

- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2022-2024. Kortsiktig kontrakt med vidareføring av dagens framdriftsteknologi.
- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2024-2036 Delvis nullutsleppsteknologi med fornybar energi og utsleppsfri motor. Hybridløysingar vurdert som relevante.
- Rutepakke 2 Lokale båtruter i Sogn og Fjordane for perioden 2024-2036. Er vedteke forventning om hybridløysingar.
- Kystvegekspressen for perioden 2024-2025 (i tillegg til fleire opsjonsår) Det er vedteke at drifta skal baserast på fornybar diesel.

Førebels tal på forventa auka driftskostnad med dei nye kontraktane i kommande økonomiplanperiode er rekna til å verte over 100 mill. kr.

##### Ulike investeringstiltak kollektivområdet

Det er lagt planar for investering innan områda digitale plattformer, integrasjon av Skyss/Kringom og nye mobilitetstenester. Total årleg investeringssum er på 50 mill. kr i planperioden.

##### Bybanen i Bergen - Vognmateriell

Den opphavelge avtalen har fått to endringsordrar på til saman om lag 3,5 mill. kr. Den totale budsjettsummen for investeringa vil variere frå år til år ettersom avtalen er inngått i Euro. Opphavelge totalsum var på 276 mill. kr, og denne er no justert til 309 mill. kr gitt dei føresetnadane som er lagt til grunn. Prosjektet har ei sluttløyving for 2022 på 107 mill. kr.

##### Bybanen - Byggjesteg 4

For byggjesteg 4, Bergen Sentrum - Fyllingsdalen, er det samla sett av 1,33 mrd. kr i planperioden. Styringsramma for denne strekninga er 7 101 mill. i 2017-kr. I denne ramma inngår bybanetraseen, sykkelstamveg frå Mindemyren til sentrum, ny kanal på Mindemyren og sykkel tunnel gjennom Løvstakken. Gjennom Miljøløftet dekker staten 50 % av kostnaden ved utbygginga av bybanetraseen og 100% av sykkelstamvegen. Det resterande er føresett finansiert med bompengar og andre lokale bidrag. Det er sett av 921,6 mill. kr i 2022, 204,8 mill. kr i 2023 og 204,8 mill. kr i 2024.

I 2022 vil stadig fleire delar av prosjektet bli ferdigstilt fram mot start av testing og prøvedrift i andre halvdel av året og planlagt opning av traseen ved årsskiftet 2022/23.

#### Bybanen - Byggjesteg 5

For Byggjesteg 5 frå Bergen sentrum til Åsane vil reguleringsprosessen pågå gjennom året i regi av Bergen kommune med mål om godkjent reguleringsplan i første halvår 2023. For at det skal la seg gjere å oppfylle gjeldande plan om opning av traseen til Åsane i 2031, er det naudsynt med midlar til planlegging, prosjektering og grunnvervsarbeid før reguleringsplan og finansiering er endeleg vedteke. Det er difor foreløpig estimert eit behov for 130 mill. kr i 2022, 300 mill. kr i 2023 og 450 mill. kr 2024 og 2025 til dette byggesteget.

#### Ulike byggetiltak innan kollektiv

Investeringsiltaka omfattar opparbeiding og utbetring av terminal-, sjåfør- og kollektivfasilitetar lokalisert rundt om i heile fylket. Det er lagt opp til at fylkeskommunen har ansvar for etablering av dei ulike fasilitetane og vedlikehaldet av bygga. Operatørane som nyttar fasilitetane skal ha driftsansvaret. Det er sett av 6,8 mill. kr årleg til dette i planperioden.

## 3 Sektorspesifikt driftsbudsjett

### Innovasjon og næring

#### 3.1 Sektorbudsjett – løvingsnivå

Tabell med brutto driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter (i 2021- kr).

Alle tal i 1000 kr

Løvingsnivå		Budsjett 2021 (Rev.bud)	Budsjett 2022	Verdiskaping i byar og reg
Administrasjon innovasjon og næringsutvikling	Brutto driftsutgifter	10 223	10 206	
	Driftsinntekter	-319	-319	Utviklingsmidlar
	Netto driftsutgifter	9 904	9 887	
Grøn vekst, klima og energi	Brutto driftsutgifter	22 679	22 637	Sum sektor
	Driftsinntekter	-8 066	-8 066	
	Netto driftsutgifter	14 613	14 571	
Forskning, kompetanse og internasjonalisering	Brutto driftsutgifter	71 656	69 796	
	Driftsinntekter	-37 757	-33 490	
	Netto driftsutgifter	33 899	36 306	
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Brutto driftsutgifter	56 553	51 098	
	Driftsinntekter	-19 062	-18 473	
	Netto driftsutgifter	37 491	32 625	

## Endring frå 2021 til 2022

Innovasjon og næringsutvikling har eit budsjettnedtrekk på to millionar kroner. Rammereduksjonen er løyst gjennom nedtrekk på løyvingsnivåa 22 Forsking, kompetanse og internasjonalisering og 23 Naturressursar, landbruk og reiseliv - sjå omtale av tiltaka under punkt 4 "Innarbeidde salderingstiltak". Andre endringar mellom løyvingsnivå er i hovudsak av teknisk karakter. Desse endringane er skildra under punkt 3 "Tekniske justeringar". Venta inntekter er i hovudsak vidareført på same nivå som for 2021, i påvente av framlegg til statsbudsjettet.

### 3.2 Kort omtale av dei ulike løyvingsnivåa

I stortingsmelding nr 22 (2015 - 2016) om regionreforma, er fylkeskommunen gjeven utfordringane å 1) gi strategisk retning til samfunnsutvikling, 2) mobilisere ulike aktørar, og 3) samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk.

Avdeling for næringsutvikling og innovasjon vurderer dette som ei god oppsummering av samfunnsoppdraget. Fylkeskommunen blir peika på som leiar av den regionale partnerskapen, og den rolla tek vi.

«Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» vart vedteken i Fylkestinget 16. juni 2021. Ambisjonane i planen er store, og set retning for næringslivet i Vestland dei neste tolv åra. Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Planen gjev rammeverket for avdelinga sitt oppdrag i 2022.

Næringsplanen har fire hovudsatsingar som er bransjenøytrale og gjeld for alle næringane:

- **Innovative og inkluderande samfunn:** Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemdar, samfunn og innbyggjarar. Inkluderande samfunn tek vare på mangfald og motverkar utanforskap.
- **Grøn næringsutvikling:** Produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
- **Areal til næringsutvikling:** Omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling.
- **Kompetanseutvikling i arbeidslivet:** Bygge den rette kompetansen for framtida, både i privat og offentleg sektor. Det er viktig å bruke kompetansen vi allereie har, samtidig som nye verdikjeder og forretningsområde set krav til ny kompetanse.

Det som no står for tur er å utarbeide eit fireårig handlingsprogram til regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Medan planen er overordna, skal handlingsprogrammet konkretisere og prioritere tiltak knytt til dei fire satsingane i næringsplanen. Handlingsprogrammet vil komme opp som eiga politisk sak til fylkestinget i desember 2021.

"Grøn region Vestland" er eit prosjekt der vi skal kartlegge kva føresetnader og barrierar som finst i dei ulike regionane. Prosjektet blir gjennomført hausten 2021 og skal munne ut ein Vestlandsportefølje av grønne verdikjeder og forretningsmoglegheiter.

Fire fagseksjonar og ein stabsseksjon bidreg til å nå måla knytt til satsingsområda i planen. Dette skjer gjennom strategisk nærings- og samfunnsutvikling inkludert tilskotsforvaltning, samordning og rådgjeving, og gjennom sakshandsaming etter lov og forskrift. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein plan for heile fylket, ikkje berre for fylkeskommunen. Samfunnsutviklarrolla, med samordning og mobilisering av sentrale partnerar i næringsliv, offentleg sektor og FoU-sektoren, er ei viktig oppgåve for avdelinga på tvers av seksjonane. I budsjettet utgjer kvar seksjon eitt løyvingsnivå, samt eit sjette løyvingsnivå «Utviklingsmidlar». Kvart av desse løyvingsnivåa er kort skildra nedanfor.

I handsaming av arbeidsdokument 2 ga hovudutval for næring følgande uttale:

1. Det er viktig at ramma til innovasjon og næring er på eit nivå som imøtekjem ambisjon og tiltak i Plan for næring og innovasjon i Vestland.
2. Utvalet vil særleg peike på marint program, støtte til breibandsutbygging, kommunale næring og utviklingsfond og elektrifisering av fiskerihamner.
3. Utvalet imøteser ei drøfting om bruk av prosjekt/utlysingsmidlar opp mot meir midlar til «modne» og faste tiltak.
4. Utvalet merkar seg at bruk av Havbruksfondet skal vera næringsretta.

Knytt til oppfølging av denne uttalen er følgande å bemerke:

1. For å bidra til at ramma til innovasjon og næring er på eit nivå som imøtekjem ambisjon og tiltak i Plan for næring og innovasjon i Vestland er løyvingsnivå 25 Utviklingsmidlar styrka med 4 millionar. Summen er flytta frå andre løyvingsnivå. Det vert fremma eiga sak til hovudutvalet knytt til fordeling etter at Handlingsprogrammet til den regionale planen er vedteken i fylkestinget i desember 21. Dette beløpet er ikkje tilstrekkeleg for oppfølging av planen, men det der var rom for innanfor ramma.
2. Det er, ut over det som ligg innafor ramma i budsjett 2021, ikkje funne rom til å styrke satsing knytt til marint program, støtte til breibandsutbygging, kommunale næring og utviklingsfond og elektrifisering av fiskerihamner.
3. Det vert fremma sak til hovedutval næring tidleg i 2022, med ei drøfting om bruk av prosjekt/utlysingsmidlar opp mot meir midlar til «modne» og faste tiltak. Dette i hovudsak knytt til dei søkbare midlane på løyvingsnivå 25, Utviklingsmidlar.
4. I arbeidsdokument 2/21, under overskrifta "ulike andre fellesinntekter", s.10, er alt 40 millionar knytt til overføring frå Havbruksfondet for 2022 saldert inn i ramma til budsjett 2022, og er slik ikkje inntektsført til næringsretta aktivitet, men til rammesaldering.

Løyvingsnivå      Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling

Her ligg administrative fellestenester for avdelinga innanfor økonomi og innkjøp, HR, kommunikasjon, digitalisering av arbeidsprosessar og arkiv. Måla er å understøtte drifta i avdelinga, og med det leggje til rette for at fagseksjonane løyser oppgåva med implementering av den regionale planen best mogleg.

Aktiviteten i administrasjonen er stort sett venta å vere uendra i neste budsjettår. Hovudmåla er å styrke og effektivisere avdelinga sine arbeidsprosessar, kontrollfunksjonar og kommunikasjon gjennom auka bruk av digitale verktøy og prosessforenkling.

Til løyvingsnivået ligg løn og driftsutgifter til avdelingsdirektør og stab, samt felles driftsbudsjett.

Løyvingsnivå      Grøn vekst, klima og energi

Vestland fylkeskommune tek ei leiande rolle i å omstille næringslivet for å nå FN sine klimamål og å oppnå innovasjon i energitilbodet. Dette skjer gjennom i tett samarbeid med næringslivet og forskings- og kunnskapsmiljøet, og gjennom å byggje ny kunnskap. Arbeidet skjer gjennom fagleg rettleiing, mobilisering til nye regionale satsingar, og tilskot til klimarettatiltak i næringslivet. Som døme kan nemnast leiging av Klimapartnere Vestland, der regionale partnara deler kunnskap og erfaringar for å akselerere den grønne omstillinga.

Prioriterte område i årene framover er å leggje til rette for omstilling frå svart til grøn fornybar energi gjennom utvikling av nye verdikjeder og regional innovasjon, og å auke omstillinga til sirkulær økonomi i ulike bransjar. Dette er i tråd med regional plan.

*Bunde midlar på løyvingsnivået*

- Klimapartnere (i hovudsak finansiert av medlemskontingentar og Klimasats-midlar): 3 millionar kroner
- Energi/hydrogen (delvis Klimasats-midlar): 0,8 millionar kroner



Andre utgifter på løyvingssområdet er tilskotsmidlar til satsingar innan grøn konkurransekraft og klimainnovasjon. Tilskot til infrastruktur for nullutslepptransport, styrkar hurtigladeltilbod for drosjar (oppfølging av nullutsleppkrav), næring, turistar og folk flest. I 2022 skal seksjonen utarbeide ein energiplan for Vestland som krev auka medarbeidarkapasitet. Dette er innarbeidd i budsjettframlegget. Løn og drift av seksjon for grøn vekst, klima og energi utgjer samla om lag 4,6 millionar kroner, av kva ein del har ekstern finansiering.

Løyvingsnivå      Forsking, kompetanse og internasjonalisering

Vestland fylkeskommune mobiliserer til forskning, kompetanseutvikling og innovasjon gjennom auka bruk av regionale, nasjonale og internasjonale finansieringsordningar, gir økonomisk støtte til kompetanseheving på arbeidsplassen, og gir karriererettleiing til vaksne 19+, og nyankomne flykningar. Begge desse karriererettleiingstenestene er lovfesta frå 2021.

Samordning, mobilisering og tilskotsforvaltning på desse områda skjer mellom anna gjennom programma Regionalt forskingsfond Vestland, Forregion, Kapasitetsløft, Erasmus+ samt mobilisering til, og deltaking i, ulike internasjonale prosjekt, spesielt Horisont Europa.

Etter revideringar av statsbudsjettet har fylkeskommunen dei siste to åra fått auka ansvar for den regionale kompetansepolitikken. Mobilisering og samordning på dette området, samt støtte til regionale kompetanseforum, ligg til løyvingsnivået. Fylkeskommunen har vidare fått ansvar for administrasjon av store statlege overføringar til bedriftsintern opplæring (BIO-midlar), som krev administrative ressursar.

I tillegg er det ulike område som kan skape behov for meir finansiering, særleg det å støtte opp under søknader frå Vestland til store nasjonale og internasjonale utlysingar av midlar, slik som Forskingsrådet si utlysing av kapasitetsløft innan forskning og høgare utdanning, SIVA, Forskingsrådet og Innovasjon Norge si utlysing av midlar til Grøn plattform og senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og EU sitt forskings- og innovasjonsprogram Horisont Europa. Dette har vi hatt ambisjonar om å få til, men finansiering ligg ikkje i ramma.

*Bunde midlar på løyvingsnivået (brutto utgifter):*

- Regionalt forskingsfond Vestland (statlege inntekter): 18,9 millionar kroner
- FORREGION (statlege inntekter): 6 millionar kroner
- Digital karriererettleiing (statlege inntekter): 4,2 millionar kroner
- Bedriftsintern opplæring (øyremerkte midlar over ramma): 5,5 millionar kroner
- Kompetansepilotar i Vestland fylkeskommune (statleg inntekt): 1,4 millionar kroner

Andre utgifter er mellom anna driftsstøtte til fylket sine to vitensenter, to kapasitetsløftprosjekt (Teknoløft Sogn og Fjordane og KABIS), regionale kompetanseforum, eigenfinansiering av ulike prosjekt og tiltak. Løn og drift av seksjon for forskning, kompetanse og internasjonalisering samt Karriere Vestland utgjer samla om lag 23,5 millionar kroner (ikkje inkludert eksternt finansierte stillingar).

Løyvingsnivå      Naturressursar, landbruk og reiseliv

Vestland fylkeskommune skal gjennom sine aktivitetar utvikle lokalsamfunn, og samtidig sikre ei balansert og god utnytting av naturressursane. Arbeidsområda knytt til dette løyvingssområdet er særleg utvikling av jordbruk og skogbruk som næring, arbeid for verdiskaping i reiselivet i tråd med berekraftig naturforvaltning, tilrettelegging for auka verdiskaping innan fiskeri og havbruk, samt ei god forvaltning av marine ressursar, vassressursar, vilt, jordressursar og mineral.

Arbeidet med reiseliv er basert på visjonen "attraktivitet gjennom berekraft", og saman med samarbeidspartnarane våre legg vi til rette for berekraftige løysingar. Det er mellom anna sett i

gong eit arbeid innan besøksforvaltning, som inneber at vi skal bli betre til å ta imot gjestane våre samstundes som vi ikkje forringar natur og miljø. Til dette løyvingnivået ligg også støtte til destinasjonsselskapa og Fjord Norge. Vidare innsats vert forma gjennom arbeid med ein temaplan for reiseliv.

Landbruket i Vestland er ei viktig næring også med tanke på ringverknadane for andre næringar og utvikling av lokalsamfunn. Saman med samarbeidspartnarar som Statsforvaltaren, Innovasjon Norge, kommunane og næringane legg vi til rette for utvikling av jordbruk og skogbruk i Vestland. Til liks med reiseliv vert det laga ein temaplan for landbruk og jordvern.

Til løyvingnivået ligg forvaltning innan vilt, mineral, akvakultur og vassforvaltning, der vi samarbeider tett med både kommunar og statlege etatar. Dei fleste oppgåvene har statleg finansiering. Innan akvakulturforvaltning arbeider vi tett saman med andre offentlege etatar. Fylkeskommunen har ansvar for å klarere dei lokalitetane der verksemda kan skje. Dersom ein skal styrke verdiskapinga ytterlegare må sentrale miljø- og arealutfordringar løysast. Fylkeskommunen tek difor initiativ til ein forsterka innsats innan berekraftig oppdrett "marin satsing". Finansiering til denne innsatsen ligg ikkje i ramma.

Vi har ein innsats knytt til nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn, som også femnar om omstilling i utsette kommunar. Lokalsamfunnsprogrammet LivOGLyst er ein sentral del av denne innsatsen. Vi ser også på nærings- og samfunnsutvikling i samarbeid med sju industrikommunar med sams utfordringsbilete.

*Bunde midlar på løyvingnivået (brutto utgifter):*

- SFI Climate Futures (samarbeidsavtale): 0,4 millionar kroner
- Landbruk (statlege midlar): 11,4 millionar kroner
- Viltforvaltning (statlege midlar): 1 million kroner
- Vassforvaltning (i hovudsak statlege midlar): ca. 6,3 millionar kroner
- Destinasjonsselskap og Fjord Norge (fleirårige avtalar): 8,8 millionar kroner

Andre utgifter er knytt til programmet LivOGLyst og andre satsingar mot utvikling av lokalsamfunn. Løn og drift av seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv (ikkje eksternt finansierte stillingar) utgjør samla om lag 4,6 millionar kroner.

Løyvingnivå      Verdiskaping i byar og regionar

Seksjon for verdiskaping i byar og regionar arbeider med å utvikle byane og dei regionale sentruma som motorar for verdiskaping og utvikling i heile fylket. Seksjonen samordnar avdelinga sine fellessatsingar, og fasiliterer samarbeid mellom ulike fagområde og med eksterne partnarar, som utlysing, rådgjeving og sakshandsaming av HNV og breibandsmidlar.

Fylkeskommunen har oppdragsgjevaransvar for næringshageprogrammet til SIVA og for distriktmidlane, bedriftsnettverksmidlane og mentorordninga til Innovasjon Norge og får overført midlar frå KMD som er øyremerkte til SIVA og Innovasjon Norge. Fylkeskommunen sitt handlingsrom er prioritering mellom desse verktøya. Vidare følger vi opp at midlane vert nytta i tråd med identifiserte behov og politisk vedtekne satsingsområde.

I 2022 skal det utviklast eit nytt heilskapleg system for støtte til entreprenørar. Til dette er det innanfor den eksisterande økonomiske ramma gjort ei mellombels tilsetjing, men neste fase av prosjektet vil krevje auka finansiering på anslagsvis en million kroner som ikkje ligg inne i ramma. Det vert arbeidd for å sikre medfinansiering frå strategiske samarbeidspartnarar for prosjektperioden 2022-2023.

Tal søknader om støtte til breibandutbygging syner at det er reell trong for minst det dobbelte av det VLFK fekk i statlege overføringar i 2021.

*Bunde midlar på løyvingsnivået (brutto utgifter):*

- Overføring IN og SIVA (øyremerkt overføring frå KMD): 105 millionar kroner
- Støtte til breibandsutbygging (i hovudsak statlege midlar til føremåla): 20 millionar kroner
- Invest in Bergen og Etablerersenteret (50 % finansiert av kommunar som deltek i ordningane): 6,1 millionar kroner

Løn og drift seksjon for verdiskaping i byar og regionar (ikkje eksternt finansierte stillingar) er om lag 10 millionar kroner.

Løyvingsnivå      Utviklingsmidlar

Inngåtte samarbeidsavtalar med partnerar bind opp 17,4 millionar kroner på dette løyvingsnivået, der om lag fire millionar kroner er finansiert av fondsbruk. Dei resterande midlane skal finansiere tiltak knytt til regional plan for innovasjon og næringsutvikling, inkludert utlysing av tilskot, eigeninitierte tiltak, ei eventuell programsatsing og andre aktivitetar. Ei nærare detaljgildring av desse midlane vil vi kome tilbake til i neste arbeidsdokument og som følgje av arbeidet med handlingsprogrammet.

### 3.3 Endringar frå 2021 til 2022 – tekniske justeringar

Tabellen syner tekniske endringar mellom løyvingsnivåa. Dette består av flytting av høvesvis Etablerersenteret og driftsstøtta til fylket sine to vitensenter. Vidare ei overføring av regionale utviklingsmidlar frå 23 Naturressursar, landbruk og reiseliv til 25 Utviklingsmidlar. Dette var ei 10-årig avtale om medfinansiering av nasjonale turistveggar over dei regionale utviklingsmidlane, som opphøyrt etter 2021.

I tillegg syner tabellen to overføringar av midlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling til høvesvis IKT og SUD. Endringane er tekniske, og vart gjennomført i budsjettåret 2021.

Tiltak	Frå	Til	Nettobeløp
Finansierer driftsstøtte til ViteMeir (jf. NÆRNA PS 17/2021)	25 Utviklingsmidlar	22 Forsking, komp. og int.	1 000
Flytter driftsstøtte til VilVite	24 Verdiskaping i byar og reg.	22 Forsking, komp. og int.	3 500
Flytter Etablerersentret	22 Forsking, komp. og int.	24 Verdiskaping i byar og reg.	1 350
Regionale utviklingsmidlar	23 Naturressursar, landbruk og reiseliv	25 Utviklingsmidlar	4 000
<b>Tekniske endringar gjennomført i 2021</b>			
Sentralisering av IT-utgifter	20 Adm. av INN	IKT	300
Tiltak vedr. oppfølging av plaststrategien	21 Grøn vekst, klima og energi	SUD	1 000

Tala er i 1000 kroner

I tillegg er det mindre endringar til løns- og driftskostnadene, primært som følgje av endra medarbeidersamansetting og kontering. Endringane summerer til 0.

Tala er i 1000 kroner

Løyvingsnivå	Endring
20 Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	-17
21 Grøn vekst, klima og energi	-42
22 Forsking, kompetanse og internasjonalisering	257
23 Naturressursar, landbruk og reiseliv	134
24 Verdiskaping i byar og regionar	-330
<b>Total</b>	<b>0</b>

### 3.4 Innarbeidde salderingstiltak: 2 MNOK

Avdelinga er pålagt ei salderingskrav på 2 millionar kroner. Rammereduksjonen motsvarast av høvesvis en reduksjon av et årsverk og gjennom innhenting av inntekter i form av lønnskompensasjon for internasjonale prosjekt.

#### Løyvingsnivå 23: naturressursar, landbruk og reiseliv

Reduksjon av eitt årsverk knytt til naturressursforvaltning. Årsverknad: om lag ein million kroner.

Konsekvens: Eitt årsverk på seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv har vore heldt vakant over tid. Seksjonen er stramt bemanna, men det er likevel vurdert slik at det let seg gjere å ikkje tilsette i stillinga.

#### Løyvingsnivå 22 / Forsking, kompetanse og internasjonalisering:

VLFK deltek i fleire større og mindre internasjonale prosjekt der eigne ressursar vert frikjøpte i mindre stillingsdelar, i tillegg til at statleg finansierte prosjekt gir mogelegheit for å ta ut noko av overføringane til administrasjon. Vi vurderer at det er mogeleg å budsjettere med 1 million i mindretgifter på dette løyvingsnivået.

Konsekvens: Vi har erfart at det kan vere vanskeleg å samle desse midlane frå ulike prosjekt eller ordningar til vikarstilling. Dersom tilsette vert frikjøpt i større stillingsdelar slik at oppgåva går vesentleg ut over ordinær drift og det ikkje let seg løyse med intern prioritering, bør vikar vurderast.

### 3.5 Alternative salderingstiltak: 1 MNOK

Ytterlegare reduksjon av driftsmidlar på avdelinga og redusere planlagde kompetansehevingsaktivitetar og oppfølging av tiltak etter medarbeidarundersøkinga.

### 3.6 Klimaomtale

Avdeling for Innovasjon og næringsutvikling si daglege drift er ikkje opphav til vesentlege klimagassutslepp. Avdelinga har likevel aktivitet som har store indirekte påverknadar. Grøn næringsutvikling med mål om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030 er ei av fire satsingar i regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Klima og berekraft er ei premiss for alt arbeidet i avdelinga. Verkemidlar som avdelinga disponerer i form av tilskot, vedtak og rettleiing er viktige for å for å redusere klimagassutslepp.

Eit viktig program under løyvingsoområdet er tilskotsordninga for Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling. Hovudinnsatsområda er grøn omstilling, klimainnovasjon, berekraft og energi. Avdelinga har vidare sekretariatet for hydrogensatsing, regional plan for fornybar energi og sekretariatet for Klimapartnare Vestland.

Vi set klimaomstilling på dagsorden saman med næringslivet. Kvart år arrangerer vi miljøseminar for akvakulturnæringa og klimakonferanse for landbruket. Vi deltek i internasjonale prosjekt og i EU-program som skal levere under målsetjingar for EU si grønne giv. Avdelinga har tilskotsordning til offentlege hurtigladestasjonar, slik at det skal vere enkelt å bruke elbil i heile fylket.

Avdelinga arbeider for rett kompetanse for grøn omstilling. FORREGION Vestland har som hovudmål at det skal gjerast meir forskning i næringslivet som bidrar til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grøn konkurransekraft og klimaomstilling. Satsinga tilbyr bedrifter kompetansemekling og har stønadsordningar. Ein vesentleg del av støtta frå Regionalt forskingsfond Vestlandet går til forskning på klimaomstilling.

Avdelinga nyttar store ressursar på å følgje opp og finansiere klynger og eksterne partnerskap. Døme på partnarar med klar berekraft- og klimaprofil er dei nasjonale og internasjonale næringsklyngene innan rein skipsfart, akvakultur og marin teknologi.

**Dato:** 08.09.2020

---

---

**Til:** Finansutvalet

---

Sektorbudsjett for Strategisk utvikling og digitalisering

## Sektorbudsjett 2022

### 1 Sektorbudsjett Strategisk utvikling og digitalisering - løyingsnivå

Tabell med brutto driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter (i 2021- kr).

Alle tal i 1000 kr

Løyingsnivå		Budsjett 2021 (Rev.bud)	Budsjett 2022
Plan, analyse, klima og folkehelse	Brutto driftsutgifter	55 995	53 482
	Driftsinntekter	-11 305	-9 000
	Netto driftsutgifter	44 690	44 482
IKT og digitalisering	Brutto driftsutgifter	134 513	133 269
	Driftsinntekter	-1 300	-1 300
	Netto driftsutgifter	133 213	131 969
Administrasjon av strategi og digitalisering	Brutto driftsutgifter	6 342	6 294
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	6 342	6 294
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	196 850	193 045
	Driftsinntekter	-12 605	-10 300
	Netto driftsutgifter	184 245	182 745

### Endring frå 2021 til 2022

Sektoren har ei samla saldering på 1,5 mill. kr fordelt på tre tiltak, og dette samsvarar med sektoren si budsjettutfordring. Det er i tillegg set opp eit mogleg alternativt tiltak på 1 mill. kr.

To endringar for budsjett 2022 er at det i 2021 i samband med standardisering av personleg IKT-utstyr og sentralisering av innkjøp blei overført 12 mill. kr til IKT frå dei andre avdelingane; dette som ei varig budsjettauke, og midlane er difor tatt med i budsjettet for løyingsnivået i 2022. I tillegg er det planlagt ei folkehelseundersøking som gjer at det for neste år må leggast inn 1 mill. kr på plan, analyse, klima og folkehelse. Desse momenta er omtala under.

På inntektssida så er totale inntekter gått ein del ned. Årsaka til det er at i budsjett for 2022 har vi berre teke med dei tilskota vi er sikre på at vi får i 2022. Når statsbudsjettet for 2022 vert kjend så kan dette bli endra.

### 2 Kort omtale av dei ulike løyingsnivåa

#### Plan, analyse, klima og folkehelse:

Løyvinga skal dekke løn- og personalkostnadar knytt til seksjonane plan, klima og folkehelse, og statistikk, kart og analyse. Utover dette skal budsjettet nyttast til aktivitet og tiltak på følgjande område:

- Folkehelse
- Klima
- Plan og utviklingsarbeid
- Senter og stadutvikling

Løyingsnivået vil bli auka med 1 mill. kr i neste budsjettrunde, jf. rapportering om meirbehov knytt til folkehelseundersøking i a-dok. 2/21. Folkehelseundersøkinga er kvart fjerde år, og det vil difor ikkje vere ein varig auke.

IKT og digitalisering:

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnadar knytt til seksjonane IKT og digitalisering. Sektoren spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med digitalisering i fylkeskommunen. Dette vert eit satsingsfelt i økonomiplanperioden. Digitaliseringsseksjonen skal bidra til å digitalisere fylkeskommunen gjennom fornying, forenkling og forbedring. Dette skal gjerast på ein slik måte at vi både effektiviserer prosessar og nyttar ressursane meir hensiktsmessig. Digitaliseringsseksjonen har laga ein digitaliseringsstrategi med klare målsetjingar og årlege tiltak som skal sikre best mogleg digitalisering og effektivisering i organisasjonen. Dette igjen skal mogleggjera gevinstar i form av økonomisk innsparing eller betra kvalitet.

Ein føresetnad for å lukkast med digitaliseringsarbeidet er at IKT-seksjonen sikrar ein stabil og framtidretta digital grunn- mur, og gjev brukarane IKT-støtte når det er trong for det.

Budsjettet skal og dekke utgifter knytt til drift og vedlikehald av IKT-system og IKT-infrastruktur, lisenskostnadar for sentrale IT-system, sambandskostnadar, internettlinjer og M2M-abonnement.

I samband med rekneskapsavsluttinga for 2019 sette fylkestinget av 15 mill. kr som skal støtte opp om digitaliseringsarbeidet i organisasjonen, og sikre ei trygg og god implementering av større IKT-prosjekt dei næraste åra. Strategisk utvikling og digitalisering administrerer denne ordninga.

I løpet av 2021 vart det gjort ei flytting av midlar frå andre avdelingar og til IKT på 12 mill. kr i samband med standardisering av personleg IKT-utstyr og sentralisering av innkjøp. Dette er ei varig endring av korleis ein budsjetterer desse midlane.

Administrasjon av strategi og digitalisering:

Løyvinga til administrasjon av sektoren skal dekke løns- og personalkostnadar knytt til leiging og stabsfunksjonar.

### 3 Endringar frå 2021 til 2022 – tekniske justeringar

Plan, analyse, klima og folkehelse:

I 2021 fekk løyvingsnivået 0,476 mill. kr frå KII for å dekke 60 % av eitt vikariat på 1 år ved SUD. Desse midlane er ikkje med i tala for revidert budsjett 2021 eller budsjett 2022. Den som vart tilsett startar i stillinga i 2022, og midlane blir difor sett på fond ved årsslutt for bruk i 2022.

### 4 Innarbeidde salderingstiltak: 1,5 MNOK

IKT og digitalisering:

Løyvingsnivået blir redusert med 1,244 mill. kr. Kuttet vert gjennomført ved at ein ikkje erstattar årsverk som går ut, og mindre reise som følgje av digitale alternativ til fysiske møte.

Plan, analyse, klima og folkehelse:

Løyvingsnivået blir redusert med 0,208 mill. kr. Kuttet vert gjennomført ved at det vil vere mindre reise som følgje av digitale alternativ til fysiske møte.

Administrasjon av strategi og digitalisering:

Løyvingsnivået blir redusert med 0,048 mill. kr. Kuttet vert gjennomført ved at det vil vere mindre reise som følgje av digitale alternativ til fysiske møte.

### 5 Alternative salderingstiltak: 1 MNOK

Plan, analyse, klima og folkehelse:

Redusere budsjettet til plan, klima og folkehelse med 1 mill. kr. Prosentvis kutt i midlane til plan, klima og folkehelse. Dette gjev ein reduksjon i den fylkeskommunale satsinga på områda.



## 6 Klimaomtale

Avdelinga sine klimagassutslepp heng i hovudsak saman med innkjøp og bruk av elektronisk utstyr, og reiser i eiga drift. Indirekte har avdelinga påverknad gjennom planlegging og tildeling av tilskot.

Klima- og miljøkrav i anbod, spesielt for elektronisk utstyr som PC, og retningsliner for innkjøp og drift som tek omsyn til gjenbruk og sirkulær økonomi kan gi klimaresultat. Seksjon for digitalisering har i stor grad lagt til rette for gjennomføring av digitale møter og konferansar. Seksjon for IKT har hatt tre ressursar som har jobba mykje for at alle politiske møte og ein del plankonferansar har vore mogleg å gjennomføre digitalt. Dette, i tillegg til digitale møter mellom tilsette og mot eksterne, gjer at vi framover kan ha betydeleg lægre reiseaktivitet både på politisk og administrativt/operativt nivå enn vi hadde før pandemien. Dette har ført til at det er mogleg å samhandle utan det miljøavtrykket.

**Dato:** 08.09.2020

---

---

**Til:** Finansutvalet

---

Sektorbudsjett for Tannhelse

## Sektorbudsjett 2022– Tannhelse

### 1 Sektorbudsjett - løyvingsnivå

Tabell med brutto driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter (i 2021- kr).

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021 (Rev.bud)	Budsjett 2022
Administrasjon	Brutto driftsutgifter	13 549	13 284
	Driftsinntekter	-165	0
	Netto driftsutgifter	13 384	13 284
Pasientbehandling	Brutto driftsutgifter	406 455	406 055
	Driftsinntekter	-149 733	-149 733
	Netto driftsutgifter	256 722	256 322
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	420 004	419 339
	Driftsinntekter	-149 898	-149 733
	Netto driftsutgifter	270 106	269 606

### Endring frå 2021 til 2022

Tannhelsetenesta har innarbeid salderingstiltak på 0,5 mill. kr. Dette gjeld innsparing på reise, møteutgifter og fellesutgifter ved avvikling av beredskapsklinikk for korona.

### 2 Kort omtale av dei ulike løyvingsnivåa

Tannhelsetenesta er inndelt på følgjande måte; stab, 4 tannhelseområde med klinikkar og teknisk avdeling.

Tenesta har to løyvingsnivå; administrasjon og pasientbehandling.

#### Administrasjon

Løyvinga skal dekke løn, og personalkostnader og andre utgifter knytt til tilsette på økonomi, personal, fagseksjon, samt stabsleiar og fylkestannlegen.

#### Pasientbehandling

Under dette løyvingsnivået ligg løn- og sosiale kostnader til områdeleiarane, tannlegane, tannpleiarane og tannhelsesekretærene. Løyvinga omfattar behandling av både prioriterte og betalande pasientar. Eit av dei største utgiftspostane er medisinsk forbruksmateriell som eingongsutstyr og anna knytt til behandling av den einskilde pasient. Under pasientbehandling ligg også tilsette i teknisk eining, og teknisk utstyr brukt til pasientbehandling.

### 3 Endringar frå 2021 til 2022 – tekniske justeringar

#### Løyvingsnivå pasientbehandling:

I revidert budsjett for tannhelse 2021 for løyving pasientbehandling er ramma redusert med 1,660 mill. Dette gjeld IKT midlar som er overført ifrå tannhelse til IKT/SUD, og gjeld innkjøp av digitale utstyr for alle tilsette i tannhelsetenesta.

## 4 Innarbeidde salderingstiltak: 0,5 mill. kr

**Løyvingsnivå administrasjon:**

Sektoren har gode erfaringa knytt til digitale møteverksemd, og opplever det som effektivt og kostnadsbesparande. Dette er eit tiltak sektoren vil halde fram med i framtida.

*Konsekvens:* Oppfatninga er at dei digitale møta fungera godt, og at avstanden er vorten mindre. Sektoren ser at det viktig å behalde nokre av møta fysisk i løpet av året, særleg på leiarnivå.

For løyving administrasjon utgjør dette 0,1 mill. kr

**Løyvingsnivå pasientbehandling:**

For løyving pasientbehandling har sektoren hatt fokus på mindre reiseverksemd, og utført møter digitalt.

Dette er noko som sektoren vil halde fram med. Dette er og tidsbesparande då ein kan ha pasientbehandling både før og etter møte. Dette utgjør 0,25 mill.

*Konsekvens:* Sektoren merka seg at somme nøgd med digitale møteverksemd, medan andre har behov for å møtast fysisk og saknar den uformelle praten og det sosiale. Difor gir konsekvensen eit samansett bilete.

Fana tannklinikk vart nedlagt i 2020, men i forbindelse med koronapandemien vart den nytta som beredskapsklinikk. Denne avtalen er no sagt opp sidan behovet ikkje er til stades. Ved gjennomgang av beredskapen har sektoren vurdert det slik at ein har tilstrekkeleg med beredskapsklinikkar fordelt utover heile fylket. Dette vil gje ein kostnadsbesparing på 0,15 mill.

*Konsekvens:*

Ved oppstart av koronautbrotet var det usikkert kor mange beredskapsklinikkar ein hadde behov for i fylket. Sektoren har vurdert det slik at ein ikkje har behov for å oppretthalde denne klinikken lenger.

For løyving pasientbehandling utgjør dette 0,4 mill.

**Salderingstiltak 2022**

Løyving administrasjon	0,1 mill. kr
Løyving pasientbehandling	0,4 mill. kr
<b>Totalt salderingstiltak</b>	<b>0,5 mill. kr</b>

## 5 Alternative salderingstiltak: 0,6 MNOK

**Løyvingsnivå pasientbehandling.**

Førde tannklinikk har ein vakant tannlegestilling grunna mangelfull plass på klinikken. Sektoren har vurdert det slik at det er mogeleg å leggja denne stillinga som eit alternativt salderingstiltak fram til nye Førde tannklinikk er ferdigstilt. Nye Førde tannklinikk er innflyttingsklar ca i 2024, og stillingsheimelen må då igjenoppsettast.

*Konsekvens:*

Det føreligge ikkje ein konsekvens for dette alternative salderingstiltaket for 2022. For 2024 må denne stillinga igjenoppsettast for å følgja bemanningsnorma som er vedtatt og i forhold til behandling av prioriterte pasientgrupper og innteningskravet til klinikken.

## 6 Klimaomtale

Klimaperspektivet er i fokus når det gjeld alle innkjøpsavtalar. Det er tatt omsyn til transport og leveringsmetode samt at ein har gode ordningar for handtering av spesialavfall. Tannhelsetenesta jobbar målretta med folkehelse og helseførebyggande arbeid. Målet med langsiktig helsefremjande arbeid er at pasientar, særskilt barn og unge, skal få ei god oral helse som vil krevja lite tilsyn og behandling i vaksenlivet. På denne måten vil ein redusera forbruk av ressursar til undersøking og behandling. Alle prioriterte pasientar blir oppmoda om å nytta seg av offentleg transportmiddel til og frå behandlingsstaden. Reiserefusjon for bil eller drosje kan berre nyttast dersom helsetilstanden til pasienten eller rutetider på offentlig transport tilseier at det er mest hensiktsmessig. Tenesta vil halde fram med digitale møter og kurs der det er hensiktsmessig, slik at ein unngår unødige reiser.

**Dato:** 08.09.2020

---

---

**Til:** Finansutvalet

---

Sektorbudsjett for Organisasjon og økonomi

## Sektorbudsjett 2022– Organisasjon og økonomi

## 1 Sektorbudsjett - løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Eigedom - drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	573 547	573 092
	Driftsinntekter	-43 761	-43 761
	Netto driftsutgifter	529 786	529 331
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Brutto driftsutgifter	183 399	176 749
	Driftsinntekter	-6 800	-6 800
	Netto driftsutgifter	176 599	169 949
Organisasjon og økonomi tiltaksmidlar	Brutto driftsutgifter	7 089	7 089
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	7 089	7 089
Sum	Brutto driftsutgifter	764 035	756 930
	Driftsinntekter	-50 561	-50 561
	Netto driftsutgifter	713 474	706 369

## Endring frå 2021 til 2022

Budsjettet for organisasjon og økonomiavdelinga er redusert med 10 mill. kr frå 2021 til 2022. Tekniske budsjettendringar som følgje av endra ansvar for husleige gjer at reduksjonen i tabellen er 7,1 mill. kr.

Budsjettert reisekostnader er redusert med 3 mill. kr – andre postar med 7 mill. kr. 1,1 mill. kr av denne summen skal fordelast på dei ulike avdelingane seinare i budsjettprosessen, som følgje av endringar i arbeidsgjevaravgift for m.a. forsikring, mobiltelefon m.v.

## 2 Omtale av løyvingnivåa

**Eigedom - drift og vedlikehald**

Dette løyvingnivået omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av eigedomsmassen til Vestland fylkeskommune. Løns- og personalkostnader er også budsjettert i dette løyvingnivået.

Overordna mål for den fylkeskommunale eigedomsforvaltninga er at verdien av eigedomsmassen ikkje skal forringast, eigedomane skal vere tilpassa dagens behov og utviklast med omsyn til framtidige behov og mål fastsett i regionale planar og strategiar.

Eigedomsavdelinga er ein del av organisasjon og økonomiavdelinga og organisert som «ei avdeling» i avdelinga. Eigedomsavdelinga har ansvar for driftspersonell, medrekna reinhaldspersonell, for heile den fylkeskommunale bygningsmassen og har stort omfang.

**Administrasjon av organisasjon og økonomi**

Stabsavdelinga for organisasjon og økonomi skal levere gode fellestenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune.

Avdelinga omfattar følgjande seksjonar:

Politisk sekretariat

- Seksjonen har m.a. ansvar for gjennomføring av politiske møte og reglement for folkevalde

Juridiske tenester

- Seksjonen gjev juridisk rådgjeving internt og har ansvar for eigarskapsforvaltinga

Økonomi

- Seksjonen har ansvar for økonomiforvaltinga der budsjett, rekneskap og finansforvaltning er hovudoppgåver

Innkjøp

- Seksjonen inngår rammeavtalar for fylkeskommunen og forvaltar innkjøpsregelverket

HR

- Seksjonen har ansvar for personalarbeidet i fylkeskommunen inkludert lønsarbeid

Kommunikasjon

- Seksjonen står for intern og ekstern kommunikasjon for fylkeskommunen

Løyvinga som er budsjettert skal dekke løns- og personalkostnader for seksjonane. Vidare vert hovudtillitsvalde og lærlingar i fylkeskommunen budsjettert på løyvingsnivået. Andre tiltak som vert budsjettert under avdelinga er opplæringstiltak, organisasjons- og leiarskapsutvikling, velferdstiltak og kontingentar.

### Organisasjon og økonomi - tiltaksmidlar

Midlane på dette løyvingsnivået skal gå til attførings- og omstillingstiltak.

## 3 Endringar frå 2021 til 2022 – tekniske justeringar

### Teknisk endring:

Overføring frå tannhelsetenesta og kultur, idrett og inkludering. Bakgrunn for overføringa er å avslutte ordninga med internfakturering av husleige. Totalt utgjer dette 2,9 mill. kr

	1000 kr
Husleige kontor tannhelse	115
Husleige for bibliotek	300
Husleige for arkiv	2 480
<b>Sum</b>	<b>2 895</b>

## 4 Innarbeidde salderingstiltak: 10,0 mill. kr

Avdelingsdirektøren har innarbeidd desse salderingstiltaka:

Redusert reise - og møteaktivitet	3,0 mill. kr
Reduserte lønskostnader - effektivisering	2,1 mill. kr
Reduserte driftskostnader - effektivisering	2,0 mill. kr
Ny avtale forvaltning konsesjonskraft	1,8 mill. kr
Redusert arbeidsgjevaravgift - til seinare fordeling	<u>1,1 mill. kr</u>
<b>Sum</b>	<u>10,0 mill. kr</u>

Effektivisering av løns- og driftskostnader gjeld m.a. driftspersonell på eigedomsavdelinga og innsparing som følgje av naturleg avgang. Det er vidare budsjettert med reduksjonar for kontorutstyr og bilhald.

Summen på 1,1 mill. kr skal seinare i budsjettprosessen fordelast på dei ulike avdelingane som følgje av endringar i arbeidsgjevaravgift for m.a. forsikring, mobiltelefon m.v.

## 5 Alternative salderingstiltak: 5,0 mill. kr

Avdelingsdirektøren legg opp til følgjande alternativt salderingstiltak:

Effektivisering av reinhaldstenesta.

## 6 Klimaomtale

Klimaomtalen gjeld eigedomsavdelinga sitt ansvarsområde.

Det er seks hovudoppgåve knytt til klima som eigedom skal fokusera på; avfall, kjemikalie, transport, vedlikehald, energibruk og utstyr til å utføre driftsarbeid.

Plassering og tal sorteringspunkt er viktig for å leggje til rette for sortering i så mange fraksjonar som er hensiktsmessig for å unngå restavfall i størst mogeleg grad. I dette ligg og handtering av komponentar som vert skifta ut i ein driftssituasjon og bygningsselement som inngår i eksisterande bygningsmasse.

Eigedom skal syte for å ha oversyn over førekomst av kjemikalie i alle bygg, fornuftig og forskriftsmessig oppbevaring og bruk av kjemikalie, samt endeleg levering av farleg avfall til renovasjonsselskap.

I størst mogleg grad skal reiser og materialtransportar planleggjast og koordinerast slik at ein kan unngå unødvendig køyring. Alternativ transport med lågare klimabelastning skal alltid undersøkast og prioriterast.

For vedlikehald av fylkeskommunal bygningsmasse skal material med låg klimabelastning prioriterast. I tillegg skal løysingar som er effektive, treng lite eller har enkelt vedlikehald og som er forventa å ha lang levetid føretrekkast.

Bruk av energi i fylkeskommunal bygningsmasse skal ha kontinuerleg tilsyn og optimaliserast, identifisering av mogleg forbedringspotensiale ved både enkle justeringar og ved investering som fører til redusert klimabelastning skal og ha høg prioritet.

Eigedom skal ha oversyn over tilgjengeleg utstyr brukt i drifta, samt geografisk plassering, for å sikre gode tilhøve for koordinering av naudsynte transport. Eige utstyr skal slik som for tekniske løysingar prioriterast etter behov for vedlikehald, samt naudsynte innleigde ressursar, lokale og regionale behov, levetid og tilknytt bruk av kjemikalie/drivstoff.



**Dato:** 08.09.2020

---

---

**Til:** Finansutvalet

---

Budsjett for politisk styring og kontrollutval

## Budsjett 2022– Politisk styring og kontrollorgan

### 1 Budsjett - løyvingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Løyvingsnivå		Budsjett 2021 (Rev.bud)	Budsjett 2022
Politisk styring	Brutto driftsutgifter	58 021	51 021
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	58 021	51 021
Kontrollutval	Brutto driftsutgifter	12 508	12 508
	Driftsinntekter	-2 259	-2 259
	Netto driftsutgifter	10 249	10 249
Sum	Brutto driftsutgifter	70 529	63 529
	Driftsinntekter	-2 259	-2 259
	Netto driftsutgifter	68 270	61 270

#### Endring frå 2021 til 2022

For politisk styring er budsjettet redusert med 3 mill. kr då det ikkje er val i 2022. Det er og redusert med 4 mill. kr knytt til reiser og møte.

### 2 Omtale av løyvingsnivåa

#### Politisk styring

Politisk styring omfattar utgifter til politiske utval, gjennomføring av møte i folkevalde organ, partistønad og diverse godtgjersle til folkevalde i ulike organ. Fylkeseldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og medverknadsorgan for ungdom vert også budsjettert her.

#### Kontrollutval

Løyvingane omfattar kontrollutvalet, sekretariat for kontrollutvalet og kjøp av revisjonstenester. Kontrollutvalet skal sjølv handsame budsjettforslag for sitt ansvarsområde. I tabellen har ein i denne omgang vidareført budsjettet frå 2021. Fylkeskommunedirektøren kjem attende til budsjettet for kontrollorgana når tilrådinga frå kontrollutvalet ligg føre.

### 3 Endringar frå 2021 til 2022 – tekniske justeringar

#### Teknisk endring:

Det er ingen tekniske justeringar.

### 4 Innarbeidde salderingstiltak: 7,0 mill. kr

Ikkje valår	3 000
Redusert reise og møteaktivitet	4 000
	<b>7 000</b>

## **Uttalar frå hovudutvala 8.september 2021 som vedlegg til finansutvalet - til arbeidsdokument 3/21 – Budsjett 2022/ økonomiplan 2022- 2025**

### **Uttale frå hovudutval for opplæring og kompetanse**

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til orientering.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse vil peike på nokre sentrale moment som er viktige i det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan:

Mål og strategidokumentet «Fornye og Forbetre - auka gjennomføring» og kvalitetsmeldinga må danne grunnlag for prioriteringar i budsjettet for sektoren. Arbeidet med budsjett for sektoren må difor koordinerast med arbeidet med handlingsprogrammet. Utvalet vil peike på at mål nummer 1 er at «Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.» Utvalet viser til at det i planperioden er auke i elevtalet. Utvalet er oppteken av at vi må ha gode nok rammer til å sikre eit godt og likeverdig vidaregåande tilbod for alle i heile Vestland og at alle elevar som har rett på det, skal få eit tilbod. Utvalet vil halde fram med å styrke yrkesfaga og ikkje redusere tilbodet. Vidare at det skal vere høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.

Utvalet vil også peike på at dei vidaregåande skulane ikkje vil vere i ein normalsituasjon på ei god stund. Difor er det viktig å prioritere sektoren høgt i budsjettet for 2022.

Utvalet deler avdelingsdirektøren sine bekymringar for at mange av dei føreslegne kutta kan få direkte konsekvensar for breidda og kvaliteten i den vidaregåande opplæringa og medverke til sentralisering.

### **Uttale frå hovudutval for samferdsel og mobilitet**

Hovudutval for samferdsel og mobilitet tek saka om Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 til orientering, men har følgjande kommentarar:

Utvalet er bekymra for den kostnadsauken vi ser på nye driftskontraktar på vegvedlikehald. I løpet av dei neste åra skal mange driftskontraktar fornyast, og anslagsvis vil det auka behovet for finansiering utgjere 260 millionar i 2025.

Tek ein sikte på å løyse dyrare driftskontraktar innanfor dagens driftsrammer vil det ikkje vere noko handlingsrom til å utføre andre nødvendige oppgåver knytt til det fylkeskommunale vegnettet. Rammene for sektoren må difor ta omsyn til den auka kostnaden med ny driftskontraktar.

Fylkesvegane i Vestland har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep og store utfordringar med mange rasfarlege vegar. Utvalet meiner det er viktig å prioritere tilstrekkeleg med midlar til vedlikehald, rassikring og mindre utbetringar i dei fylkeskommunale budsjetta om ein skal vere i stand til å avgrense forfallet på vegane.

Kollektivsektoren har dei siste åra vore heilt avhengig av at staten har kompensert for mindreinntektene som følgje av koronapandemien. Det er no usikkerheit knytt til om statlege myndigheiter vil kompensere framtidige estimerte korona- effektar frå og med 2022. For å sikre inntektsgrunnlaget innan kollektiv meiner difor utvalet at det er behov for at fylkeskommunedirektøren raskt ser på nye reiseprodukt som er tilpassa nye reisemønster.

### Uttale frå hovudutval for kultur, idrett og integrering

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2022.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2022- 2025.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg i hovudsak til presentert budsjett for sektoren kultur, idrett og inkludering fordelt på løyvingnivå og med innarbeidde salderingstiltak. Hovudutvalet vil leggje vekt på at tilskota frå fylkeskommunen til kultur, idrett og frivilligheit i det store og det heile er små summar, men betyr mykje for kvar enkelt aktør som mottar stønad. Difor er hovudutvalet oppteken av at salderingstiltaka i minst mogleg grad råkar tilskota som går ut til aktørane.
4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil presisere at store deler av kulturpolitikken vedtas i budsjettet. Når da budsjettprosessen for 2022 er lagt opp til at fylkestinget vedtar rammene til hovudutvalet, og at hovudutvalet så vedtar detaljene i budsjettet, vil fylkestinget frarøves muligheten til å påvirke kulturpolitikken. I tillegg vil det få forvaltningsrettslige konsekvenser, hvor vedtak som tidligere ble fattet i budsjett uten klagerett, nå skal vedtas som enkeltvedtak i hovedutvalget. Hovudutvalet mener derfor at fylkestinget skal vedta budsjettet slik det er gjort for budsjettet for 2021, og hvor hovudutvalet får rett til å uttale seg løpende i arbeidet for kommende budsjett.

### Uttale frå hovudutval for næring

1. Hovedutval for næring tek presentert opplegg for driftsbudsjett 2022 til orientering.
2. Hovudutval for næring tek presentert opplegg for investeringsbudsjett for 2022-2025 til orientering.
3. Hovudutval for næring tek presentert opplegg for sektoren innovasjon og næring fordelt på løyvingnivå og framlegg til innarbeidde salderingstiltak til orientering.
4. Hovudutval for næring vil særleg peike på marint program med løyving til marine grunnkart, auka midlar til breibandsutbygging, kommunale næringsfond og elektrifisering av fiskerihamner som viktige prioriteringar å løyse.